Norsk Bokreidingslag

Bergen 9. januar 2004

Halldor O. Opedals fond for norsk måldyrking og målreising
V/styreformann Dag Hagen Berg
Postboks 919 – Sentrum
5808 Bergen

Uppmoding um å løysa tvisten um løyvingar til Norsk Bokreidingslag.

På styremøtet i Opedalsfondet laurdag 20. desember d.å. uppmoda Jon Askeland, som der møtte med fullmakt frå Norsk Måldyrkingslag, det sitjande styret i Fondet um gjera sitt til å løysa striden um løyvingane til Bokreidingslaget.

Styret i Norsk Bokreidingslag gjer då framlegg um fylgjande løysing på striden:

a) Halldor O . Opedals fond betalar ut kr 115.000 til utgjeving av *Norsk Målsoga*. Norsk Bokreidingslag vil på si sida gjeva um lag 100 eksemplar av boki til Studentmållaget i Oslo til vidare spreiding til boksamlingar og unge målfolk.

b) Halldor O. Opedals fond betalar ut kr 20.000 til utgjevingi av Alv Askeland: *Folkesuvereniteten, Grunnlovi og Stortinget* (1997). Løvingi vart gjord utan atterhald. Boki kom til rett tid. Det stend i boki at ho er prenta med tilskot frå Opedalsfondet. Det siste vil ikkje vera tilfelie før fondet hev greidd summen som var løyvd. Det at Alv Askeland skaut inn heidersprisen sin i dette bokprosjektet fritek ikkje fondet frå å utbetala løyvingi – snarare tvert imot. Norsk Bokreidingslag vil straks pengane er komne inn – og etter nærare avtale, gjeva ei større bokgåva til ulike studentmållag. Det vil her vera tale um bøker som desse lagi kann nytta til vervepremiar o.l.

Venleg helsing

Frøydis Lehmann

Frøydis Lehmann
styreformann

Fanaposten *fredag 19. november 1999*

Julekvelden på kjerringa

Julen er handletid fremfor noen. Åpningstidsloven er endret og har åpnet for at kjøpesentrene i Bergen kan ha søndagsåpent re søndager før jul. Samtlige kjøpesentre har fulgt opp med åpne sentre tre søndager før jul. Ingen vil gi konkurrentene fortrinn.

Fanaposten har den siste uken fokusert på julehandel og åpningstider. De handlende har sagt sitt. De vil ikke ha en julehandel som starter i begynnelsen av november. Næringsdrivende i kjøpesentre har også tatt ladet fra munnen, og stilt seg kritisk til søndagsåpent før jul. Tirsdag sa daglig leder Even Nilsen hos G-Sport i Lagunen at han var kritisk til søndagsåpne sentre. – Senterledelsen tenker for mye tall og for lite på de ansatte, sa Even Nilsen til Fanaposten. Etter dette har det begynt å skje ting.

Einar Kongsbakk fra Nesttun Senter er skeptisk imot søndagsåpne butikker. For ham er søndagen en helligdag, for mange andre er det en hviledag.

Heller ikke de næringsdrivende på Nesttun er spesielt glade i søndagsåpne forretninger. Fjor gjorde de et prinsippvedtak mot søndagsåpent. Nå føler allikevel de næringsdrivende at de må holde åpent for ikke å tape i konkurranse med andre sentre, og kundenes tilvilje.

Senterledelsen ved andre sentre i Bergen er heller ikke overlykkelige over utviklingen. Blant annet er leder for senterforeningen ved Åsane Senter, Kåre-Henning Aarlie, enig med Einar Kongsbakk om at man ikke behøver å ha søndagsåpent mer enn én søndag før jul.

I dagens utgave av Fanaposten inviterer Einar Kongsbakk senterlederne til møte på året for å diskutere en løsning for neste år. Målet er en avtale om at neste år blir butikkene stengt på søndager i desember med unntak av én helg.

Mange av de butikkansatte får ikke se familien store deler av desember. På grunn av kjøpesentrenes lange åpningstider ellers i året, er dette en gruppe som er hardt belastet. I førjulstiden skal familiene samles til kaffebakst, laging av julepynt, julepresanger og andre juleforberedelser som skal gjøres. Ikke 19 dager i strekk vil kjøpesentrene holde åpent i desember. Er det egentlig noen som har behov for å kunne gå i forretningene 19 dager på rad?

Det er lite trolig. Folk har akkurat like mye, eller lite, penger å handle for uansett hvor mange forretningene holder åpent. Forret-

Leiv reddet et millionfond

Av Eivind A. Pettersen

Svimlende 2,9 milliarder kroner står nedsyltet i fond i Hordaland. Målfolket kan takke Leiv Flesland for at ett av dem fortsatt er inntakt.

Like før krakket på børsen i 1987 sørget forretningsfører Leiv Flesland for å selge ut alle aksjene i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking. Og det gjorde han og fondstyret lurt i. I stedet for å tape mye av egenkapitalen doblet man fondet fra én til to millioner kroner.

– Vi solgte i rett tid, konkluderer han.

Gårdbrukeren fra Flesland er fortsatt regnskapsmann for fondet, som lever i beste velgående og jevnlig gir bort penger til gode formål. Ved årsskiftet sto det 2.130.000 kroner i fondet, kan vi lese ut fra regnskapsførerens sirlige protokoll. Den har Leiv Flesland ført siden 1983.

Gniten opphavsmann

Ifølge legatkontoret hos Fylkesmannen i Hordaland står det mer enn 2,9 milliarder kroner syltet ned i ulike fond, stiftelser og legater her i fylket. 500 av dem styres fra Bergen. Pengene fordeles til alt fra kultur- og utdanningsformål til handikaplag, religiøse formål eller til gamle og sosialt trengende.

Leiv Flesland har som oppgave å passe på pengene til nynorskfolket.

– Halldor O. Opedal var en nøysom ungkar og lærer fra Lofthus i Hardanger. De forteller at han var så sparsommelig at han heller syklet enn tok bussen til jobben, forteller Leiv Flesland.

Selv prøver å han å leve opp til Opedals rykte, og får kun en liten godtgjørelse for kontorutgiftene.

Priser til BT-journalister

Opedal brant for målsaken og rettskriving, og spesielt for i-målet. Derfor opprettet han et landsdekkende nynorskfond «for å reise og odle norsk mål» bygget på rettskrivingsnormen fra 1938. I dagens styre sitter representanter både fra Vestlandske mållag, Vestmannalaget, Noregs Mållag, Ivar Aasen-sambandet og Norsk Måldyrkingslag.

– Overskuddet varierer år for år på grunn av rentenivået, men normalt har vi rundt 100.000 kroner å fordele. Neste utdeling er i slutten av februar, forteller Flesland.

Hvem er det så som får nyte godt av nynorskkronene? Fondet har de siste årene støttet både Norsk Målsoga og Fana Folkehøgskules jubileumsbok. BT-journalistene Reidar Storaas og Vidar Ystad har fått stipender, det samme har utenriksdepartementets informasjonsmann Ingvar Havnen. Oppfordringen til de heldige var kort og godt: Fortsett å bruk nynorsk!



PASSER PÅ NYNORSK-MILLIONER: *I 16 år har Leiv Flesland passet pengesekken til Halldor O. Opedals nynorskfond. Fondet er bare ett av 500 i Bergen. (Foto: Eivind A. Pettersen)*

Pengefond sikrer 55 arbeidsplasser

Av Eivind A. Pettersen

De 55 ansatte på Christian Michelsens Institutt (CMI) kan takke en tidligere statsminister

– Hvis ikke Christian Michelsen hadde gjort dette hadde nok ikke instituttet blitt til. Fondet var en forutsetning for at man kunne starte opp, konkluderer

ner etter datidens verdi. Michelsen var statsminister fra 1905 til 1907, førte en smidig og handlekraftig politikk i den avgjørende fasen av unionsstriden. Han spilte også en ledende rolle ved valget av Kong Haakon.

CMI ble etablert i 1930, og holdt først til i Gamle Kalvveg og Lars Hillesgate fø flyttet bedriften til Fanto slutten av 1970-tallet.

Halldor O. Opedalsfond
for norsk målreising og måldyrking

Upprit frå styremøte.

Stad og tidspunkt: Bergen 8. april 2000, klokka 11.00 på kaffistova til Ervingen.
Til stades Dag Hagen Berg for Ivar Aasen-Sambandet, Lars Bjarne Marøy for Vestlandske Mållag, Leidulv Hundvin for Vestmannalaget, Mona Stormark for Noregs Mållag, Hans Sørbø for Norsk Måldyrkingslag.

Forretningsføraren hadde kalla inn til det fyrste styremøtet i arbeidsbolken, og han hadde i innkallingi sett upp fylgjande saker: 1. Val av formann og varaformann, 2. Løyvingar til dei fem vedtektsfesta lagi, 3. Utetling av heidersprisar, og 4. Andre søknader.
Vedtak: *Innkallingi og saklista vart samrøystes godkjende.*

1. Val av formann og varaformann.
Det var tvo kandidatar til formann. Leidulv Hundvin gjorde framlegg um Hans Sørbø. Mona Stormark gjorde framlegg um Dag Hagen Berg. Det vart kravd skriftleg røysting. Berg fekk 3 røyster, medan Sørbø fekk tvo.Berg vart formann og yvertok møtestyringi. Berg gjorde framlegg um Stormark til nestfomann. Vedtak: *Dag Hagen Berg vart vald til formann. Mona Stormark vart vald samrøystes til varaformann.*

Forretningsføraren gjorde merksam på at Klement Røyrane hadde trekt seg, og at styret laut velja ny ettersynsmann. Forretningsføraren gjorde framlegg um Jan Henry Lyse.
Vedtak: *Jan Henry Lyse vart vald til til ettersynsmann.*

2. Løyvingane til dei fem vedtektsfesta lagi.
Hans Sørbø greidde ut um endringar i vedtektene som styret i fondet tilrådde i 1988, men som det diverre ikkje vart søkt stadfesting til hjå fylkesmannen i Hordaland. Hans Sørbø synte òg til at realverdet til den vedtektsfesta løyvinga i dag utgjer um lag 5 000 kr. Det vart òg dryft um uppnemningstidi skulde vera triårsbolkar i staden for 4. årsbolkar. Dei einskilde styrelemene teke denne saki upp med sine lag. Det vart vedteke å auka den årlege utbetalingi til eigarlagi med 2500 kronor til 7500 kronor. Det vart vidare semje um at kvart lag skulle svara sine eigne ferdakostnader.Vedtak: *Kvart av vallagi fær 7 500 kr i løyving for 2000, men lagi svarar sine eigne ferdakostnader av den løyvde summen.*

3. Heidersprisar.
Det vart vedteke å etla ut 3 heidersprisar på 25 000 kronor til kvar.
Heidersprisane gjeng til: Fridtjov Sørbø, Vincent Eye Færavaag og Johannes Gjerdåker.
Hans Sørbø sa seg ugild under fyrehavingi av heiderspris til bror sin Fridtjov.

4. Andre søknader.
Styret valde å utsetja andre søknader til eit møte på haustparten.

Lese og godkjent, Bergen 6. mai 2000.

Haldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Møte i H.O.Opedals fond 8. april 2000 på Ervingen kl. 11.oo.

Desse møtte:

Norsk Måldyrkingslag,	Hans	Sørbø	form.
Ivar Aasen Sambandet	Frøydis	Lehmann	n.form.
Vestmannalaget	Leidulv	Hundvin	
Vestlandske Mållag	Lars Bj.	Marøy	v.mann
Noregs Mållag her møtte	Mona	Stormark	

Frå Ivar Aasen Sambandet møtte også den nye målsmannen Dag Hagen Berg, Han røysta ikkje.

Forretningsføraren Leiv Flesland møtte også.

Sakslista : Det gamle styret skulle:
Godkjenna Årsmelding for 1999
Rekneskap m/revisjonsmelding for 1999, og avsetjing til grunnstolen.
Framlegget til å endring/auking av dei vedtektsfesta løyvingane til dei fem lagi.

Årsmeldingi vart samrøystes godkjend.
Rekneskap med avsetjing til grunnstolen kr. 100.000,- . Samrøystes godkjend.
Revisjonsmelding opplèsen og godkjend.

Grunnstolen er no: kr. 2.230.000,00
.Utetlingsfondet er: Kr. 287.248,67

Det gamle styret var no ferdige med sin fireårsbolk og ein tok ei matykt.

I det nye styret vald for bolken 2000-2003.

Norsk Måldyrkingslag:	Hans Sørbø
Ivar Aasen Sambandet:	Dag Hagen Berg

	Håvard Tangen v.mann
Vestlandske Mållag:	Lars Bjarne Marøy
Vestmannalaget:	Leidulv Hundvin Sissel-Anny Hjelmtveit v.mann
Noregs Mållag :	Mona Stormark

Val på form.
Leidulv Hundvin føreslo attval på Hans Sørbø.
Dag Hagen Berg vart føreslege av L.B. Marøy.
Dag Hagen Berg vart vald til formann med 3 mot 2 røyster.

Til N.form. vart Mona Stormark vald.

Ettersynsmannen Klement Røyrane hadde i brev sagt frå om at han notakkar av etter å ha vore ettersynsmann frå fondet tok til.
Forretningsf. L.Flesland fekk i oppdrag å spørja J.H. Lyse. Han er viljug til å taka på seg revisjonen, under føresetnad av at L. Flesland fører rekneskapen, og at den nye rekneskapslova vert fylgd.

Heidersprisar:

Styret vart samde om at Heidersprisane skal vera på kr. 25.000,-.
Desse vart det semja om at dei skulle få heidersprisr .

Fritjof Sørbø, Johannes Gjerdåker og Vincent Eye Færevaag.
Prisane vert utdelt utpå hausten eingong. Tid og stad vert fastsett seinare.

Framlegget frå Hans Sørbø om å auka løyvinga til dei fem lagi slik at ein føl tidl. vedtak. Det vart gjort føljande Dei fem lagi får auka den årlege løyvingi til kr 7.500,- Men skal då sjølv taka på seg reisekostnadene til møti i styret i fondet.

Dei andre søknadene vart utsett til haustmøtet.

Ref. lf.

Haldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Møte i H.O.Opedals fond 8. april 2000 på Ervingen kl. 11.oo.

Desse møtte:

Norsk Måldyrkingslag,	Hans	Sørbø	form.
Ivar Aasen Sambandet	Frøydis	Lehmann	n.form.
Vestmannalaget	Leidulv	Hundvin	
Vestlandske Mållag	Lars Bj.	Marøy	v.mann
Noregs Mållag her møtte	Mona	Stormark	

Frå Ivar Aasen Sambandet møtte også den nye målsmannen Dag Hagen Berg, Han røysta ikkje.

Forretningsføraren Leiv Flesland møtte også.

Sakslista : Det gamle styret skulle:
Godkjenna Årsmelding for 1999
Rekneskap m/revisjonsmelding for 1999, og avsetjing til grunnstolen.
Framlegget til å endring/auking av dei vedtektsfesta løyvingane til dei fem lagi.

Årsmeldingi vart samrøystes godkjend.
Rekneskap med avsetjing til grunnstolen kr. 100.000,- . Samrøystes godkjend.
Revisjonsmelding opplèsen og godkjend.

Grunnstolen er no: kr. 2.230.000,00
.Utetlingsfondet er: Kr. 287.248,67

Det gamle styret var no ferdige med sin fireårsbolk og ein tok ei matykt.

I det nye styret vald for bolken 2000-2003.

Norsk Måldyrkingslag: Hans Sørbø

Ivar Aasen Sambandet: Dag Hagen Berg

Haldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Møte i H.O.Opedals fond 8. april 2000 på Ervingen kl. 11.oo.

Desse møtte:

Norsk Måldyrkingslag,	Hans	Sørbø	form.
Ivar Aasen Sambandet	Frøydis	Lehmann	n.form.
Vestmannalaget	Leidulv	Hundvin	
Vestlandske Mållag	Lars Bj.	Marøy	v.mann
Noregs Mållag her møtte	Mona	Stormark	

Frå Ivar Aasen Sambandet møtte også den nye målsmannen Dag Hagen Berg, Han røysta ikkje.

Forretningsføraren Leiv Flesland møtte også.

Sakslista : Det gamle styret skulle:
Godkjenna Årsmelding for 1999
Rekneskap m/revisjonsmelding for 1999, og avsetjing til grunnstolen.
Framlegget til å endring/auking av dei vedtektsfesta løyvingane til dei fem lagi.

Årsmeldingi vart samrøystes godkjend.
Rekneskap med avsetjing til grunnstolen kr. 100.000,- . Samrøystes godkjend.
Revisjonsmelding opplèsen og godkjend.

Grunnstolen er no: kr. 2.230.000,00
.Utetlingsfondet er: Kr. 287.248,67

Det gamle styret var no ferdige med sin fireårsbolk og ein tok ei matykt.

I det nye styret vald for bolken 2000-2003.
Norsk Måldyrkingslag: Hans Sørbø

Ivar Aasen Sambandet: Dag Hagen Berg

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Org. nr.: 977 152 836

Postboks 919 – Sentrum

5808 BERGEN

Oslo, 7. november 2003.

Til:
Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Søknad um umskiping av fondsfyresegni

For fondsstyret i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking vert det søkt um å få skipa um sume fyresegner i fondsfyresegni åt Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking.

INNLEIDING

Skiparen sette upp fondsfyresegni i gåvebrevet sitt som er datera, 29. desember 1971. I 1980 kom det ei eigi log um skriftingar, som på mange umkverve gjev ei onnor løysing og uppgåvedeling enn det som er sett i fondsfyresegni. Detta gjeld millom anna reglane for fastsetjing av rekneskapen for fondet og val av ettersynsmenn. På dessa tvo felti hev fondsfyresegni og stiftingslogi stikk motsett uppgåvedeling.

Fondsstyret hev i dei siste åri registrera at det er mange fyresegner det er usemja um noko som det er sers uheldig når ein skal få til eit godt og velfungerande samarbeid millom fondsstyret, vallagi og andre i målrørsla som studnadsmottakarar (destinatorar).

Fondsfyresegni var umskipa i 1992. Bakgrunnen for umskipingi var at fondsstyret og vallagi ynskte å minka avsetnadene til grunnstolen, i høve til reglane som Opedal sette i fondsfyresegni si. Framleggi vart dryfte i fondsstyret i 1987 og 1988. Dei vart i dessa åri sende ut på høyring millom vallagi. I 1992 søkte den dåverande formannen i fondsstyret um å skipa um fondsfyresegni med ein annan ordllyd enn det som var vedteke i fondsstyret og det som var sendt ut på høyring. Reglane slik dei vart fastsette av Fylkesmannen i Hordaland i 1992 er heller ikkje innarbeidde (implementera) i den fondsfyresegni som fondsstyret og vallagi nyttar. Det kann difor reisast spursmål um både legitimiteten og legaliteten av dei reglane um avsetnad slik dei vart etter umskipingi i 1992. Spursmålet um denna umskipingi er grundig dryfte i høyringsbrevet dagsett 14. november 2002.

Fleire av vallagi såg kring 1999 med uro på utviklingi i fondet, og det var fleire møte millom leidingi av fleire av vallagi. I 1997 hadde styresmannen som Noregs Mållag hadde nemnt upp, retta skarp kritikk mot det dåverande fondsstyret, utan at andre enn fondsstyret og Noregs Mållag hadde kjennskap til kritikken. Utan nærare samband millom vallagi drog Noregs Mållag attende mykje av kritikken. Det synte seg i 1999 at òg Ivar Aasen-sambandet, Vestmannalaget og Vestlandske Mållag delte kritikken som var reist frå Noregs Mållag.

Bjørn Tormod Ringdal, Fyllingsdalen
Ivar Aasen-sambandet, Oslo
Vestmannalaget v/ J. Askeland, Bergen
Noregs Mållag, Oslo
Vestlandske Mållag v/ L. B. Marøy, Kongsvinger
Sissel-Anny Hjelmtveit, Seim
Halldor Slettebø, Oslo
Håvard Tangen, Oslo
Magnus Robberstad, Bjørnemyr
Torolv Hesthamar, Utne
Norsk Måldyrkingslag, v/ Arne Gjeraker, Sogndal
Johan Forsmo, Oslo
Johan A. Schulze, Oslo
Jostein Stokkeland, Krokkleiva
Hallvard Bergwitz, Oslo

Kjell Kjerland, formannen i fraksjonstyret i Vestlandske Mållag, hev òg fenge tilsend høyringsbrevi. Brigdi er òg kjende for detta styret sidan Jon Askeland var prosessfullmektig for denna fraksjonen ved dryftingane i Bergen forliksråd. Askeland er òg informera ved å vera formann i Vestmannalaget. Arne Gjeraker er advokaten til det fraksjonsstyret, han er informera ved å vera formann i Norsk Måldyrkingslag. Båe fløyene i Norsk Måldyrkingslag og Vestmannalaget er òg vitra gjenom at aktørane i dessa òg er med i styringi i andre høyringsinstansar.

Fylgjande hev svara oss i eigne brev:

Vestmannalaget, 10. oktober 2003
Vestlandske Mållag, 21. oktober 2003
Noregs Mållag, 13. oktober 2003
Ivar Aasen-sambandet, 21. oktober 2003

Svarbrevi frå dessa samskipnadnene ligg ved som vedlegg til denna søknaden.

Hallvard Bergwitz hev ringt for Johan Forsmo og Johan A. Schulze og gav uttrykk for tilslutnad til framleggi frå fondsstyret, slik dei vert presentera i høyringsbrevi. Johan Forsmo og Johan A. Schulze sit i styret i Norsk Måldyrkingslag. Styresmann Arne Skjerven er òg næstleidar i Norsk Måldyrkingslag, og han hev meldt i frå um tilslutnad til framleggi til brigde som er fremde i høyringsbrevi. Styret i Norsk Måldyrkingslag hev ikkje kome med nokor skriftleg attendemelding.

HEIMELSGRUNNLAGET FOR FRAMLEGGI TIL BRIGDE

Det er etter den gjeldande stiftingslogi Kongen som kann skipa um statuttar (fondsfyresegner), jfr. § 32. Denna rett er delegera vidare til Justisdepartementet og fylkesmennene.

Det er etter gjeldande rett berre grunnlag for å skipa um fondsfyresegner når tilhøve er endra. Det er ulike kriterium etter som um det er tala um fyresegner um fyremålet til fondsstyret eller mindre sentrale brigde som det vert søkt um.

KONKLUSJON UM HEIMELSGRUNNLAGET:
Fondsstyret meiner difor at det er breid semja um at det – med atterhald av fyresegni um sætet – ligg fyre vilkår for å skipa um fondsfyresegni i samsvar med og medhald av § 35 fyrste punktumet og § 35 andre lekken. Det vil segja at det er breid semja um at det ligg fyre endra tilhøve og at framleggi ikkje er fyremålsrelatera eller vart lagt serlegt vekt på av skiparen.

DEI ULIKE FRAMLEGGI TIL BRIGDE

FRAMLEGG TIL BRIGDE I § 1

GJELDANDE FYRESEGN:

> Fondet skal ha namnet Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking. Fyremålet med fondet er å reisa og odla norsk mål. Fondet skal gjera sitt til å halda uppe måltradisjonen frå Ivar Aasen i stil og skrivemåte og ordval, so langt som det til kvar tid let seg gjera. Eg viser til målsynet åt professorane Nikolaus Gjelsvik og Gustav Indrebø, soleis som dette synet kjem fram i arbeidi deira um norsk målreising og måldyrking. Skulde det verta tvilsmål um tolking av dette, syner eg til mitt brev: "Mitt syn på norsk målreising, nokre tankar".

BAKGRUNNEN FOR INITIATIVET TIL FRAMLEGGI TIL BRIGDE I § 1:
Fondsstyret meiner det er uheldig å hava ei indirekte tilvising av råma for fyremålet til fondet, og meiner difor at ei onnor ordleggjing er betre. "Eg" høver sjølvsagt i eit gåvebrev frå skiparen, men ikkje i ei fyresegn.

UTSENDE FRAMLEGG UM § 1:
(jfr. høyringsbrev dagsett 14. november 2002)

> Etter nærare gjenomgang av fyresegni ynskjer formannen òg at styret skal sjå på eg-formi som finst i § 1. Fyresegni som H. O. Opedal sette upp, var i sjølve gåvebrevet. Ei ålmenn fyresegn bør, etter formannen si meining, ikkje nytta eg-formi. Det vil segja at ein i fyresegni ikkje nyttar ordi "*Eg viser til målsynet åt ...*" og at ein i staden nyttar "***Det vert synt til målsynet åt ...***".

MERKNADER FRÅ HØYRINGSINSTANSANE UM § 1:
Vestmannalaget hev i høyringssvaret sitt ikkje kommentera framlegget. Noregs Mållag hev meldt attende at dei ynskjer å endra denne ordleggjingi til at:

> *Gjevaren viser i gåvebrevet til målsynet åt ...*

Ivar Aasen-sambnadet hev meldt fylgjande:

> Ivar Aasen-sambandet styd framlegget frå fondsstyret. Me meiner det er rimelegt at eit fond ikkje hev tilvising til gjevaren. Fondet er ei sjølvstendig eining uavhengig av gjevaren. Alle skynar kven gjevaren er gjenom namnet på fondet, og det er ikkje turvande å få upplyst at det var han som ytra seg um korleis fondsfyresegnene skulde vera. Det segjer seg sjølv.
>
> Tilvisingar bør vera beinveges og ikkje umveges med å syna til det «eg» som var skiparen av fondet.

Vestlanske Mållag hev meldt fylgjande:

> **Fjerning av "eg"-formi:**
>
> Fondsstyret gjer framlegg til a umskipa "eg"-formi i § 1. Dette framlegget vert studd. VM [Vestlandske Mållag] tykkjer at fyresegnene bør gjeva påbod eller gjeva føringar for fondsstyret, ikkje peika på kva "eg" eller "Gjevaren" syner til.
>
> Dette brigdet gjeld heilt ikkje fyremålet med fondet, sjølv um det gjeld eit brigde i fyremålsparagrafen til fondet. Brigdet råkar heller ikkje noko som ein kann tru at skiparen la vekt på ved skipingi.

MERKNADER FRÅ HØYRINGSINSTANSANE UM § 2:
Norsk Måldyrkingslag hev ikkje kome med merknader. Vestmannalaget og Noregs Mållag hev meldt ifrå um at dei ikkje hev merknader til framleggi. Hallvard Bergwitz hev for styremedlemene i Norsk Måldyrkingslag, Johan Forsmo og Johan A. Schulze, meldt ifrå um studnad til framleggi i høyringsbrevi. Ivar Aasen-sambandet hev meldt fylgjande:

> Ivar Aasen-sambandet styd framlegget til presisering frå fondsstyret. Det verkar uppklårande i høve til den upphavlege formuleringi og det vert ikkje noko anna enn ei skriftfesting av det som hev vore vanleg meining.

Vestlandske Mållag (VM) hev meldt fylgjande:

> **Klårgjering av kva for fondsmidel som ikkje kann rørast:**
> Fondsstyret gjer framlegg til å skipa um § 2 med tanke på å få ei presisering av kva som ikkje kann rørast av midlane til fondet.
> VM er òg samde i at ein kann stilla spursmål med ordlyden som denne paragrafen fekk etter umskipingi i 1992. Det er heilt klårt ikkje samsvar millom intensjon med brigde og resultat etter umskipingi. VM var ikkje kjend med ordlyden som vart fastsett i 1992 fyrr vedtaket um umskiping vart gjort.
> VM styd heilt klårt både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 14. november 2002 og 12. september 2003.

FONDET UTTALAR FYLGJANDE UM § 2 ETTER HØYRINGSRUNDANE:
Fondsstyret registrerar at det er semja millom vallagi um at ordlyden lyt klårgjerast og at ein bør hava ei klår fyresegn som slær fast at både grunnstolen av dei årlege avsetnadene ikkje skal minkast. Fondsstyret vil òg peika på at Opedal sjølv ikkje hadde sett krav um at hovudstolen skulde halda sitt røynlege verde. Spursmålet um røynlege verde var det berre eit vallag som i 1988 gjekk inn på. Fondsstyret meiner eit slikt krav er uheldig, då det "låser" store lutar av avdrøtten til å avsetjast til hovudstolen. Fondsstyret ser òg at det er semja um å gjera bot på dei mistaki som vart gjorde av fondsstyret tidleg på 1990-talet i samband med at det vart fremja ein søknad um umskiping.

VEDTAK FRÅ FONDSSTYRET UM § 2:

Grunnstolen for fondet er på kr. 600 000,00 – seks hundre tusen kronor. Kvart år skal 10 % av avkastingi setjast av til ein hovudstol. Hovudstolen – grunnstolen og dei uppsamla avsetnadene til hovudstolen – skal ikkje minkast. Eiga skal til kvar tid verta varveitsla i samsvar med fyresegnene i stiftingslovi.

FRAMLEGG TIL BRIGDE I § 3

GJELDANDE FYRESEGN

> Fondet skal ha eit styre på fem mann. Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Ivar Aasen-sambandet, Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag vel kvar sin mann med varamann. Styret i eit lag kann gje fullmakt åt ein mann til å møta i fondsstyret, um det ikkje høver for den valde styresmannen å vera til stades. Eit møte med tri mann er vedtaksført.
> Fondsstyret vel sin formann med varamann. Formannen skal ha avgjerdsmakti um røystetalet veg jamt. Styremenn med varamenn vert valde for fire år. Ein styremann eller ein varamann bør ikkje stå lenger enn tolv år. Aldersgrensa uppover er 75 år.

Ivar Aasen-sambandet melde fylgjande um § 3:

Brigdi i fyrste avsnittet hev me ingi merknader til.

I andre avsnittet gjer fondsstyret framlegg um ny ordleggjing i den siste setningi: «Styresmenn og varamenn som gjeng yver aldersgrensa, gjeng ut or fondsstyret.» Her vil Noregs Mållag ha dette brigdet: «Aldersgrensa oppover er 75 år. dvs. at ingen kan veljast etter det kalenderåret ein fyller 71 år.».

Ivar Aasen-sambandet styd framlegget frå fondsstyret, og gjeng imot å skriftfesta ei grensa på 71 år, som Noregs Mållag hev gjort framlegg um. Er aldersgrensa 75 år, må ein retta seg etter det. Men det kann vera greidt å få slege fast når den einskilde styresmannen skal ganga av: det same året som han fyller 75 år, på fødselsdagen, elder kva skal vera gjeldande praksis her? Her hev det vore ulike tolkingar og Ivar Aasen-sambandet vil gjerne hava ei upprydjing i fyresegnene på dette punktet.

Ivar Aasen-sambandet styd framlegget frå fondsstyret i tridje avsnittet, med atterhald um den siste setningi. Sambandet vil visa til at den siste setningi kann strjukast av di denne rettsregelen er parallell med § 6 um sæte.

Vestlandske Mållag melde fylgjande um § 3:

Vedkomande aldersgrensa:

Det er gjort framstøyt til å få til ei presisering av konsekvensane av fyresegni um aldersgrensa på 75 år. VM tykkjer i grunnen at det skulde vera uturvande å koma med ei presisering, men diverre hev det frå ymse hald i Vestmannalaget vorte ein sport i å ordkløyva um fyresegni. Det er vorte først til torgs ein sedvane, denne synsmåten er ikkje VM samde i – og det er då heller ikkje fremd yvertydande dokumentasjon frå denne "sedvanen".

VM er vitra um at Noregs Mållag hev fremd eit framlegg um at ein skal innføra ein regel um at ein ikkje kann veljast til styresmann etter 71 år. Detta truleg av di ein ynskjer at ein vald styresmann skal sitja heile valbolken. VM er i intensjonen samde med Noregs Mållag. VM tykkjer at ein ikkje kann binda vallagi meir enn det som Halldor O. Opedal sjølv set i fyresegni. VM er samde i at ein presiserar gjeldande fyresegn, men vil ikkje stydja ei nærare innskrenkjing slik Noregs Mållag legg upp til.

VM styd heilt klårt både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 14. november 2002.

Vedkomande tvungen skilsdom ved tvist i vallagi:

VM segjer seg leid for at stoda er komi so langt i mange av vallagi at det er strid i eit fleirtal av vallagi til fondsstyret. Det er forvitneleg å sjå at Vestmannalaget i sitt høyringsbrev skuldar fondsstyret for desse stridane. Det er vel meir rett å segja at alle stridane er initiert av den noverande leidingi i Vestmannalaget, enn at fondsstyret skulde hava skuld i stridane. Det lyt nemnast at både Vestmannalaget og Norsk Måldyrkingslag hev nemnt upp nye styresmenn etter dei tvo som var eldre enn aldersgrensa. Det er soleides vallagi sjølve som formelt ber andsvaret for desse nyuppnemningane.

VM er heilt samde i at ein ikkje kann ha uløyste tvistar i lengre tid, utan at ein fær ei eller onnor avgjerd i tvistane innan rimeleg tid. Det hev vore ei ulukka at sume vallag ikkje maktar å leggja hendingar bak seg, og um dei ikkje gjer det, lyt dei i alle fall reisa sak med påstand um at sine synsmåtar er gjeldande rett innan ei rimeleg tid.

VM styd heilt klårt både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

FONDET UTTALAR FYLGJANDE UM § 3 ETTER HØYRINGSRUNDANE:

Fondsstyret hev merkt seg at alle vallagi er samde um at regelen um aldersgrensa på 75 år no skal fylgjast, men at det er ulike uppfatningar um korleides ein skal skriftfesta regelen.

Fondsstyret registrerar òg at skipnaden med tvungen skilsdom hev fenge tilslutnad frå vallagi. Det er viktugt å merka seg at denna skipnaden med skilsdom hev eit anna materielt utgangspunkt enn framlegget um søksmålsfrest, jfr. § 6, sjå seinare. Framlegget um skipnad for tvisteløysing i § 3 gjeld i hovudsak tvistar internt i eit vallag. Det kann teoretisk sét verta strid i eller millom vallag um valretten eller kven som er peika ut, samstundes som eller som fylgja av at fondsfyresegni vert brigda. I so fall kann fondsstyret påleggja ei tvisteløysing etter § 3 som vil avskjera normal domstolfyrehaving som skjer etter § 6. Skyldnaden til å reisa sak gjeld òg vidare enn berre spursmål um valretten og kven som er rettkome utpeika styresmann.

Fondsstyret slutta seg til merknaden frå Ivar Aasen-sambandet um at ein ikkje trong slå fast heimeting um ein hev eit sæte slege fast i § 6.

Ein skal òg vera merksam på at då fondet hadde fast forretningsførar, vart det gjort avtalor og rettshandlar som burde ha vore lagde fram for fondsstyret fyrr dei vart gjort. Med klåre retningslinor vonar fondsstyret at andsvarstilhøvi òg vert klåre.

UTSENDE FRAMLEGG UM § 4:

Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar. Styret har signatur i lag. Formannen og skrivaren har prokura. Styret kann fastsetja noko anna um signatura og prokura, um det meiner det er rettast.

Styret fastset rekneskapen. Rekneskapen skal sendast til styri i dei lagi som har valrett til fondet. Styri i desse lagi har høve til å koma med merknader til rekneskapen innan ein månad etter dei fær han tilsendt. Ynskjer eit fleirtal av vallagi at rekneskapen skal brigdast, skal styret ha rekneskapen fyre på nytt.

Ettersynsmannen skal peikast ut av styri i dei lagi som har valrett til fondet. Den ettersynsmannen som eit fleirtal av lagi vil ha, er vald.

MERKNADER FRÅ HØYRINGSINSTANSANE UM § 4:

Norsk Måldyrkingslag hev ikkje kome med merknader. Vestmannalaget hev i høyringssvaret ingi merknader til framlegget. Noregs Mållag vil struka den siste setningi i tridje bolken og vil i staden hava fylgjande setning:

Dersom det ikkje er semje i vallagi vert revisor peika ut av Fylkesmannen.

Ivar Aasen-sambandet hev meldt at det styd framlegget, det same hev Hallvard Bergwitz gjort for styremedlemene Johan Forsmo og Johan A. Schulze i Norsk Måldyrkingslag. Vestlandske Mållag melde fylgjande:

Godkjenning av rekneskapane:

VM ser ingen grunn til å kommentera framleggi på dette punktet, sidan det berre er eit brigde for å få fondsfyresegni i samsvar med lovi.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

Val av ettersynsmann:

VM ser ingen grunn til å kommentera framleggi på dette punktet, då det berre er eit brigde for å få fondsfyresegni i samsvar med lovi. VM er heilt usamd med Noregs Mållag sitt framlegg til formulering av denne fyresegni, og meiner at den formuleringi som Noregs Mållag hev valt er i strid med fyresegnene i § 11 i stiftingslovi.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

Fastsetjing av signaturfyresegn:

VM er samde i at ein bør ha ei eigi fyresegn um signatura og prokura. VM er vidare samde i at styret lyt hava rett til å gjera endringar i signaturfyresegnene utan ny umskiping, og er difor samd i setningi um at styret um stoda gjer det turvande kann frávika hovudregelen.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

FONDET UTTALAR FYLGJANDE ETTER HØYRINGSRUNDANE UM § 4:

Fondsstyret uttala på møtet 19. oktober 2003 fylgjande:

Fondsstyret var imot framlegget frå Noregs Mållag. Fondsstyret synte til at det i § 11 sette avsnittet i stiftingslogi er fastsett at det er dei som vel fondsstyret, som òg vel ettersynsmannen. Det vil difor vera i strid med § 11 å innføra ein slik regel som Noregs Mållag gjer framlegg um.

Fondsstyret gjorde vedtak um å halda uppe den upphavlege ordleggjingi.

FONDET UTTALAR FYLGJANDE ETTER HØYRINGSRUNDANE UM § 5:
Fondsstyret registrerar at det ikkje er usemja um framlegget millom vallagi. Fondsstyret syner til grunngjevingi si og held uppe framlegget sitt. Det er, som nemnt av Vestlandske Mållag, ingen grunn til å fast ein annan konkret dato. VM meiner difor at heile datotilvisingi vert teken burt, jfr. det utsende framlegget. Fondsstyret er samd med VM.

VEDTAK FRÅ FONDSSTYRET UM § 5:
(Berre fyrste bolken)

Avkastingi av fondet skal kvart år etlast ut åt folk som skriv rein og velflidd nynorsk. Dei bør òg kunna tala dette målet – eller eit bygdemål. Utetlingane gjeng fyre seg i seriar på tri år. Etter tri år tek serien til på nytt.

FRAMLEGG TIL BRIGDE I § 6:

GJELDANDE FYRESEGN:
(Sjå merknadene um teksti i gjeldande fyresegn i høyringsbrevet dagsett 14. november 2002.)

> Um so er at eit lag ikkje ynskjer å ha målsmenn i styret for fondet med dei fyresegner som her er sette upp, gjeng rettane år dette laget over til dei andre lagi. Skulle fleire lag gå ut, vel dei lagi som er att, styret for fondet.
>
> Kjem det upp eit nytt lag som stettar kravi åt dette fondet, kann fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar. Det nye styret skal stjorna fondet med tanke på heile landet som før, etter dei fastsette fyresegner, berre med det skilet som praktiske grunnar gjer naudsynlege.
>
> Skulle alle lagi verta uppløyste, gjeng fondsmidlane inn i fondet til instituttet Halldorsbu på Bibelhaug i Ullensvang. Um dette skulle henda, fell fyresegnene for dette fondet burt.
>
> Fire styrelemer kann visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki.

BAKGRUNNEN FOR INITIATIVET TIL FRAMLEGGI TIL BRIGDE I § 6:

6.1. Den rettslege status av "tilleggi" frå Opedal til fondsfyresegni
Fondsstyret ynskjer å klårgjera kva for tillegg som skal hava beinveges rettsverknad – og med det vera med i fondsfyresegni – og kva for tillegg som skal vera rettleidande – med det ikkje vedtektsfestast. Fondsstyret hev lagt til grunn at ein fylgjer den mest vanlege utgåva av § 6, som innheld eitt av tilleggi. Det er uvisst um dessa i røyndi vart fastsett alt på skipingsmøtet. Sidan det er sume tilvisingar i uppritet frå skipingsmøtet i 1976. Fondsstyret ynskjer med framlegget til umskiping å slå fast kva for tillegg som skal ha beinveges rettsleg status. Fondsstyret meiner det er sers uheldig at ein ikkje hev ein eintydig ordlyd i fondsfyresegni, og ynskjer å råda bot på detta med framlegget til umskiping av § 6.

6.2. Presiseringa av umgripsbruken; styresmann
Fondsstyret meiner det er uheldig at ein hev ein umgripsbruk i fondsfyresegni som opnar for ei mistyding av rolla til medlemene i fondsstyret. Det er rettsleg skilnad på styresmann og målsmann. Halldor O. Opedal hev sjølv i størst mun nytta styresmann, men det er i § 6 òg nytta umgripet "målsmann". Det er uheldig at umgripsbruken i fondsfyresegni kann opna for mistydingar av den rettslege statusen til styresmennene, og mistyding av den styringsretten vallagi hev yver deim.

6.9. Burttaking av uppløysingfyresegni um instituttet Halldorsbu

Fondsstyret reiste i høyringsrundane spursmål til vallagi um kva ein skulde gjera med fondsmidelen um alle vallagi vart uppløyste. Den noverande fyresegni lèt seg ikkje fylgja, med di Instituttet Halldorsbu ikkje finst og aldri vart gjort til røyndom realitet. Instituttet Halldorsbu skulde vera på heimstaden til Opedal, men Opedal sette i testamentet sitt upp eit nytt fond som skulde få alle midlane som Opedal leivde etter seg. Det var gjeve sume fyresegner um serrettar for skyldfolk ved sal av eigedomen hans. Testementet er sett upp mange år etter denna fondsfyresegni, og ein kann difor ganga ut ifrå at Opedal sjølv hadde late tanken um eit institutt på Bibelhaug fara.

UTSENDE FRAMLEGG UM § 6:

> Um so er at eit lag ikkje ynskjer å velja styresmann for fondet med dei fyresegner som her er sette upp. gjeng rettane til dette laget over til dei andre lagi. Skulle fleire lag gå ut, vel dei lagi som er att, styret for fondet.
>
> Vallagi lyt ved fyrste nyuppnemningi etter kvar umskiping eller anna brigde i fondsfyresegni koma med fråsegn til fondet um laget godtek å velja styresmann og varamann etter dei fyresegnene som her er sette upp. Vallag som ikkje gjev melding innan tri månader etter at dei fekk spurnad um slik fråsegn, misser retten til å velja styresmann og varamann. Rettane til dette laget gjeng over til dei andre lagi.
>
> Kjem det upp eit nytt lag som stettar kravi åt dette fondet, kann fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar. Det nye styret skal stjorna fondet med tanke på heile landet som før, etter dei fastsette fyresegner, berre med det skilet som praktiske grunnar gjer naudsynlege.
>
> Fire styrelemer kann visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki.
>
> Styresmann som er vald frå eit lag som ikkje lenger ynskjer å velja styresmann i fondet, gjeng ut or styret frå den tidi meldingi er komi åt fondsstyret. Like eins gjeng ein styresmann som er vald frå eit lag som vert vist burt, ut or styret etter at det siste av dei tvo vedtaki um at laget er vist burt, vert gjort. Styresmenn som er valde frå eit lag som – etter at uppnemningi er gjord – vert nedlagt eller uppløyst, sit ut valbolken.
>
> Fondet har sæte i Bergen. Styret kann, um umstendi gjer det turvande, velja ein annan stad på Vestlandet som sæte.
>
> Det bør vera ein regel for fondsstyret å halda styringsutlogone nede på eit rimelegt nivå. Av dette fylgjer m.a. at styremøti helst vert haldne i Bergen eller ein annan stad på Vestlandet. Like eins at vallagi møter med styresmenn og varamenn som bur i Bergen eller ikkje so langt burte frå byen.
>
> *[Dei tvo siste bolkane i § 6 vart sende ut på høyring etter upptak frå styreformannen.]*

MERKNADER FRÅ HØYRINGSINSTANSANE UM § 6

Norsk Måldyrkingslag hev ikkje kome med svar. Vestmannalaget hev ingi merknader til andre framlegg til brigde enn oppløysingsframlegget. Vestmannalaget gjeng primært imot eit brigde, men vil stydja ei fyresegn um at ein kulturinstitusjon i Ullensvang fær fondsmidelen ved oppløysing, jfr. brev dagsett 10. oktober 2003:

> Vedtektsendringar bør ikkje vera i strid med Opedals eigne ynske – slik dei vart utforma i dei upphavlege fyresegnene og i dei rettleidingsskriv han sende til fondet. Uppløysingsreglen i § 6 bør difor stå ved lag – event. endrast slik at ein annan kulturinnstitusjon i Ullensvang vert mottakar av fondsmidlane i fall fondet skulde verta uppløyst.

Noregs Mållag (NM) hev meldt fylgjande:

> § 6: Ingen merknader til endringsframlegg i avsnitt 1, 2, 3, 4 og 5. Når det gjeld avsnitt 6 vert NM sitt framlegg: " Fondet har sitt sæte i Bergen." Resten av endringsframlegget fell bort.
>
> Avsnitt 7 får denne ordlyden: "**Det bør vera ein regel for fondsstyret å halda styringsutlogone nede på eit rimelegt nivå. Av dette fylgjer m.a. at styremøtei vert halde i Bergen. Like eins at vallagi møter med styresmenn og varamenn som bur i Bergen eller ikkje so langt frå byen**".
>
> Avsnittet: "Skulle alle lagi verta uppløyste gjeng fondsmidlane inn i fondet til instituttet Halldorsbu på Bibelhaug i Ullensvang. Um dette skulle henda, fell fyresegnene for dette fondet burt." Vert erstatta med: "**Skulle alle lagi verta uppløyste gjeng fondsmidlane inn i Halldor O. Opedal sitt fond for ålmennyttige føremål. Um dette skulle henda, fell fondsfyresegnene for dette fondet burt.**"

vera ein konkret frest som korkje er for lang – med tanke på arbeidet i fondsstyret – og heller ikkje for kort – i høve til uppnemningsprosessane i vallagi.

VM hev registrera at Ivar Aasen-samsbandet hev dryft å koma med ei presisering av at vallagi sjølvsagt hev rett til å prøva eventuelle fyresegner i fondsfyresegni som dei ikkje tykkjer dei kann slutta seg til – ved å reisa sak. VM er like eins samde i at det bør vera ein klår frest for vallagi til å avgjera um dei vil (1) reisa sak um dei brigdi som dei lyt melda tilslutnad til, (2) godtaka dei nye fyresegnene eller (3) bøya seg for dei nye fyresegnene. Ut frå samtalen med fondsformannen fekk me inntrykk av at han vilde taka upp framlegg um eit tillegg til det framlegget som vart send ut 9. september 2003, men ein ordlyd um frest for å reisa sak på seks månader. VM styd, med den grunngjevingi som er nemnd yver, eit slikt tillegg

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

Verknaden av burtvising, uppløysing og sjølvvald attendetrekkjing av valretten:

VM ser på framleggi som ei presisering av gjeldande fondsfyresegn.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

Fastsetjing av stad for sætet:

VM ser at fondsstyret gjer framlegg um å fastsetja sætet i fondsfyresegni. VM ser ikkje heilt at det er so turvande som dei andre brigdi som det er gjort framlegg um. VM er òg uroa yver den innsnevringi som diverre hev kome dei siste åri, med umsyn til fondet berre er eit Bergensfond. Halldor O. Opedal skipa eit landsfemnande fond, ikkje eit fond for Bergen med umland. Når ein ser den bolken som nemner byen Bergen i den upphavelege fondsfyresegni frå skiparen, ser ein at hovudregelen er at styringsutlogone skulde vera låge. Hovudtanken var ikkje å fastslå at Bergen var hovudsætet for fondet. Ein lyt òg vera merksam på at då fondsfyrsegni vart fastsett 29. desember 1971, hadde fleirtalet av vallagi sæte i Bergen, og at det ut frå samtidi då var rimelegast å møtat i Bergen. At miljøet som målbar det tradisjonelle målsynet, jfr. fyremålet til fondet, i 1971 var kring Bergen er det ikkje tvil um. Det kann heldigvis i dag syna seg at dei fremste berarane av målsynet åt Ivar Aasen, Indrebø og Gjelsvik no finst yver heile landet, og Bergen er ikkje lengre eit so klårt tyngdepunkt.

VM meiner òg at ein under alle umstende ikkje bør fastsetja sætet i fondsfyresegni, utan at styret slepp ganga vegen um umskiping um det vert turvande å flytja sætet til ein annan stad enn Bergen.

Fastsetjing av ein regel um styringsutlogone:

VM meiner at det ikkje er turvande å fastsetja ein regel um at styringsutlogone skal vera på eit rimelegt nivå. Det er ingen som er usamde i at fondet held låge styringsutlogor. Det er ingen ting i utviklingi som i dag krev at ein fastset ein slik regel i fondsfyresegni.

Buregel for styresmennene:

Halldor O. Opedal ynskte at "målfondet" hans skulde vera eit landsfemnande fond i motsetnad til det ålmenne fondet han skipa lokalt. Det vil difor kokje vera i hans meining eller turvande å vedtektsfesta ei slik plikt som fondsstyret gjer framlegg um, når det kjem med framlegg um at styresmennene lyt bu i Bergen eller ein annan stad på Vestlandet. Hovudintensjonen frå Halldor O. Opedal med tillegget var, etter VM si meining, ikkje å fastsetja Bergen som møtestad med å gjera ferdakostnadene låge – ut frå stoda slik ho var på det tidspunktet fondsfyresegni vart sett upp i 1971. Regelen er difor taktisk, ikkje prinsipiell.

Ein slik regel kann etter umstendi – i dag – misbrukast til å gjera fondet til eit "Bergensfond" – noko som det ikkje finst grunnlag for hjå Halldor O. Opedal.

VM styd difor ikkje ei vedtektsfesting av slik buplikt.

Instituttet Halldorsbu:

VM registrerar med undring påstandane frå Vestmannalaget at fondsstyret krenkjer vilja til Halldro O. Opedal når det gjeld framlegget um at ein tek burt fyresegni um Halldorsbu. VM syner til at Halldor O. Opedal i testamentet sitt alt hadde lagt burt tanken um eit institutt for diktarar og filologar på Halldorsbu. Eigedomen vart i testamentet hans, som er dagsett etter 29. desember 1971, gjevi til eit anna fond som han ynskte å skipa. Han sette upp reglar um at sleki hans skulde kunna forkjøpsrett til eigedomen, på dei vilkåri som det beste bodet var på. Det er difor forvitneleg å sjå at Vestmannalaget kjem med sterke utfall mot fondsstyret, som på si sida ynskjer innspel frå vallagi på ein eventuell bruk av fondsmidelen ved uppløysing av alle vallagi.

VM er samde med framlegget frå Noregs Mållag um at fondsmidelen ved uppløysing av alle vallagi bør gjevast til det andre fondet som Opedal skipa.

FONDSSTYRET UTTALAR FYLGJANDE UM § 6 ETTER HØYRINGSRUNDEN:

6.1. Den rettslege status av "tilleggi" frå Opedal til fondsfyresegni

Fondsstyret ynskjer å klårgjera kva for tillegg som skal ha beinveges rettsverknad – og med det vera med i fondsfyresegni – og kva for tillegg som skal vera rettleidande – med det ikkje vedtektsfestast. Det er uvisst um dessa i røyndi vart fastsette alt på skipingsmøtet, sidan det er sume tilvisingar i uppritet frå skipingsmøtet i midten av 1970-talet. Fondsstyret hev lagt til grunn den mest vanlege utgåva av tillegg som er vedtektsfesta i framlegget sitt, og ingen av høyringsinstansane hev kome med merknader til detta. Fondsstyret legg difor til grunn at ein skal nytta den mest vanlege utgåva av fondsfyresegni som hev vorte nytta etter skipingsmøtet.

Detta tillegget er det einaste av dessa tilleggi ein finn i gåvebrevet som er teke med i den mest bruka utgåva av fondsfyresegnene, og fondsstyret hev valt å søkja um at detta tillegget vert teken med i fondsfyresegni. Vallag som er uppløyst når eit "nytt" fondsstyret skipar seg, kann ikkje møta med styresmann i fondsstyret, endå um det i tidi fyre uppløysingi nemnde upp styresmannen for den nye styresbolken. Detta av den grunnen at det då ikkje finst noko vallag. Det ein ynskjer, er at styresmenn som hev teke sæte, sit ut styresbolken sin, ubunde av kva som hender med vallaget. Fondsstyret meiner difor at det er rettare å nytta ordi – etter at styresmannen tok sæte – i staden for – etter at uppnemningi er gjort. Fyresetnaden er visseleg at styresmannen er vald i samhøve med stiftingslogi og fondsfyresegni.

6.6. Fastsetjing av stad for sætet for fondet

Fondsstyret uttala på styremøtet 19. oktober 2003:

> Vestmannalaget hev ingi merknader til framleggi til brigde i § 6. Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-sambandet studde framlegget um å skriftfesta ein regel um sæte i fyresegni, med atterhald um at ein kunde flyttja sætet utan å måtta nytta umskipingsfyresegnene i stiftingslogi. I næstsiste avsnittet vil Noregs Mållag strjuka framlegget um at fondet kann ha sæte andre stader på Vestlandet enn Bergen.
>
> Fondsstyret sluttar seg til innspeli frå Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-sambandet. Til innspelet frå Noregs Mållag vil fondsstyret streka under at Opedal var klår på at fondet var landsdekkjande og at Vestlandet var utgangsstad for fondsarbeidet. Når Bergen er nemnd serleg, var det av praktiske årsaker nett på den tidi. Det som er yverordna for Opedal er at styringsutlogone ikkje i for stor eller urimeleg grad skal gå til å dekkja reiseutlegg. Plasseringi av fondet må avgjerast ut frå kva som vil halda styringsutlogone nede ikkje ut frå kvar fondet held hus. Fondsstyret held uppe framlegget sitt – i heilo. Dersom ein ynskjer å strjuka den andre setningi i avsnittet, vil fondsstyret draga attende heile avsnittet.

6.7. Fastsetjing av ein regel um rimelege styringsutlogone

Halldor O. Opedal hev i sume skriv sett upp eit tillegg der styringsutlogone er umtala, tillegget hev uklår rettsleg status. Detta tillegget er ikkje med i den mest vanlege fondsfyresegni. Fondsstyret kann ikkje sjå at regelen er turvande, med de fondet nyttar relativt småe kostnader til administrasjon. Det ligg i alle høve, etter fondsstyret si meining, ikkje fyre endra tilhøve som gjev ei skriftfesting av denna fyresegni heimel til umskiping etter § 35. Fondsstyret syner òg til at tvo vallagi hev kome med klåre motlegg til framlegget. Fondsstyret fremjar difor ikkje framlegg um å taka med detta tillegget i fondsfyresegni, tilsvarande reglar finst alt i loggjevingi um stiftingar. Denna fyresegni vart heller ikkje teki med i den mest bruka utgåva av fondsfyresegni.

6.8. Regel um "buplikt" for styresmennene

Fondsstyret uttala på styremøtet 19. oktober 2003:

> Ved ein feil hev formannen sendt ut eit tillegg til fyresegnene som fondsstyret ikkje hadde gjort framlegg um. Vestmannalaget hev ingi merknader til framlegget. Ivar Aasen-sambandet og Vestlandske Mållag hev munnleg meldt at dei ikkje styd framlegget, av di fondet er eit landsfemnande fond. Ivar Aasen-sambandet peikar òg på at hovudtanken attum regelen som Opedal sette upp, er låge styringskostnader – ikkje å gjera Bergen til hovudsæte. Det gjeld siste avsnitt i paragraf 6. Her hadde Noregs Mållag fylgjande framlegg til ordlyd: "Det bør vera ein regel for fondsstyret å halda styringsutlogone nede på eit rimelegt nivå. Av dette fylgjer m.a at styremøti vert haldne i Bergen. Like eins at vallagi møter med styresmenn og varamenn som bur i Bergen eller ikkje so langt burte frå byen".
>
> Fondsstyret meiner at å binda fondet meir einsidig upp til Bergen ikkje er i samsvar med Opedals tankar med fondet. Opedal nytta ordleidingi ***bør***, og han opna for at fondet kunde samlast ulike stader på Vestlandet. Bergen er ikkje nokon nynorskby, medan bygdene, kommunane og fylki umkring byen hev ei sterk tilknyting til nynorsken. Å avgrensa aksjonsradiusen til fondet til sjølve byen vert for snevert.
>
> Eit geografisk påbod og ei einsretting av bustad for styresmennene knytt til Bergen, vil gjera det uråd for mange gode målfolk å sitja i fondet. Det er vert å merka seg at det er på Vestlandet utanfor Bergen at målsaki stend sterkast. Det er òg her Noregs Mållag stend sterkast. Det er soleis med undring at me les innspelet frå Noregs Mållag. Det ligg ikkje fyre nokor grunngjeving for dette framlegget, og me tykkjer at det er gode argument som talar mot det.

ANDRE FRAMLEGG OG INNSPEL I SAMBAND MED HØYRINGSRUNDANE

Noregs Mållag gjorde i høyringssvaret sitt framlegg um ei ny fyresegn (tillegg) i § 3:

> Vidare ynskjer NM at det kjem inn eit avsnitt under § 3 der det vert innført ein turnus for styrelemmane slik at det vert eit delvis skifte av styrelemmer og vara annakvart år. Dette kan praktiserast slik at det i 2004 vert peika ut 4 styresmenn med vara. I 2006 går to ut etter loddtrekning og dei siste 3 vert skifta ut i 2008. NM har ikkje formulert framlegg men viser til paragrafar i ulke lagslover under val.

Fondsstyret uttala på styremøtet 19. oktober 2003 fylgjande:

> Fondsstyret tykkjer dette framlegget ev. må formulerast av Noregs Mållag. Fleirtalet i fondsstyret tykkjer ikkje dette framlegget er gunstig for fondet. Det er viktig for fondet at dei som sit der arbeider saman um å fremja fyremålet til fondet. Når alle styresmennen sit saman i fire år kann dei lettare fokusera på å fremja fyremålet til fondet. Dersom det vert utskiftingar etter tvo år vil det fort føra til at lagi vil leggja vekt på å få inn folk som fremjar synspunkti til einskildlagi. Det vil gjera det vanskelegare å skapa ein kontinuitet attum å fremja fondsinteressone og heller interessone til kvart einskild lag.

FRAMLEGG TIL NY HEILSKAPLEG FONDSFYRESEGN

Fondsstyret gjorde på styremøtet 19. oktober 2003 vedtak um fylgjande framlegg til ny heilskapleg fondsfyresegn:

§1
Fondet skal ha namnet Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking. Fyremålet med fondet er å reisa og odla norsk mål. Fondet skal gjera sitt til å halda uppe måltradisjonen frå Ivar Aasen i stil og skrivemåte og ordval, so langt som det til kvar tid let seg gjera. Det vert synt til målsynet åt professorane Nikolaus Gjelsvik og Gustav Indrebø, soleis som dette synet kjem fram i arbeidi deira um norsk målreising og måldyrking. Skulde det verta tvilsmål um tolking av dette, vert det synt til Halldor O. Opedal sitt brev: "Mitt syn på norsk målreising, nokre tankar".

§2
Grunnstolen for fondet er på kr. 600 000,00 – seks hundre tusen kronor. Kvart år skal 10 % av avkastingi setjast av til ein hovudstol. Hovudstolen – grunnstolen og dei uppsamla avsetnadene til hovudstolen – skal ikkje minkast. Eiga skal til kvar tid verta varveitsla i samsvar med fyresegnene i stiftingslovi.

§ 3
Fondet skal ha eit styre på fem mann. Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Ivar Aasen Sambandet, Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag vel kvar ein styresmann med varamann. Styret i eit lag kann gje fullmakt åt ein mann til å møta i fondsstyret, um det ikkje høver for den valde styresmannen eller varamannen å vera til stades. Eit møte med tri mann er vedtaksført.

Fondsstyret vel sin formann med varamann. Formannen skal ha avgjerdsmakti um røystetalet veg jamt. Styresmenn med varamenn vert valde for fire år. Ein styresmann eller ein varamann bør ikkje stå lenger enn tolv år. Aldersgrensa uppover er 75 år. Styresmenn og varamenn som gjeng yver aldersgrensa, gjeng ut or fondsstyret.

Utetlingane bør ein gjera kjende i bladi og kringkastingi, um det er råd, til kveik for folk i arbeid for norsk målreising og måldyrking.

§6
Um so er at eit lag ikkje ynskjer å velja styresmann til styret for fondet med dei fyresegner som her er sette upp, gjeng rettane til dette laget over til dei andre lagi. Skulle fleire lag gå ut, vel dei lagi som er att, styret for fondet.

Vallagi lyt ved fyrste nyuppnemning etter kvar umskiping eller anna brigde i fondsfyresegni koma med fråsegn til fondet um laget godtek å velja styresmann og varamann etter dei fyresegnene som her er sette upp. Vallag som ikkje gjev melding innan tri månader etter dei fekk spurnad um slik fråsegn, misser retten til å velja styresmann og varamann. Vallag som ikkje ynskjer å godtaka brigdi, hev ein frest på seks månader frå dei fær spurnad um fråsegn, på å reisa sak um dei brigdi som dei ikkje ynskjer å godtaka. Kjem ikkje vallag med slik fråsegn og heller ikkje reiser sak innan dei frestane som er nemnde her, gjeng retten til å nemna upp styresmann over til dei andre lagi.

Kjem det upp eit nytt lag som stettar kravi åt dette fondet, kann fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar. Det nye styret skal stjorna fondet med tanke på heile landet som før, etter dei fastsette fyresegner, berre med det skilet som praktiske grunnar gjer naudsynlege.

Fire styrelemer kann visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki.

Styresmann som er vald frå eit lag som ikkje lenger ynskjer å velja styresmann i fondet, gjeng ut or styret frå den tidi meldingi er komi åt fondsstyret. Like eins gjeng ein styresmann som er vald frå eit lag som vert vist burt, ut or styret etter det siste av dei to vedtaki um at laget er vist burt, vert gjort. Styresmann som er vald frå eit lag som – etter styresmannen tok sæte – vert nedlagt eller uppløyst, sit ut valbolken.

Fondet har sæte i Bergen. Styret kann, um umstendi gjer det turvande, velja ein annan stad på Vestlandet til sæte.

Skulle alle vallagi verta uppløyste gjeng fondsmidlane inn i Halldor O. Opedal sitt fond for ålmennyttige føremål. Um dette skulle henda, fell fyresegnene for dette fondet burt.

SLUTTORD

Fondsstyret hev i samband med alle framleggi til brigde lagt vekt på å fylgja tankegangen som ligg i gåvebrevet frå 29. desember 1971 og seinar skriv til fondsstyret.

Fondsstyret hev gjenomført ei grannsam utgreiding og høyring um framleggi til nye fyresegner i fondsfyresegni. Det hev vore sendt ut fire høyringsbrev. Det fyrste vart sendt 14. november 2002 og det siste vart send 12. september 2003. Alle som elles ynskjer å koma med merknader og innspell, er òg høyrde i den grad merknadene og innspeli er sende til oss.

Fondsstyret meiner difor i samhøve med det som vart dryft med Fylkesmannen sumaren og hausten 2002 at det no er gjenomført ei høyring som stettar kravi i stiftingslogi.

Gåvebrev Underskrivne Halldor O. Opedal, Lofthus, fødd den 26-5-1895 gjev med dette til eit fond ein sum på kr. 600 000,- seks hundre tusen kronor. Fondet skal vera ein sjølvstendig juridisk person og skal bera namnet Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking. Fyremålet åt fondet er å reisa og odla norsk mål. For fondet skal gjelda desse fyresegnene:	**Fyresegni, etter umskipingi i 1992:** (Tekst som er teken burt i framlegget til ny fondsfyresegn, jfr. styrevedtak frå 19. oktober 2003 er markera med feit skrift og understreking.)	**Framlegg til ny fyresegn, jfr. vedtak frå fondsstyret dagsett 19. oktober 2003:**
§1 Fondet skal ha namnet Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking. Fyremålet med fondet er å reisa og odla norsk mål. Fondet skal gjera sitt til å halda uppe måltradisjonen frå Ivar Aasen i stil og skrivemåte og ordval, so langt som det til kvar tid let seg gjera. Eg viser til målsynet åt professorane Nikolaus Gjelsvik og Gustav Indrebø, soleis som dette synet kjem fram i arbeidi deira um norsk målreising og måldyrking. Skulde det verta tvilsmål um tolking av dette, syner eg til mitt brev: "Mitt syn på norsk målreising, nokre tankar".	§1 Fondet skal ha namnet Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking. Fyremålet med fondet er å reisa og odla norsk mål. Fondet skal gjera sitt til å halda uppe måltradisjonen frå Ivar Aasen i stil og skrivemåte og ordval, so langt som det til kvar tid let seg gjera. **Eg viser** til målsynet åt professorane Nikolaus Gjelsvik og Gustav Indrebø, soleis som dette synet kjem fram i arbeidi deira um norsk målreising og måldyrking. Skulde det verta tvilsmål um tolking av dette, syner eg til mitt brev: "Mitt syn på norsk målreising, nokre tankar".	§1 Fondet skal ha namnet Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking. Fyremålet med fondet er å reisa og odla norsk mål. Fondet skal gjera sitt til å halda uppe måltradisjonen frå Ivar Aasen i stil og skrivemåte og ordval, so langt som det til kvar tid let seg gjera. **Det vert synt** til målsynet åt professorane Nikolaus Gjelsvik og Gustav Indrebø, soleis som dette synet kjem fram i arbeidi deira um norsk målreising og måldyrking. Skulde det verta tvilsmål um tolking av dette, vert det synt til Halldor O. Opedal sitt brev: "Mitt syn på norsk målreising, nokre tankar".

		Er det tvist um kven som er det rettkomne styret til å velja styresmannen og/eller um kven som er vald til styresmann, og tvisten ikkje er løyst innan 1. januar i det fyrste året i ein ny valbolk – kann styret fastsetja at tvisten skal avgjerast ved skilsdom. Denne avgjerdi gjeld, utan nærare avtala millom partane, berre spursmålet um valretten og/eller kven som er vald. Avgjerdi fær verknad for den komande valbolken. Partar som ikkje godtek at avgjerdi vert lagd til skilsdomsstolen, misser valretten, jfr. § 6 fyrste lekken. Reglane um skilsdomstolar i tvistemålslogi gjeld.
§ 4 Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar og peika ut ettersynsmenn. Rekneskapen skal godkjennast av styri i dei lagi som har valrett til fondet.	§ 4 **Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar og peika ut ettersynsmenn. Rekneskapen skal godkjennast av styri i dei lagi som har valrett til fondet.**	§4 **Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar. Styret har signatur i lag. Formannen og skrivaren har prokura. Styret kann fastsetja noko anna um signatura og prokura, um det meiner det er rettast.** **Styret fastset rekneskapen. Rekneskapen skal sendast til styri i dei lagi som har valrett til fondet. Styri i desse lagi har høve til å koma med merknader til rekneskapen innan ein månad etter dei fær han tilsendt. Ynskjer eit fleirtal av vallagi at rekneskapen skal brigdast, skal styret ha rekneskapen fyre på nytt.**

Tridje året etlar fondsstyret ut kr.1000,- til kvart lag til fritt bruk for norsk målarbeid. Av det som då er att, yter styret ein fjerdepart til ein kringkastingsmann, ein fjerdepart til ein bokmann (forfattar, diktar, vitskapsmann), ein fjerdepart til ein bladmann eller eit blad og den siste fjerdparten til stortingsmenn, skulemenn, kyrkjemenn eller yrkjesmenn or næringslivet. Det kann òg verta tale um andre personar.	Styret kann òg ta påskjøningar til lag i bygd eller by som gjer framifrå målarbeid. Tridje året etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag slik det er fastsett for fyrste året. Av det som då er att, yter styret ein fjerdepart til ein kringkastingsmann, ein fjerdepart til ein bokmann (forfattar, diktar, vitskapsmann), ein fjerdepart til ein bladmann eller eit blad og den siste fjerdparten til stortingsmenn, skulemenn, kyrkjemenn eller yrkjesmenn or næringslivet. Det kann òg verta tale um andre personar.	Styret kann òg ta påskjøningar til lag i bygd eller by som gjer framifrå målarbeid. Tridje året etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag slik det er fastsett for fyrste året. Av det som då er att, yter styret ein fjerdepart til ein kringkastingsmann, ein fjerdepart til ein bokmann (forfattar, diktar, vitskapsmann), ein fjerdepart til ein bladmann eller eit blad og den siste fjerdparten til stortingsmenn, skulemenn, kyrkjemenn eller yrkjesmenn or næringslivet. Det kann òg verta tale um andre personar.
Alle må ha synt evne og vilje til å bruka nynorsk mål i si beste form. Fjerde året skal renta leggjast attåt hovudstolen i samsvar med § 2. Brot på denne regelen har ettersynsmennene skyldnad til å klandra.	Alle må ha synt evne og vilje til å bruka nynorsk mål i si beste form.	Alle må ha synt evne og vilje til å bruka nynorsk mål i si beste form.
Ovannemnde fyresegner er ikkje påbod ("direktiv"), og styret stend i serhøve fritt til å yta åt andre fyremål. Fyresetnaden er at ytingane ikkje vik av frå grunntanken åt fondet. Utetlingane bør ein gjera kjende i bladi og kringkastingi, um det er råd, til kveik for folk i arbeid for norsk målreising og måldyrking.	Ovannemnde fyresegner er ikkje påbod ("direktiv"), og styret stend i serhøve fritt til å yta åt andre fyremål. Fyresetnaden er at ytingane ikkje vik av frå grunntanken åt fondet. Utetlingane bør ein gjera kjende i bladi og kringkastingi, um det er råd, til kveik for folk i arbeid for norsk målreising og måldyrking.	Ovannemnde fyresegner er ikkje påbod ("direktiv"), og styret stend i serhøve fritt til å yta åt andre fyremål. Fyresetnaden er at ytingane ikkje vik av frå grunntanken åt fondet. Utetlingane bør ein gjera kjende i bladi og kringkastingi, um det er råd, til kveik for folk i arbeid for norsk målreising og måldyrking.

Skulle alle lagi verta uppløyste gjeng fondsmidlane inn i fondet til instituttet Halldorsbu på Bibelhaug i Ullensvang. Um dette skulle henda, fell fyresegnene for dette fondet burt. * Det bør vera ein regel for fondsstyret å halda styringsutlogone nede på eit rimelegt nivå. Av dette fylgjer m.a. at styremøti helst vert haldne i Bergen eller ein annan stad her på Vestlandet. Like eins at Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag møter ved fullmakter som bur i Bergen eller ikkje so langt burte frå byen. (Dette so lenge desse lagi har sine sæte i hovudstaden). (Sml. § 3.) Formannen i det eldste av dei fem lagi som er nemnd lenger framme (form. i Vestmannalaget), kallar inn til skipingsmøte. Fire styrelemmer kann visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki.	Skulle alle lagi verta uppløyste gjeng fondsmidlane inn **i fondet til instituttet Halldorsbu på Bibelhaug i Ullensvang.** Um dette skulle henda, fell fyresegnene for dette fondet burt. Fire styrelemer kann visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki.	Fire styrelemer kann visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki. **Styresmann som er vald frå eit lag som ikkje lenger ynskjer å velja styresmann i fondet, gjeng ut or styret frå den tidi meldingi er komi åt fondsstyret. Like eins gjeng ein styresmann som er vald frå eit lag som vert vist burt, ut or styret etter det siste av dei to vedtaki um at laget er vist burt, vert gjort. Styresmann som er vald frå eit lag som – etter styresmannen tok sæte – vert nedlagt eller uppløyst, sit ut valbolken.** **Fondet har sæte i Bergen. Styret kann, um umstendi gjer det turvande, velja ein annan stad på Vestlandet til sæte.** Skulle alle vallagi verta uppløyste gjeng fondsmidlane **inn i Halldor O. Opedal sitt fond for ålmennyttige føremål.** Um dette skulle henda, fell fyresegnene for dette fondet burt.

Synsmåtar på dei konkrete framleggi til brigde:

Merknader til § 1:
Fjerning av "eg"-formi:
Fondsstyret gjer framlegg til å umskipa "eg"-formi i § 1. Dette framlegget vert sydd. VM tykkjer at fyresegnene bør gjeva påbod eller gjeva føringar for fondsstyret, ikkje peika på kva "eg" eller "Gjevaren" syner til.

Dette brigdet gjeld heilt ikkje fyremålet med fondet, sjølv um det gjeld eit brigde i fyremålsparagrafen til fondet. Brigdet råkar heller ikkje noko som ein kann tru at skiparen la vekt på ved skipingi.

Merknader til § 2:
Klårgjering av kva for fondsmidel som ikkje kann rørast:
Fondsstyret gjer framlegg til å skipa um § 2 med tanke på å få ei presisering av kva som ikkje kann rørast av midlane til fondet.

VM er òg samde i at ein kann stilla spursmål med ordlyden som denne paragrafen fekk etter umskipingi i 1992. Det er heilt klårt ikkje samsvar millom intensjon med brigde og resultat etter umskipingi. VM var ikkje kjend med ordlyden som vart fastsett i 1992 fyrr vedtaket um umskiping vart gjort.

VM styd heilt klårt både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 14. november 2002 og 12. september 2003.

Merknader til § 3:
Vedkomande aldersgrensa:
Det er gjort framstøyt til å få til ei presisering av konsekvensane av fyresegni um aldersgrensa på 75 år. VM tykkjer i grunnen at det skulde vera uturvande å koma med ei presisering, men diverre hev det frå ymse hald i Vestmannalaget vorten ein sport i å ordkløyva um fyresegni. Det er vorte ført til torgs ein sedvane, denne synsmåten er ikkje VM samde i – og det er då heller ikkje fremd yvertyande dokumentsjon frå denne "sedvanen".

VM er vitra um at Noregs Mållag hev fremd eit framlegg um at ein skal innføra ein regel um at ein ikkje kann veljast til styresmann etter 71 år. Detta truleg av di ein ynskjer at ein vald styresmann skal sitja heile valbolken. VM er i intensjonen samde med Noregs Mållag. VM tykkjer at ein ikkje kann binda vallagi meir enn det som Halldor O. Opedal sjølv sett i fyresegni. VM er samde i at ein presiserar gjeldande fyresegn, men vil ikkje stydja ei nærare innskrenkjing slik Noregs Mållag legg upp til.

VM styd heilt klårt både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 14. november 2002.

Vedkomande tvungen skilsdom ved tvist i vallagi:
VM segjer seg leid for at stoda er kome so langt i mange av vallagi at det er strid i eit fleirtal av vallagi til fondsstyret. Det er forvitneleg å sjå at Vestmannalaget i sitt høyringsbrev skuldar fondsstyret for desse stridane. Det er vel meir rett å segja at alle stridane er initiert av den noverande leidingi i Vestmannalaget, enn at fondsstyret skulde hava skuld i stridane. Det lyt nemnast at både Vestmannalaget og Norsk Måldyrkingslag hev nemnde upp nye styresmenn etter dei tov som var eldre enn aldersgrensa. Det er soleides vallagi sjølve som formelt ber andsvaret for desse nyuppnemningane.

Presiseringa av umgrepsbruken, styresmann:
VM er samde i at det diverre hev vorten ein ukultur med å rekna styresmannen sin som målsmann for sitt vallag. VM meiner difor at det er turvande å få presisert den uavhengige rolla til fondet og fondsstyret, og at dette millom anna vert gjort med å byta ut umgrep som målsmann med umgrepet styresmann.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

Vallag – nye lag?
VM ser at fondstyret dryftar tanken um at Høgnorskringen skal veljast inn som vallag, jfr. brev dagsette 14. november 2002 og 12. september 2003. VM er ikkje i mot at fondsstyret vel å få inn fleire vallag – det kann vera mange gode grunnar til det – men VM er i mot at ein byter burt eit vallag som Halldor O. Opedal gav retten til. VM registrerar at det vert ført til torgs at VM hev fåe medlemer. VM er av den meiningi at det ikkje er spursmålet um kor mange medlemer det er i vallaget som er det avgjerande, men kva målpolitiske tankar og meiningar vallaget fremjer som skal avgjera spursmålet um valrett eller ikkje. Det var alt då Halldor O. Opedal sette upp fondsfyresegni klårt at Noregs Mållag hadde var massegrunnlaget for målreisingi. Noregs Mållag fekk trass detta berre ein styresmann, medan eit lite lag som Norsk Måldyrkingslag fekk lik valrett. Denne stoda var endå klårare då fondet hadde skipingsmøtet sitt i 1976.

VM gjeng soleides i mot at VM vert vraka som vallag, men hev ikkje noko i mot at andre samskipnader vert gjeven valrett

Krav um tilslutnadsfråsegn:
VM ser at hendingane dei siste åri diverre hev gjort slike tilslutnadsfråsegner aktuelle. VM registrera at sume lag år etter år korkje ynskjer å halda seg til fondsfyresegni og heller ikkje ynskjer å få prøvd legaliteten og dei rettlege spursmåli som ligg til grunn for usemja. VM er samde i at vallagi lyt, som me gjorde då fondet vart skipa, koma med ei fråsegn um dei ynskjer å leggja fondsfyresegni til grunn for uppnemningi. VM er samde i at det lyt vera ein konkret frest som korkje er for lang – med tanke på arbeidet i fondsstyret – og heller ikkje for kort – i høve til uppnemningsprosessane i vallagi.

VM hev registrera at Ivar Aasen-samsbandet hev dryft å koma med ei presisering av at vallagi sjølvsagt hev rett til å prøva eventuelle fyresegner i fondsfyresegni som dei ikkje tykkjer dei kann slutta seg til – ved å reisa sak. VM er like eins samde i at det bør vera ein klår frest for vallagi til å avgjera um dei vil (1) reisa sak um dei brigdi som dei lyt melda tilslutnad til, (2) godtaka dei nye fyresegnene eller (3) bøya seg for dei nye fyresegnene. Ut frå samtalen med fondsformannen fekk me inntrykk av at han vilde taka upp framlegg um eit tillegg til det framlegget som vart send ut 9. september 2003, men ein ordlyd um frest for å reisa sak på seks månader. VM styd, med den grunngjevingi som er nemnd yver, eit slikt tillegg

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

Verknaden av burtvising, uppløysing og sjølvvald attendetrekkjing av valretten:
VM ser på framleggi som ei presisering av gjeldande fondsfyresegn.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

Sluttmerknad

Vestlandske Mållag ynskjer at dei framleggi som det er fremde av fondsstyret skal verta fastsette i god til fyre det nye fondsstyret tek til med sin arbeidsbolk våren 2004, og bed um at fondsstyret og Fylkesmannen i Hordaland kann sjå på saki snøgt.

Vestlandske Mållag trur at mange av stridane vert løyste um ein fær fastsett den nye og meir presiser fondsfyresegni fyre vallagi skal nemna upp nye styresmenn.

Vestlandske Mållag ynskjer å takka fondsstyret for umfemnande arbeidet som heilt klårt lyt vera lagt ned i denne prosessen.

Vensam helsing
Vestlandske Mållag

Olav Torheim

Til vitring til:
Fylkesmannen i Hordaland
Halldor O. Opedal sitt fond for ålmennyttige føremål
Noregs Mållag,
Ivar Aasen-sambandet,
Vestlandske Mållag,
Vestmannalaget, og
Norsk Måldyrkingslag.

Avsnittet: " Skulle alle lagi verta uppløyste gjeng fondsmidlane inn i fondet til instituttet Halldorsbu på Bibelhaug i Ullensvang. Um dette skulle henda, fell fyresegnene for dette fondet burt."

Vert erstatta med:
"Skulle alle lagi verta uppløyste gjeng fondsmidlane inn i Halldor O. Opedal sitt fond for almennyttige føremål. Um dette skulle henda, fell fyresegnene for dette fondet burt"

Vidare ønskjer NM at det kjem inn eit avsnitt under § 3 der det vert innført ein turnus for styremedlemmane slik at det vert eit delvis skifte av styremedlemmer og vara annakvart år. Dette kan praktiserast slik at det i 2004 vert peika ut 4 styresmenn med vara. I 2006 går to ut etter loddtrekning og dei siste 3 vert skifta ut i 2008 NM har ikkje formulert framlegget med viser til paragrafar i ulike lagslover under val.

ÅRSMELDING OG REKNESKAP

Noregs Mållag tek årsmelding og rekneskap til orientering.

Når det gjeld rekneskapen vonar NM at ein kan koma fram til ei minneleg løysing for utbetaling av pengar sett av til "Norsk Målsoge", ei løysing til beste for alle partar og målsaka sett i heilskap.

Oslo 13.oktober 2003

Endre Brunstad
leiar

Gro M. Endresen
Gro Morken Endresen
dagleg leiar

vestlending i styret. Dermed fann dei ei reint praktisk ordning for å stetta kravet um å "halda styringsutlogone nede på eit rimeleg nivå".

4) Det noverande styret i Opedalsfondet skil seg dermed ut som det einaste som ikkje hev godkjent dei målsmenn som uppnemnarlagi hev peika ut. Per Håland vart soleis godteken som målsmann for Norges Mållag, sjølv um han sat i meir enn dei fyreskrivne tolv år. Conrad Clausen vart godteken som målsmann for Vestmannalaget i tvo periodar, endå han heile tidi var yver 80 år. Og både Ludv. Jerdal, Eigil Lehmann og Alv Askeland var meir enn 75 år då dei gjekk ut or fondsstyret. Tidlegare styre i Halldor O. Opedals fond hev med andre ord godteke dei målsmenn som uppnemnarlagi hev peika ut – utan atterhald. Soleis hev dei retta seg etter det som Opedal skriv i brev dagsett 26-12-79: "Skortande samarbeid og skortande semje med kløyving til fylgje hev vore ei ulukke for målreisingi. Denne kløyvingspolitikken skal ikkje mitt fond vera med på".

Jon Askeland

Jon Askeland
formann i
Vestmannalaget

Avprent til:
Asbjørn Litleré, ettersynsmann for H.O. Opedals fond
Ivar Aasen-sambandet
Noregs Mållag
Norsk Måldyrkingslag
Vestlandske Mållag v/Kjell Kjerland
Vestlandske Mållag v/Lars Bjarne Marøy
Fylkesmannen i Hordaland (til vitring)

Ivar Aasen-sambandet styd framlegget frå fondsstyret, og gjeng imot å skriftfesta ei grensa på 71 år, som Noregs Mållag hev gjort framlegg um. Er aldersgrensa 75 år, må ein retta seg etter det. Men det kann vera greidt å få slege fast når den einskilde styresmannen skal ganga av: det same året som han fyller 75 år, på fødselsdagen, elder kva skal vera gjeldande praksis her? Her hev det vore ulike tolkingar og Ivar Aasen-sambandet vil gjerne hava ei upprydjing i fyresegnene på dette punktet.

Ivar Aasen-sambandet styd framlegget frå fondsstyret i tridje avsnittet, med atterhald um den siste setningi. Sambandet vil visa til at den siste setningi kann strjukast av di denne rettsregelen er parallell med § 6 um sæte.

§ 4
Ivar Aasen-sambandet styd framlegget frå fondsstyret.

§ 5
Ivar Aasen-sambandet styd framlegget frå fondsstyret.

§ 6
Ivar Aasen-sambandet ynskjer at pengane til fondet under alle umstende skal nyttast til målsaki. Sambandet meiner difor at ei ev. uppløysing bør skipast slik til at pengane kjem norsk målreising til gode, sekundært at pengane vert nytta til noko av det arbeidet Opedal stod for. Me vil soleis i utgangspunktet ynskja at fondsstyret kjem fram til ein målsamskipnad som kann taka yver pengane. Ivar Aasen-sambandet hev ingi handfaste framlegg i den samanhengen.

Ivar Aasen-sambandet styd framlegget til å skriftsfesta ein regel um sæte i fyresegnene, med atterhald um at ein må kunna flytja sætet utan å måtta nytta umskipingfyresegnene i stiftingslogi.

I næst siste avsnittet vil Noregs Mållag strjuka framlegget um at fondet kann hava sæte andre stader på Vestlandet enn Bergen. Til innspelet frå Norges Mållag vil Ivar Aasen-sambandet strìka under at Opedal var klår på at fondet var landsdekkjande, men at Vestlandet var utgangsstad for fondsarbeidet. Når Bergen er nemnt serleg, var det av praktiske grunnar den gongen. Det som var yverordna for Opedal, var at styringsutlogone ikkje i for stor elder urimeleg mun skulde ganga til å dekkja reiseutlogor. Plasseringi av fondet må avgjerast ut ifrå kva som kjem til å halda styringsutlogone nede.

Ivar Aasen-sambandet styd ikkje framlegget um at styresmenner i Opedalsfondet bør vera busette i Bergen, med di fondet er eit landsfemnande fond. Ivar Aasen-sambandet vil atter ein gong få peika på at hovudtanken attum regelen som Opedal sette upp, er låge styringsutlogor – ikkje å gjera Bergen til hovudsæte.

Eit geografiskt påbod og ei einsretting av bustad for styresmennerne knytte til Bergen, gjer det uråd for mange gode målfolk å sitja i fondet. Det er verdt å merkja seg at det er på Vestlandet *utanfyre* Bergen at målsaki stend sterkast. Det er òg her Noregs Mållag stend sterkast. Det er soleis med undring me les innspelet frå Noregs Mållag der dei eintydigt vil slå

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Org. nr.: 977 152 836

Postboks 919 – Sentrum

5808 BERGEN

Oslo, 10. november 2003.

Til:
Skyldfolket etter Halldor O. Opedal
Styresmennene i fondsstyret

Høyringsbrev

Styret (fondsstyret) i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking bed um innspel og merknader til dei upptaki til umskipingar som er gjortde og som fondstyret no skal vurdera å gjera i fondsfyresegni (statuttane) til fondet.

Halldor O. Opedal, fødd 1895, avliden 1986, sette 29. desember 1971 upp eit gåvebrev der han skipa Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking. I gåvebrevet vart det òg sett upp ei fondsfyresegn. Fondsfyresegni vart i si endelege form fastsett på skipingsmøtet til fondet som vart halde på midten av 1970-talet.

Fondstyret ynskjer å vitra skyldfolket etter Halldor O. Opedal um fylgjande og beda um innspel og merknader på dei umskipingane som det er gjort upptak til og som er til vurdering.

Fondsfyresegni som Halldor O. Opedal sette upp slær millom anna fast fylgjande:

> *§1*
> *Fondet skal ha namnet Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking. Fyremålet med fondet er å reisa og odla norsk mål. Fondet skal gjera sitt til å halda uppe måltradisjonen frå Ivar Aasen i stil og skrivemåte og ordval, so langt som det til kvar tid let seg gjera. Eg viser til målsynet åt professorane Nikolaus Gjelsvik og Gustav Indrebø, soleis som dette synet kjem fram i arbeidi deira um norsk målreising og måldyrking. Skulde det verta tvilsmål um tolking av dette, vert det synt til Halldor O. Opedal sitt brev: "Mitt syn på norsk målreising, nokre tankar".*
>
> *§ 3 (fyrste lekken)*
> *Fondet skal ha eit styre på fem mann. Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Ivar Aasen Sambandet, Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag vel kvar ein styresmann med varamann.*

Normalt kann det ikkje gjerast endringar i dei fyresegnene som skiparane av fond gjer i samband med skipingi av fondet. Det ligg, etter fondsstyret si meining, fyre endringar av dei fyresetnadene som låg til grunn for fondsfyresegni. Det hev òg vore gjort lovendringar som gjer at ei ikkje kann fylgja fondsfyresegni slik ho vart sett upp i 1971. Fondsstyret hev difor gjort upptak til å gjera brigde i fondsfyresegni (umskipingar).

Umskipingar er endringar av fondsfyresegner. Det er etter stiftingslogi Kongen som kann umskipa fondsfyresegner, jfr. § 32. Denna retten er delegera vidare til Fylkesmannen, i vårt tilfelle Fylkesmannen i Hordaland.

Det er berre skiparen og fondsstyret som kann søkja um umskipingar, jfr. § 33.

Fyrr søknaden vert send, skal det hentast inn innspel og merknader ("uttalelser", jfr. § 33 andre lekken) frå millom anna skyldfolket til skiparen dersom han er avliden og frå organisasjonar og andre som umskipingsspursmålet vedkjem.

I samhøve med og i medhald av stiftingslogi bed fondsstyret um innspel og merknader på framleggi til brigde i fondsfyresegni som det er gjort upptak til, jfr. søknaden til fylkesmannen dagsett 7. november 2003, og på dei framleggi til brigde som er reiste i detta brevet.

Det var i hovudsak vallagi i fondet som var høyringsinstansar i fyrste høyringsrunden, no i andre høyringsrunden hev fondsstyret valt å auka høyringsinstansane, serleg skyldfolket til Halldor O. Opedal. Vallag er dei fem lagi som hev rett til å peika ut styresmenner til fondsstyret, sjå det som er nemnt framanfor i § 3.

Høyringsfresten er sett til 10. desember 2003.

Det hev vore ein høyringsrunde med i alt fire høyringsbrev. Dessa brevi vart sende til styri i vallagi til fondet. Den fyrre høyringsrunden er no avslutta, og søknaden um umskiping er send.

I høyringsrunden er det kome inn nokre innspel som lyt dryftat vidare fyrr fondsstyret eventuelt søkjer um umskiping av fondsfyresegni.

- Turnusskipnad

Noregs Mållag gjorde i høyringssvaret sitt, i fyrste høyringsrunden, framlegg um ei ny fyresegn (tillegg) i § 3:

> Vidare ynskjer NM at det kjem inn eit avsnitt under § 3 der det vert innført ein turnus for styrelemmane slik at det vert eit delvis skifte av styrelemmer og vara annakvart år. Dette kan praktiserast slik at det i 2004 vert peika ut 4 styresmenn med vara. I 2006 går to ut etter loddtrekning og dei siste 3 vert skifta ut i 2008. NM har ikkje formulert framlegg, men viser til paragrafar i ulike lagslover under val.

Fondsstyret uttala på styremøtet 19. oktober 2003 fylgjande:

> Fondsstyret tykkjer dette framlegget ev. må formulerast av Noregs Mållag. Fleirtalet i fondsstyret tykkjer ikkje dette framlegget er gunstig for fondet. Det er viktig for fondet at dei som sit der, arbeider saman um å fremja fyremålet til fondet. Når alle styresmennen sit saman i fire år, kann dei lettare fokusera på å fremja fyremålet til fondet. Dersom det vert utskiftingar etter tvo år, vil det fort føra til at lagi vil leggja vekt på å få inn folk som fremjar synspunkti til einskildlagi. Det vil gjera det vanskelegare å skapa ein kontinuitet attum å fremja fondsinteressone og heller interessone til kvart einskilt lag.

• Utpeiking av nye vallag?

Fondsstyret tok i høyringsbrevet dagsett 14. november 2002 upp spursmålet um det skulde peikast ut nye vallag, attåt dei dei som i dag hev valrett eller i staden for til dømes Vestlandske Mållag. Fondsstyret hev peika på Høgnorskringen som vallag i staden for eller i tillegg til noverande vallag. Fondsstyret hev peika på at det kann vera uheldig for eit landsfemnande fond å berre vera so nært knytt til eit relativt lite målmiljø i Bergen. På styremøtet 19. november 2003 vart ikkje spursmålet dryft.

Fondsstyret skreiv i høyringsbrevet, dagsett 14. november 2002 fylgjande:

> **Vallag**
> Det hev ved dei siste åri vore dryft um Vestlandske Mållag skulde vika plassen sin til fyremun for Høgnorskringen. Styret hev ikkje formelt dryft nye/gamle vallag. Leidulv Hundvin reiste temaet alt i 2000 um det var rett av Vestlandske Mållag å hava valrett, sidan laget hadde liten aktivitet og få lagsmenner. Andre hev reist spursmål um Høgnorskringen kann takast inn som vallag i staden for Vestlandske Mållag. Andre hev reist temaet utan umsyn til spursmålet um stoda til Vestlandske Mållag. Høgnorskringen hev dei siste åri vakse sterkt og målber målsynet åt Gjelsvik og Indrebø på ein framifrå måte. Styret hev ikkje formelt dryft temaet, men bed um synsmåtar på detta spursmålet.

Vestlandske Mållag hev meldt fylgjande i fyrste høyringsrunden:

> **Vallag – nye lag?**
> VM ser at fondsstyret dryfte tanken um at Høgnorskringen skal veljast inn som vallag, jfr. brev dagsette 14. november 2002 og 12. september 2003. VM er ikkje i mot at fondsstyret vel å få inn fleire vallag – det kann vera mange gode grunnar til det – men VM er imot at ein byter burt eit vallag som Halldor O. Opedal gav retten til. VM registrerar at det vert ført til torgs at VM hev fåe medlemer. VM er av den meiningi at det ikkje er spursmålet um kor mange medlemer det er i vallaget som er det avgjerande, men kva målpolitiske tankar og meiningar vallaget fremjar som skal avgjera spursmålet um valrett eller ei. Det var alt då Halldor O. Opedal sette upp fondsfyresegni klårt at Noregs Mållag var massegrunnlaget for målreisingi. Noregs Mållag fekk trass i detta berre ein styresmann, medan eit lite lag som Norsk Måldyrkingslag fekk lik valrett. Denne stoda var endå klårare då fondet hadde skipingsmøtet sitt i 1976.
>
> VM gjeng soleides imot at VM vert vraka som vallag, men hev ikkje noko imot at andre samskipnader vert gjevne valrett.

Fondsstyret skreiv i søknaden til fylkesmannen um umskiping som er dagsett 7. november 2003, fylgjande:

> **6.3. Utpeiking av nye vallag**
> Fondsstyret tok upp i høyringsbrevet dagsett 14. november 2002 spursmålet um ein skulde peika ut nye vallag, attåt dei noverande eller i staden for til dømes Vestlandske Mållag. Fondsstyret hev etter styremøtet 19. oktober 2003 fenge søknad um å verta vallag frå Høgnorsk student- og elevmållag. Fondsstyret hev difor ikkje dryft detta spursmålet.

Fondsstyret ynskjer merknader frå høyringsinstansane på spursmålet um vallag. Søknaden frå Høgnorsk student- og elevmållag ligg ved detta høyringsbrevet. Når det gjeld Høgnorskringen hev samskipnaden funnest år og er velkjend i målrørsla, for nærare informasjon ligg siste godkjende årsmelding ved detta brevet. Dei som ynskjer eller treng meir informasjon um dessa lagi kann kontakta formannen eller skrivaren i fondsstyret.

ANDRE TILHØVE SOM FONDSSTYRET YNSKJER Å VITRA UM OG FÅ INN MERKNADER TIL

Fondsstyret fekk i samband med fyrste høyringsrunden inn framlegg um umskiping som ein kunde formulera på ein annan måte, og det kom òg tilleggsframlegg.

• Innføring av krav um tilslutnadsfråsegn og frest på seks månader for å reisa sak ved usemja med vedtak um umskipingar

Fondsstyret vedtok etter høyringsrundane å leggja til ei fyresegn i framlegget til brigde som set ein frest for å protestera ved umskipingar, til seks månader. Fondsstyret hadde sent ut på høyring fylgjande framlegg til brigde, tillegg til gjeldande:

> Vallagi lyt ved fyrste nyuppnemningi etter kvar umskiping eller anna brigde i fondsfyresegni koma med fråsegn til fondet um laget godtek å velja styresmann og varamann etter dei fyresegnene som her er sette upp. Vallag som ikkje gjev melding innan tri månader etter dei fekk spurnad um slik fråsegn, misser retten til å velja styresmann og varamann. Rettane til dette laget gjeng over til dei andre lagi.

Fondsstyret fekk i fyrste høyringsrunden inn fylgjande merknad frå Ivar Aasen-sambandet um innføring av krav um tilslutnadsfråsegn:

> **Tilleggsmerknad**
> Ivar Aasen-sambandet vil ha ei presisering av at vallagi som ikkje ynskjer å godtaka nye fyresegner hev, skyldnad til å prøva gildskapen (legaliteten) åt dei nye fyresegnene. Me hev sett fram dette framlegget munnleg for formannen i fondet og kome med framlegg um ein frest på seks månader for å prøva gildskapen. Dette for ikkje å hava klagemål frå vallagi og uro i fondet i mange år frametter. Me gjer framlegg um denne teksti (tillegget i feit skrift):
>
> > «Vallagi lyt ved fyrste nyuppnemning etter kvar umskiping eller anna brigde i fondsfyresegnene koma med fråsegn til fondet um laget godtek å velja styresmann og varamann etter dei nye fyresegnene.
> > Vallag som ikkje gjev melding innan tri månader etter at dei fekk spurnad um slik fråsegn, misser retten til å velja styresmann eller varamann. **Vallag som ikkje ynskjer å godtaka brigdi hev ein frest på seks månader, frå dei fær spurnad um fråsegn, på å reisa sak um dei brigdi som dei ikkje ynskjer å godtaka. Kjem ikkje vallag med slik fråsegn eller ikkje reiser sak innan dei frestane som er nemnde her, gjeng retten til å nemna ut styresmenn yver til dei andre vallagi.**»

Vestlandske Mållag melde fylgjande:

> **Krav um tilslutnadsfråsegn:**
> VM ser at hendingane dei siste åri diverre hev gjort slike tilslutnadsfråsegner aktuelle. VM registrera at sume lag år etter år korkje ynskjer å halda seg til fondsfyresegni og heller ikkje ynskjer å få prøvd legaliteten og dei rettslege spursmåli som ligg til grunn for usemja. VM er samde i at vallagi lyt, som me gjorde då fondet vart skipa, koma med ei fråsegn um dei ynskjer å leggja fondsfyresegni til grunn for uppnemningi. VM er samde i at det lyt vera ein konkret frest som korkje er for lang – med tanke på arbeidet i fondsstyret – og heller ikkje for kort – i høve til uppnemningsprosessane i vallagi.
>
> VM hev registrera at Ivar Aasen-samsbandet hev dryft å koma med ei presisering av at vallagi sjølvsagt hev rett til å prøva eventuelle fyresegner i fondsfyresegni som dei ikkje tykkjer dei kann slutta seg til – ved å reisa sak. VM er like eins samde i at det bør vera ein klår frest for vallagi til å avgjera um dei vil (1) reisa sak um dei brigdi som dei lyt melda tilslutnad til, (2) godtaka dei nye fyresegnene eller (3) bøya seg for dei nye fyresegnene. Ut frå samtalen med fondsformannen fekk me inntrykk av at han vilde taka upp framlegg um eit tillegg til det framlegget som vart send ut 9. september 2003, men ein ordlyd um frest for å reisa sak på seks månader. VM styd, med den grunngjevingi som er nemnd yver, eit slikt tillegg
>
> VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

Fondsstyret uttala fylgjande etter høyringsrundane, jfr. søknaden til fylkesmannen dagsett 7. november 2003:

> **6.4. Innføring av krav um tilslutnadsfråsegn**
> Fondsstyret syner til at det ikkje hev kome motsegner til ei slik tilslutnadsfråsegn frå vallagi. Fondsstyret peikar òg på uroi som hev vore dei siste åri, og syner til høyringsinnspelet frå Vestlandske Målag og Ivar Aasen-sambandet. Når det gjeld skyldnaden til å reisa sak um umskipingar som vallagi ikkje er samde i, vert det synt til liknande fyresegn i lutlagslogi (aksjelogi), jfr. § 5-22 og fresten i § 5-23, der det stend at luteigarar o.a. hev ei aktiv plikt til å reisa søksmål innan stutt frest (tri månader) um dei er usamde i vedtak. Vert det ikkje reist søksmål, vert det sét på som teikn på at avgjerdi er akseptera av luteigarane. Handlingsplikti som ein her fremjar andsynes vallagi, gjeld berre den rolla dei hev som lag med rett til å peika ut styresmenn til fondsstyret. Fondsstyret ynskjer med denna fyresegni å få rudt burt tvistar um fondsfyresegni. Vallagi fær anten segja seg samde eller reisa sak um dei er usamde med umskipingar.
>
> Tvistar fører til uro og uvissa både i fondsstyret og vallagi. Å vera vallag bør ikkje berre vera ein rett utan andsvar, men ein rett med tilknytte skyldnader og andsvar. Fondsstyret meiner difor at det ikkje bør vera færre plikter knytte til retten til å vera vallag enn det som fylgjer med rolla som luteigar i eit lutlag, jfr. det som er nemnt framanfor. I tillegg til tilvisingi til log um lutlag kann ein òg syna til ei onnor parallell ordning, jfr. den retten offentlege styresmakter hev til å setja ein frest på seks månader med å reisa søksmål ved usemja med forvaltningsvedtak, jfr. tvistemålslogi § 437 andre lekken. Fondsstyret uttala på styremøtet 19. oktober 2003, med tillegg [ ] frå formannen:
>
>> Vestmannalaget [og Noregs Målag] hev ingi merknader til framlegget. Ivar Aasen-sambandet og Vestlandske Målag hev meldt at dei ynskjer ei presisering av at vallagi som ikkje ynskjer å godtaka nye fyresegner hev skyldnad til å prøva legaliteten til dei nye fyresegnene. Ivar Aasen-sambandet hadde munnleg kome med framlegg um ein frest på seks månader for å prøva legaliteten. Dette for å ikkje ha klagemål frå vallagi og uro i fondet i mange år frametter. Fondsstyret slutta seg til dette framlegget.
>
> Fondsstyret registrerar at ingi vallag hev mælt mot tilslutnadsregelen prinsipielet og ingi vallag ynskjer å reservera seg sjølv mot ei slik plikt.

Fondsstyret uttala fylgjande etter høyringsrundane jfr. søknaden til Fylkesmannen dagsett 7. november 2003, i tilknyting til fyresegni um tvungen skildsdomstol i § 3:

> Det er viktugt å merka seg at denna skipnaden med skilsdom hev eit anna materielt utgangspunkt enn framlegget um søksmålsfrest, jfr. § 6, sjå seinare [her i brevet nemnt framanfor]. Framlegget um skipnad for tvisteløysing i § 3 gjeld i hovudsak tvistar internt i eit vallag. Det kann teoretisk sét verta strid i eller millom vallag um valretten eller kven som er peika ut, samstundes som eller som konsekvens av at fondsfyresegni vert brigda. I so fall kann fondsstyret påleggja ei tvisteløysing etter § 3 som vil avskjera normal domstolfyrehavingi som skjer etter § 6. Skyldnaden til å reisa sak gjeld òg vidare enn berre spursmål um valretten og kven som er rettkome utpeika styresmann.

Fondsstyret vedtok å søkja um fylgjande umskiping (tillegg til gjeldande tekst):

> *Vallagi lyt ved fyrste nyuppnemning etter kvar umskiping eller anna brigde i fondsfyresegni koma med fråsegn til fondet um laget godtek å velja styresmann og varamann etter dei fyresegnene som her er sette upp. Vallag som ikkje gjev melding innan tri månader etter dei fekk spurnad um slik fråsegn, misser retten til å velja styresmann og varamann. Vallag som ikkje ynskjer å godtaka brigdi, hev ein frest på seks månader frå dei fær spurnad um fråsegn, på å reisa sak um dei brigdi som dei ikkje ynskjer å godtaka. Kjem ikkje vallag med slik fråsegn og heller ikkje reiser sak innan dei frestane som er nemnde her, gjeng retten til å nemna upp styresmann over til dei andre lagi.*

- Den rettslege verknaden av burtvising, uppløysing og attendedraging av valretten

Fondsstyret vedtok òg etter høyringsrundane å koma med ei onnor formulering um den rettslege verknaden av burtvising, uppløysing og attendedraging av valretten. Fondsstyret hadde sendt ut på høyring fylgjande framlegg til brigde, tillegg til gjeldande tekst:

> Styresmann som er vald frå eit lag som ikkje lenger ynskjer å velja styresmann i fondet, gjeng ut or styret frå den tidi meldingi er komi åt fondsstyret. Like eins gjeng ein styresmann som er vald frå eit lag som vert vist burt, ut or styret etter at det siste av dei tvo vedtaki um at laget er vist burt, vert gjort. Styresmenn som er valde frå eit lag som – etter at uppnemningi er gjord – vert nedlagt eller uppløyst, sit ut valbolken.

Fondsstyret uttala etter høyringsrundane fylgjande, jfr. søknaden til Fylkesmannen dagsett 7. november 2003:

> **6.5. Den rettslege verknaden av burtvising, uppløysing og attendedraging av valretten**
> Halldor O. Opedal sette upp reglar for burtvising og friviljug attendedraging av valretten, utan at den rettslege verknaden for styresmannen kjem klårt fram i teksti. Detta meiner fondsstyret er uheldig, og ynskjer å skriftfesta ein klår regel. Regelen um burtvising finn ein i eit tillegg til fondsfyresegni som Opedal la fram i gåvebrevet frå 29. desember 1971. Fondsstyret hev fenge tilslutnad frå høyringsinstansane på at ein legg til grunn den mest vanlege utgåva av fondsfyresegni, som millom anna er prenta i "*Vestmannalaget 110 år*". Detta tillegget er det einaste av dessa tilleggi ein finn i gåvebrevet som er teke med i den mest bruka utgåva av fondsfyresegnene, og fondsstyret hev valt å søkja um at detta tillegget vert teken med i fondsfyresegni. Vallag som er uppløyst når eit "nytt" fondsstyret skipar seg, kann ikkje møta med styresmann i fondsstyret, endå um det i tidi fyre uppløysingi nemnde upp styresmannen for den nye styresbolken. Detta av den grunnen at det då ikkje finst noko vallag. Det ein ynskjer, er at styresmenn som hev teke sæte, sit ut styresbolken sin, ubunde av kva som hender med vallaget. Fondsstyret meiner difor at det er rettare å nytta ordi – etter at styresmannen tok sæte – i staden for – etter at uppnemningi er gjort. Fyresetnaden er visseleg at styresmannen er vald i samhøve med stiftingslogi og fondsfyresegni.

Fondsstyret vedtok difor fylgjande tekst um den rettslege verknaden av burtvising, uppløysing og attendedraging av valretten (tillegg til gjeldande tekst):

> *Styresmann som er vald frå eit lag som ikkje lenger ynskjer å velja styresmann i fondet, gjeng ut or styret frå den tidi meldingi er komi åt fondsstyret. Like eins gjeng ein styresmann som er vald frå eit lag som vert vist burt, ut or styret etter det siste av dei to vedtaki um at laget er vist burt, vert gjort. Styresmann som er vald frå eit lag som – etter styresmannen tok sæte – vert nedlagt eller uppløyst, sit ut valbolken.*

Spursmål kann rettast til:

- Skrivaren i fondsstyret Lars Bjarne Marøy e-post: lbmaroy@c2i.net
- Underskrivne på telefon: 90 97 35 39

Fondsstyret bed um at innspel og merknader vert innsende fyrr 10. desember 2003.

Fondsstyret gjer merksam på at vantande attendemelding vert rekna som tilslutnad til framleggi til brigde som det er gjort upptak til eller som er nemnde i detta brevet som mogelege brigde i fondsfyresegni.

Merknadene og innspeli må sendast til:

Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking
Postboks 919 – Sentrum
5808 BERGEN

Vensam helsing
Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking

Dag Hagen Berg
- formann -

Vedlegg: Søknaden um umskiping av fondsfyresegni, jfr. brev dagsett 7. nov. 2003.
Framlegg til heilskapleg fondsfyresegn, jfr. styrevedtak frå 19. okt. 2003.
Søknad um valrett til fondsstyret frå Høgnorsk student- og elevmållag
Årsmelding frå Høgnorskringen

Avprent er sendt til Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN

Sak Opedalsfondet.

Dette sakspapiret er inndelt slik:

1. Innleiding.
2. Skipnaden Opedalsfondet.
   2.1. Skipingi av fondet.
   2.2. Styringi av fondet.
   2.3. Andsvaret for kvar styresmann.
3. Vestmannalaget og fondet, oppnemning og avsetjing.
   3.1. Styrevedtaket i laget 23.august 1999.
   3.2. Styrevedtaket i laget 16.november 1999.
   3.3. Styrevedtaket i laget 1.mars 2001.
4. Fondsstyret.
   4.1. Oversyn fondsstyret sidan 1988.
   4.2. Bolk 1 av styremøtet i fondet 8. april 2000.
   4.3. Bolk 2 av styremøtet i fondet 8. april 2000.
   4.3. "Umframt"-styremøtet i fondet 6. mai 2000.
   4.4. Formann Berg reiser retssak i namnet åt fondet utan fullmakt til det.
5. Samandrag og framlegg til vedtak.

1. Innleiding.

Opedalsfondet er ført på saklista for at styret kan gå gjenom visse hendingar i fondsstyret og i styret for Vestmannalaget frå 1999.

I november 1999 nemnde styret i Vestmannalaget opp att Leidulv Hundvin til styresmann i Opedalsfondet for 4-årsbolken 2000-2003. Føreåt hadde styret i tvo møte samrøystes vedteke å oppmoda Hundvin om å halda fram i ombodet.

Styret i Vestmannalaget avsette Leidulv Hundvin frå ombodet i møte 1. mars 2001, altså meir enn eit år etter oppnemningi. Møteboki opplyser at avsetjingi vart gjord etter "sterk påtale" frå Dag Hagen Berg.

Berg var ny styresmann i fondet og hadde vorte formann. Han kalla ikkje inn til styremøte om saker i fondet etter det fyrste møtet han førebudde, nemleg 6. mai 2000. Det var soleis eit personleg utspel Berg gjorde. Formannen i Vestmannalaget Marøy var klår over dette då han tok opp utspelet i styret, for Marøy var sjølv styresmann i fondet.

2. Skipnaden Opedalsfondet.

2.1. Skipingi av fondet.

Halldor O. Opedal skipa Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking med gåvebrev 29. desember 1971.

Rettsreglar for legat, fond og stiftingar fanst i Norske Lov frå 1687 og i seinare sokalla "forordningar". I 1980 fekk ein med verknad frå 1.1.1982 lovi om stiftingar. Lovi femner om fond og legat òg. Dei stiftingar som er offentleg godkjende, som det

heiter, kallar lovi offentlege stiftingar, dei hine private stiftingar. For offentlege stiftingar har staten tilsynsplikt. Stiftingar med næringsverksemd er det særreglar for i lovi. Opedalsfondet er ei privat stifting..

2.2. Styringi av fondet.

Fondet har 5 styresmenn. Vestmannalaget, Vestlandske Mållag, Norsk Måldyrkingslag, Ivar Aasen-sambandet og Noregs Mållag nemner kvar opp ein styresmann med varamann. Valbolken er 4 år, og alle er på val samstundes. Styresmennene vel formann seg imellom.

Lovi legg all styring av fondet til fondsstyret, men ho gjev høve til å skipa organ i fondet med viss anna oppgåve. Opedal fastsette i gåvebrevet at dei fem lagi som nemner opp til styret godkjenner rekneskapen. Men då lovi vart sett i kraft, vart ikkje den føresegni frå Opedal utfylt til å høva for eit organ i fondet. Det kunne ha vore skipa eit organ, t.d. eit råd, som hadde til oppgåve å fastsetja årsoppgjeret etter framlegg frå styret og til å nemna opp ettersynsmann. Då føresegnene for fondet vart brigda i 1987, gjorde ikkje styret framlegg om eit slikt organ. Heller ikkje noko lag gjorde det. Lagi var nøgde med at kvar styresmann orienterte laget sitt om årsoppgjeret, løyvingane og anna eit lag ynskte å vita frå drifti av fondet.

Styret greier soleis alle oppgåvene til fondet. Styret sender årsoppgjeret til fylkesmannen i Hordaland saman med ei oppgåve etter førerit frå fylkesmannen.

2.3. Andsvaret for kvar styresmann.

Andsvaret styret har treng ein ikkje seia mykje om. Kvar styresmann skal gjera det han kan til at fondseiga vert styrd best mogleg og at utetlingane vert gjorde slik skiparen har meint det.

Styresmennene skal fremja oppgåva til fondet, og ofte fell ho saman med oppgåva til lagi.

3. Vestmannalaget og fondet, oppnemning og avsetjing.

3.1. Styrevedtaket i laget 23. august 1999.

Vestmannalaget hadde i styremøte 23. august 1999 føre som sak 7 Val til Halldor O. Opedals fond. Det går fram av møteboki at lagsformannen Lars Bjarne Marøy då emna på at Vestmannalaget ikkje skulle nemna opp att Leidulv Hundvin for den komande bolken i Opedalsfondet:

"Formannen [...] meinte at det var naturleg at den faste målsmannen hadde plass i stjorni."

Formannen fekk ikkje medhald i dette. Styret meinte at Leidulv Hundvin best kunne taka vare på interessene både for fondet og laget, og *"Stjorni la vekt på at målsmannen i Opedalsfondet held stjorni informert om arbeidet der."*

Styret vedtok at formann Marøy skulle uppmoda Leidulv Hundvin om å halda fram i ombodet i fondsstyret.

3.2. Styrevedtak i laget 16. november1999.

Styret i Vestmannalaget hadde saki føre att 11. og 16. november 1999, jf. møteboki, som lyder:

"Sak 10 Opedalsfondet.

"Formannen hev spurd Leidulv Hundvin um han vil vera målsmann for Vestmannalaget i Opedalsfondet i neste 4-årsbolk etter stjornarvedtak den 23. august 1999 sak 7. Stjorni uppfatta at spursmålet slik det vart sett fram kunne verka noko misvisande, og at Hundvin soleis kunne uppfatta det som han måtte stilla med bunde mandat, og difor ikkje sa ja med det same. Stjorni drøfta dette, Og gjorde det heilt klårt at dei ynskjer å ha Hundvin som sin målsmann i Opedalsfondet, og at stjorni også måtte velja varamann til Opedalsfondet for same periode.

"Stjorni la vekt på at rekneskapen og årsmeldingi frå Opedalsfondet skulle vera orienteringssak på stjornarmøte i Vestmannalaget etter årsmøtet i Opedalsmøtet, og ville då at Hundvin skulle få innkalling til denne saki for å orientera stjorni um arbeid og resultat i Opedalsfondet. Formannen kritiserte dei styrande i Opedalsfondet. Han meinte at det kunde tyda på at det er fleire som Ikkje er informerte um at del hev fenge løyving når det gjeng fram av rekneskapen for i fjor, at om lag 250 000 kronor er løyvde, men ikkje utbetalte. Han meinte at slik auka fondet på kostnad av søkjarar.

"**Vedtak**: *Sfjorni valde Leidulv Hundvin som målsmann for Vestmannalaget i Opedalsfondet i neste 4-årsbolk. Sissel-Anny Hjelmtveit vart vald som varamann for målsmannen for same periode.*

"Stjorni vedtok også å uppmoda målsmannen for Vestmannalaget i Opedalsfondet um å be dei styrande i Opedalsfondet um at alle som får løyvingar, blir informera um det, og at einskildlagi fær tilsendt godkjend rekneskap og årsmelding."

Merknad (i dette sakspapiret).

Sjå slutten av referatet, før vedtaket.
Marøy "kritiserte dei styrande i Opedalsfondet og påstår at fondet er auka med kr. 250.000 "på kostnad av søkjarar". Marøy skil ikkje mellom eignelutar og rein eige.
Ein får minna om dette elementære i rekneskapar: Midelen til å dekkja skuldi ligg sjølvsagt i eignelutane, som ikkje er den reine eiga (eigenkapitalen).

Altså: Løyvde ikkje utbetalte pengar vert førte som skuldpost, motposten er eignelutane. Når ein sender ei løyving, minkar både skuldposten og eignelutane med den sende løyvingi. Men det får ingen verknad på den reine eiga (eigenkapitalen).

3.3. Styrevedtaket i laget 1. mars 2001.

Møteboki er skriven av Bjørn Tormod Ringdal, skrivar. Det er ikkje skrive inn kven av styret som var med på møtet

Møteboki sak 2 lyder:

"Formannen hadde tidlegare fenge brev frå formannen i Halldor O. Opedals fond der det vart slege fast at noverande målsmann frå Vestmannalaget var for gamal til å sitja i fondet (jamfør stjornarmøte i juli og føresegnene til Halldor 0. Opedals fond innteke i Vestmannalaget i 110 år). Noverande målsmann Leidulv Hundvin hadde i brev til formannen hevda at det hadde hendt fyrr at folk hadde sete yver aldersgrensa.

Lovi opnar likevel ikkje for dette. Hundvin var vald for ein fire årsperiode, og kunde normalt ikkje verta utskift, men i og med at stjorni hadde gjort eit mistak som vart sterkt påtala av styreformannen i fondet, såg stjorni seg nøydd til å peika ut ny målsmann. Bjørn Tormod Ringdal vart no vald til ny målsmann ut den perioden Hundvin var vald for. Ringdal vart soleis vald for ein periode som gjeld fram til 2004. Då skal det peikast ut målsmann på ny."

4. Fondsstyret.

4.1. Oversyn fondsstyret sidan 1988

Oppnemningane lagi gjorde, formannen i kursiv:

Vestmannalaget Vestl.Mållag	Måldyrkingsl.	Aasensambandet	Noregs Mållag	
1988-1991				
Conrad Clausen	*Helga Mehl*	Jon Askeland	Frøydis Lehmann	Per Håland
1992-1995				
Leidulv Hundvin	*Helga Mehl*	Hans Sørbø	Frøydis Lehmann	Åsmund Lien
1996-1999				
Leidulv Hundvin	Halldor Slettebø	*Hans Sørbø*	Frøydis Lehmann	Einar Schibevag
2000-2003				
Leidulv Hundvin	Lars B. Marøy	Hans Sørbø	*Dag H. Berg*	Mona Stormark

4.2. Bolk 1 av styremøtet i fondet 8. april 2000.

Det var eigentleg tvo styremøte same dagen, det eine er her kalla bolk1 og det andre bolk 2 av møtet.

Fyrste bolken var eit møte for dei som hadde vore styresmenn1996-1999 og som skulle fastsetja årsoppgjeret for driftsåret 1999. Dei som møtte var Hundvin, Lehmann og Sørbø, og av forfallsgrunn Lars Bjarne Marøy for Halldor Sletteb, Vestlandske Mållag og Mona Stormarkfor Einar Schibevaag, Noregs Mållag. Desse siste tvo møtande var elles oppnemnde til styresmenn for bolken ein gjekk inn i. Forretningsførar Leiv Flesland møtte. (Dag H. Berg, oppnemnd av Aasensambandet, på plassen Frøydis Lehmann hadde, var til stades.)

Styret godkjende samrøystes, og skreiv under, årsoppgjeret for 1999 som forretningsføraren Leiv Flesland la fram, revidert av statsautorisert revisor Klement Røyrane. Forretningsføraren la òg fram ein spesifikasjon til fylkesmannen.

Reglane for oppsettet av rekneskapen var endra, og fondet ville praktisera endringane frå året ein var inne i. Ei rad tiltak av ymse slag hadde for det farne året halde seg til det gamle oppsettet det året. Men styresmennene ville få alle dei opplysningar frå årsoppgjeret som dei ynskte.

Fylkesmannen i Hordaland melde at han ingen merknad hadde til årsoppgjeret for 1999.

4.3. Bolk 2 av styremøtet i fondet 8. april 2000.

Til stades var dei som er nemnde under bolk 1, men Frøydis Lehmann frå Aasensambandet var avløyst av Dag H. Berg. Til formann vart Berg vald etter framlegg frå Stormark med 3 av 5 røyster.

Styret vedtok at kvart av dei fem lagi i fondet skal ha kr. 7.500,- for året, men då sjølv bera ferdakostnaden til styremøti for sin styresmann. — Styret vedtok heidersprisar til tre personar, kvar pris på kr. 25.000,-. — Styret utsette søknader om løyving til eit møte til hausten då prisane skulle etlast ut.

4.4. "Umframt"-styremøtet i fondet 6. mai 2000.

Formann Dag H. Berg kalla inn til "umframt" styremøte 6. mai 2000. Saklista, med postane referat og Regionsoga lagde til på møtet:

1. Godkjenning av innkalling og fastsetjing av saklista.
2. Referat frå siste møte.
3. Skjedd sidan sist.
4. Lånet til Regionsoga for Nord- og Midhordland.
5. Vantande innsending av rekneskapen fyr åri 1997 og 1998?
6. Rekneskapen fyr 1999.
7. Forretningsføraren; spursmål um uppsegjing.
8. Val av skrivar fyr fondet.
9. Fyresegn fyr styreformannen, varaformannen og skrivaren.
10. Råderett yver eiga til fondet, (teikningsrettane).
11. Plasseringspolitikk.
12. Neste styremøte og dato fyr utetlingane av heidersprisane.
13. Kontorhatd.
14. Tilskot til uppnemnarlalagi.
15. Godkjenningsordningi fyr rekneskapane.
16. Ymist

Hans Sørbø med tilslutning av Leidulv Hundvin gjorde under post 1 på saklista ei tilførsle til møteboki som galdt fleire postar, og som var delt inn med desse overskriftene:

A) Dag H. Bergs framlegg um tilriving av styringsmakt og fjerning av forretningsføraren for fondet Leiv Flesland.

B) Dag H. Bergs framlegg er dels jamgodt med einestyre for fondet, dels å styra fondet saman med tvo andre av dei fem styresmennene.

C) Rekneskapen for 1999, utfyllande uppgåver.

D) Rekneskapen for 1999, auken av grunnstolen.

Møtebok for 6. mai 2000, som Marøy gjorde notat til under møtet, har ikkje formannen sendt til styresmennene, endå stiftingslovi set strengt krav i so måte.

4.5. Formann Berg reiser rettssak i namnet åt fondet utan å ha fullmakt til det.

Utan å ha fullmakt til det gjekk styreformann Berg den 5. juli 2000 til søksmål ved Bergen namsrett mot forretningsføraren i fondet Leiv Flesland.

Med avgjerd 28. juli 2000 vart kravet i søksmålet **forkasta** av Bergen namsrett ved domaren byfut Sjur Vestrheim. Retten har *" funnet at det fremstår som åpenbart at det ikke foreligger noen forføyningsgrunn"* mot Leiv Flesland.

Rettssaki kosta kr. 24.000,- opplyste Berg på spørsmål på eit møte utanfor fondet. Desse pengane må fondet krevja attende frå Berg om han ikkje har gjort opp for seg.

5. Samandrag og framlegg.

Den *"sterke påtalen"* til Vestmannalaget for å få Hundvin ut or fondsstyret er frå ein einskild i fondsstyret, formann Dag H. Berg, ein som tok seg til rettes med å reisa søksmål utan førehaving i styret, som ikkje sende ut møtebok, og som sette styresmenn utanfor i saker elles òg.

Kan henda visste ikkje alle styresmennene i Vestmannalaget om viktige faktiske tilhøve i fondet då dei tok avgjerdi om avsetjing. Dei kan soleis ha røysta for vedtaket på brestande føresetnader. Det gjeld derimot ikkje for styreformannen, Marøy, for han hadde vore med på det meste.

Med dei oppnemningane Vestmannalaget har gjort av Leidulv Hundvin til styresmann i Opedalsfondet, ville han ha hatt ombodet i tre bolkar når den siste går ut med året 2003. Tre bolkar er innanfor dei føresegner fondet har. Når det gjeld alderen på ein styresmann ved oppnemningi, er det praksis for at ein kan ha styresmenn over dei 75 år som er nemnde i fondsreglane. Det kjende styret i Vestmannalaget til.

Ville styret i Vestmannalaget gå bort frå sin praksis med omsyn til alderen ved oppnemning av ein som alt sit i ombodet, måtte det ha kunna venta med å drøfta brigde i praksis til åremålet var ute.

Det må ha verka underleg på ein so veltent lagsmann i Vestmannalaget som Leidulv Hundvin å få den avgjerdi styret tok meir enn eit år inne i siste tenestebolken hans.

Styret bør bøta skaden i den mon det let seg gjera, og difor no halda fast på oppnemningi i november 1999.

Framlegg til vedtak.

1. Styrevedtaket 1. mars 2001 i sak om styresmann i Opedalsfondet vert avskipa.

2. Styrevedtaket frå 16. november 1999 tek til å gjelda att med det same, slik at Leidulv Hundvin er styresmann i Opedalsfondet ut bolken 2000-2003, og Sissel-Anny Hjelmtveit hans varamann. Styreformannen melder vedtaket til fondet.

3, Styreformannen orienterer Leidulv Hundvin, takkar han for arbeidet i fondet og bed han bera over med det leie avbrotet.

Motlegg til notatet frå Jon Askeland lagt fram på stjornarmøtet 16. oktober 2001.

Innleiding

Formannen i Vestmannalaget Askeland hev mangfalda eit notat der det vert hevda at det er grunn til å sjå på visse hendingar i Opedalsfondet og i styret i Vestmannalaget. Brevet inneheld ei rad skuldingar mot formannen i Opedalsfondet. Det er serleg grunn til å leggja vekt på at formannen personleg vert skulda for fleire tilhøve som det er naturleg å lata han få svara på. Formannen hev ikkje vorte varsla um notatet. Det er grunn til å lasta formann Askeland i Vestmannalaget for dette. Vidare må ein peika på at formannen i Opedalsfondet er lagsmann i Vestmannalaget og at det soleis skulde vera grunn til å visa alminneleg sømd med å leggja fram notatet for han for kommentar.

Bakgrunnen for at notatet er skrive er at formann Askeland meiner at stjorni i Vestmannalaget hev avsett Leidulv Hundvin frå umbodet som målsmann for Vestmannalaget i Opedalsfondet. "Avsetjingi" av Hundvin var gjord etter "sterk påtale" frå Opedalsfondet, heiter det vidare.

Notatskribenten viser jamt til at det fyre vedtaket vart gjeve sterk påtale frå Halldor O. Opedals fond på at Hundvin var målsmann i fondet, men han hev ikkje lagt fram det brevet som Opedalsfondet sende til stjorni i Vestmannalaget. Det var millom anna dette brevet som var grunnlaget for det vedtaket stjorni gjorde. Brevet ligg i formannsarkivet. Notatskribenten kjem soleis utelukkande med si utleggjing av brevet frå Opedalsfondet, utan at han legg fram sjølve brevet og kva Opedalsfondet faktisk skriv !! Samla sett gjev notatet ei einsidig framstelling som ikkje segjer noko um kva formannen i Opedalsfondet hev sagt og gjort og dessutan steller formannen i Opedalsfondet utan tilsvarsrett.

Spursmålet um å setja inn att Leidulv Hundvin som målsmann frå Vestmannalaget i staden for Bjørn Tormod Ringdal reiser fleire interessante problemstillingar. Formann Askeland informerar ikkje noko um dei skrivi som ligg i formannsarkivet og som kann avsanna fleire av dei lause påstandane han kjem med i notatet som ligg fyre. Me krev at fylgjande upplysningar frå formannsarkivet vert framlagde for stjorni:

Brev frå Dag Hagen Berg av 10. juli 2000

Brev Halldor O. Opedals fond um rekneskapen, 12 okt. 2000

Brev Halldor O. Opedals fond um rekneskapen, 14. okt. 2000

Brev Halldor O. Opedals fond um lesarinnlegg i Dag og Tid 2000

Brev til Leidulv Hundvin um Opedalsfondet frå stjorni i Vestmannalaget av 4. sept. 2000

Svar frå Leidulv Hundvin sendt 9. sept. 2000

Resultatrekneskapen for Halldor O.Opedals fond for 1999.

Revisormelding for 1999 Halldor O. Opedals fond

Skriv frå Ivar Aasen-Sambandet, 8 januar 2001

Ei slik framleggjing av faktiske kjensgjerningar er naudsynt, serleg av di fleire av stjornarlemene ikkje hev havt høve til å gjera seg kjent med nokon av desse brevi og dokumenti.

Hovudsaki er at det i notatet vert hevda, utan nærmare dryfting, at styret i Vestmannalaget stend fritt til å velja sin målsmann utan umsyn til dei påbod som Halldor O. Opedal sette i fyresegni si for fondet.

Det er utan å gjera nærmare dryfting av dei rettslege implikasjonane ein slik synsmåte reiser, sers leidt at formannen i Vestmannalaget, Jon Askeland, ser ut til å vilja grovt krenkja dei påbod som Halldor O. Opedal sette i gåvebrevet frå 29. desember 1971. Det er sers leidt at formannen i eit av dei lagi som Opedal hadde tiltrudd å nemna ut fondsstyret, ser ut til å ikkje vilja fylgja dei fyresetnader som han sette. Dette trass i at Opedal på fyrespurnad fekk attendemelding frå alle lagi at dei godtok den fyresegni som han hadde sett upp.

Nærare til einskildpunkt i notatet frå Jon Askeland

Notatet er fullt av synsmåtar som er lite dekkjande for både hendingane i dei siste åri og den rettslege stoda. Ein kann millom anna nemna, i same rekkjefylgja som notatet, fylgjande:

2.2. Styringi av fondet. (side 2 notatet)

1. Notatskribenten nemner at Opedalsfondet hev ein annan skipnad med godkjenning av rekneskapane enn stiftingslovi. Dette er rett, men um ho er rettsstridig er noko anna, og meir uvisst. Det vert millom anna her hevda at umgrepet "organ" ikkje kann vera noko anna enn eit fast definert utval, råd e.l. dette er mildt sak umtvista. Fleire meiner at ein ikkje kann forstå § 5 i stiftingslovi slik som notatskribenten gjer her. Denne paragrafen er sers vid og lyt tolkast utvidande og ikkje innsnevrande som notatskrivaren gjer. § 5 gjev i realiteten skiparen av fondet sers vide råmor for korleis fondet skal styrast, so lenge fondet kann stå fram som ei sjølvstendig eining.

2. Notatskribenten nemner at fyresegni åt fondet vart brigda i 1987. Fyresegni åt fondet vart ikkje brigda i 1987 slik det vert hevda, men formelt i 1992. Fondsstyret gjorde rett nok eit vedtak i 1987 um brigde, men saki vart ikkje lagt fram for Fylkesmannen fyrr i 1992.

3. Notatskrivaren skriv òg at lagi var nøgde med at styresmennene orienterte laget sitt um årsuppgjeret. Dette er ein synsmåte som ein tidlegare formann hev hevda lenge, men ho er like fullt gal. Fram til året fyre dette tidspunktet (1987) sende formannen eller rekneskapsføraren ut årsuppgjeret til alle lagi. Det var soleis ikkje kvar einskild – styresmann som sende årsuppgjeret til laget sitt. Leidulv Hundvin vitra millom anna ikkje styret i Vestmannalaget um stoda i Opedalsfondet.

4. Det vert òg hevda ein sender inn årsuppgjer etter "førerit frå fylkesmannen". Dette var tilfelle fram til 1997. Etter dette skulle fondsrekneskapen fylgja rekneskapslovi, jamvel um leidingi i Opedalsfondet ikkje makta å etterleva denne endringi av lovverket.

3 Vestmannalaget og fondet, oppnemning med meir

Notatet tek fyre seg stjornaruppriti i Vestmannalaget frå 23. august 1999 og utetter. Desse stjornaruppriti er nytta som kjelda. Under punkt 2 i det notatet som Askeland la fram på fyrre styremøte vert det påpeika at det var vanleg at kvart lag vart orientert av sin målsmann um kva som skjedde i fondet. Dette syner seg heilt klårt å ikkje fungera for Vestmannalaget sin del. Difor vart det vedteke samrøystes av stjorni at årsmelding og rekneskap skulde fyre for stjorni i Vestmannalaget.

I uppritet stend det at dåverande formannen i Vestmannalaget påtala at han visste at det tidlegare år hadde vore ståande 250 000 kronor som var løyvde, men ikkje utbetala. Vidare at han hevda at fondet auka på kostnad av søkjarane.Det han sa var at han fekk mange meldingar um folk som ikkje hadde fenge greida på at dei hadde fenge løyvingar fondet og at han mistenkte at fondet ikkje informerte skikkeleg um kven som hadde fenge løyving. Dåverande formann i Vestmannalaget hugsar ikkje korleis han ordla seg den gongen, men det han meinte var at dei løyvingane som folk ikkje visste um, vilde verta attendeførde, og det vilde gjera at fondet fekk høve til å bruka dei på andre tiltak. Ein måtte i alle høve ha lov til å lura på kvifor so mange pengar vart ståande å samla seg upp.

Det som er kjensgjerningi er at Leidulv Hundvin uppførde seg sterkt kritikkverdig i den tid han var målsmann for Vestmannalaget i Opedalsfondet. Han bruka posisjonen sin til å fremja interessone til Nord- og Midhordland sogelag. Hundvin hev i ei årrekkja vore revisor for Nord- og Midhordland sogelag. Han hev ikkje vilja uttala seg um kva rolla han hadde då Opedalsfondet gav eit lån på 150 000 til ei stifting som stod sogelaget nær, og han var klår yver lånet til sogelaget i alle år etterpå og gjorde ikkje noko tildriv for å få lånet inndrive. Medan andre folk i målrørsla aldri fekk vita um at dei hadde fenge småløyvingar, kunde stiftingi til sogelaget sitja trygt med eit lån på 150 000. Dette var Hundvin medandsvarleg for. Det i seg sjølv gjev grunnlag til å spyrja um Hundvin var skikka til å sitja i fondet.

Hadde formann Askeland lagt fram dei delane av formannsarkivet som kastar ljos yver dette, vilde stjorni ha fenge eit anna grunnlag til å vurdera saki på.

I innleiding til kapittel tri vert det nytta ordleggjingi avsetjing, utan at det gjenom heile kapittelet vert teke upp nokor som helst form for grunngjeving for at det vart gjort nokor avsetjing av Leidulv Hundvin. Det er underleg at notatskribenten ikkje finn grunn til å koma med ei grunngjeving. Til slutt vert det peika på at Vestmannalaget endra praksis midt ein valbolk, men det gjorde stjorni ikkje. Stjorni var betre orientert 1. mars 2001 enn i november 1999. Stjorni tok difor konsekvensane av det som var lov og rett:

For det fyrste Leidulv Hundvin var ikkje lovleg vald til å sitja i Halldor O. Opedals fond. Han var difor vald ulovleg.Dette kann dåverande formann i Vestmannalaget lastast for, men han handla i god tru, og det gjorde resten av stjorni òg. Det er soleis ikkje å avsetja Hundvin frå noko umbod, men å taka han ut av eit umbod han ikkje kann sitja i. Det må vera heilt rettkome av formannen i Opedalsfondet å lasta Vestmannalaget for å bryta norsk lov og Halldor O. Opedals vilje som er juridisk forpliktande.

For det andre må det vera formannens sak å fylgja upp at norsk lov og fyresegnene til fondet vert fylgt. I Opedalsfondet hadde det utvikla seg ein ukultur med tvilsame disposisjonar, regelbrot og dårleg informasjon. Formannen i Opedalsfondet fekk vide fullmakter når det galdt den daglege drifti av fondet på styremøtet 6. mai 2000. Det vart nedsett eit arbeidsutval med skrivar, nestformann og formann på dette styremøtet. I praksis måtte dei taka seg av den daglege drifti. Det var på dette grunnlaget at fondet arbeidde etter 6. mai. I viktige saker søkte styret i Opedalsfondet dimeir råd med vallagi.

4.2. Bolk 1 av styremøtet i fondet 8. april 2000. (side 4 og 5 i notatet)

5. "Forretningsføraren la òg fram ein spesifikasjon til fylkesmannen.". Det interessante er at fylkesmannen slutta å nytta denne spesifikasjonen alt i 1997, og at ein etter 1997 skulle nytta spesifikasjonen som fylgde rekneskapslovi. Notatskrivaren er rett nok inne på at reglane for uppsettet var brigda, men det vert ikkje nemnt at denne vart vedteken alt i 1995 og fekk verknad frå 1. januar 1997.

6. Notatskrivaren skriv "Men styresmennene ville få alle dei opplysningar frå årsoppgjeret som dei ynskte". Ein påstand som lyt modererast sterkt. Den spesifikasjonen som forretningsføraren lagde fram var so full av mistak og manglar at han ikkje gav eit rett bilete av den økonomiske stoda til fondet per 31. desember 1999. Ettersynsmannen trekte difor òg attende godkjenningi si av både rekneskapen og spesifikasjonen, då han vart merksam på mistaki og manglane av Ivar Aasen-sambandet og det nye fondsstyret. Elles lyt det nemnast, jfr. notat frå Ivar Aasen-sambandet av 8. januar, at det var grove manglar og mistak i alle rekneskapane i alle høve frå og med 1995.

7. Notatskrivaren skriv vidare "Fylkesmannen i Hordaland melde at han ingen merknad hadde til årsoppgjeret for 1999." Dette er òg rett. Det interessante er det som ikkje vert nemnt i notatet. Då Fylkesmannen fekk kjennskap til at ettersynsmannen hadde drege attende ettersynsmeldingi si av di rekneskapen var full av mistak og manglar, påla han det nye fondsstyret å leggja fram rekneskap og ettersynsmelding på ny. Her vert det gjort freistnader på å skapa eit rangt bilete av stoda.

4.5. Formann Berg reiser rettssak i namnet åt fondet utan å ha fullmakt til det. (side 6)

8. Notatskrivaren skriv "Utan å ha fullmakt til det gjekk styreformann Berg den 5. juli 2000 til søksmål ...". Styreformannen i Opedalsfondet hadde fullmakt til å reisa søksmål, elles hadde ikkje retten godteke søksmålet. Ein treng ikkje i alle stode ha eit serskilt styrevedtak for at det skal liggja fyre fullmakt til å handla på vegne av fondet. Slik stoda var sumaren 2000 hadde styreformannen fullmakt ut frå ålmene naudrettslege rettsreglar å reisa søksmål, sjølv utan styrevedtak. Fylkesmannen i Hordaland var vitra både um søksmålet fyre saki vart fremd og at det heller ikkje låg fyre eit serskilt styrevedtak, utan at det vart reist kritikk frå Fylkesmannen. Styreformannen hadde òg vitra 4 av 5 vallag, millom anna Vestmannalaget, utan at dei hadde merknader til at det vart reist søksmål. Vallagi hadde dimeir pressa på at det no måtte koma ei avklåring og upprydjing kring fondet. Det var ikkje godtakande at arbeidsutvalet og styret i Opedalsfondet ikkje ha tilgang til rekneskapsdokumenti til fondet.

9. Notatskrivaren skriv "Rettssaki kosta kr. 24.000,- opplyste Berg ....". Dette er gale, korkje summen eller at Berg upplyste dette er rett. Søksmålet kosta kr. 1 500,00 – styreformannen skreiv sjølv stemningi. Rettshjelpskostnadene til Opedalsfondet var i 2000 nesten 24 000, men det er kostnader som òg femnar um mykje anna enn søksmålet. Millom anna brigdi av fyresegni åt, arbeidsrettsspursmåli vedrørande Flesland og vurdering av handlemåte etter rettssaki.

5. Samandrag og framlegg. (side 6)

10. Notatskrivaren nemner fyrst i samandraget at Berg ikkje sender ut møtebok og held styresmenn utanfor saker. Dette er heilt gale, alle styresmennene som stetta kravi i fyresegni var vitra um rettssaki saman med Fylkesmannen og 4 av 5 vallag. Møtebok er andsvaret til skrivaren i fondet, men møteboki er òg sendt ut.

11. Notatskrivaren nemner "Når det gjeld alderen på ein styresmann ved oppnemningi, er det praksis at ein kan ha styresmenn over dei 75 år som er nemnde i fondsreglane". Det er rett at det hev hendt ein gong at eitt vallag hev nemnt ut ein målsmann som er eldre enn 75 år, Conrad Clausen. Men det er viktug å få med seg at det ikkje er slik at ei fyresegn misser rettskraft sjølv um ho vert brote ved eitt eller fleire høve. Det er dimed skilnad millom "hendt fleire gonger" og "rettsleg sedvane". I vanleg tale nyttar ein mange gonger umgrepet "prakisis" um begge disse umstendi, men skilnaden millom ålmennspråket og den rettslege verknaden er stor. Det er vel nett dette som notatet freista å dylgja ved umgrepsbruken.

Lovbrot, praksis og sedvane.

Notatskrivaren prøver i hovudspursmålet å tåkeleggja spursmålet um Vestmannalaget er pliktig til å velja ein målsmann som stettar kravi i fyresegni eller ikkje. Dette spursmålet er eit rettsspursmål, som lyt dryftast rettslegt.

Det er som nemnt tidlegare ikkje alle einsarta hendingar eller umstende som fører til at det vert skapa ein (rettsleg) sedvane. Som Torstein Eckhoff skriv i *Rettskildelære* "Ikke all praksis er rettsskapende."

a) For det fyrste er det eit vilkår for å tala um praksis at noko hev hendt fleire gonger, det er dimed skilnad på eitt tilfelle og praksis.

b) For det andre er det eit vilkår for å tala um sedvane at praksisen (dei fleire tilfelli) er einsarta og gjeldsame tema, og at dei handlande aktørane er medvitne um at ein det ligg fyre eit mynster i hendingane. Tilfelli er resultat av medvitne val, og dei er ikkje tilfellelege.

c) For det tridje er det eit vilkår for å tala um sedvanerett at sedvanen hev vunne hevd gjenom lang tids bruk, og ikkje minst at andre aktørar enn dei handlande er medvitne um sedvanen og hev akseptera han.

d) For det fjorde er det eit vilkår for at ein eventuell sedvanerett endrar rettsstoda, at dei aktørane som skipar sedvanen som ligg til grunn for sedvaneretten hev kompetanse sjølv eller hev nært tilhøve til kompetente organ til å brigda den rådande rettstilstanden.

Det hev skjett fleire gonger at det hev sete styresmenn som var yver 75 år;

Ludvig Jerdal
Alv Askeland
Conrad Clausen

Men det er vuktugt å få med seg at dei gjekk av ved fyrste høve rett etter at dei passerte 75 år. Berre i eit tilfelle skjedde det ei utnemning etter at vedkommande var yver 75 år, Conrad Clausen.

Dette tilfelle skipar ingen praksis, og som vi skal sjå er denne ikkje rettsskapande. Og ikkje minst sjølv um det både låg fyre praksis og um han var rettsskapande, endrar ikkje det på den konkrete stoda. Dette sidan fyresegni som Opedal sette upp ikkje kann brigdast, via ein slik hypotetisk sedvanerett. Fyresegni kann berre brigdast av Fylkesmannen, ikkje via sedvanerett millom vallagi. Vallagi i Opedalsfondet hev ikkje kompetanse til å brigda fyresegni åt fondet. Difor vil vallagi ha skyldnad til å fylgja fyresegni, sjølv um ein skulde hevda at det ligg fyre ein lang og medviten praksis. Det vil segja at Vestmannnalaget hev skyldnad til å nemna ut ein målsmann som er under 75 år.

Det lyt òg nemnast at Vestmannalaget til liks med dei andre vallagi, fekk skriftleg fyrespurnad um Vestmannalaget ville taka på seg dei uppgåvone som vart lagt på Vestmannalaget i fyresegni åt fondet. Vestmannalaget svara at laget akseptera både oppgåva og fyresegni som låg fyre.

Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking

Resultatrekneskapen for 1999

	1998		1999
Driftsinnkomor	-		-
Driftskostnader			
Varveitsle	350,00		350,00
Reisekostnader; styremøte	1 300,00		1 184,00
Mat	1 037,50		1 248,00
Rekneskapsføring	7 500,00		7 500,00
Ettersynsgodtgjersle	1 750,00		1 500,00
Kontorhald	5 185,00		5 000,00
Bankkostnader/porto	414,00		200,00
Sum driftskostnader	17 536,50		16 982,00
Driftsresultat	**-17 536,50**		**-16 982,00**
Finansinnkomor			
Rentor	119 075,67	1	150 237,98
Vinst på lutsal	49,00	2	1 680,00
Sum finansinnkomor	119 124,67		151 917,98
Finanskostnader	-		-
Finansresultat	**119 124,67**		**151 917,98**
Resultat fyrr umframpostar	**101 588,17**		**134 935,98**
Umframinnkomor	-	3	60 000,00
Umframkostnader	-	4	80 000,00
Umframresultat	-		**-20 000,00**
Resultat fyrr utetlingar	**101 588,17**		**114 935,98**
Utetlingar	171 000,00	5	65 000,00
Årsresultat	-69 411,83		49 935,98
Resultatdisposisjonar			
Yverførd til grunnstolen	20 000,00		20 000,00
Yverførd til utetlingsfondet	-89 411,83		29 935,98
Sum resultatdisposisjonar	**-69 411,83**		**49 935,98**

Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking

Jamvekti

	1998		1999
Eiga			
Kontantar	-		-
Bankinnskot	117 174,06	6	211 958,30
Obligasjonar	2 350 907,03	7	2 354 154,27
Skuldmenn	176 475,50	8	187 064,00
Sum eiga	2 644 556,59		2 753 176,57
Skuld og eigenmidel			
Kravsmenn			
Ikkje utbet. løyvingar	254 000,00	9	219 000,00
Andre kravsmenn	3 243,90	10	16 927,90
Tapsavsetnad	-	11	80 000,00
Sum kravsmenn	**257 243,90**		**315 927,90**
Eigenmidel			
Eigenmidel: 01.01	2 456 724,52		2 387 312,69
Årsresultat	-69 411,83		49 935,98
Sum eigenmidelen	**2 387 312,69**		**2 437 248,67**
Sum skuld og eigenmidel	2 644 556,59		2 753 176,57
Eigenmideldisposisjon			
Grunnstol: 01.01.	2 110 000,00		2 130 000,00
Avsett frå drifti	20 000,00		20 000,00
Grunnstol: 31.12.	2 130 000,00		2 150 000,00
Utetlingsfondet: 01.01.	346 724,52		257 312,69
Avsett frå drifti	-89 411,83		29 935,98
Utetlingsfondet: 31.12.	257 312,69		287 248,67
Sum grunnstol og utetlingfond	**2 387 312,69**		**2 437 248,67**

Bergen, 31. desember 1999.
Bergen, 6. mai 2000.

Styret i Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking

Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking

Notar til rekneskapen fyr 1999.

	1998	1999
Note 1. Rentor.		
Bankrentor	31 228,64	8 971,24
Obligasjonsrentor	87 847,03	130 678,24
Rentor frå utlån		10 588,50
Sum rentor	119 075,67	**150 237,98**

Note 2. Vinst på lutsal.

Fondet hev selt lut (aksjar)	49,00	**1 680,00**

Note 3. Umframinnkomor.

Fonder hev byrja å setja ein frest fyr kor lang tid det kann gå frå vedtaket um utetling til at søkjarane må senda melding um at tiltaket er gjenomførd og lagt fram rekneskap.
Fresten er sett til to år.

Attendeføringar 1999	-	60 000,00

Note 4. Umframkostnader.

I 1994 vart det vedteke å gjeva eit produksjonslån på kr 150 000 til Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland.
Lånet vart knytt til utgjeving av Strilesoga.
Lånet vart i fyrste umgang gjeven fyr eitt år, og med ei renta på 8 %.
Lånet hev ikkje vore innfridd, og det er no akkumulert rentor for kr 37 064 attåt lånestolen.
Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland hev havt ein stor negativ eigenmidel i lang tid.
Styreformannen i stiftingi hev meldt at ho ikkje vil makta å innfri lånet.
Det er difor grunn til å tru at det kann verta vanskar med å driva inn lånet og rentone.
Styret finn det difor rett å setja av kr 80 000 til ein tapsavsetnad.

Sum avsett til tap på låneengasjement	-	**80 000,00**

Note 5. Utetlingar.

	1998	**1999**
Vedtektsfesta løyvingar:		
Norsk Måldyrkingslag	5 000,00	5 000,00
Ivar Aasen-sambandet	5 000,00	5 000,00
Vestmannalaget	5 000,00	5 000,00
Vestlandske Mållag	5 000,00	5 000,00
Norgs Mållag	5 000,00	5 000,00
Sum vedtektsfesta løyvingar:	25 000,00	25 000,00
Andre løyvingar:		
Vestmannen; drift av Vestmannen		10 000,00
Nordisk instirtutt, UiB; nyutgjeving av Aasen-skrifter		10 000,00
Norsk Lærarmållag; kurs um Nynorske songskattar		5 000,00
Norranalaget Bragr; nyprenting av ordbok		10 000,00
Kjetil Aasen; målbyting i Råde		5 000,00
Sum andre løyvingar	146 000,00	40 000,00
Samla løyvingar	171 000,00	**65 000,00**

Note 6. Bankinnskot.

Fondet hev eit innskot i DNB på:	117 174,06	**211 958,30**

Note 7. Obligasjonar.

De norske Bykredittforeninger	4 000,00
Vestenfjeldske bykredittforening	1 104 000,00
DNB Likviditet	1 246 154,27
Sum	**2 354 154,27**

Note 8. Skuldmenn.

I 1994 låna Opedalsfondet ut kr. 150 000 til Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland.

Lånstol	150 000,00	150 000,00
Akkumulerte rentor	26 475,50	37 064,00
Sum skuldmenn	**176 475,50**	**187 064,00**

Sjå elles notane nr. 4 og 11.

Note 9. Ikkje utbetalte løyvingar.

	1998	1999
Norsk Bokreidingslag L/L		65 000,00
Hardanger Folkeminnelag		10 000,00
Norsk Måldyrkingslag		61 000,00
Nordisk Institutt, UiB		10 000,00
Lars Bjarne Marøy		10 000,00
Jørn-Arne Tomasgard		5 000,00
Alv Askeland		20 000,00
Studentmållaget i Oslo		8 000,00
Norsk Lærarmållag		5 000,00
Norrønnalagt Bragr		10 000,00
Kjetil Aasen		5 000,00
Vestmannen		10 000,00
Sum ikkje utbet løyvingar	254 000,00	**219 000,00**

Note 10. Andre kravsmenn.

Hans Sørbø		1 184,00
Leiv Flesland mfl.	3243	15 743,90
Sum andre kravsmenn	**3 243,00**	**16 927,90**

Note 11. Tapsavsetnad.

Av di Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland i mange år hev havt negativ eigenmidel. På fyrespurnad hev ho meldt i frå um at ho ikkje er i stand til å innfri lånet finn fondsstyret det rett å setja av minst 80 000 i ei tapsavsetnad.

Sum tapsavsetnad	-	**80 000,00**

Haldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

RESULTATREKNESKAP PR. 31.12.99

INNTEKTER:	1999	1998
Bankrente	8.971,24	31.228,64
Obl. rente	141.266,74	87.847,03
Vinst aksjesal	1.680,00	49,00
Tilbakeførde løyvingar	60.000,00	0,00
Sum inntekter	211.917,98	119.124,67
DRIFTSUTGIFTER:		
Varveitsle	350,00	350,00
Reiseutgifter styremøte	1.184,00	1.300,00
Mat	1.248,00	1.037,50
Rekneskapsføring	7.500,00	7.500,00
Revisorhonorar	1.500,00	1.750,00
Kontorhald	5.000,00	5.185,00
Bankgebyr/porto	200,00	414,00
Sum Driftsutgifter	16.982,00	17.536,50
Driftsresultat	+ 194.935,98	+ 101.588,17

Som vert nytta slik:

Tillagt grunnstolen	100.000,00	20.000,00
Vedtektsfesta utetlingar	25.000,00	25.000,00
Løyvde utetlingar	40.000,00	146.000,00
Tillagt utetlingsfondet	29.935,98	(89.411,83)
	194.935,98	101.588,17

Haldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

BALANSE PR. 31. desember 1999

EIGNELUTAR:	1999	1998
Kontantar/kortsiktige krav	37.064,00	26.475,50
Innestående i DNB	211.958,30	117.174,06
Verdipapir pålydande	2.504.154,27	2.500.907,03
	2.753.176,57	2.644.556,59

SKULD OG EIGENKAPITAL:		
Kortsiktig skuld	16.927,90	3.243,90
Løyvde ikkje utbet. utetlingar	219.000,00	254.000,00
Sum kortsiktig skuld	235.927,90	257.243,90
Grunnstol 01.01.99	2.130.000,00	2.110.000,00
+ tillagt grunnstolen	100.000,00	20.000,00
	2.230.000,00	2.130.000,00
UTETLINGSFOND 01.01.99	257.312,69	346.724,52
- tillagt grunnstolen	100.000,00	20.000,00
+ overskot 1999	194.935,98	101.588,17
- brukt i året	65.000,00	171.000,00
= utetlingsfond 31.12.99	287.248,67	257.312,69
Total eigenkapital	2.517.248,67	2.387.312,69
Sum skuld og eigenkapital	2.753.176,57	2.644.556,59

Flesland 31. desember 1999
30. mars 2000

I styret for Haldor O. Opedals Fond

Mona Storvarle

Revidert i samsvar med lova
for stiftinga og føresegnene.

Klement Røyrane
statsautorisert revisor

Bokført:
Leiv Flesland Rekneskapssenter

Leiv Flesland

Asbjørn G. Litleré

REGISTRERT REVISOR

FJØSANGERVEIEN 57/61 - 5037 SOLHEIMSVIKEN
TLF. 55 29 96 55 - FAX 55 29 99 62
TLF. PRIVAT 55 28 98 72
ORG.NR.: NO 967 992 224

Til generalforsamlinga i Halldor O. Opedals fond

REVISJONSMELDING FOR 1999

Vi har revidert årsrekneskapen for Halldor O. Opedals fond for rekneskapsåret 1999, som syner eit årsyvererskot på kr. 49.890,48,-. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, og framlegg til disposisjon av årsyverskotet. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, jamvekti og opplysningar i notar. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret.. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og god revisjonsskikk. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltninga av formua og rekneskaps- og intern kontroll-systema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for selskapet si økonomiske stilling 31. desember 1999 og for resultatet i samsvar med god rekneskapsskikk.
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med god rekneskapsskikk.
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og forslaget til disposisjon av årsyverskot, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Utan at det har noko å seia for konklusjonen i avsnittet over, bør fondet i framtida sørgja for forsvarleg pant med omsyn til utlån av midlar.

Bergen, den 26. februar 2001

Asbjørn Litleré
Reg. revisor

Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking

Sistnamna lagt

Resultatrekneskapen for 1999

	1998		**1999**
Driftsinnkomor	-		-
Driftskostnader			
Varveitsla	350,00		350,00
Reisekostnader; styremøte	1 300,00		1 184,00
Mat	1 037,50		1 248,00
Rekneskapsføring	7 500,00		7 500,00
Ettersynsgodtgjersla	1 750,00		1 500,00
Kontorhald	5 185,00		5 000,00
Bankkostnader/porto	414,00		200,00
Sum driftskostnader	17 536,50		16 982,00
Driftsresultat	**-17 536,50**		**-16 982,00**
Finansinnkomor			
Rentor	119 075,67	1	155 127,48
Vinst på lutsal	49,00	2	1 680,00
Sum finansinnkomor	119 124,67		156 807,48
Finanskostnader	-		-
Finansresultat	**119 124,67**		**156 807,48**
Resultat fyre umframpostar	**101 588,17**		**139 825,48**
Umframinnkomor	-	3	87 047,00
Umframkostnader	-	4	111 982,00
Umframresultat	-		**-24 935,00**
Resultat fyre utetlingar	**101 588,17**		**114 890,48**
Utetlingar	171 000,00	5	65 000,00
Årsresultat	-69 411,83		49 890,48
Resultatdisposisjonar			
Yverført til grunnstolen	20 000,00		20 000,00
Yverført til utetlingsfondet	-89 411,83		29 890,98
Sum resultatdisposisjonar	**-69 411,83**		**49 890,98**

Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking

Jamvekti

	1998		1999
Eiga			
Kontantar	-		-
Bankinnskot	117 174,06	6	211 958,30
Obligasjonar	2 350 907,03	7	2 354 154,27
Skuldmenn	176 475,50	8	208 955,00
Sum eiga	2 644 556,59		2 775 067,57
Skuld og eigenmidel			
Kravsmenn			
Ikkje utreidde løyvingar	254 000,00	9	219 000,00
Andre kravsmenn	3 243,90	10	16 927,90
Tapsavsetnad	-	11	101 936,50
Sum kravsmenn	**257 243,90**		**337 864,40**
Eigenmidel			
Eigenmidel: 01.01	2 456 724,52		2 387 312,69
Årsresultat	-69 411,83		49 890,48
Sum eigenmidelen	**2 387 312,69**		**2 437 203,17**
Sum skuld og eigenmidel	2 644 556,59		2 775 067,57

Eigenmideldisposisjon		
Grunnstol: 01.01.	2 110 000,00	2 130 000,00
Avsett frå drifti	20 000,00	20 000,00
Grunnstol: 31.12.	2 130 000,00	2 150 000,00
Utetlingsfondet: 01.01.	346 724,52	257 312,69
Avsett frå drifti	-89 411,83	29 890,98
Utetlingsfondet: 31.12.	257 312,69	287 203,67
Sum grunnstol og utetlingsfond	**2 387 312,69**	**2 437 203,67**

Bergen, 31. desember 1999.
Bergen, 1. desember 2000.

Styret i Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking
Org.nr.: 977 152 836
Postboks 919 – Sentrum
5808 BERGEN

Kongsvinger, 11. november 2002

Norsk Bokreidingslag L/L
Frøydis Lehmann
Nordåsvegen 183
5235 RÅDAL

VEDKOMANDE SØKNAD UM STUDNAD TIL *NORSK MÅLSOGA* OG DEN PÅSTÅTT VANTANDE HEIDERSPRISEN OG/ELLER STUDNADEN TIL *FOLKESUVERENITETEN, GRUNNLOVI OG EU*

Det vert synt til millom anna brev frå Oddvar Nes, dagsett 23. mai d.å. med spurnad um m.a. *Norsk Målsoga*. Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking hev dryft løyvingi til *Norsk Målsoga* og *Folkesuverenitetsboki*, og eg syner til tidlegare brev frå oss, dagsett 27. september 2001 og 6. januar 2002.

Me viser til brev frå oss dagsett 27. september 2002 der sette fondsstyret vilkår for å halda uppe og gjeva ny studnad, lån til *Norsk Målsoga. Vilkåret var* at Norsk Bokreidingslag L/L godtok at ei løyving som var forelda fall burt. Eg kann ikkje sjå at Norsk Bokreidingslag L/L hev kome attende med ei slik tilkjennegjeving (aksept), trass i at Norsk Bokreidingslag L/L hev havt god tid til å vurdera saki og svara oss. Norsk Bokreidingslag L/L hev òg vore kjent med konsekvensane av ei slik unnlating. Difor er vårt einsidige tilbod um studnad til *Norsk Målsoga* falle burt.

Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking hev ingi skuld til Norsk Bokreidingslag L/L, som òg vart meldt i brevet dagsett 6. januar 2002. Det er i rekneskapen vår sett av midlar til *Norsk Målsoga*, utan at midlane er knytte til ein serskilt mottakar. Norsk Bokreidingslag L/L hev difor høve til å søkja um midlar frå denne avsetnaden, på millom anna fylgjande klåre og ufråvikelege vilkår:

1. Fondsstyret fær tilsendt rekneskap yver kostnader og innkomor knytte til *Norsk Målsoga*.
2. Fondsstyret fær tilsendt alle tilbod, upprit, avtaler og andre dokument som kann kasta ljos yver avgjerder i samband utgjevingi av boki.
3. Fondsstyret fær tilsendt alle avtaler millom Norsk Bokreidingslag og prenteverk/bokbindar, og upplysingar um kor mange bøker som er eller vil verta prenta og når.
4. Fondsstyret fær høve til sjølv å sjå etter eventuelle varelager av bøker.
5. Fondsstyret vert halde orientert um endringar undervegs.

Når Bokreidingslaget evt hev freista å innfri desse vilkåri, er det upp til fondsstyret å avgjera um det vil gjeva studnad. Fondsstyret stend her heilt fritt til å gjeva studnad eller lata vera.

Vyrdsam helsing
Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking

Lars Bjarne Marøy
- skrivar -

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Org.nr.: 977 152 836

Postboks 919 – Sentrum

5808 BERGEN

Kongsvinger, 11. november 2002.

Vestmannalaget
v/Jon Askeland
Krohnengsgt. 3
5035 BERGEN

Uppnemning av målsmann til styret i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking.

Det vert synt til brevbyte um uppnemningi av målsmann til styret i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking frå Vestmannalaget.

Fyresegnene set klåre vilkår um at aldersgrensa for styresmennene i fondsstyret er 75 år.

Styreformannen i Halldor O. Opedals fond gjorde 11. juli 2000 stjorni i Vestmannalaget kjent med at Vestmannalaget hadde nemnt upp ein person som var eldre enn aldersgrensa i november 1999, og at uppnemningi soleides var i strid med fyresegnene, statuttane, til fondet.

Stjorni i Vestmannalaget rettkjende i mars 2001 at uppnemningi av Leidulv Hundvin var gali, og Bjørn Tormod Ringdal vart vald til målsmann for fireårsbolken 2000-2003. Fyresegnene uttalar klårt at uppnemningi gjeld for 4 år.

I november 2001 melder so det nye styret i Vestmannalaget at det hev upphevja vedtaket frå mars 2001 og sett Leidulv Hundvin innatt som målsmann i styret i Opedalsfondet. Uppnemningar skal gjerast for fire år, og fyresegnene opnar ikkje for å gjera ny-uppnemningar når det fyrst er gjort ei rettkomi uppnemning. Det er ingen ting som talar for at uppnemningi av Ringdal ikkje var rettkomi.

Uppnemningane er dryft med advokaten vår. Etter samråd med advokaten er fondsstyret kome til at uppnemningi av Bjørn Tormod Ringdal er rettskomi og at han er nemnd upp for denne fireårsbolken, jfr. fyresegnene. Bjørn Tormod Ringdal vert framleis rekna som styresmann fram til utgangen av 2003 og vert kalla inn til fondsstyremøti.

Vestmannalaget hev etter kva som er upplyst munnleg alt teke uppnemningi upp med Fylkesmannen i Hordaland – som hev avvist å gripa inn og tilviste ei eventuell uppfylgjing av saki til domstolane. Me bed um at evt kommentarar eller merknader vert sendt oss innan 01.12.2002.

Vyrdsam helsing

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Lars Bjarne Marøy

- skrivar -

Halldor O. Opedals fond
Postboks 919 – Sentrum
5808 Bergen

Dykkar referanse:	*Vår referanse:*	*Dato:*
	185/03-166-EB/GME	10. desember 2003

Høyringsrunde nr. 2

Det vert vist til Dykkar brev av 9.november 2003 om saka.
Styret i Noregs Mållag handsama saka på møte 6. desember 2003 og kjem med følgjande fråsegn:

Eit samrøystes styret viser til fråsegna Noregs Mållag gav i fyrste høyringsrunde og held fast på denne. Me ser at det er teke omsyn til nokre av endringane og er glade for det.
Styret vil peika på følgjande som ikkje er teke omsyn til:

§ 3
Noregs mållag held fast på sitt framlegg at ikkje alle styremedlemane skal veljast kvart år.
Etter setningen *"Styresmenn med varamenn vert valde for fire år"* kjem inn denne setningen:
"slik at to styremenn med varamenn er på val etter to år og 3 styremenn med varamenn er på val etter 4 år (kven som går ut etter 2 år vert avgjort etter loddtrekking")

Neste setning vert i samsvar med vår tidlegare tilråding:
"Aldersgrensa oppover er 75 år, d.v.s. at ingen kan veljast etter det kalenderåret ein fyller 71 år."
Ein annan måt å få dette fram på er å seia at
"ingen kan veljast inn i styret etter det kalenderåret ein fyller 71 år".
Ei slik endring eller presisering som er gjort framlegg i desse to alternativa kan hindra framtidige tvistar.

Ny siste setning i § 3 i samsvar med første høyringsutkast.
Etter "Reglane om skilsdomstolar i tvistemålslogi gjeld." kjem inn

" Bergen tingrett er heimeting."

§4.
Noregs Mållag er samd med at "ettersynsmannen" skal peikast ut av styri i dei lagi som har valrett til fondet. Noregs Mållag kal likevel ikkje godta at eit fleirtal skal avgjerda valet ved usemje og vil ha inn sitt tidlegare endringsframlegg:

" Dersom det ikkje er semje i vallaga, vert revisor peika ut av fylkesmannen"

Etter det oppstyret som h ar vore om fondet dei siste åra er dette noko som kan gje styret "truverde" utover.

§ 6.
Noregs Mållag kan ikkje sjå grunn til å fråvika endringsframlegget frå fyrste høyringsrunde og held fast på si fråsegn her. § 6 andre lekk sin ordlyd bør vera:

" Vallagi lyt ved fyrste nyuppnemning etter kvar umskiping eller anna brigde i fondsfyresegni koma med fråsegn til fondet um laget godtek å velja styresmann og varamann etter dei fyresegnene som her er sett upp. Vallagi som ikkje gjev melding innan tri månader etter at dei fekk spurnad um slik fråsegn, misser retten til å velja styresmann og varamann. Rettane til dette laget gjeng over til dei andre lagi"

I endringsframlegget frå styret er det **eit nytt** avsnitt, avsnitt 5 som tek til slik:
" Styresmenn som er valde.....
og sluttar slik " vert nedlagt eller uppløyst, sit ut valbolken"
Dette avsnitt går ut.
Grunngjeving: Det er ikkje laga som er representerte. Dei nemner ut styremedlemmer og skal sjå til at pengane vert forvalta på rett måte i samsvar med føresegnene. Når representanten er peika ut lever han sitt sjølvstendige liv uavhengig av kva oppnemningslaget gjer og meiner. Det er ikkje oppnemningslaget sine interesser som skal ivaretakast.

Nest siste avsnitt i § 6 får følgjande ordlyd:
" Fondet har sete i Bergen"
Ei plassering andre stader på Vestlandet er uakseptabelt for Noregs Mållag og så langt vi finn ut også i strid med Opdals vilje

Me er glade for at styret har funne plass til vårt framlegg til eit nytt siste avsnitt.

Høyringsbrev av 11. november 2003 om opptak av nye lag og utviding av fondsstyret.

Noregs Mållag handsama saka på styremøte 6. desember 2003.

Eit samrøystes styre sa nei til opptak av nye vallag og utviding av styret.

Eit styre på 5 personar er meir enn nok til å fordela avkastninga frå fondet i samsvar med føresegner. Noregs Mållag ynskjer best mogeleg forvaltning av fond og fondsmidlar i samsvar med vedtekter.

Med vennleg helsing
NOREGS MÅLLAG

Endre Brunstad
leiar

Gro Morken Endresen
dagleg leiar

Vedlegg:

Kopi til:

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Org. nr.: 977 152 836

Postboks 919 – Sentrum

5808 BERGEN

Oslo, 12. september 2003.

Til:
Noregs Mållag,
Ivar Aasen-sambandet,
Vestlandske Mållag,
Vestmannalaget, og
Norsk Måldyrkingslag

Høyringsbrev nr. 4

For fondsstyret vil eg med detta informera um at fondsstyret hev teke initiativ til nye brigde i fyresegni åt fondet. Dei nye framleggi som vart presentera i brev dagsett 9. september kjem som nemnd i tillegg til dei som alt er melde i brev dagsette 14. november 2002 og 26. juli 2003.

Misskriving i framlegget til brigde i § 2 i fyresegni
Fondsstyret er gjort merksam på ei misskriving i eit av framleggi til brigde som vart send ut den 9. september 2003. I eit av dei nye brigdi som det vart gjort framlegg um i brevet frå 9. september 2003 vert det nemnd at

> *§2*
> *Grunnstolen for fondet er på kr. 600 000,00 – seks hundre tusen kronor. Kvart år skal 10 % av avkastingi setjast av til ein hovudstol. Hovudstolen – gunnstolen og den uppsamla* ***avkastningi*** *- skal ikkje minkast. Eiga skal til ei kvar tid verta varveitsla i samsvar med fyresegnene i stiftingslovi.*

Umgrepet avkastning i andre punktum skal vera avsetnad, slik at framlegget vert slik:

§2
Grunnstolen for fondet er på kr. 600 000,00 – seks hundre tusen kronor. Kvart år skal 10 % av avkastingi setjast av til ein hovudstol. Hovudstolen – gunnstolen og dei uppsamla avsetnadene til hovudstolen – skal ikkje minkast. Eiga skal til ei kvar tid verta varveitsla i samsvar med fyresegnene i stiftingslovi.

Grunngjeving:

Intensjonen i framlegget er å fastslå at ein ikkje kann nytta dei årlege avsetnadene til hovudstolen til utetlingar. Detta er i samsvar med gjeldande fyresegn og stiftingslogi. Ein kann då ikkje nytta umgrepet uppsamla avkastning – som femner vidare enn dei årlege avsetnadene til hovudstolen, som det er meint å verna.

Fondsstyret hev med denna rettingi send ut fire høyringsbrev som samla inneheld framlegg/tema um millom anna fylgjande:

I brev dagsett 14. november 2002:

- Avsetnaden til hovudstol (grunnstol) – presiering og klårgjering av umgrep
- Aldersgrensa – presisering av gjeldande rett
- Godkjenning av rekneskapane – brigde til at styret fastsett rekneskapen
- Val av ettersynsmenn – brigde av fyresegni yverføring av valretten til vallagi
- Tidspunkt for utetlingane – utsetning av tidspunkt
- Instituttet Halldorsbu – fjerning av fyresegni
- "Eg"- formi i fondsfyresegni
- Vallag – nye lag?
- Klårgjering av tilleggi som Opedal gjorde til § 6
- Sæte – fastsetjing av Bergen som sæte
- Signatur/prokura – fastsetjing av regel um prokura m.m.

I brev dagsett 26. juli 2003:

- Sæte – presisering i høve til framlegget frå 14. november 2002.

I brev dagsett 9. september 2003:

- Tvist i vallagi – framlegg um tvungen tvisteløysingsordning
- Arbeidsbolken for styresmennene - verknaden ved burtvising/uppløysing, og presisering av umgrepet "styresmann"
- Krav um tilslutnadsfråsegn – fastsetjing av krav um tilslutnadsfråsegn

I detta brevet:

- Presisering av umgrepet avsetnad i § 2

Høyringsfresten er som nemnd tidlegare 10. oktober 2003.

Vantande attendemelding vil verta tolka som passiv tilslutnad til dei framleggi som fondsstyret hev gjort framlegg um her og i tidlegare høyringsbrev.

PS I høyringsbrevet dagsett 9. september 2003 vart Norsk Bokreidingslag L/L nemnd i lista yver dei som fekk avprent. Detta var ei misskriving.

Vyrdsam helsing
Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking

- formann -

Vedlegg: Framlegg til ny heilskapeleg fondsfyresegn.

Avprent er sende til:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Halldor O. Opedals sitt fond for ålmennyttige føremål	Postboks 35	5787	LOFTHUS
Ettersynsmann Asbjørn Litlere	Fjøsangervegen 57	5054	BERGEN
Lars Bjarne Marøy	Glåmlidvegen 17	2213	KONGSVINGER
Mona Stormark	Lægdesvingen 20	5096	BERGEN
Arne Skjerven	Ytre Hakestad	5730	ULVIK
Bjørn Tormod Ringdal	Løvåsbakken 21	5148	FYLLINGSDALEN
Ivar Aasen-sambandet	Postboks 49 - Blindern	0313	OSLO
Vestmannalaget v/ J. Askeland	Krohnengsgata 3	5035	BERGEN
Noregs Mållag	Postboks 474 - Sentrum	0105	OSLO
Vestlandske Mållag v/ L. B. Marøy	Glomlidvegen 17	2213	KONGSVINGER
Sissel-Anny Hjelmtveit	Totland	5912	SEIM
Halldor Slettebø	Blindernvegen 48	0371	OSLO
Håvard Tangen	Kvartsvegen 5	1158	OSLO
Magnus Robberstad	Bjørnemyrterrasse 12	1453	BJØRNEMYR
Torolv Hesthamar	Vines	5778	UTNE
Norsk Måldyrkingslag, v/ Arne Gjeraker	Postboks 6	6851	SOGNDAL
Johan Forsmo	Ostadalsvegen 79	0752	OSLO
Johan A. Schulze	Ullevålsalleen 4 C	0852	OSLO
Jostein Stokkeland	Nordlandsvegen 8	3531	KROKKLEIVA
Hallvard Bergwitz	Treskevegen 81	0681	OSLO

Utkast

til ny fondsfyresegn for

Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking

(Dei nye framleggi åt brigde i fyresegni er merkt med feit skrift, dei andre framleggi som er nemnde i tidlegare høyringsbrev er skrivne i kursiv.)

§1
Fondet skal ha namnet Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking. Fyremålet med fondet er å reisa og odla norsk mål. Fondet skal gjera sitt til å halda uppe måltradisjonen frå Ivar Aasen i stil og skrivemåte og ordval, so langt som det til kvar tid let seg gjera. Det vert synt til målsynet åt professorane Nikolaus Gjelsvik og Gustav Indrebø, soleis som dette synet kjem fram i arbeidi deira um norsk målreising og måldyrking. Skulde det verta tvilsmål um tolking av dette, vert det synt til Halldor O. Opedal sitt brev: "Mitt syn på norsk målreising, nokre tankar".

§2
Grunnstolen for fondet er på kr. 600 000,00 – seks hundre tusen kronor. Kvart år skal 10 % av avkastingi setjast av til ein hovudstol. Hovudstolen – gunnstolen og dei uppsamla avsetnadene til hovudstolen – skal ikkje minkast. Eiga skal til ei kvar tid verta varveitsla i samsvar med fyresegnene i stiftingslovi.

§ 3
Fondet skal ha eit styre på fem mann. Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Ivar Aasen Sambandet, Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag vel kvar **ein styresmann** med varamann. Styret i eit lag kann gje fullmakt åt ein mann til å møta i fondsstyret, um det ikkje høver for den valde styresmannen **eller varamannen** å vera til stades. Eit møte med tri mann er vedtaksført.

Fondsstyret vel sin formann med varamann. Formannen skal ha avgjerdsmakti um røystetalet veg jamt. Styresmenn med varamenn vert valde for fire år. Ein styresmann eller ein varamann bør ikkje stå lenger enn tolv år. Aldersgrensa uppover er 75 år. *Styresmenn og varamenn som gjeng yver aldersgrensa, gjeng ut or fondsstyret.*

Er det tvist um kven som er det rettkome styret til å velja styresmannen og/eller um kven som er vald til styresmann, og tvisten ikkje er løyst innan 1. januar i det fyrste året i ein ny valbolk – kann styret fastsetja at tvisten skal avgjerast ved skilsdom. Denne avgjerdi gjeld, utan nærare avtala millom partane, berre spursmålet um valretten og/eller kven som er vald. Avgjerdi fær verknad for den komande valbolken. Partar som ikkje godtek at avgjerdi vert lagt til skilsdomsstolen misser valretten, jfr. § 6 fyrste lekken. Reglane um skilsdomstolar i tvistemålslogi gjeld. Bergen tingrett er heimeting.

§4
Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar. **Styret har signatur i lag. Formannen og skrivaren har prokura. Styret kann fastsetja noko anna um signatura og prokura, um det meiner det er rettast.**

Styret fastsett rekneskapen. *Rekneskapen skal sendast til styri i dei lagi som har valrett til fondet. Styri i desse lagi har høve til å koma med merknader til rekneskapen innan ein månad etter dei fær han tilsendt. Ynskjer eit fleirtal av vallagi at rekneskapen skal brigdast, skal styret ha rekneskapen fyre på nytt.*

Ettersynsmannen skal peikast ut av styri i dei lagi som har valrett til fondet. Den ettersynsmannen som eit fleirtal av lagi vil ha, er vald.

§5
Avkastingi av fondet skal kvart år etlast ut åt folk som skriv rein og velflidd nynorsk. Dei bør òg kunna tala dette målet - eller eit bygdemål. Utetlingane gjeng fyre seg i seriar på tri år. Etter tri år tek serien til på nytt.

Fyrste året etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag til fritt bruk for norsk målreising ein sum som i verde svarar til eitt tusund 1971-kronor. Umrekningi vert gjord slik styret meiner er rettast. Det som då er att, byter styret på studiekurs, måldyrking, foredrag, artiklar, prenting av skrifter eller bøker eller onnor form for norskdomsarbeid. Det bør verta nemnt i prenti um dei kjem ut med tilskot frå fondet.

Andre året etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag slik det er fastsett for fyrste året. Det som då er att, byter styret på ei rekkje studentar (5-10) ved universitet eller høgskular til kveik (premiar) for idugt arbeid for nynorsk mål. Er vilkåri like mellom to eller fleire kandidatar, gjeng dei fyre som har gjort største innkastet. Styret kann òg ta påskjøningar til lag i bygd eller by som gjer framifrå målarbeid.

Tridje året etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag slik det er fastsett for fyrste året. Av det som då er att, yter styret ein fjerdepart til ein kringkastingsmann, ein fjerdepart til ein bokmann (forfattar, diktar, vitskapsmann), ein fjerdepart til ein bladmann eller eit blad og den siste fjerdparten til stortingsmenn, skulemenn, kyrkjemenn eller yrkjesmenn or næringslivet. Det kann òg verta tale um andre personar.

Alle må ha synt evne og vilje til å bruka nynorsk mål i si beste form.

Ovannemnde fyresegner er ikkje påbod ("direktiv"), og styret stend i serhøve fritt til å yta år andre fyremål. Fyresetnaden er at ytingane ikkje vik av frå grunntanken åt fondet.

Utetlingane bør ein gjera kjende i bladi og kringkastingi, um det er råd, til kveik for folk i arbeid for norsk målreising og måldyrking.

§6
Um so er at eit lag ikkje ynskjer **å velja styresmann** for fondet med dei fyresegner som her er sett upp, gjeng rettane til dette laget over til dei andre lagi. Skulle fleire lag gå ut, vel dei lagi som er att, styret for fondet.

Vallagi lyt ved fyrste nyuppnemning etter kvar umskiping eller anna brigde i fondsfyresegni koma med fråsegn til fondet um laget godtek å velja styresmann og varamann etter dei fyresegnene som her er sett upp. Vallag som ikkje gjev melding innan tri månader etter at dei fekk spurnad um slik fråsegn, misser retten til å velja styresmann og varamann. Rettane til dette laget gjeng over til dei andre lagi.

Kjem det upp eit nytt lag som stettar kravi åt dette fondet, kann fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar. Det nye styret skal stjorna fondet med tanke på heile landet som før, etter dei fastsette fyresegner, berre med det skilet som praktiske grunnar gjer naudsynlege.

Fire styrelemer kann visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki.

Styresmann som er vald frå eit lag som ikkje lengre ynskjer å velja styresmann i fondet, gjeng ut or styret frå den tidi meldingi er komi åt fondsstyret. Like eins gjeng ein styresmann som er vald frå eit lag som vert vist burt, ut or styret etter at det siste av dei tvo vedtaki um at laget er vist burt vert gjort. Styresmann som er vald frå eit lag som – etter at uppnemningi er gjort – vert nedlagt eller uppløyst, sit ut valbolken.

Fondet har sæte i Bergen. **Styret kann, um umstendi gjer det turvande, velja ein annan stad på Vestlandet som sæte.**

Det bør vera ein regel for fondsstyret å halda styringsutlogone nede på eit rimelegt nivå. Av dette fylgjer m.a. at styremøti helst vert haldne i Bergen eller ein annan stad på Vestlandet. *Like eins at vallagi møter med styresmenn og varamenn som bur i Bergen eller ikkje so langt burte frå byen.*

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Org. nr.: 977 152 836

Postboks 919 – Sentrum

5808 BERGEN

Oslo, 9. september 2003.

Til:
Noregs Mållag,
Ivar Aasen-sambandet,
Vestlandske Mållag,
Vestmannalaget,
Norsk Måldyrkingslag.

Høyring

For fondsstyret vil eg med detta informera um at fondsstyret hev teke initiativ til nye brigde i fyresegni åt fondet. Dessa nye framleggi kjem i tillegg til dei som alt er melde i brev dagsette 14. november 2002 og 26. juli 2003.

I samsvar med stiftingslogi vert vallagi varsla um dessa framleggi og bedne um å koma med merknader, innspel og eventuelt framlegg til andre formuleringar av brigdi. Eg vil gjera merksam på at det berre er fondsstyret som kann koma med nye tema eller heilt nye fyresegner. Vallagi hev som høyringsinstansar sjølvsagt høve til å meina at brigdi ikkje er ynskjelege, vantar heimel og/eller ikkje er dryfte godt nok.

Eg ser at Vestmannalaget meiner at det er vallagi som kann brigda fondsfyresegni, detta er ikkje rett. Retten til å gjera brigde i fondsfyresegni er lagd til Fylkesmannen i Hordaland.

Når ikkje anna er nemnt, gjeld alle paragraftilvisingane til stiftingslogi som er dagsett 23. mai 1980 nr. 11. Det er gjort sume tilvisingar til den nye stiftingslogi som enno ikkje er gjord gjeldande, dessa er viste til under umgripet "den nye stiftingslogi".

BAKGRUNNEN FOR BRIGDI:
Halldor O. Opedal sette upp fyresegni åt fondet i gåvebrevet som er det rettelege grunnlaget for fondet, alt i 1971. Då fanst det ikkje ei eigi log um stiftingar. I 1980 fekk me ei eigi log um stiftingar. Denna logi sette upp mange fyresegner um stiftingar og korleides dei skal styrast og korleides fondsmidlane skal varveitlast. Dessa logreglane er yverordna reglane i fondsfyresegni. Diverre hev dei tidlegare fondsstyri ikkje implementera dessa logreglane, som kom i 1980, i fondsfyresegni. Eg vil her peika på reglane i fondsfyresegni um fastsetjing av rekneskap, val av ettersynsmann, og at fondsmidelen skal varveitslast etter reglane for umyndige. Dessa reglane i fondsfyresegni er i beinveges strid med reglane i stiftingslogi, og hev vore i strid med reglane no sidan 1980.

Fondsstyret hev òg gjort framlegg um å taka burt reglar som ikkje let seg etterliva, t.d. fyresegni um "Instituttet Haldorsbu på Bibelhaug" som ikkje finst. Eigedomen som Opedal i 1971 hadde tenkt å nytta til diktarstova, vart i 1986 yverlaten til den ålmennyttige stiftingi som Opedal skipa. Eigedomen er òg seld.

Sume brigde, som vart gjorde tidlegare, er etter nærare gjenomgang ikkje gjorde i samsvar med fyresegnene i stiftingslogi, og fondsstyret gjer no framlegg um å bøta på dessa mistaki. Detta gjeld umskipingi i 1992 um storleiken på den årlege avsetnaden. Den formuleringi som formelt vart vedteki av Fylkesmannen, men ikkje reelt fylgd av fondsstyret, var ikkje vedteki av eit samla fondsstyre. Fyresegni i § 33 slær fast at det berre er fondsstyret, og skiparen, som kann søkja um umskiping. Når det ikkje ligg fyre styrevedtak på vedkomande umskiping – her avsetnaden – som Fylkesmannen gjorde vedtak um, er vedtaket ikkje rettkome. Dette er det gjort greida for i høyringsbrevet dagsett 14. november 2002.

Dei siste brigdi som fondsstyret no gjer framlegg um, kom etter innspel og dryftingar i samband med høyringsrunden. Regelen um tvisteløysing kom på grunn av stridane i Vestmannalaget, Vestlandske Mållag og Norsk Måldyrkingslag (eit fleirtal av vallagi).

HEIMEL FOR BRIGDI:
I det fyrste høyringsbrevet, dagsett 14. november 2002, vart fyresegnene i stiftingslogi um umskiping av fondsfyresegni gjorde greida for, og eg vil ikkje taka upp att detta. Eg vil berre segja ifrå um at fondsstyret meiner ingen av dei brigdi som det vart gjort framlegg um kokje dei i i dei tvo tidlegare høyringsrundane eller dei brigdi som fondsstyret no gjer framlegg – vedkjem fyremålet eller at det vart lagt serskild vekt ved skipingi av fondet, jfr. § 35 andre lekken. Fondsstyret hev i alle høve freista tilmåta brigdi so langt som råd både fyremålet og tankegangen i skipingsgrunnlaget, jfr. § 36 andre lekken.

Jamvel um alle framlegg til brigde kann gjerast etter § 35 andre lekken, hev sume framlegg òg klårare heimelsgrunnlag i § 35 fyrste lekken.

Framlegg til nye brigde

GRUNNLAGET FOR DEI EINSKILDE FRAMLEGGI:

Fondsstyret hadde millom anna ut frå bakgrunnen og heimelen for tidlegare brigde kome til at det var grunn til å gå fyresegnene nærare etter i saumane. Dessutan hadde tilhøvi millom fondet og einskildlagi gjort det naudsynt med klåre fyresegner. Fondsstyret samla seg etter ei vitring frå formannen um tri punkt i fyresegnene som det var grunn til å sjå nærare på. Dessutan burde det vera grunn til å undersøkja ordleggjingane kring grunnstol, hovudstol osb. Formannen peika på at dei tri siste reglane ikkje hadde vore ute på høyring, og at skulde fondstyret fremja dei, laut dei sendast ut på høyring hjå vallagi. Fondsstyret samtykte i dette og styret ynskte at framleggi til brigde vart utsende so snøgt som råd.

For fondsstyret er det eit viktig prinsipp å slå fast at Opedalsfondet er eit autonomt organ. Uppnemnarlagi kann peika ut ein styresmann, men styresmennene er ikkje målsmenner for sine samskipnader. Dei einskilde styresmennene er skuldige til å fylgja fyresegnene til fondet og å fremja fyremålet til fondet. Den einskilde styresmannen hev ingi skyldnader andsynes uppnemnarlagi. Fondsstyret skal derimot orientera uppnemnarlagi um rekneskap og årsmelding.

Det kom òg til ei dryfting av umgripi; grunnstol, hovudstol og styresmann. Det vart semja um å sjå nærare på ei klårare presisering av umgripi som vert nytta i fondsfyresegni og at ein nyttar umgripi konsekvent i heile fyresegni. Formannen peika på at den nye stiftingslogi hadde klåre fyresegner um fondsmidelen og styringi av denna. Fondsstyret vilde hava ei klårare presisering av at både den upphavlege midelen og avdrátten som var sett av til den bundne midelen, ikkje måtta minkast, jfr. intensjonen i fyresegni åt Opedal.

Vedtak og einskildframlegg

Fylgjande er notera av formannen og skrivaren frå styremøtet 16. august 2003, (**ikkje upprit, det vil ikkje liggja fyre fyrr seinare**):

På styremøtet vart det vedteke fylgjande:

Vedtak:

Fondsstyret slutta seg til argumentasjonen i høyringsbrevi, og dei framleggi som formannen hadde fremja der på grunnlag av tidlegare ordskifte i fondsstyret.

Fondsstyret slutta seg til tri nye reglar som styret hadde dryft og formannen hadde gjort greida for, det var i innhald det same som formannen hadde gjort framlegg um, men med endring av at ein skulde ha ein regel um tvungen skilsdom ved uløyst tvist på innkallingstidspunktet for det "nye" styret. Formannen fekk i uppgåva og fullmakt til å formulera den endelege teksti i reglane, med grunnlag i ordskiftet og konklusjonen til fondsstyret.

Formannen fekk dessutan i uppgåva og fullmakt til å formulera den endelege umgrepsbruken for å få ein gjenomførd bruk av umgripi; styresmann, grunnstol og hovudstol i fondsfyresegni, med grunnlag i ordskiftet og konklusjonen til fondsstyret.

Formannen sender ut eit nytt høyringsbrev um dei nye reglane som tidlegare ikkje hev vore ute på høyring.

Formannen fær fullmakt til å fremja den formelle søknaden um umskiping av fondsfyresegni i samsvar med dei vedtaki som fondsstyret hev gjort dei siste åri.

(Frå sak nr. 9. i fyrebils notat til styreupprit. Saki vart lagd fram av formannen.)

1 Tvist i vallagi:
Ein regel som slær fast at fondsstyret, ved ein uløyst tvist i eit av vallagi um kven som kann nemna upp styresmann, ved vedtak kann avgjera med endeleg verknad kven av tvistepartane som skulde hava rett til å peika ut styresmann for vedkomande vallag. Umgripet "tvist" synte her til strid millom tvo eller fleire motstridande styre, som hadde peika ut ulike personar, som styresmann frå det same vallaget. Umgripet "uløyst" synte til at det på det tidspunktet det nye styret skulde kallast inn til skipande møte, ikkje låg fyre ein rettskraftig dom eller onnor offentleg/rettsleg avgjerd um kven som var rettkomen til å målbera vedkomande vallag. Med "offentleg/rettsleg avgjerd" synte formannen til ei eventuell avgjerd frå Fylkesmannen og/eller det nye Stiftingstilsynet.

Grunngjeving:
Formannen synte til tvistane som hadde vore tidlegare knytte til Jon Askeland og Norsk Måldyrkingslag i arbeidsbolken 1988-1992, og til dei noverande tvistane i Norsk Måldyrkingslag, Vestmannalaget og Vestlandske Mållag. Formannen synte til at fondsstyret hadde tri alternative måtar å løysa tvistane på:

- Ikkje kalla inn nokon styresmann frå dei vallagi der det var tvil um kven som hadde uppnemningsretten, fram til det låg fyre ei klår avgjerd i tvistane.

- Få ein regel i fyresegni som gjev det innkallande styret rett til ved uløyst tvist på innkallingstidspunktet, å avgjera med endeleg verknad kven som skulde ha rett til å peika ut styresmannen.

- Ikkje hava styremøte fyre stoda er klårlagd eller det "gamle" styret fungerar, som "forretningsministerium" fram til tvisten er løyst.

Ved det fyrste tilfellet vilde ein kunna uppliva at fondsstyret ikkje vart vedtaksført av di det var tvist i eit fleirtal av lagi og det kunde gå lang tid fyrr tvistane eventuelt vart løyste rettslegt. Detta var grunnen til framlegget som er nemnt i punkt tvo.

1.1 Konklusjon um tvist i vallagi:
Varaformannen gjorde framlegg um at ein skulde vurdera å ha ein tvingande skipnad med skilsdom, i staden for styrevedtak, når det låg fyre ein uløyst tvist på innkallingstidspunktet. Fondsstyret slutta seg til dette synet. Formannen fekk i uppgåva og fullmakt til å formulera den endelege teksti i regelen, med grunnlag i ordskiftet og konklusjonen til fondsstyret.

2 Arbeidsbolken for styresmennene:
Det er slege fast ein regel i fyresegni um uppnemningsbolkar på fire år. Dette vil antitetisk tolkast som um det ikkje er råd for vallagi å nemna ut personar for stuttare eller lengre tidbolk, eller å kasta styresmannen "sin" i uppnemningbolken. Det siste er det dessutan vedtak og praksis for, jfr framlegget um å skifta ut Jon Askeland som styresmann frå Norsk Måldyrkingslag i 1991/92. Det er meir uvisst korleis stoda er til styresmennene ved burtvising og uppløysing.

Ein regel som slær fast verknaden for styresmannen, um eit vallag ikkje vil hava styresmann i fondet med dei fyresegnene som til kvar tid gjeld, jfr. § 6, og at ei vallag vert synt burt frå fondet, jfr. § 6. Verknaden for styresmannen um eit vallag i uppnemningbolken vert nedlagt og/eller uppløyst, må klårleggjast. Formannen hadde etter dryftingar med advokaten kome fram til fylgjande prinsipp for denna fyresegni:

Når eit vallag ikkje ynskjer å velja styresmann, og det gjev melding i uppnemningbolken, gjeng den styresmannen som vedkomande vallag hev nemnt upp, ut or fondsstyret frå det tidspunktet fondet hev fenge meldingi.

Når eit vallag vert synt burt, jfr. fyresegni § 6, gjeng den styresmannen som vedkomande vallag hev nemnt upp, ut or styret frå det tidspunktet vedtaket er rettkome, d.v.s. etter det siste av dei tvo styremøti som hev havt saki uppe til avgjerd. Når eit vallag vert nedlagt og/eller uppløyst i uppnemningsbolken, sit styresmannen som vedkomande vallag hev nemnt upp, ut uppnemningsbolken.

Grunngjeving:
Ved dei tvo fyrstnemnde tilfelli, ligg det fyre røynlege *(positive)* vedtak frå anten vallaget eller frå fondsstyret. Det er difor ikkje naturlegt at den styresmannen som vedkomande vallag hev nemnt upp, sit ut uppnemningbolken. Vedtaki er i båe tilfelli knytte til fyremålet og/eller fyresegni åt fondet.

Når det gjeld uppløysing av eit vallag, er det umstendi i vedkomande vallag som løyser ut fokuset på vedkomande styresmann, og ikkje spursmål kring fyremålet og/eller fyresegni åt fondet.

2.1 Konklusjon um arbeidsbolken for styresmennene:
Fondstyret slutta seg til synsmåtane til formannen, og han fekk i uppgåva og fullmakt til å formulera den endelege teksti i regelen, med grunnlag i ordskiftet og konklusjonen til fondsstyret.

3 Tilslutnadsfråsegn:
Ein regel som pålagde vallagi ein skyldnad til, fyre kvar uppnemningsbolk, å koma med ei fråsegn um dei godtok fyresegni som var gjeldande på det tidspunktet uppnemningbolken byrja. Det kunde òg vera eit tema um ikkje ogso dei valde styresmennene laut koma med ei slik fråsegn.

Grunngjeving:
Formannen og advokaten hadde etter dei siste rundane med Vestmannalaget undra seg yver um dei i det heile godtok fyremålet og fyresegni som Halldor O. Opedal hadde sett upp. Alle vallagi hadde rett nok då fondet vart skipa, kome med fråsegn um aksept og vyrdnad for fyresegni, men ein kunne spyrja um dette var gløymt. Det hadde òg frå Vestmannalaget, Vestlandske Mållag og Norsk Måldyrkingslag tidlegare vore reist spursmål um dei styresmennene som var nemnde upp hadde kjennskap til og ynskte å arbeida i samsvar med fyresegni.

3.1 Konklusjon um tilslutnadsfråsegn:
Fondstyret slutta seg til synsmåtane til formannen, og han fekk i uppgåva og fullmakt til å formulera den endelege teksti i regelen, med grunnlag i ordskiftet og konklusjonen til fondsstyret.

Fondsstyret dryfte med utgangspunkt i den pågåande striden i Vestlandske Mållag kva som skulde gjerast når det var tvistemål millom ulike fraksjonar i eit uppnemnarlag. Fondsstyret konkluderte med at det vilde vedtaka at fondsstyret kunde gjera fylgjande løysingsframlegg:

Dersom det ikkje ligg fyre rettskraftig dom um kven som kann representera eit av uppnemnarlagi, kann styret gå inn for at det vert halde tvungen skildom um uppnemningsrett. Ein frå kvar fraksjon i lagi skal då saman med ein domar i Bergen tingrett avgjera saki.

Høyringsbrevi:
Fondsstyret slutta seg til argumentasjonen og dei framleggi som formannen hadde fremja i høyringsbrevi, dagsette 14. november 2002 og 26. juli 2003. Fondsstyret vilde no at det skulde sendast ut nytt høyringsbrev snarast råd, um dei nye brigdi.

DEI EINSKILDE BRIGDI:

Framlegg til ny fyresegn, heilskapleg:

§2
Grunnstolen for fondet er på kr. 600 000,00 – seks hundre tusen kronor. Kvart år skal 10 % av avkastingi setjast av til ein hovudstol. Hovudstolen – grunnstolen og den uppsamla avkastningi - skal ikkje minkast. Eiga skal til kvar tid verta varveitsla i samsvar med fyresegnene i stiftingslovi.

Gjeldande fyresegn, med atterhald um siste setningi:

> *§2*
> *Grunnstolen for fondet skal vera på kr. 600 000,-, seks hundre tusen kronor, og denne hovudstolen skal ikkje minkast. Eiga skal til kvar tid verta varveitsla i samsvar med fyresegner um midlar for umyndige. Kvart år skal 10 % av avkastingi leggjast til grunnstolen. Denne luten av avkastningi skal fastsetjast slik at det røynlege verdet av grunnstolen aukar.*

Grunnen til det nye framlegget frå fondsstyret:

Ein klår regel som slær fast at både grunnmidelen som Opedal gav til fondet då fondet vart skipa, og den seinare avdrátten som er sett av kvart år til grunnstolen – skal vera bunden (urøyrande). Regelen er no noko uklår i høve til statusen til dei årlege avsetnadene. Regelen som Opedal sette i 1971 um at fondsmidelen skulde varveitslast i samsvar med fyresegnene for midlar for umyndige, var nok i samsvar med rettsstoda fyrr stiftingslogi kom i 1980. Etter stiftingslogi kom i 1980 er det dessa reglane, jfr. § 12 i stiftingslogi, som regulerar varveitslingi av fondsmidelen. Etter den nye stiftingslogi vil den noverande regelen i § 2 i fondsfyresegni vera i beinveges strid med den nye fyresegni um styringi med fondsmidlar, jfr. § 18 i den nye logi. Det ligg soleides fyre heimel for umskiping ikkje berre etter § 35 andre lekken, men etter § 35 fyrste lekken 1). Når det gjeld den siste setningi i paragrafen vert det synt til høyringsbrevet, dagsett 14. november 2002.

Framlegg til ny fyresegn, heilskapleg:

§ 3
Fondet skal ha eit styre på fem mann. Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Ivar Aasen Sambandet, Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag vel kvar **ein styresmann** med varamann. Styret i eit lag kann gje fullmakt åt ein mann til å møta i fondsstyret, um det ikkje høver for den valde styresmannen **eller varamannen** å vera til stades. Eit møte med tri mann er vedtaksført.

Fondsstyret vel sin formann med varamann. Formannen skal ha avgjerdsmakti um røystetalet veg jamt. Styresmenn med varamenn vert valde for fire år. Ein styresmann eller ein varamann bør ikkje stå lenger enn tolv år. Aldersgrensa uppover er 75 år. Styresmenn og varamenn som gjeng yver aldersgrensa, gjeng ut or fondsstyret.

Er det tvist um kven som er det rettkomne styret til å velja styresmann og/eller um kven som er vald til styresmann, og tvisten ikkje er løyst innan 1. januar i det fyrste året i ein ny valbolk – kann styret fastsetja at tvisten skal avgjerast ved skilsdom. Denne avgjerdi gjeld, utan nærare avtala millom partane, berre spursmålet um valretten og/eller kven som er vald. Avgjerdi fær verknad for den komande valbolken. Partar som ikkje godtek at avgjerdi vert lagd til skilsdomsstolen, misser valretten, jfr. § 6 fyrste lekken. Reglane um skilsdomstolar i tvistemålslogi gjeld. Bergen tingrett er heimeting.

Gjeldande fyresegn:

> *§3*
> *Fondet skal ha eit styre på fem mann. Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Ivar Aasen Sambandet, Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag vel kvar sin mann med varamann. Styret i eit lag kann gje fullmakt åt ein mann til å møta i fondsstyret, um det ikkje høver for den valde styresmannen å vera til stades. Eit møte med tri mann er vedtaksført.*
>
> *Fondsstyret vel sin formann med varamann. Formannen skal ha avgjerdsmakti um røystetalet veg jamt.*

Styremenn med varamenn vert valde for fire år. Ein styremann eller ein varamann bør ikkje stå lenger enn tolv år. Aldersgrensa uppover er 75 år.

Grunnen til det nye framlegget frå fondsstyret:

Ordi "sin mann" er etter meiningi vår både uheldige og litt upresise, og dimed *"uhensiktsmessig"*, jfr. § 35 andre lekken. Vallagi vel ikkje **sin** mann, men ein styresmann med varamann. Jamvel um ein etter vanleg lesnad ikkje kann leggja for mykje i ordet "sin" – hev det vorte eit problem at sume vallag trur at styresmannen dei hev peika ut, er underlagt styret i vallaget. Difor bør me få presisera at vallagi vel ein styresmann og ikkje "sin mann". Det bør òg nyttast konsekvente umgrip på same umbodet.

I den noverande fyresegni kann vallagi gjeva fullmakt til ein person å møta når ikkje den faste styresmannen kann møta på fondsstyremøtet. Det er noko upresist i høve til rolla til varamannen. Fondsstyret meiner difor at me lyt presisera at når varamannen kann møta, kann ikkje vallagi gjeva fullmakt til nokon andre. Som det no er, kann ein lesa inn eit høve for vallagi til å gjeva fullmakt til andre, jamvel um varamannen kann møta. Detta vil vera uheldig og er ikkje tilsikta meining.

Framlegg til ny fyresegn, heilskapleg:

§4
Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar. **Styret har signatur i lag. Formannen og skrivaren har prokura. Styret kann fastsetja noko anna um signatura og prokura, um det meiner det er rettast.**

Styret fastset rekneskapen. Rekneskapen skal sendast til styri i dei lagi som har valrett til fondet. Styri i desse lagi har høve til å koma med merknader til rekneskapen innan ein månad etter dei fær han tilsendt. Ynskjer eit fleirtal av vallagi at rekneskapen skal brigdast, skal styret ha rekneskapen fyre på nytt.

Ettersynsmannen skal peikast ut av styri i dei lagi som har valrett til fondet. Den ettersynsmannen som eit fleirtal av lagi vil ha, er vald.

Gjeldande fyresegn:

§ 4
Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar og peika ut ettersynsmenn. Rekneskapen skal godkjennast av styri i dei lagi som har valrett til fondet.

Grunnen til det nye framlegget frå fondsstyret:

Styret hev i høyringsbrevet frå 14. november 2002 gjort greida for fyresegni um signatura og prokura. Det einaste som er gjort nytt her, er å setja framlegget inn i teksti og skipa tvo tekstbolkar der det tidlegare var eitt. Fyrste punktumet er gjort um til tvo setningar, og rekneskapsfyresegnene er samla i ein eigen bolk.

Framlegg til ny fyresegn, heilskapleg:

§6
Um so er at eit lag ikkje ynskjer **å velja styresmann** for fondet med dei fyresegner som her er sette upp, gjeng rettane til dette laget over til dei andre lagi. Skulle fleire lag gå ut, vel dei lagi som er att, styret for fondet.

Vallagi lyt ved fyrste nyuppnemningi etter kvar umskiping eller anna brigde i fondsfyresegni koma med fråsegn til fondet um laget godtek å velja styresmann og varamann etter dei fyresegnene som her er sette upp. Vallag som ikkje gjev melding innan tri månader etter at dei fekk spurnad um slik fråsegn, misser retten til å velja styresmann og varamann. Rettane til dette laget gjeng over til dei andre lagi.

Kjem det upp eit nytt lag som stettar kravi åt dette fondet, kann fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar. Det nye styret skal stjorna fondet med tanke på heile landet som før, etter dei fastsette fyresegner, berre med det skilet som praktiske grunnar gjer naudsynlege.

Fire styrelemer kann visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki.

Styresmann som er vald frå eit lag som ikkje lenger ynskjer å velja styresmann i fondet, gjeng ut or styret frå den tidi meldingi er komi åt fondsstyret. Like eins gjeng ein styresmann som er vald frå eit lag som vert vist burt, ut or styret etter at det siste av dei tvo vedtaki um at laget er vist burt, vert gjort. Styresmenn som er valde frå eit lag som – etter at uppnemningi er gjord – vert nedlagt eller uppløyst, sit ut valbolken.

Fondet har sæte i Bergen. **Styret kann, um umstendi gjer det turvande, velja ein annan stad på Vestlandet som sæte.**

Det bør vera ein regel for fondsstyret å halda styringsutlogone nede på eit rimelegt nivå. Av dette fylgjer m.a. at styremøti helst vert haldne i Bergen eller ein annan stad på Vestlandet. Like eins at vallagi møter med styresmenn og varamenn som bur i Bergen eller ikkje so langt burte frå byen.

Gjeldande fyresegn:

> §6
> Um so er at eit lag ikkje ynskjer å ha målsmenn i styret for fondet med dei fyresegner som her er sett upp, gjeng rettane år dette laget over til dei andre lagi. Skulle fleire lag gå ut, vel dei lagi som er att, styret for fondet.
>
> Kjem det upp eit nytt lag som stettar kravi åt dette fondet, kann fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar. Det nye styret skal stjorna fondet med tanke på heile landet som før, etter dei fastsette fyresegner, berre med det skilet som praktiske grunnar gjer naudsynlege.
>
> Skulle alle lagi verta uppløyste gjeng fondsmidlane inn i fondet til instituttet Halldorsbu på Bibelhaug i Ullensvang. Um dette skulle henda, fell fyresegnene for dette fondet burt.
>
> Fire styrelemer kann visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki.

Grunnen til det nye framlegget frå fondsstyret:

Etter umstendi er det klårt uheldig at der i fondsfyresegni vert nyttar umgrip som "målsmann", jamvel um detta er berre gjort ein gong. Umgripet "målsmann" – som tilsvarar på bokmål umgripet "representant" – er ikkje presist i høve til det reelle innhaldet i rolla som medlem av fondsstyret. Me bør ikkje i fondsfyresegni gjeva rom for mistolkingar. Styresmennene i fondet er ikkje underlagt styri i vallagi, og er ikkje målsmenn i den tydingi som mange legg i ordet "målsmann". Fondsstyret meiner difor me bør nytta umgripet "styresmann" konsekvent i fondsfyresegni.

Det kom ikkje ned i sjølve skipingsgrunnlaget for fondet krav um tilslutnad til fyresegni. Detta vart gjort i eit serskilt brev som alle vallagi fekk fyre det skipande møtet til fondet i 1975. Fondsstyret registrerar òg at fleire vallagi gjev uttrykk for at fyresegni kann brytast etter påstått intern praksis. Det er klårt uheldig at det vert opna for ulike prosedyrar for tolking av fondsfyresegnene i dei ulike vallagi. Det bør heilt klårt vera eit prejudikat for fondsstyret å syta for at fondsfyresegni vert haldi, og av vallagi etter eventuelle brigde lyt gjeva tilkjenne både kunnskap um den nye fondsfyresegni og at vallaget ynskjer å fylgja henne. Fondsstyret hev difor valt å koma med framlegg um ei serskild fyresegn um positiv attendemelding frå vallagi. Det lyt nemnast at det er vallag som ikkje hev svara fondsstyret um godkjenning av rekneskapane sidan 1999-rekneskapen vart send ut. Detta er ikkje heldig, og syner vantande uppfylgjing av dei skyldnadene som vallagi heilt friviljug hev sagt seg viljuge til å bera. Sidan det etter stiftingslogi og rekneskapslogi er fondsstyret som fastset rekneskapen, og at vallagi difor berre er høyringspartar, gjer ikkje fondsstyret framlegg um sanksjonsordning ved vantande attendemelding um rekneskapane og årsmelding.

I den upphavlege fondsfyresegni var det ikkje gjort greida for den rettslege stoda til styresmann som var vald av eit vallag som anten ikkje ynskte å vera vallag eller som vart kasta ut. Fondsfyresegni slær fast den rettslege stoda til vallagi. Sidan styresmennene vert valde for fire år, kann mykje skje i valbolken. Det er klårt uheldig at ein ikkje hev regulera dessa tilhøvi, når me hev reglar i fondsfyresegni som opnar for endringar av statusen til vallagi. Fondsstyret hev sjølvsagt vurdera nøgje kva som Opedal meinte med formuleringi, og yverført ordningi for vallagi til ei fyresegn um stoda til styresmennene.

Når det gjeld å taka inn ei fyresegn um sæte for fondet, er det gjort greida for i dei tvo tidlegare høyringsbrevi, og vert ikkje teke upp att her.

Som nemnd er det tidlegare gjort framlegg um brigde, jfr. dei tvo høyringsbrevi. Her er dei andre framleggi ikkje umtala, men dei er innbaka i sjølve teksti åt dei einskilde paragrafane.

Høyringsfresten er 10. oktober 2003.

Vantande attendemelding vil verta tolka som passiv tilslutnad til dei framleggi som fondsstyret hev gjort framlegg um her og i tidlegare høyringsbrev.

Det er viktugt at vallagi ser på dei tvo andre høyringsbrevi og jamfører med detta brevet, av di detta brevet i stor grad er bygd på resonnement og utgreiding av stoda som det er gjort greide for i dei tvo andre brevi.

Vyrdsam helsing

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

- formann -

Avprent er sende til:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Halldor O. Opedals sitt fond for almennyttige føremål	Postboks 35	5787	LOFTHUS
Lars Bjarne Marøy	Glåmlidvegen 17	2213	KONGSVINGER
Mona Stormark	Lægdesvingen 20	5096	BERGEN
Arne Skjerven	Ytre Hakestad	5730	ULVIK
Bjørn Tormod Ringdal	Løvåsbakken 21	5148	FYLLINGSDALEN
Ivar Aasen-sambandet	Postboks 49 - Blindern	0313	OSLO
Vestmannalaget v/ J. Askeland	Krohnengsgata 3	5035	BERGEN
Noregs Mållag	Postboks 474 - Sentrum	0105	OSLO
Vestlandske Mållag v/ L. B. Marøy	Glomlidvegen 17	2213	KONGSVINGER
Norsk Bokreidingslag L/L v/ Lehmann	Nordåsvegen 183	5235	RÅDAL
Sissel-Anny Hjelmtveit	Totland	5912	SEIM
Halldor Slettebø	Blindernvegen 48	0371	OSLO
Håvard Tangen	Kvartsvegen 5	1158	OSLO
Magnus Robberstad	Bjørnemyrterrasse 12	1453	BJØRNEMYR
Torolv Hesthamar	Vines	5778	UTNE
Norsk Måldyrkingslag, v/ Arne Gjeraker	Postboks 6	6851	SOGNDAL
Johan Forsmo	Ostadalsvegen 79	0752	OSLO
Johan A. Schulze	Ullevålsalleen 4 C	0852	OSLO
Jostein Stokkeland	Nordlandsvegen 8	3531	KROKKLEIVA
Hallvard Bergwitz	Treskevegen 81	0681	OSLO

VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Helge Liland 91614727

Løyvingar
~~1993~~ 1994

Jostein Krokvik Jan Prahl 20 000 kr.
Korkvik dikt 20 000 kr.
Ola Breivega til bok 10 000 kr.

23 juni
Flesland 5000 1993
Færøysk norsk
ved Lehmann 15 000 kr. = 25 000 rekneskap?
Krokvik 6000 kr.
Boklager 4000 kr. ? kf 22 000 aderokathanmas

15 sept. 1994
Krokvik godtgjersla ~~12 400 kr.~~ 6 000 kr.
Vestmannalaget 20 000 kr.

25 april 1995
Urdi 10 000 kr.
Vabøprosjektet 5000 kr.

Vestmannalaget 20 000 kr?
60 000 kr.

25 okt.
Opedalsbok 15 000 kr.
Krokvik bok 10000 kr.

Rekneskapen syner 80 000 kr NB!

Jan 1996
Krokvik honorar 12 000 kr.
Trapp i Urdi 25 000 kr.
Utvandrarkyrkja 10 000 kr.
Aasen-bok 20 000 kr.
Vestmannalaget 10 000 kr.

72 000 kr

1997 februar
Ingrid Gjertsen 5000 kr.
Miniatyrbok um Garborg 10 000 kr.
Butastein Radøy 5 000 kr.
Krokvik honorar 13 000 kr.

46 000 kr

Oslo, 21. oktober 2003.

Vestlandske Mållag
Olav Torheim

Til:
Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking

Til vitring til:
Fylkesmannen i Hordaland
Halldor O. Opedal sitt fond for ålmennyttige føremål
Noregs Mållag,
Ivar Aasen-sambandet,
Vestlandske Mållag,
Vestmannalaget, og
Norsk Måldyrkingslag.

Høyringsvar

Vestlands Mållag vil med dette koma med sine synsmåtar på dei framleggi til brigde i fondsfyresegni som styret i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking hev bede oss om merknader til, jfr, brev dagsett 14. november 2002, 26. juli 2003 9. september 2003 og 12. september 2003.

Vestlandske Mållag syner til at me fremja fyrebilse merknader munnleg andsynes fondsformannen og fekk då munnleg vitring um svari frå Vestmannalaget og Noregs Mållag.

Ålmene synsmåtar på framleggi til brigde:

Vestlandske Mållag er positive til at fondsstyret hev gjort framstøyt for å få fondsfyresegni i samsvar med lovverket og å få ho eintydig og uppdatera. Vestlandske Mållag ser at mange av dei framleggi som no er fremde skulde hava vore utarbeidd og fremd tidlegare. Det noverande fondsstyret skal hava stor æra for å hava gjort eit framifrå arbeidd med å utforma ein klår ordlyd og ikkje minst ei presis og grundig grundgjeving for kvart einskild framlegg til brigde.

Vestlandske Mållag delar ikkje på nokon måte synsmåtane som er fremd av den noverande leidingi i Vestmannalaget i høve til legitimiteten til fondsstyret og framleggi frå fondsstyret. Dei grunngjevingane som i so måte er kome for den vantande legitimiteten er i liten munn dekkjande for dei faktiske umstendi. Der er òg forvitneleg å sjå at mange av dei framleggi som no er fremde skulde hava vore fremde alt medan mange av dei leidande personane i den noverande leidingi i Vestmannalaget sjølve sat i fondsstyret.

Vestlandske Mållag er samde med fondsstyret i at ingen av dei framleggi til brigde som er fremde vedkjem fyremålet til fondet eller på nokon måte kann segjast å hava vore lagd serlegt vekt på av skiparen. Vestlandske Mållag er soleides samde med fondsstyret i at alle framleggi til brigde kann gjerast med heimel i stiftingslogi § 35 andre lekken.

Vestlandske Mållag vil segja seg sers nøgde med at fondsstyret hev gjeve vallagi lange frestar på å svara, og segjer seg leide for at dei tidlegare brevi ikkje vart fylgde upp godt nok.

Synsmåtar på dei konkrete framleggi til brigde:

§ 1:
Fondsstyret gjer framlegg til å umskipa "eg"-formi i § 1. Dette framlegget vert sydd. VM tykkjer at fyresegnene bør gjeva påbod eller gjeva føringar for fondsstyret, ikkje peika på kva "eg" eller "Gjevaren" syner til.

Dette brigdet gjeld heilt ikkje fyremålet med fondet, sjølv um det gjeld eit brigde i fyremålsparagrafen til fondet. Brigdet råkar heller ikkje noko som ein kann tru at skiparen la vekt på ved skipingi.

§ 2:
Fondsstyret gjer framlegg til å skipa um § 2 med tanke på å få ei presisering av kva som ikkje kann rørast av midlane til fondet.

VM er òg samde i at ein kann stilla spursmål med ordlyden som denne paragrafen fekk etter umskipingi i 1992. Det er heilt klårt ikkje samsvar millom intensjon med brigde og resultat etter umskipingi. VM var ikkje kjend med ordlyden som vart fastsett i 1992 fyrr vedtaket um umskiping vart gjort.

VM styd heilt klårt både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 14. november 2002 og 12. september 2003.

§ 3:
Vedkomande aldersgrensa:
Det er gjort framstøyt til å få til ei presisering av konsekvensane av fyresegni um aldersgrensa på 75 år. VM tykkjer i grunnen at det skulde vera uturvande å koma med ei presisering, men diverre hev det frå ymse hald i Vestmannalaget vorten ein sport i å ordkløyva um fyresegni. Det er vorte ført til torgs ein sedvane, denne synsmåten er ikkje VM samde i – og det er då heller ikkje fremd yvertyande dokumentsjon frå denne "sedvanen".

VM er vitra um at Noregs Mållag hev fremd eit framlegg um at ein skal innføra ein regel um at ein ikkje kann veljast til styresmann etter 71 år. Detta truleg av di ein ynskjer at ein vald styresmann skal sitja heile valbolken. VM er i intensjonen samde med Noregs Mållag. VM tykkjer at ein ikkje kann binda vallagi meir enn det som Halldor O. Opedal sjølv sett i fyresegni. VM er samde i at ein presiserar gjeldande fyresegn, men vil ikkje stydja ei nærare innskrenkjing slik Noregs Mållag legg upp til.

VM styd heilt klårt både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 14. november 2002.

Vedkomande tvungen skilsdom ved tvist i vallagi:
VM segjer seg leid for at stoda er kome so langt i mange av vallagi at det er strid i eit fleirtal av vallagi til fondsstyret. Det er forvitneleg å sjå at Vestmannalaget i sitt høyringsbrev skuldar fondsstyret for desse stridane. Det er vel meir rett å segja at alle stridane er initiert av den noverande leidingi i Vestmannalaget, enn at fondsstyret skulde hava skuld i stridane. Det lyt nemnast at både Vestmannalaget og Norsk Måldyrkingslag hev nemnde upp nye styresmenn

etter dei tov som var eldre enn aldersgrensa. Det er soleides vallagi sjølve som formelt ber andsvaret for desse nyuppnemningane.

VM er heilt samde i at ein ikkje kann ha uløyste tvistar i lengre tid, utan at ein fær ei eller onnor avgjerd i tvistane innan rimeleg tid. Det hev vore ei ulukka at sume vallag ikkje maktar å leggja hendingar bak seg, og um dei ikkje gjer det lyt dei i alle fall reisa sak med påstand um at sine synsmåtar er gjeldande rett innan ei rimeleg tid.

VM styd heilt klårt både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

§ 4:
Godkjenning av rekneskapane:
VM ser ingen grunn til å kommentera framleggi på dette punktet, då det berre er eit brigde for å få fondsfyresegni i samsvar med lovi.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

Val av ettersynmann:
VM ser ingen grunn til å kommentera framleggi på dette punktet, då det berre er eit brigde for å få fondsfyresegni i samsvar med lovi. VM er heilt usamd med Noregs Mållag sitt framlegg til formulering av denne fyresegni, og meiner at den formuleringi som Noregs Mållag hev vald er i strid med fyresegnene i § 11 i stiftingslovi.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

Fastsetjing av signaturfyresegn:
VM er samde i at ein bør ha ei eigi fyresegn um signatura og prokura. VM er vidare samde i at styret lyt hava rett til å gjera endringar i signaturfyresegnene utan ny umskiping, og er difor samd i setningi um at styret um stoda gjer det turvande kann fråvika huvudregelen.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

§ 5:
Tidspunkt for utetlingane:
VM er samde i at ein lyt hava hatt tid til å fastsetja rekneskapen for året fyre, fyrr ein gjer vedtak um utetlingar. Det er som påpeika no fastsett i stiftingslovi og rekneskapslovi at fresten for å fastsetja rekneskapen er 30. juni. VM er samde i at det ikkje er heldig at ein hev ein konkret frest for utetlingar.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

§ 6:
Klargjering av tilleggi frå Opedal, jfr. § 6:
VM er samde i dei synsmåtane som fondsstyret fremjer i brevet dagsett 14. november 2002.

Presiseringa av umgrepsbruken, styresmann:

VM er samde i at det diverre hev vorten ein ukultur med å rekna styresmannen sin som målsmann for sitt vallag. VM meiner difor at det er turvande å få presisert den uavhengige rolla til fondet og fondsstyret, og at dette millom anna vert gjort med å byta ut umgrep som målsmann med umgrepet styresmann.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

Vallag – nye lag?
VM ser at fondstyret dryftar tanken um at Høgnorskringen skal veljast inn som vallag, jfr. brev dagsette 14 november 2002 og 12. september 2003. VM er ikkje i mot at fondsstyret vel å få inn fleire vallag – det kann vera mange gode grunnar til det – men VM er i mot at ein byter burt eit vallag som Halldor O. Opedal gav retten til. VM registrerar at det vert ført til torgs at VM hev fåe medlemer. VM er av den meiningi at det ikkje er spursmålet um kor mange medlemer det er i vallaget som er det avgjerande, men kva målpolitiske tankar og meiningar vallaget fremjer som skal avgjera spursmålet um valrett eller ikkje. Det var alt då Halldor O. Opedal sette upp fondsfyresegni klårt at Noregs Mållag hadde var massegrunnlaget for målreisingi. Noregs Mållag fekk trass detta berre ein styresmann, medan eit lite lag som Norsk Måldyrkingslag fekk lik valrett. Denne stoda var endå klårare då fondet hadde skipingsmøtet sitt i 1976.

VM gjeng soleides i mot at VM vert vraka som vallag, men hev ikkje noko i mot at andre samskipnader vert gjeven valrett

Krav um tilslutnadsfråsegn:
VM ser at hendingane dei siste åri diverre hev gjort slike tilslutnadsfråsegner aktuelle. VM registrera at sume lag år etter år korkje ynskjer å halda seg til fondsfyresegni og heller ikkje ynskjer å få prøvd legaliteten og dei rettlege spursmåli som ligg til grunn for usemja. VM er samde i at vallagi lyt, som me gjorde då fondet vart skipa, koma med ei fråsegn um dei ynskjer å leggja fondsfyresegni til grunn for uppnemningi. VM er samde i at det lyt vera ein konkret frest som korkje er for lang – med tanke på arbeidet i fondsstyret – og heller ikkje for kort – i høve til uppnemningsprosessane i vallagi.

VM hev registrera at Ivar Aasen-samsbandet hev dryft å koma med ei presisering av at vallagi sjølvsagt hev rett til å prøva eventuelle fyresegner i fondsfyresegni som dei ikkje tykkjer dei kann slutta seg til – ved å reisa sak. VM er like eins samde i at det bør vera ein klår frest for vallagi til å avgjera um dei vil (1) reisa sak um dei brigdi som dei lyt melda tilslutnad til, (2) godtaka dei nye fyresegnene eller (3) bøya seg for dei nye fyresegnene. Ut frå samtalen med fondsformannen fekk me inntrykk av at han vilde taka upp framlegg um eit tillegg til det framlegget som vart send ut 9. september 2003, men ein ordlyd um frest for å reisa sak på seks månader. VM styd, med den grunngjevingi som er nemnd yver, eit slikt tillegg

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

Verknaden av burtvising, uppløysing og sjølvvald attendetrekkjing av valretten:
VM ser på framleggi som ei presisering av gjeldande fondsfyresegn.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

Fastsetjing av stad for sætet:
VM ser at fondsstyret gjer framlegg um å fastsetja sætet i fondsfyresegni. VM ser ikkje heilt at det er so turvande som dei andre brigdi som det er gjrot framlegg um. VM er òg uroa yver den innsnevringi som diverre hev kome dei siste åri, med umsyn til fondet berre er eit Bergensfond. Halldor O. Opedal skipa eit landsfemnande fond, ikkje eit fond for Bergen med umland. Når ein ser den bolken som nemner byen Bergen i den upphavelege fondsfyresegni frå skiparen, ser ein at hovudregelen er at styringsutlogone skulde vera låge. Hovudtanken var ikkje å fastslå at Bergen var hovudsætet for fondet. Ein lyt òg vera merksam på at deå fondsfyrsegni vart fastsett 29. desember 1971 var hadde fleirtalet av vallagi sæte i Bergen, og at det ut frå samtidi då var rimelegast å møtat i Bergen. At miljøet som målbar det tradisjonelle målsynet, jfr. fyremålet til fondet, i 1971 var kring Bergen er det ikkje tvil um. Det kann heldigvis i dag syna seg at dei fremste berarane av målsynet åt Ivar Aasen, Indrebø og Gjelsvik no finst yver heile landet, og Bergen er ikkje lengre eit so klårt tyngdepunkt.

VM meiner òg at ein under alle umstende ikkje bør fastsetja sætet i fondsfyresegni, utan at styret slepp ganga vegen um umskiping um det vert turvande å flytja sætet til ein annan stad enn Bergen.

Fastsetjing av ein regel um styringsutlogone:
VM syner til det som er nemnd um sætet. VM meiner at det ikkje er turvande å fastsetja ein regel um at styringsutlogone skal vera på eit rimelegt nivå. Det er ingen ting i utviklingi som i dag krev at ein fastsett ein slik regel i fondsfyresegni. Den materielle regelen i fyresegni er det ingen som er usamde i.

Buregel for styresmennene:
Halldor O. Opedal ynskte eit landsfemnande fond og ein bør difor ikkje taka inn framlegget um buplikt i Bergen eller umland for styrsmennene i fondsstyret.

Instituttet Halldorsbu:
VM registrerar med undring påstandane frå Vestmannalaget at fondsstyret krenkjer vilja til Halldro O. Opedal når det gjeld framlegget um at ein tek burt fyresegni um Halldorsbu. VM syner til at Halldor O. Opedal i testamentet sitt alt hadde lagt burt tanken um eit institutt for diktarar og filologar på Halldorsbu. Eigedomen vart i testamentet hans, som er dagsett etter 29. desember 1971, gjevi til eit anna fond som han ynskte å skipa. Han sette upp reglar um at sleki hans skulde kunna forkjøpsrett til eigedomen, på dei vilkåri som det beste bodet var på. Det er difor forvitneleg å sjå at Vestmannalaget kjem med sterke utfall mot fondsstyret, som på si sida ynskjer innspell frå vallagi på ein eventuell bruk av fondsmidelen ved uppløysing av alle vallagi.

VM er samde med framlegget frå Noregs Mållag um at fondsmidelen ved uppløysing av alle vallagi bør gjevast til det andre fondet som Opedal skipa.

Sluttmerknad

Vestlandske Mållag ynskjer at dei framleggi som det er fremde av fondsstyret skal verta fastsette i god til fyre det nye fondsstyret tek til med sin arbeidsbolk våren 2004, og bed um at fondsstyret og Fylkesmannen i Hordaland kann sjå på saki snøgt.

Vestlandske Mållag trur at mange av stridane vert løyste um ein fær fastsett den nye og meir presiser fondsfyresegni fyre vallagi skal nemna upp nye styresmenn.

Vestlandske Mållag ynskjer å takka fondstyret for umfemnadne arbeidet som heilt klårt lyt vera lagt ned i denne prosessen.

Vensam helsing
Vestlandske Mållag

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking
Org.nr.: 977 152 836
Postboks 919 - Sentrum
5808 BERGEN

Oslo, 14. november 2002.

Til styri i:
Noregs Mållag, Ivar Aasen-sambandet,
Vestlandske Mållag, Vestmannalaget og
Norsk Måldyrkingslag

HØYRINGSRUNDE

Styret i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking ynskjer, i samband med den nye stiftingslogi, å brigda sume fyresegner i statuttane (fyresegni) åt fondet. I samband med detta bed styret vallagi um å koma med merknader og innspel til dei framleggi som styret hev. Framleggi vert presentera nedanfyre.

Stortinget vedtok 15. juni 2001 ei ny log um stiftingar, ho er enno ikkje iverksett. Logi vil krevja sume brigde i fyresegni åt fondet. Styret kann sjølvsagt ikkje gjera brigde i fyresegni åt fondet på eigi hand, men vil fremja saki andsynes Fylkesmannen i Hordaland. Etter den gjeldande stiftingslogi ligg fullmakti hjå Kongen, jfr. § 32. Den reelle avgjerdsmakti ligg hjå Fylkesmannen i Hordaland, som gjenom delegasjon hev fenge fullmakt til å taka avgjerd um umskiping, jfr. kgl. res. dagsett 4. desember 1981 og rundskriv 1988/88 frå Justis-departementet.

Høyringsfrest er 12. desember 2002.

Skipingsgrunnlaget åt fondet
Den 29. desember 1971 sette Halldor O. Opedal upp eit gåvebrev der han gav kr. 600 000 til eit fond som skulde fremja norsk målreising og måldyrking. Fondet skulde bera namnet åt skiparen. I gåvebrevet sette skiparen òg upp statuttane, fyresegni, åt fondet. Det vart òg sett upp sume fyresegner i gåvebrevet, som ikkje vart tekne med i paragrafane, sjå seinare. Det vart i fyresegni gjeve reglar um bruken av avdråtten frå fondsmidelen. Fyresegni, § 5, sette upp ein fireårsturnus. Avdråttane dei tri fyrste åri skulde etlast ut til serskilt nemnde fyremål og avdråtten det fjorde året skulde leggjast til grunnstolen. Fyrst i 1976 byrja fondet etla ut studnad.

I 1987 vedtok styret samrøystes å brigda fyresegni åt fondet. Styret ynskte i praksis å minka kravet um avsetjing til grunnstolen. Styret ynskte å setja av 10 % av avdråtten kvart år, i staden for å setja av heile avdråtten det fjorde året i turnusen. Framleggi som styret vedtok, vart sende ut på høyring hjå vallagi våren 1988. Alle lagi slutta seg til ynsket frå styret, men Norsk Måldyrkingslag hadde eit atterhald.

I 1992 søkte styret um og fekk godkjent ei umskiping, permuntasjon, av fyresegni åt fondet. Det er skilnad på det som vart vedteke i 1987 og dei brigdi som vart bedne um i 1992.

Hendingane dei siste åri
Det hev vore mykje uro kring styringi av fondet dei siste åri. Alt i 1997 byrja styresmannen frå Noregs Mållag, Einar Schibevaag, å reisa spursmål ved styringi av fondet. Etter mykje turbulens melde Noregs Mållag ifrå um at styret i laget ikkje studde styresmannen i kritikken av styringi, den dåverande styreformannen og forretningsføraren. På same tid hadde fleire både i Vestmannalaget, Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-sambandet byrja å røkja etter kva som skjedde i fondet, og kvifor ikkje lagi fekk rekneskapane og årsmeldingane åt fondet. Det var ingen samband millom dei ulike miljøi. Noregs Mållag som hadde reist kritikken skarpast, drog attende kritikken, i den trui at ingen andre av vallagi studde synsmåtane deira. I 1999 vedtok Ivar Aasen-sambandet og Vestlandske Mållag at tidi var mogi for å få meir innsyn i og betre styring av fondet, kvart lag valde difor nye målsmenn. Kvart lag valde leidaren sin til styresmann, for å betra sambandet millom vallaget og fondet. Etter kontakt millom vallagi synte det seg at dei hadde samanfallande synsmåtar og løysingar på styringi av fondet. Våren 2000 valde difor fondsstyret ny leiding, med studnad frå fire av fem vallag. Korkje dei tvo styrelemene som hadde passera aldersgrensa for mange år sidan, eller forretningsføraren studde synsmåtane til fleirtalet av vallagi.

Våren 2000 vart òg forretningsførarposten samstundes avskipa. I samband med detta fekk den nye leidingi seg fyrelagt fyresegni åt fondet. Denna fyresegni som òg var send til sume vallag, var ikkje i samsvar med den rettsgyldige fyresegni etter umskipingi i 1992. Den største praktiske skilnaden millom dessa var serleg § 2 i fyresegni. Formannen hadde uppdaga at fyresegni ikkje var uppdatera under eit møte millom han og Fylkesmannen den 3. august 2001. Det er òg noko uklårt kva som er den rette § 6, sidan det finst fleire utgåvor av denna. Nokre utgåvor tek med "tillegget" som Halldor O. Opedal sette upp i gåvebrevet, sume utgåvor tek ikkje med "tillegget".

Framlegg til umskiping frå styret, jfr styrevedtak frå 4. august 2001:

> Styret gjer framlegg um umskiping av fyresegnene til fondet i medhald av stiftingslogi, jfr. § 33. Umskipingi gjeld fyresegnene til fondet, som kann umskipast i medhald av §§ 32, 34 og 35 fyrste og andre lekken i stiftingslogi.
>
> Styret ynskjer ikkje å brigda fyremålet og ser heller ikkje at dei brigdi som er fyreslegne, råkar noko ved fyremålet. Styret trur heller ikkje dei brigdi som det vert gjort framlegg um vart lagde vesentleg vekt på av Halldor O. Opedal då han skipa fondet i 1971.
>
> Styret ynskjer brigde i/ved fylgjande:
>
>> § 2 vert brigda soleis at siste punktumet fell burt.
>>
>> § 3 vert brigda soleis at det kjem ei setning i tillegg til eksisterande tekst til slutt, som lyder:
>>
>>> *Styresmenn og varamenn som gjeng yver aldersgrensa, gjeng ut or fondsstyret.*

§ 4 vert brigda soleis at heile den gamle ordljoden fell burt, og fylgjande kjem i staden for den gamle:

Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar og fastsetja rekneskapen.

Rekneskapen skal sendast til styri i dei lagi som har valrett til fondet, styri i desse lagi har høve til å koma med merknader til rekneskapen innan ein månad etter at dei fær han tilsendt. Ynskjer eit fleirtal av vallagi at rekneskapen skal brigdast, skal styret ha rekneskapen fyre på ny.

Ettersynsmannen skal peikast ut av styri i dei lagi som har valrett til fondet. Den ettersynsmannen som eit fleirtal av lagi vil ha, er vald.

§ 5 vert brigda soleis at ordi "*i mars månad*" i fyrste setningi i fyrste lekken fell burt.

Formannen og skrivaren har fullmakt til å søkja um ei onnor skiping av fyresegni i § 6, um ho ikkje lèt seg etterleva.

Formannen og skrivaren skriv ei utgreiding med underbyggjing for brigdi i samsvar med dryftingane på detta møtet.

Framleggi med grunngjeving vert fyrst sende til vallagi på høyring. Deretter vert framleggi sende til Fylkesmannen med dei eventuelle merknadene som vallagi hev.

Fyresegni var òg uppe på styremøtet den 27. juni 2002.

Avsetnadene til grunnstolen
Hovudinnhaldet i umskipingi i 1992 var at ein fekk årlege avsetnader, på minst 10 % av avdrátten, og at dei skulde vera so store at det røynlege verdet av grunnstolen auka. Konsekvensen av umskipingi er at ein lyt setja av mykje meir enn fyre umskipingi i 1992. Skulde ein setja av so mykje som § 2 gjer påbod um, vert avsetnaden på millom 1/3 og 2/3 av den årlege avdrátten. Skulde ein ha fylgt fyresegni, vilde avsetnaden ha utgjort i 1997 66,6 %; 1998 50,4 %; 99 38,8 % og i 2000 62,9 % av den årlege resultatet fyre umframpostane (attendeføringane). Slike avsetnader vilde etter styret si meining ikkje vera i samsvar med fyremålet til fondet, sidan dei årlege utetlingane vilde vera sers knappe.

I 29. desember 1971 sette Halldor O. Opedal upp fyresegni som ein del av gåvebrevet. I § 5 vart det slege fast at fondet skal fylgja ein turnus på fire år, med utetlingar dei tri fyrste og:

Fjerde året skal renta leggjast attåt hovudstolen i samsvar med § 2.

Det fanst ingi krav eller påbod um at det røynlege verdet grunnstolen skal haldast ved lag, eller aukast.

Fyresegnene i § 5 vart ikkje fylgde dei fyrste åri, etter ynske frå Halldor O. Opedal sjølv, soleides at fondet ikkje etla ut studnad fyrr i 1976. Grunnen var at både fondsstyret og Halldor O. Opedal ynskte at grunnstolen skulde koma upp i ein million krunor.

I 1982/83 hadde ein i eit bel fylgt turnusen i gåvebrevet. Då vart fondsstyret uppmoda av Halldor O. Opedal um å setja av meir til grunnstolen. Detta av di han då òg ynskte at grunnstolen skulde nå ein million so snøgt som råd. Detta fylgde styret upp, med å setja av 10 % av avdrátten òg i dei tri fyrste åri av turnusen, attåt heile avdrátten det fjorde året.

I midten av 1980-talet vart grunnstolen på ein million krunor og etter kvart tvo millionar. Det kom difor ynske um tvo brigde:

1. at fondet gjekk attende til turnusen, og
2. at §§ 2 og 5 i fyresegni vart brigda soleis at meir av avdrátten skulde nyttast til å fremja fyremålet med fondet, enn det som gjekk fram av den dågjeldande fyresegni

Styret gjorde i 1987 vedtak um å brigda § 2 og 5, med tanke på å minka avsetnaden. Styret gjorde framlegg um at ein skulde setja av 10 % av den årlege avdrátten, i staden for heile avdrátten den fjorde året i turnusen. Intensjonen med denna umskipingi var at ein skulde nytta meir av avdrátten på å fremja fyremålet med fondet og nytta mindre til grunnstolen, sidan denna var komen yver ein million. Framlegget vart sendt på høyring hjå vallagi. Alle vallagi studde intensjonen. Norsk Måldyrkingslag hadde likevel eit anna framlegg til løysing, laget ynskte å setja av minst 10 %, likevel høgst 25 % av den årlege avdrátten. Innanfor dessa avgrensingane, skulde avsetnaden til grunnstolen fastsetjast slik at det røynlege verdet til grunnstolen aukar.

> *Kvart år skal millom 10 og 25 % av avkastingi leggjast til grunnstolen. Denne luten av avkastingi skal fastsetjast slik at det røynlege verdet av grunnstolen aukar.*

På styremøtet i 1988 slutta styret seg til merknaden, men han vart ikkje send til dei andre vallagi.

Avdrátten i midten av 1980-talet var sers høg, og ein avsetnad på like yver 10 % av den årlege avdrátten var nok til å halda det røynlege verdet ved lag.

Brigdi som styret gjorde i vedtak um i 1987, vart i praksis fylgde upp, utan at det hadde skjett ei formell umskiping av fylkesmannen. Etter kva arkivi fortel vart saki fyrst i 1992 fremja andsynes Fylkesmannen. Etter brevbyte med den dåverande styreformannen, enda det med at fondet endra framlegget sitt. Det nye framlegget som styret fremja andsynes fylkesmannen, vart ikkje sendt ut på høyring hjå vallagi. Det dåverande styret søkte um fylgjande umskiping av §§ 2 og 5 i fyresegni:

> *Kvart år skal minst 10 % av avkastingi leggjast til grunnstolen. Denna luten av avkastingi skal fastsetjast slik at det røynlege verdet av grunnstolen aukar.*

Fylkesmannen gjorde difor i 1992 vedtak um umskiping av fyresegni, §§ 2 og 5 i samsvar med det siste framlegget frå den dåverande styreformannen. Fylkesmannen bad òg um at den nye heilskapen i fyresegni vart send til han, utan at me kann sjå at detta vart etterkome.

Skilnaden på framlegget frå 1987 og 1992 er at i 1987 skulde det setjast av 10 % kvart år, utan umsyn til det røynlege verdet til grunnstolen. I framlegget frå 1992 er det eit påbod um å tryggja det røynlege verdet til grunnstolen, fyresegni slær fast eit minimumskrav. Teoretisk kann ein soleis uppleva at heile avdrátten lyt setjast av til grunnstolen.

I framlegget frå Norsk Måldyrkingslag som òg hev eit minimumspålegg, er det i minsto ei øvre grensa (på 25 %) for kor mykje som skal setjast av til grunnstolen, jamvel um det røynlege verdet minkar.

Styret hev fylgjande merknader til saki:

a) Halldor O. Opedal hadde inkje påbod um at grunnstolen skulde halda uppe sitt røynlege verde i gåvebrevet frå 29. desember 1971. Sidan vedkomande fyresegn ikkje var ein del av den upphavlege fyresegni, kann det ikkje vera umstende som Halldor O. Opedal såg på som vesentlege, som skulde tilsegja at denna umskipingi ikkje kann skje.

b) Hovudintensjonen med dei umframavsetnadene som skjedde på 1970-talet og 1980-talet var at grunnstolen skulde nå ein million kronor, ikkje fyrst og fremst det røynlege verdet av grunnstolen. At sideeffekten av umframavsetnadene var eit større røynlegt verde, er det ingen tvil um. I sume brev og upprit er målet tvo millionar.

c) Intensjonen med den umskipingi som styret gjorde framlegg um i 1987, var å minka den pålagde avsetjingi til grunnstolen, ikkje å auka henne.

d) Alle vallagi studde denna intensjonen, jamvel um Norsk Måldyrkingslag ynskte å setja av meir enn dei fire hine vallagi og styret.

e) Dei årlege reelle avdråttane i kring 1987 var sers høge, slik at ein ikkje hadde serleg tanke på at fondet kunde koma i den stoda at um lag 40 % av den årlege avdråtten laut setjast av til grunnstolen um det røynlege verdet hans skulde haldast ved lag. Dimed er ein viktug fyresetnad for fyresegni fallen burt, jfr. § 35 3) siste punktumet.

f) Det siste framlegget som vart fremja andsynes Fylkesmannen, var ikkje på høyring hjå vallagi. Dei hev soleides ikkje havt høve til å koma med merknader til det. Detta momentet er truleg i seg sjølv ikkje god nok heimel for å brigda fyresegni, men er eit viktug attåtmoment.

g) Skilnaden millom både framlegget frå 1987 og framlegget frå Norsk Måldyrkingslag på den eine sida og framlegget frå 1992 på den andre sida er at dei tvo fyrste minkar avsetnadene i høve til fyresegni slik ho vart sett upp i 1971 – medan det andre i praksis (frå 1990-talet) fører til at avsetnadene lyt vera um lag 40 % av den årlege avdråtten. Det verkar både lite heldig i høve til fyremålet å ha påbod som krev so høge avsetnader til grunnstolen.

h) Det siste framlegget frå styret i 1992 vilde, um ein skal nytta 1990-talet som utgangspunkt, føra til at dei reelle avsetnadene til grunnstolen vert dubla i høve til fyresegni som Halldor O. Opedal sette upp i 1971. Detta sidan avsetnaden etter gåvebrevet skulde gjerast i slutten av fireårs-turnusen, og den nye fyresegni fastset årlege avsetnader, der avsetnadene i dei fyrste åri sjølv gjev avdrått i dei næste åri.

i) Det var soleides ikkje samsvar millom det i alle høve fleirtalet av vallagi og styret ynskte å uppnå, og det som vart resultatet av umskipingi. Fyresegni slik ho vart i 1992, er dimed komi i strid med meiningi med umskipingi, jfr. § 35 fyrste lekken 3).

j) Fyresegni slik ho vart etter vedtaket dagsett 3. april 1992, er ikkje gjord kjend for vallagi. I alle høve ikkje Ivar Aasen-sambandet, Vestlandske Mållag og Noregs Mållag.

k) Fyresegni er heller ikkje i praksis fylgd, med undantak av året 1999 då det dåverande styret gjorde framlegg um ein avsetnad på kr. 100 000,00. Denna avsetnaden vart ikkje godteken av fire av dei fem vallagi. Dei kjende då ikkje til fyresegni i § 2.

l) Fyremålet med fondet er ikkje å samla seg midlar, men å fremja norsk målreising og måldyrking ved å gjeva studnad til personane og tiltaki som fremja detta. Fondet vil endå til med ein avsetnad på 10 % av avdråtten framleis vera eit av dei tri største målfondi i landet. Fondet vil ikkje missa "tyngd" og "gjetord" innan for målrørsla. Ynsket um å halda uppe sitt eige minne var no ein av grunnane til at skiparen fastsette at fondet skulde bera namnet hans. Ein lyt sjå forbodet mot å nytta grunnstolen i detta perspektivet òg. Detta ynskjemålet stettar ein difor jamvel um ein ikkje set av so mykje som den noverande fyresegni pålegg.

m) Heimelen til umskiping finst i stiftingslogi §§ 32 og 34. Det materielle grunnlaget for umskipingi finst i § 35, med avgrensing av § 36. I § 35 finst det tvo ulike gradar materielle vilkår som lyt vera til stades fyrr umskiping kann gjerast. I § 35 fyrste lekken gjeld brigde av fyremålet eller anna som er lagt vesentleg vekt på av skiparen. For dessa brigdi er kravet at fyresegni som ein ynskjer å brigda, er **synbert** uheldig eller ufornuftig. § 35 andre lekken gjeld andre brigde, for dessa gjeld ikkje kravet um å vera synbert. Jamvel um avsetnadene ikkje er ein del av fyremålet og vilkåret um "røynlegt verde" ikkje er med i den upphavlege fyresegni, lyt nok fyresegni truleg brigdast med heimel i § 35 fyrste lekken, av di denna fyresegni var vesentleg i samband med umskipingi i 1992.

Styret meiner difor at ein ikkje berre skal gjera ei vurdering av dei skrivne fyresegnene, men òg intensjonen um å halda minne um Halldor O. Opedal uppe. Ein held minne um skiparen uppe via utetlingane, ikkje via ein stor grunnstol.

Styret meiner at um ein skal fylgja fyresegni slik ho er no, vil det vera synbert uheldig for fyremålet og destinatarane. Ei eventuell umskiping kann dimed ogso heimlast i § 35 fyrste lekken 4).

Styret er meir uviss på um fyresegni fell inn under vilkåret "synbert ufornuftig". At grunnstolen vert stor, er nok ikkje ufornuftig, endå um det er til mismun for destinatarane. Styret kom fram til at ein ikkje trong nærare dryfting av detta momentet, sidan § 35 1. lekken 4) nytta umgrepet "eller". Det er, etter styret si meining, nok at fyresegni er synbert uheldig.

Styret meiner òg at fyresegni i tillegg var komi i strid med meiningi med umskipingi i 1992, sidan meiningi var å minka avsetnadene til grunnstolen. Styret syner òg til at ein av fyresetnadene for umskiping i 1992, dei store reelle avdråttane, heller ikkje lenger er til stades, umskipingi kann dimed òg heimlast i § 35 1. lekken 3). Styret meiner difor at fyresegni um auka reelt verde ikkje bør standa i fyresegni åt fondet, og at siste setningi i § 2 fell burt.

Aldersgrensa
Styret ynskjer å presisera fylgja av aldersgrensa i § 3. Styret syner til dei siste åri der midelalderen i styret hadde vore sers høg og at kontakten millom styret og vallagi hadde vore liten. Styret syner til at tvo av vallagi hadde nemnt upp personar som var mesta 80 år gamle. Styret syner til kva som vart skrive til vallagi:

> *Uti frå ordvalet og skrivemåten, der Opedal skilde millom "bør ikkje stå lengre" og "Aldersgrensa er", er det klårt at han hev vore sers medviten um kva verknader dei ulike fyresegnene hev.*
>
> *Styresmennene bør ikkje stå lengre enn; sidan Opedal nyttar umgrepet "**bør**" er, fyresegni deklaratorisk, altso kann vallagi vika av frå denna fyresegni.*
>
> *Aldersgrensa er uppyver 75 år; sidan det er nytta umgrepet "**er**", er denna fyresegni preseptorisk. Vallagi kann difor ikkje rettvist vika av frå denna fyresegni.*
>
> *I mange tilfelle vil ein ikkje berre måtta vurdera ordvalet som er nytta i fyresegnene, men òg umstendi rundt nedskrivingi av fyresegnene. Fyresegnene som Opedal sette upp, var dryfte med advokat fyrr dei vart sette upp. Det tyder på at fyresegnene var godt gjenomdryfte, og at ordvalet bygde på ei nøgi vurdering. Opedal hev heilt tydeleg skilt millom "**bør**" og "**er**", og at han var medviten um den rettslege verknaden av skiljet.*
>
> *Ei aldersgrensa uppyver til 75 år tykkjest heller ikkje vera unaturleg. Det er, etter det styret skynar, ingi moment som i dag skulde tyda på at desse hev mist rettskraft eller at vallagi kann sjå burt frå dei.*

Når fyresegni hev vorte tolka onnorleis av vallagi enn dei etter styret si meining var meinte, tykkjer styret det er turvande å gjera ei understreking av denna paragrafen og slå fast at styresmenn er yver 75 år gjeng ut av fondet. Då vil det ikkje verta rom for tolkingar. Styret meiner difor at det noverande tolkingsromet er "*uheldig*", jfr. stiftingslogi § 35 andre lekken.

Godkjenningi av rekneskapane og val av ettersynsmenner
Det var alt våren 2000 semja millom styresmennene um at fyresegni um rekneskapane og ettersynsmennene ikkje er i samsvar med gjeldande regelverk.

Der det er ein stor skilnad millom fyresegni åt fondet og andsvarsdelingi som stiftingslogi sette i §§ 10 og 11. Fyresegni slær fast at styret skal peika ut ettersynsmann og at vallagi godkjenner rekneskapen, medan stiftingslogi slær fast at vallagi vel ettersynsmann, jfr. § 11 sjuande lekken, og at styret fastset rekneskapen, jfr. § 10. Altso er ordningi i fyresegni motsett av logi. Styret ynskjer at det skal vera samsvar millom stiftingslogi og fyresegni åt fondet.

Ei umskiping vil få fåe praktiske fylgjor for fondet. Fondsstyret ser det som uheldig at fyresegni ikkje er i samsvar med stiftingslogi, og det som urett at styret skal nemna upp sin "eigen" ettersynsmann. Fondsstyret meiner difor at den noverande § 4 i fyresegni ikkje lenger let seg etterleva, jfr. § 35 fyrste lekken og fyresegni er "*uhensiktsmessige*", jfr. § 35 andre lekken i stiftingslogi.

Utan at det var eit tema under fyrehavingi av styret, er det naturleg ogso å fjerna tilvisingane til godkjenningsordningi som finst i § 5 andre, tridje og fjorde bolken.

Tidspunktet for utetlingane
Skrivaren synte til det utsende framlegget um brigde i § 5, og kravet um at styremøtet vert halde i mars månad vert stroke. Framlegget vart grunngjeve med fylgjande:

a) Rekneskapen treng ikkje etter gjeldande loger vera fastsett fyre 1. juli, og rekneskapane hev ikkje vore ferduge fyrr i april. Ein bør ikkje vera nøydd til å gjera løyvingar fyrr rekneskapen er ferdug.

b) Praksisen hev vore ymsande i fondet med umsyn til styremøtedatoar. I dei siste åri hev styremøte vorte halde seinare enn mars månad ved fleire høve. Fondsstyret hev ynske um å halda styringsutlogone låge, og sidan rekneskapane normalt ikkje er ferduge fyre april/mai, bør fondsstyret ikkje vera nøydt til å halda tvo ulike styremøte.

Det er ingi moment som, etter fondsstyret si meining, gjer at denna fyresegni vart lagd serleg vekt på av Halldor O. Opedal, då han sette upp gåvebrevet. Ogso detta framlegget kann difor etter styret si meining umskipast i medhald av §§ 32 og 35 andre lekken.

Instituttet *Halldorsbu*
Formannen synte til ordskifte på styremøtet den 4. august 2001 um umskiping av fyresegni. Han stilte òg spursmål ved kva "*instituttet **Halldorsbu** på Bibelhaug i Ullensvang*" var, jfr. § 6 i fyresegni. Ingen i fondsstyret hadde høyrt um detta instituttet, og um det ikkje finst, vil ikkje fyresegni lata seg etterleva, jfr. § 53 fyrste lekken 1). Formannen fekk i uppgåva å røkja etter kva meiningi med fyresegni kunde ha vore. Fondsstyret var samde um at ein skulde søkja um å få umskipa denna fyresegni saman med dei andre brigdi – um det synte seg at instituttet *Halldorsbu* ikkje eksistera. Styret meinte at den alternative løysingi ikkje var det mest turvande å arbeida vidare med, sidan alle vallag eksistera og ein ikkje såg nokor snarleg løysing på målstriden. Formannen og skrivaren fekk difor fullmakt til å greida ut saki og å koma med ei alternativ tekst i § 6, i samsvar med dryftingane på styremøtet. Ei niesa av H. O. Opedal som bur på Opedal, fortalde til formannen at Halldorsbu var ein framstøyt som Halldor O. Opedal hadde for å uppretta ein samlingsstad på heimgarden sin for diktarar og diktarspirar. Denna framstøyten mislukkast, og det vart ikkje noko av instituttet. Denna fyresegni lét seg soleides ikkje etterleva.

Det lyt difor vurderast å taka burt fyresegni:

> *Skulle alle lagi verta uppløyste, gjeng fondsmidlane inn i fondet til instituttet Halldorsbu på Bibelhaug i Ullensvang. Um dette skulle henda, fell fyresegnene for dette fondet burt.*

Styret hev som nemnt fyrr ikkje dryft alternativ fyresegn. Vallagi vert soleides uppmoda um å koma med framlegg til ny fyresegn.

Brigde av eg-formi i § 1
Etter nærare gjenomgang av fyresegni ynskjer formannen òg at styret skal sjå på eg-formi som finst i § 1. Fyresegni som H. O. Opedal sette upp, var i sjølve gåvebrevet. Ei ålmenn fyresegn bør, etter formannen si meining, ikkje nytta eg-formi. Det vil segja at ein i fyresegni ikkje nyttar ordi "*Eg viser til målsynet åt ...*" og at ein i staden nyttar "*Det vert synt til målsynet åt ...*".

Vallag
Det hev ved dei siste åri vore dryft um Vestlandske Mållag skulde vika plassen sin til fyremun for Høgnorskringen. Styret hev ikkje formelt dryft nye/gamle vallag. Leidulv Hundvin reiste temaet alt i 2000 um det var rett av Vestlandske Mållag å hava valrett, sidan laget hadde liten aktivitet og få lagsmenner. Andre hev reist spursmål um Høgnorskringen kann takast inn som vallag i staden for Vestlandske Mållag. Andre hev reist temaet utan umsyn til spursmålet um stoda til Vestlandske Mållag. Høgnorskringen hev dei siste åri vakse sterkt og målber målsynet åt Gjelsvik og Indrebø på ein framifrå måte. Styret hev ikkje formelt dryft temaet, men bed um synsmåtar på detta spursmålet.

Stoda i høve til § 6
Det finst fleire utgåvor av § 6. Sume tek med den originale teksti som vart sett upp i gåvebrevet. Nokre tek med tekst/fyresegner som Halldor O. Opedal sette upp i slutten av gåvebrevet. Styret hev lagt til grunn at heile teksti er uttrykk for viljen til Halldor O. Opedal, og at teksti soleides er relevante fyresegner. Spursmålet vert um heile etterteksti er tenkt eller høver som ein del av fyresegni (statuttane) åt fondet. Det er i gåvebrevet formulera sume fyresegner – tillegg – som truleg ikkje høyrer heima i § 6 – som lyder:

> Det bør vera ein regel for fondsstyret å halda styringsutlogone nede på eit rimelegt nivå. Av dette fylgjer m.a. at styremøti helst vert haldne i Bergen eller ein annan stad her på Vestlandet. Like eins at Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag møter ved fullmakter som bur i Bergen eller ikkje so langt burte frå byen. (Dette so lenge desse lagi har sine sæte i hovudstaden). (Sml. § 3.)
>
> Formannen i det eldsete av dei fem lagi som er nemnd lenger framme (form. i Vestmannalaget), kallar inn til skipingsmøte.
>
> Fire styrelemmer kan visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki.

Etter fyresegni som formannen og dei andre vallagi fekk frå forretningsføraren våren 2000, er § 6 soleides, som òg er i samsvar med det som er prenta i 110-årssoga til Vestmannalaget frå 1978:

> Um so er at eit lag ikkje ynskjer å ha målsmann i styret for fondet med dei fyresegner som her er sette upp, gjeng rettane åt dette laget over til dei andre lagi. Skulle fleire lag gå ut, vel dei lagi som er att, styret for fondet.
>
> Kjem det upp eit nytt lag som stettar kravi åt dette fondet, kan fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar. Det nye styret skal stjorna fondet med tanke på heile landet som før, etter dei fastsette fyresegner, berre med det skilet som praktiske grunnar gjer naudsynlege.
>
> Skulle alle lagi verta uppløyste gjeng fondsmidlane inn i fondet til instituttet Halldorsbu på Bibelhaug i Ullensvang. Um dette skulle henda, fell fyresegnene for dette fondet burt.
>
> Fire styrelemer kan visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki.

Denna òg hev vore lagt til grunn av i alle høve Noregs Mållag, Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-sambandet. Det skal òg nemnast at uppritet frå skipingsmøtet 22. oktober 1975 inneheld fylgjande formulering vedrørande fyresegni:

> *1) Vedtektene.*
>
> *Forretningsføraren gjorde greide for vedtektene og deira endelege innhald.*

Fondsstyret er noko uviss på formuleringi "... *og deira endelege innhald.*". Fondsstyret veit ikkje um fondsstyret/skiparen i tidi millom 1971 og 1975 hadde inkorporera tillegget frå gåvebrevet dagsett desember 1971 inn i fyresegni, eller um det vart gjort på skipingsmøtet. Etter gåvebrevet er § 6 som nemnd i 110-årssoga, med undantak av siste bolken.

Det var, so vidt fondsstyret veit, Halldor O. Opedal som sette upp denna teksten samstundes som resten av gåvebrevet, so det er ingen tvil um at "tillegget" er skiparen sine tankar. Det er reist framlegg um å fastslå (umskipa) § 6 til å lyda slik som han vart prenta i 110-årssoga til Vestmannalaget, og at ein ser på den fyrste bolken som tilvisingar til Norsk Måldyrkingslag og Noregs Mållag. (Bolk nr. 2 er utaldra sidan skipingsmøtet hev vore, og det ikkje er aktuelt med nytt skipingsmøte.) I den grad ein ynskjer å taka med fyrste bolken i tillegget inn i fyresegni – er det kann henda rettkome å nytta fylgjande tekst:

> Det bør vera ein regel for fondsstyret å halda styringsutlogone nede på eit rimelegt nivå. Av dette fylgjer m.a. at styremøti helst vert haldne i Bergen eller ein annan stad på Vestlandet. Like eins at vallagi møter med styresmenn og varamenn som bur i Bergen eller ikkje so langt burte frå byen.

Ein hev her teke burt umgrepet "her" i fyrste punktum, og "Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag" med vallagi. Detta av di ein like greidt kann gjera regelen ålmenn, og ikkje berre knytt til dei tvo lagi som i 1971 hadde sæte i Oslo. Umgrepet "fullmakter" bør òg bytast ut med "styresmenn" – med di det er menneskja som møter på styremøti og ikkje sjølve fullmaktene.

Burttakingi av fyresegni um Halldorsbu
Burttakingi av fyresegni um instituttet Halldorsbu er det alt gjort greid for framfyre.

Sæte
Etter den komande stiftingslogi lyt stiftingi ha eit formelt sæte. Det er soleides framlegg um å nytta Bergen som sæte.

Fyresegni um sæte kann takast inn i § 6, med fylgjande ordljod:

> *Fondet har sæte i Bergen. Styret kann, um umstendi gjer det turvande, velja ein annan stad på Vestlandet som sæte.*

Den siste setningi er for å sleppa å søkja um umskiping berre av di ein ynskjer ei onnor tilskrift.

Signatura/prokura
Det er i fyresegni ikkje gjeve nokor fyresegn um kven som teiknar for fondet, og kven som hev proklama. Det er ingen planar um å fastsetja nokor fyresegn um detta, men fondsstyret ynskjer innspel på detta temaet òg.

Det hev vore nemnt fylgjande formulering:

> *Styret har signatura i lag. Formannen og skrivaren har proklama. Styret kann fastsetja noko anna um signatura og proklama um det meiner det er rettast.*

Høyringsfrest

Fondsstyret ynskjer andre framlegg, merknader og innspel innan 12. desember 2002.

Med mindre fondsstyret i desember gjer vedtak som vil reisa nye tema, vil ikkje det endelege vedtaket verta sendt ut på ny høyring, fyrr saki vert send til Fylkesmannen i Hordaland.

Vensam helsing

Vedlegg: Avskrift av gåvebrev, gjeldande fyresegn og utkast til ny fyresegn.

Gåvebrev Underskrivne Halldor O. Opedal, Lofthus, fødd den 26-5-1895 gjev med dette til eit fond ein sum på kr. 600 000,- seks hundre tusen kronor. Fondet skal vera ein sjølvstendig juridisk person og skal bera namnet Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking. Fyremålet åt fondet er å reisa og odla norsk mål. For fondet skal gjelda desse fyresegnene:	**Fyresegni, etter umskipingi i 1992:**	**Framlegg til ny fyresegn:**
§1 Fondet skal ha namnet Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking. Fyremålet med fondet er å reisa og odla norsk mål. Fondet skal gjera sitt til å halda uppe måltradisjonen frå Ivar Aasen i stil og skrivemåte og ordval, so langt som det til kvar tid let seg gjera. Eg viser til målsynet åt professorane Nikolaus Gjelsvik og Gustav Indrebø, soleis som dette synet kjem fram i arbeidi deira um norsk målreising og måldyrking. Skulde det verta tvilsmål um tolking av dette, syner eg til mitt brev: "Mitt syn på norsk målreising, nokre tankar".	§1 Fondet skal ha namnet Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking. Fyremålet med fondet er å reisa og odla norsk mål. Fondet skal gjera sitt til å halda uppe måltradisjonen frå Ivar Aasen i stil og skrivemåte og ordval, so langt som det til kvar tid let seg gjera. Eg viser til målsynet åt professorane Nikolaus Gjelsvik og Gustav Indrebø, soleis som dette synet kjem fram i arbeidi deira um norsk målreising og måldyrking. Skulde det verta tvilsmål um tolking av dette, syner eg til mitt brev: "Mitt syn på norsk målreising, nokre tankar".	§1 Fondet skal ha namnet Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking. Fyremålet med fondet er å reisa og odla norsk mål. Fondet skal gjera sitt til å halda uppe måltradisjonen frå Ivar Aasen i stil og skrivemåte og ordval, so langt som det til kvar tid let seg gjera. Det vert synt til målsynet åt professorane Nikolaus Gjelsvik og Gustav Indrebø, soleis som dette synet kjem fram i arbeidi deira um norsk målreising og måldyrking. Skulde det verta tvilsmål um tolking av dette, vert det synt til Halldor O. Opedal sitt brev: "Mitt syn på norsk målreising, nokre tankar". **Eg-formi er brigda.**

§2 Grunnstolen for fondet skal vera på kr. 600 000,-, seks hundre tusen kronor, og denne hovudstolen skal ikkje minkast. Eiga skal til kvar tid verta varveitsla i samsvar med fyresegner um midlar for umyndige. Avkastningi skal ein leggja til grunnstolen kvart fjerde år.	§2 Grunnstolen for fondet skal vera på kr. 600 000,-, seks hundre tusen kronor, og denne hovudstolen skal ikkje minkast. Eiga skal til kvar tid verta varveitsla i samsvar med fyresegner um midlar for umyndige. Kvart år skal 10 % av avkastingi leggjast til grunnstolen. Denne luten av avkastningi skal fastsetjast slik at det røynlege verdet av grunnstolen aukar.	§2 Grunnstolen for fondet skal vera på kr. 600 000,-, seks hundre tusen kronor, og denne hovudstolen skal ikkje minkast. Eiga skal til kvar tid verta varveitsla i samsvar med fyresegner um midlar for umyndige. Kvart år skal 10 % av avkastingi leggjast til grunnstolen. **Siste setningi er fjerna.**
§3 Fondet skal ha eit styre på fem mann. Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Ivar Aasen Sambandet, Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag vel kvar sin mann med varamann. Styret i eit lag kann gje fullmakt åt ein mann til å møta i fondsstyret, um det ikkje høver for den valde styresmannen å vera til stades. Eit møte med tri mann er vedtaksført. Fondsstyret vel sin formann med varamann. Formannen skal ha avgjerdsmakti um røystetalet veg jamt. Styremenn med varamenn vert valde for fire år. Ein styremann eller ein varamann bør ikkje stå lenger enn tolv år. Aldersgrensa uppover er 75 år.	§3 Fondet skal ha eit styre på fem mann. Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Ivar Aasen Sambandet, Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag vel kvar sin mann med varamann. Styret i eit lag kann gje fullmakt åt ein mann til å møta i fondsstyret, um det ikkje høver for den valde styresmannen å vera til stades. Eit møte med tri mann er vedtaksført. Fondsstyret vel sin formann med varamann. Formannen skal ha avgjerdsmakti um røystetalet veg jamt. Styremenn med varamenn vert valde for fire år. Ein styremann eller ein varamann bør ikkje stå lenger enn tolv år. Aldersgrensa uppover er 75 år.	§ 3 Fondet skal ha eit styre på fem mann. Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Ivar Aasen Sambandet, Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag vel kvar sin mann med varamann. Styret i eit lag kann gje fullmakt åt ein mann til å møta i fondsstyret, um det ikkje høver for den valde styresmannen å vera til stades. Eit møte med tri mann er vedtaksført. Fondsstyret vel sin formann med varamann. Formannen skal ha avgjerdsmakti um røystetalet veg jamt. Styremenn med varamenn vert valde for fire år. Ein styremann eller ein varamann bør ikkje stå lenger enn tolv år. Aldersgrensa uppover er 75 år. Styresmenn og varamenn som gjeng yver aldersgrensa, gjeng ut or fondsstyret. **Siste setning kjem i tillegg.**

§ 4 Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar og peika ut ettersynsmenn. Rekneskapen skal godkjennast av styri i dei lagi som har valrett til fondet.	§ 4 Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar og peika ut ettersynsmenn. Rekneskapen skal godkjennast av styri i dei lagi som har valrett til fondet.	§4 Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar og fastsetja rekneskapen. Rekneskapen skal sendast til styri i dei lagi som har valrett til fondet. Styri i desse lagi har høve til å koma med merknader til rekneskapen innan ein månad etter dei fær han tilsendt. Ynskjer eit fleirtal av vallagi at rekneskapen skal brigdast, skal styret ha rekneskapen fyre på nytt. Ettersynsmannen skal peikast ut av styri i dei lagi som har valrett til fondet. Den ettersynsmannen som eit fleirtal av lagi vil ha, er vald. **Mest heile paragrafen er ny.**
§5 Avkastingi av fondet skal kvart år i mars månad etlast ut åt folk som skriv rein og velflidd nynorsk. Dei bør òg kunna tala dette målet - eller eit bygdemål. Utetlingane gjeng fyre seg i seriar på tri år. Det fjerde året vert rentesummen lagt til hovudstolen, sml. § 2. Etter fire år tek serien til på nytt. <u>Fyrste året</u> etlar fondsstyret ut kr.1000,- til kvart lag til fritt bruk for norsk målarbeid.Det som då er att, byter styret på studiekurs, måldyrking, foredrag, artiklar, prenting av skrifter eller bøker eller onnor form for norskdomsarbeid. Det bør verta nemnt i prenti um dei kjem ut med tilskot frå fondet.	§5 Avkastingi av fondet skal kvart år i mars månad etlast ut åt folk som skriv rein og velflidd nynorsk. Dei bør òg kunna tala dette målet - eller eit bygdemål. Utetlingane gjeng fyre seg i seriar på tri år. Etter tri år tek serien til på nytt. <u>Fyrste året</u> etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag til fritt bruk for norsk målreising ein sum som i verde svarar til eitt tusund 1971-kronor. Umrekningi vert gjort slik styret meiner er rettast, og avgjerdi kann ikkje umgjerast i samband med godkjenningi av rekneskapen. Det som då er att, byter styret på studiekurs, måldyrking, foredrag, artiklar, prenting av	§5 Avkastingi av fondet skal kvart år etlast ut åt folk som skriv rein og velflidd nynorsk. Dei bør òg kunna tala dette målet - eller eit bygdemål. Utetlingane gjeng fyre seg i seriar på tri år. Etter tri år tek serien til på nytt. <u>Fyrste året</u> etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag til fritt bruk for norsk målreising ein sum som i verde svarar til eitt tusund 1971-kronor. Umrekningi vert gjord slik styret meiner er rettast. Det som då er att, byter styret på studiekurs, måldyrking, foredrag, artiklar, prenting av skrifter eller bøker eller onnor form for norskdomsarbeid. Det bør verta

	skrifter eller bøker eller onnor form for norskdomsarbeid. Det bør verta nemnt i prenti um dei kjem ut med tilskot frå fondet.	nemnt i prenti um dei kjem ut med tilskot frå fondet.
Andre året etlar fondsstyret ut kr.1000,- til kvart lag til fritt bruk for norsk målarbeid. Det som då er att, byter styret på ei rekkje studentar (5-10) ved universitet eller høgskular til kveik (premiar) for idugt arbeid for nynorsk mål. Er vilkåri like mellom to eller fleire kandidatar, gjeng dei fyre som har gjort største innkastet. Styret kann òg ta påskjøningar til lag i bygd eller by som gjer framifrå målarbeid.	Andre året etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag slik det er fastsett for fyrste året. Det som då er att, byter styret på ei rekkje studentar (5-10) ved universitet eller høgskular til kveik (premiar) for idugt arbeid for nynorsk mål. Er vilkåri like mellom to eller fleire kandidatar, gjeng dei fyre som har gjort største innkastet. Styret kann òg ta påskjøningar til lag i bygd eller by som gjer framifrå målarbeid.	Andre året etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag slik det er fastsett for fyrste året. Det som då er att, byter styret på ei rekkje studentar (5-10) ved universitet eller høgskular til kveik (premiar) for idugt arbeid for nynorsk mål. Er vilkåri like mellom to eller fleire kandidatar, gjeng dei fyre som har gjort største innkastet. Styret kann òg ta påskjøningar til lag i bygd eller by som gjer framifrå målarbeid.
Tridje året etlar fondsstyret ut kr.1000,- til kvart lag til fritt bruk for norsk målarbeid. Av det som då er att, yter styret ein fjerdepart til ein kringkastingsmann, ein fjerdepart til ein bokmann (forfattar, diktar, vitskapsmann), ein fjerdepart til ein bladmann eller eit blad og den siste fjerdparten til stortingsmenn, skulemenn, kyrkjemenn eller yrkjesmenn or næringslivet. Det kann òg verta tale um andre personar.	Tridje året etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag slik det er fastsett for fyrste året. Av det som då er att, yter styret ein fjerdepart til ein kringkastingsmann, ein fjerdepart til ein bokmann (forfattar, diktar, vitskapsmann), ein fjerdepart til ein bladmann eller eit blad og den siste fjerdparten til stortingsmenn, skulemenn, kyrkjemenn eller yrkjesmenn or næringslivet. Det kann òg verta tale um andre personar.	Tridje året etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag slik det er fastsett for fyrste året. Av det som då er att, yter styret ein fjerdepart til ein kringkastingsmann, ein fjerdepart til ein bokmann (forfattar, diktar, vitskapsmann), ein fjerdepart til ein bladmann eller eit blad og den siste fjerdparten til stortingsmenn, skulemenn, kyrkjemenn eller yrkjesmenn or næringslivet. Det kann òg verta tale um andre personar.
Alle må ha synt evne og vilje til å bruka nynorsk mål i si beste form.	Alle må ha synt evne og vilje til å bruka nynorsk mål i si beste form.	Alle må ha synt evne og vilje til å bruka nynorsk mål i si beste form.
Fjerde året skal renta leggjast attåt hovudstolen i samsvar med § 2. Brot på denne regelen har ettersynsmennene skyldnad til å klandra.		

Ovannemnde fyresegner er ikkje påbod ("direktiv"), og styret stend i serhøve fritt til å yta år andre fyremål. Fyresetnaden er at ytingane ikkje vik av frå grunntanken åt fondet. Utetlingane bør ein gjera kjende i bladi og kringkastingi, um det er råd, til kveik for folk i arbeid for norsk målreising og måldyrking.	Ovannemnde fyresegner er ikkje påbod ("direktiv"), og styret stend i serhøve fritt til å yta år andre fyremål. Fyresetnaden er at ytingane ikkje vik av frå grunntanken åt fondet. Utetlingane bør ein gjera kjende i bladi og kringkastingi, um det er råd, til kveik for folk i arbeid for norsk målreising og måldyrking.	Ovannemnde fyresegner er ikkje påbod ("direktiv"), og styret stend i serhøve fritt til å yta år andre fyremål. Fyresetnaden er at ytingane ikkje vik av frå grunntanken åt fondet. Utetlingane bør ein gjera kjende i bladi og kringkastingi, um det er råd, til kveik for folk i arbeid for norsk målreising og måldyrking. **Fyresegnene um at årsmøtet skal haldast i mars månad, godkjenningsordningi umrekningi ikkje kunde brigdast av vallagi i samband med godkjenning vert avskipa.**
§6 Um so er at eit lag ikkje ynskjer å ha målsmenn i styret for fondet med dei fyresegner som her er sett upp, gjeng rettane år dette laget over til dei andre lagi. Skulle fleire lag gå ut, vel dei lagi som er att, styret for fondet. Kjem det upp eit nytt lag som stettar kravi åt dette fondet, kann fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar. Det nye styret skal stjorna fondet med tanke på heile landet som før, etter dei fastsette fyresegner, berre med det skilet som praktiske grunnar gjer naudsynlege.	§6 Um so er at eit lag ikkje ynskjer å ha målsmenn i styret for fondet med dei fyresegner som her er sett upp, gjeng rettane år dette laget over til dei andre lagi. Skulle fleire lag gå ut, vel dei lagi som er att, styret for fondet. Kjem det upp eit nytt lag som stettar kravi åt dette fondet, kann fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar. Det nye styret skal stjorna fondet med tanke på heile landet som før, etter dei fastsette fyresegner, berre med det skilet som praktiske grunnar gjer naudsynlege.	§6 Um so er at eit lag ikkje ynskjer å ha målsmenn i styret for fondet med dei fyresegner som her er sett upp, gjeng rettane år dette laget over til dei andre lagi. Skulle fleire lag gå ut, vel dei lagi som er att, styret for fondet. Kjem det upp eit nytt lag som stettar kravi åt dette fondet, kann fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar. Det nye styret skal stjorna fondet med tanke på heile landet som før, etter dei fastsette fyresegner, berre med det skilet som praktiske grunnar gjer naudsynlege.

Skulle alle lagi verta uppløyste gjeng fondsmidlane inn i fondet til instituttet Halldorsbu på Bibelhaug i Ullensvang. Um dette skulle henda, fell fyresegnene for dette fondet burt. * Det bør vera ein regel for fondsstyret å halda styringsutlogone nede på eit rimelegt nivå. Av dette fylgjer m.a. at styremøti helst vert haldne i Bergen eller ein annan stad her på Vestlandet. Like eins at Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag møter ved fullmakter som bur i Bergen eller ikkje so langt burte frå byen. (Dette so lenge desse lagi har sine sæte i hovudstaden). (Sml. § 3.) Formannen i det eldste av dei fem lagi som er nemnd lenger framme (form. i Vestmannalaget), kallar inn til skipingsmøte. Fire styrelemmer kann visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki. **Upphaveleg tekst i gåvebrevet.**	Skulle alle lagi verta uppløyste gjeng fondsmidlane inn i fondet til instituttet Halldorsbu på Bibelhaug i Ullensvang. Um dette skulle henda, fell fyresegnene for dette fondet burt. Fire styrelemer kann visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki. **Etter brigde av Fylkesmannen i 1992.** **Det er noko uvisst um fyresegnene som er henta frå tillegget som Halldor O. Opedal sette upp i gåvebrevet. Her er den mest vanlege teksten til § 6 lagt til grunn.**	Fire styrelemer kann visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki. Fondet har sæte i Bergen. Det bør vera ein regel for fondsstyret å halda styringsutlogone nede på eit rimelegt nivå. Av dette fylgjer m.a. at styremøti helst vert haldne i Bergen eller ein annan stad på Vestlandet. Like eins at vallagi møter med styresmenn og varamenn som bur i Bergen eller ikkje so langt burte frå byen. **Bolken um instituttet Halldorsbu er teken burt, ny fyresegn hev ikkje styret framlegg til. Fyresegni um styringsutlogone og burtvising er henta frå tillegget til Halldor O. Opedal.**

Vestlandske Mållag
Olav Torheim

Oslo, 21. oktober 2003.

Til:
Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking

Høyringsvar

Vestlands Mållag vil med dette koma med sine synsmåtar på dei framleggi til brigde i fondsfyresegni som styret i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking hev bede oss om merknader til, jfr, brev dagsett 14. november 2002, 26. juli 2003 9. september 2003 og 12. september 2003.

Vestlandske Mållag syner til at me fremja fyrebilse merknader munnleg andsynes fondsformannen og fekk då munnleg vitring um svari frå Vestmannalaget og Noregs Mållag.

Ålmene synsmåtar på framleggi til brigde:

Vestlandske Mållag er positive til at fondsstyret hev gjort framstøyt for å få fondsfyresegni i samsvar med lovverket og å få ho eintydig og uppdatera. Vestlandske Mållag ser at mange av dei framleggi som no er fremde skulde hava vore utarbeidd og fremd tidlegare. Det noverande fondsstyret skal hava stor æra for å hava gjort eit framifrå arbeidd med å utforma ein klår ordlyd og ikkje minst ei presis og grundig grundgjeving for kvart einskild framlegg til brigde.

Vestlandske Mållag delar ikkje på nokon måte synsmåtane som er fremd av den noverande leidingi i Vestmannalaget i høve til legitimiteten til fondsstyret og framleggi frå fondsstyret. Dei grunngjevingane som i so måte er kome for den vantande legitimiteten er i liten munn dekkjande for dei faktiske umstendi. Der er òg forvitneleg å sjå at mange av dei framleggi som no er fremde skulde hava vore fremde alt medan mange av dei leidande personane i den noverande leidingi i Vestmannalaget sjølve sat i fondsstyret.

Vestlandske Mållag er samde med fondsstyret i at ingen av dei framleggi til brigde som er fremde vedkjem fyremålet til fondet eller på nokon måte kann segjast å hava vore lagd serlegt vekt på av skiparen. Vestlandske Mållag er soleides samde med fondsstyret i at alle framleggi til brigde kann gjerast med heimel i stiftingslogi § 35 andre lekken. Vestlandske Mållag (VM) meiner òg at alle framleggi til brigde, med undantak av framleggi um sæte og spursmålet um skriftfesting av fyresegni um styringsutlogone, er tufta på endra tilhøve, jfr. § 35 fyrste lekken. VM er òg av den meiningi at alle framleggi er tilmåte so langt som råd er tankegangen til skiparen og skipingsgrunnlaget.

Vestlandske Mållag vil segja seg sers nøgde med at fondsstyret hev gjeve vallagi lange frestar på å svara, og segjer seg leide for at dei tidlegare brevi ikkje vart fylgde upp godt nok.

VM er heilt samde i at ein ikkje kann ha uløyste tvistar i lengre tid, utan at ein fær ei eller onnor avgjerd i tvistane innan rimeleg tid. Det hev vore ei ulukka at sume vallag ikkje maktar å leggja hendingar bak seg, og um dei ikkje gjer det lyt dei i alle fall reisa sak med påstand um at sine synsmåtar er gjeldande rett innan ei rimeleg tid.

VM styd heilt klårt både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

Merknader til § 4:

Godkjenning av rekneskapane:

VM ser ingen grunn til å kommentera framleggi på dette punktet, då det berre er eit brigde for å få fondsfyresegni i samsvar med lovi.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

Val av ettersynmann:

VM ser ingen grunn til å kommentera framleggi på dette punktet, då det berre er eit brigde for å få fondsfyresegni i samsvar med lovi. VM er heilt usamd med Noregs Mållag sitt framlegg til formulering av denne fyresegni, og meiner at den formuleringi som Noregs Mållag hev vald er i strid med fyresegnene i § 11 i stiftingslovi.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

Fastsetjing av signaturfyresegn:

VM er samde i at ein bør ha ei eigi fyresegn um signatura og prokura. VM er vidare samde i at styret lyt hava rett til å gjera endringar i signaturfyresegnene utan ny umskiping, og er difor samd i setningi um at styret um stoda gjer det turvande kann fråvika huvudregelen.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

Merknader til § 5:

Tidspunkt for utetlingane:

VM er samde i at ein lyt hava hatt tid til å fastsetja rekneskapen for året fyre, fyrr ein gjer vedtak um utetlingar. Det er som påpeika no fastsett i stiftingslovi og rekneskapslovi at fresten for å fastsetja rekneskapen er 30. juni. VM er samde i at det ikkje er heldig at ein hev ein konkret frest for utetlingar.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 9. september 2003.

Merknader til § 6:

Klargjering av tilleggi frå Opedal, jfr. § 6:

VM er samde i dei synsmåtane som fondsstyret fremjer i brevet dagsett 14. november 2002. VM er glade for at fondsstyret hev teke initiativ til å klårgjera dei ymse tilleggi som det er operera med i § 6. VM styd dei brigdi som er gjorde, sjå likevel punktet um styringsutlogone og buplikti for styresmennene.

VM styd både intensjon og ordlyd som er vald av fondsstyret, jfr. høyringsbrevi frå 14. november 2002 og 9. september 2003.

Fastsetjing av stad for sætet:
VM ser at fondsstyret gjer framlegg um å fastsetja sætet i fondsfyresegni. VM ser ikkje heilt at det er so turvande som dei andre brigdi som det er gjrot framlegg um. VM er òg uroa yver den innsnevringi som diverre hev kome dei siste åri, med umsyn til fondet berre er eit Bergensfond. Halldor O. Opedal skipa eit landsfemnande fond, ikkje eit fond for Bergen med umland. Når ein ser den bolken som nemner byen Bergen i den upphavelege fondsfyresegni frå skiparen, ser ein at hovudregelen er at styringsutlogone skulde vera låge. Hovudtanken var ikkje å fastslå at Bergen var hovudsætet for fondet. Ein lyt òg vera merksam på at deå fondsfyrsegni vart fastsett 29. desember 1971 var hadde fleirtalet av vallagi sæte i Bergen, og at det ut frå samtidi då var rimelegast å møtat i Bergen. At miljøet som målbar det tradisjonelle målsynet, jfr. fyremålet til fondet, i 1971 var kring Bergen er det ikkje tvil um. Det kann heldigvis i dag syna seg at dei fremste berarane av målsynet åt Ivar Aasen, Indrebø og Gjelsvik no finst yver heile landet, og Bergen er ikkje lengre eit so klårt tyngdepunkt.

VM meiner òg at ein under alle umstende ikkje bør fastsetja sætet i fondsfyresegni, utan at styret slepp ganga vegen um umskiping um det vert turvande å flytja sætet til ein annan stad enn Bergen.

Fastsetjing av ein regel um styringsutlogone:
VM meiner at det ikkje er turvande å fastsetja ein regel um at styringsutlogone skal vera på eit rimelegt nivå. Det er ingen som er usamde i at fondet held låge styreingsutlogor.
Det er ingen ting i utviklingi som i dag krev at ein fastset ein slik regel i fondsfyresegni.

Buregel for styresmennene:
Halldor O. Opedal ynskte at "målfondet" hans skulde vera eit landsfemnande fond i motsetnad til det ålmenne fondet han skipa lokalt. Det vil difor kokje vera i hans meining eller turvande å vedtektsfesta ei slik plikt som fondsstyret gjer framlegg um, når det kjem med framlegg um at styresmennene lyt bu i Bergen eller ein annan stad på Vestlandet. Hovudintensjonen frå Halldor O. Opedal med tillegget var, etter VM si meining, ikkje å fastsetja Bergen som møtestad med å gjera ferdakostnadene låge – ut frå stoda slik ho var på det tidspunktet fondsfyresegni vart sett upp i 1971. Regelen er difor taktisk, ikkje prinsipiell.

Ein slik regel kann etter umstendi – i dag – misbrukast til å gjera fondet til eit "Bergensfond" – noko som det ikkje finst grunnlag for hjå Halldor O. Opedal.

VM styd difor ikkje ei vedtektsfesting av slik buplikt.

Instituttet Halldorsbu:
VM registrerar med undring påstandane frå Vestmannalaget at fondsstyret krenkjer vilja til Halldro O. Opedal når det gjeld framlegget um at ein tek burt fyresegni um Halldorsbu. VM syner til at Halldor O. Opedal i testamentet sitt alt hadde lagt burt tanken um eit institutt for diktarar og filologar på Halldorsbu. Eigedomen vart i testamentet hans, som er dagsett etter 29. desember 1971, gjevi til eit anna fond som han ynskte å skipa. Han sette upp reglar um at sleki hans skulde kunna forkjøpsrett til eigedomen, på dei vilkåri som det beste bodet var på. Det er difor forvitneleg å sjå at Vestmannalaget kjem med sterke utfall mot fondsstyret, som på si sida ynskjer innspell frå vallagi på ein eventuell bruk av fondsmidelen ved uppløysing av alle vallagi.

VM er samde med framlegget frå Noregs Mållag um at fondsmidelen ved uppløysing av alle vallagi bør gjevast til det andre fondet som Opedal skipa.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Org.nr.: 977 152 836

Postboks 919 Sentrum

5808 BERGEN

Oslo, 11. februar 2003

Til:
Fylkesmann Svein Alsaker
Postboks 7310
5020 BERGEN

SVAR PÅ KLAGA TIL FYLKESMANNEN PÅ HALLDOR O. OPEDALS FOND FOR NORSK MÅLREISING OG MÅLDYRKING FRÅ NORSK BOKREIDINGSLAG L/L, JF. BREV DAGSETT 12. DESEMBER 2002.

Skrivaren viser til avprent av ei klaga som Norsk Bokreidingslag L/L sende til Fylkesmannen på oss, dagsett 12. desember 2002. Klaga galdt i hovudsak løyvingar frå Halldor O. Opedals fond til Norsk Bokredingslag L/L og Alv Askeland og på namngjevne umbodsmenner i fondsstyret.

Norsk Bokreidingslag fyrr og no

Norsk Bokreidingslag

Norsk Bokreidingslag vart skipa i 1938. Laget skulde gjeva ut bøker på Aasen-mål. Bakgrunnen for skipingi var ei landsinnsamling. Der Aasen-folk frå heile landet stod attum. I denne tidi hadde Aasen-tilhengjarane stor uppslutnad. Heilt fram til 1950-talet spela Aasen-tilhengjarane ei sentral rolla i målarbeidet. Men bokutgjevingi slo ikkje til. Det vart gjeve ut fåe bøker og forlagsverksemdi låg i praksis nede. Det er karakteristisk at Tjodvald Gjelsvik let sonen nn Gjelsvik yvertaka verksemdi då han døydde. Fram til 1972 låg forlaget i praksis nede. I 1972 kom forlaget på føtene att med Alv Askeland som formann.Askeland var formann fram til 1982. I 1984 vart Jon Askeland formann og han sat som formann fram til han på styremøte i 2002 trekte seg etter han hadde vorte attvald på årsmøtet i laget same år.

Utgjevingane på forlaget er knytt til 5 namn som gjeng att. Det er Eigil Lehmann med 8 bøker, Sigurd Sandvik med 8, Jostein Krokvik med 11, Alv Askeland med 2 og Ludvig Jerdal med 3. Den einaste forfattaren som kann hevda seg mot desse er Ivar Aasen. Dei tri som stend attum utgjevingane av Aasen er Jarle Bondevik, Oddvar Nes og Terje Aarset. Dei hev sett seg fyre å gjeva ut alle dei handskrivne notati til Aasen.

Heiderslagsmenn:

Ludvig Jerdal, Vestmannalaget, Vestlandske Mållag

Alv Askeland, Vestmannalaget, Vestlandske Mållag og Norsk Måldyrkingslag

Eigil Lehmann, Vestmannalaget , Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-sambandet

Jostein Krokvik, Vestmannalaget , Vestlandske Mållag

Sigurd Sandvik, Vestlandske Mållag

Honnørpris frå Opedalsfondet:

Ludvig Jerdal, 1990

Eigil Lehmann, 1982

Jostein Krokvik, 1990

Sigurd Sandvik,

Alv Askeland, 1997

Alder:

Ludvig Jerdal, 95 år

Eigil Lehmann, 96 år

Jostein Krokvik, 76 år

Sigurd Sandvik, 91 år

Alv Askeland, 91 år

Kjepphestar:

Ludvig Jerdal, 40 bilete av seg sjølv i Vestmannalaget i 110 år. Uppbyggjing av heltestatus kring seg sjølv.

Eigil Lehmann dikt på sitt eige mål, norrøna.

Alv Askeland, umsetjing av kristelege songar

Sigurd Sandvik, forteljingar frå heimbygdi, innsamling av ord frå heimbygdi.

Jostein Krokvik, diverse utleggjingar um den elege målstoda.

Bok-kritikkar ofte skrivne av Ludvig Jerdal eller Jostein Krokvik um dei andre. Jerdal med kritikkar av Krokviks bøker i det bladet Krokvik sjølv styrde. Sers sjeldan eksterne meldarar i Vestmannen eller andre stader. Blanding av redaksjonelt stoff og reklame.

Historikk:
Dei umtala løyvingane gjeld tilskot til bøkene: *Norsk Målsoga* av Gustav Indrebø med kr 115. 000 og til *Folkesuvereniteten, Stortinget og Grunnlovi* av Alv Askeland med kr 20.000.

- Fondsstyret løyvde i 1996 kr 20.000 til boki *Folkesuvereniteten, Stortinget og Grunnlovi* av Alv Askeland.

- *Folkesuvereniteten, Stortinget og Grunnlovi* av Alv Askeland kom ut på Norsk Bokreidingslag L/L i 1997.

- Fondsstyret løyvde i 1997 kr 20.000 i heiderspris til Alv Askeland.

- Alv Askeland fekk i 1997 utetla heidersprisen på kr 20.000 på ei høgtidleg tilstelling i Bergen.

- Fondsstyret løyvde i 1998 kr 65.000 til ein umvølt og utvida versjon av boki *Norsk Målsoga* av Gustav Indrebø. Det vart fyresett at boki kom ut innan utgangen av 2000.

- Fondsstyret vedtok i 2001 at løyvingane frå 1996 og 1998 var utaldra/og eller at fyresetnadene ikkje vart haldne. Fondsstyret vedtok at løyvingi på kr 65.000 til *Norsk Målsoga* frå 1998 skulde haldast uppe og vedtok samstundes å gjeva eit lån til same boki på kr 50.000. Vilkåret var m.a. at kravet på utbetaling av løyvingi frå 1996 skulde falla burt.

- *Norsk Målsoga* kom ut i 2001. Boki vart gjevi ut på Norsk Bokreidingslag L/L.

Kritikkverdige tilhøve?
Fondsstyret vil visa til at Frøydis Lehmann hev vore medlem i styret i Norsk Bokreidingslag L/L i mange år. Frøydis Lehmann var òg styresmann i Opedalsfondet frå 1988 fram til våren 2000. I desse åri ho var medlem i båe styri, var ho med på å løyva store summar frå Opedalsfondet til Bokreidingslaget, i strid med stiftingslovi. Det same var tilfelle for den tidlegare forretningsføraren vår, som fram til 2000 var forretningsførar i Bokreidingslaget. Skrivaren kann ikkje sjå at Frøydis Lehmann på nokor vis kjem inn på dette umstendet. Skrivaren vil koma nærare inn på dette seinare.

I dag er Frøydis Lehmann styreformann i Norsk Bokreidingslag og styremedlem i Vestmannalaget som styrer Fritz Monrad Walles fond, fondet skal no vera registrert hjå Fylkesmannen. I styret i Vestmannalaget sit tvo andre som òg er styremedlemer i Norsk Bokreidingslag. Det er Trygve Lande og Jon Askeland. Dessutan er fyrstevaramannen i Vestmannalaget,Jo Gjerstad som er ein sentral person i prenteverket Bodoni Hus, den viktigaste kreditoren til Norsk Bokreidingslag,. At det då kann vera vanskeleg å skilja millom dei tvo samskipnadene skulde segja seg sjølv og mistanken vert ikkje akkurat veikt av at Lehmann tydelegvis ikkje hev tankar for at det kann liggja fyre habilitetsvanskar ved at folk som både er avsendarar og mottakarar av pengar i praksis er i stort fleirtal i dei tvo styri.

Norsk Bokreidingslag L/L
Vestlandske Mållag er hovudaksjonær i Norsk Bokreidingslag. Hovudaksjonæren hadde ikkje frå 1994 til 2001 nokor år motteke formell innkalling og berre undantaksvis og tilfelleleg hadde formannen og styret vorte klår yver at det skulde vera årsmøte. På bakgrunn av dette reagerte formannen i Vestlandske Mållag på at det heller ikkje i år 2000 vart kalla inn til årsmøte. Han sende brev til formannen i Norsk Bokreidingslag, Jon Askeland, og kravde å få tilsendt årsuppgjerd og luteigarbok. I 2001 fekk formannen i Vestlandske Mållag ei telefon-uppringjing frå formannen i Norsk Bokreidingslag med munnleg informasjon um årsmøte i Bokreidingslaget.

Formannen i Vestlandske Mållag kalla på stutt varsel inn til styremøte. Styret i Vestlandske Mållag vedtok at formannen skulde ha fullmakt til å møta på årsmøtet. Formannen og styremedlem i Vestlandske Mållag, Helge Liland, møtte. Til dette årsmøtet var det berre styresmennene som var kalla inn i samsvar med fyresegnene i aksjelovi. Liland, som òg er aksjonær i Norsk Bokreidningslag, vart vald til møteskrivar på årsmøtet.

Etter at formannen og aksjonær Liland la fram ei lista yver dei broti på aksjelovi som låg fyre med den vantande innkallingi, vart møtet avslutta etter eit ordskifte. Det skal òg leggjast til at det berre var styremedlemene utanum formannen i Vestlandske Mållag og aksjonær Liland som møtte på dette årsmøtet. Det vart kravt at Norsk Bokreidingslag skulde kalla inn til nytt årsmøte der aksjonærane med kjend adressa vart tilskrivne.

Me kann ikkje sjå noko urimelegt i at ein hovudaksjonær i eit forlag krev at aksjonærane i laget skal kallast inn. Det segjer vel heller meir um styret enn det segjer um aksjonæren at det vert halde fram som eit klagemål mot aksjonæren.

Formannen i Opedalsfondet og årsmøti i Norsk Bokreidingslag
Frøydis Lehmann skriv i klaga si:

> *"... og på årsmøti 2001 møtte Hagen Berg og Marøy med fullmakter frå dei store luteigarane, fullmakter som dei nytta til å setja seg upp mot styret i forlaget og ynskjet til fleirtalet på det umframe årsmøtet (dei små luteigarane i laget)."*

Skrivaren møtte berre på årsmøtet på sumaren. Formannen møtte berre på det møtet som vart halde den 13. september 2000. Sistnemnde med fullmakt frå Ivar Aasen-sambandet. Formannen fremja, etter uppmoding frå Ivar Aasen-sambandet, ein serskild merknad til årsmeldingi frå styret um at årsmøti dei siste åri ikkje var haldne i samsvar med lovverket, jf. aksjelovi og at styrevali på desse årsmøti difor ikkje var lovlege. Merknaden vart samrøystes

lagd ved møteboki. Formannen hadde ikkje andre "mistillitsframlegg" av noko slag. Formannen hadde på uppdrag frå Ivar Aasen-sambandet gjenge gjenom rekneskapen som styret hadde lagt fram. Formannen hadde i det høvet og rett fyre årsmøtet sendt styret sume spursmål um rekneskapen. Ein kann ikkje sjå at dette i form og innhald var eit mistillitsframlegg. Det skal òg nemnast at alle vali på årsmøtet var samrøystes, utanom valet av Frøydis Lehmann som siste styresmann. Det kom motframlegg mot valet hennar frå målsmannen Ludvig Jerdal, som Vestmannalaget v/Jon Askeland hadde nemnt upp. Framlegget lydde på ein annan medlem i styret i Vestmannalaget. Skrivaren vil her nemna at styreformann Jon Askeland og dei andre styresmennene som alt var valde synte so stor samarbeidsvilje at dei sette fram kabinettspursmål og sagde at um ikkje Frøydis Lehmann vart vald, vilde dei trekkja seg, alle saman. Motframlegget frå Ludvig Jerdal fall med knapt fleirtal.

Frøydis Lehmann hevdar at formannen i Opedalsfondet kom med lovnad um pengar på årsmøtet:

> *"På same møte* (årsmøtet, min merknad) *kunde han upplysa at Halldor O. Opedals fond i august hadde løyvd kr. 50.000,- til Norsk Målsoga i tillegg til summen på kr. 65.000,- som det førre styret i Opedalsfondet hadde løyvd til det same boktiltaket."*

Formannen nemnde på årsmøtet, etter ei beinveges uppmoding frå Leivdulv Hundvin, millom anna at fondsstyret på det årlege styremøtet i fondet den 4. august s.å. hadde gjeve eit lån på kr 50.000 til utgjevingi av boki, og at Bokreidingslaget formelt skulde få eit brev um saki. Formannen ynskte vel ikkje på eit årsmøte i Norsk Bokreidingslag L/L, der han møtte som målsmann frå Ivar Aasen-sambandet, å ganga nærare inn på arbeidet i styret i Opedalsfondet.

Ugildskap i høve til løyvingi frå 1998

Lehmann skriv i sitatet: *"... i tillegg til summen på kr. 65.000,- som det førre styret i Opedalsfondet hadde løyvd til det same boktiltaket."*. Me meiner me her er inne på eit anna forvitneleg umstende. *Norsk Målsoga* fekk i 1998 denne løyvingi frå Opedalsfondet. Det forvitnelege her er ugildskapen til mange av dei medverkande til denne løyvingi og den rettslege statusen dette vedtaket av den grunnen hev. Frøydis Lehmann som var med på dette fondsstyremøtet, var styresmann både i Bokreidingslaget og Opedalsfondet. Den same ugildskapen gjer seg gjeldande i høve til forretningsføraren vår på den tidi som òg var forretningsførar i Bokreidingslaget.

Som ein ser, var tvo av dei medverkande til vedtaket i fondsstyret klårt ugilde.

Kontakten millom Norsk Bokreidingslag og Opedalsfondet ikring 27. september 2001

Frøydis Lehmann hevdar vidare i klaga si:

> *"Då formannen i Bokreidingslaget* (Jon Askeland, min merknad) *seinare bad um ei skriftleg stadfesting av løyvingi, vart han fyrst vist til skrivaren i fondet, Lars Bjarne Marøy. Men frå Marøy kom det ikkje brev um løyvingi og etter fleire purringar sende Hagen Berg ei stadfesting pr faks um tilskoti til* Norsk Målsoga. *"*

Årsmøtet som løyvingi vart nemnd på, vart halde 13. september 2001, og formannen sende stadfestingi den 27. september 2001. Det er underleg at Bokreidingslaget i ein 14-dagarsbolk skulde ha sendt fleire purringar. I slutten av september ringde styreformann Jon Askeland formannen i Opedalsfondet på kontoret hans og sagde at han laut ha ei stadfesting på løyvingi straks og innan slutten på arbeidsdagen. Det einaste brevet me hadde fenge fyre denne uppringjingi, var eit e-brev den 17. september. Brevet var sendt til skrivaren, og det utdraget som vedkjem saki vår, lyder:

> *"...Etter årsmøtet i Bokreidingslaget fekk eg vita av Dag Hagen Berg at det er gjeve ei ny løyving frå Opedalsfondet til Norsk Målsoga. Han sa at det var du som skulde senda oss skriftleg melding um dette vedtaket. Sidan det no hastar med å gjeva prenteverket grønt ljos for arbeidet, torer eg be um at du snarast sender oss eit brev um dette vedtaket. Sameleis minner eg òg um honnørprisen på kr 20.000 til far min, Alv Askeland, som han ynskjer at Bokreidingslaget skal få direkte – som fullfinansiering av boki um Folkesuvereniteten, Stortinget og Grunnlovi. Eg vonar at denne summen kan yverførast til Norsk Bokreidingslag med det fyrste: til postgiro: 0809 39 18844..."*

Skrivaren vitra formannen um dette e-brevet, men brevet til Norsk Bokreidingslag lét seg ikkje gjera ferdugt so snøgt som ynskjeleg. Den 27. september fekk formannen ein faks som lydde i heilskap:

> *"Eg minner um at det no hastar med å få ei skriftleg stadfesting av vedtaket i Opedalsfondet um løyving til Norsk Målsoga. Eg vonar du kann få sendt dette seinast i dag – og at me kann få ein kopi pr telefaks: 55-320356."*

I telefonsamtalen millom formannen og Jon Askeland kom Askeland med fleire skuldingar um sein saksgang frå skrivaren vår både i høve til arbeidet hans i fondsstyret og elles serleg i Vestmannen, som er meldingsbladet til Vestmannalaget der Jon Askeland òg var styreformann. Formannen spurde òg Jon Askeland kvifor det var slikt hastverk, men fekk til svar at dei skulde ha havt svar mykje tidlegare. Skrivaren vil leggja til at i slike løyvingar, som er sopass store, ynskjer i alle høve skrivaren at innhaldet i uppritet skal vera godkjent av alle styresmennene fyre han sender stadfesting til mottakaren. Dette for å tryggja at det ikkje er mistydingar internt i fondsstyret, jf. krav um forsvarleg saksgang.

Formannen tek på seg skuldi for at styreformann Jon Askeland vart vist til skrivaren vår, då han vende seg til fondsstyret. Det var semja um at formannen skulde skriva eit utkast. Formannen hugsar ikkje konteksten som var då han gav melding um at Jon Akseland skulde venda seg til Marøy. Hovudgrunnen til at formannen skulde svara, var at fondsstyret ynskte ei klår og juridisk formulering, ikkje at skrivaren kjende seg nært knytt til Bokreidingslaget.

Vilkåri for løyvingi som fondsstyret sette på styremøtet den 4. august 2001
Frøydis Lehmann skriv i klaga:

> *"Det undra oss at det skulde stillast serlege vilkår til utgjeving av ei bok som Norsk Målsoga, som ogso Hagen Berg og Marøy tidlegare hev ivra for å få ut, men me godtok seks av dei sju serskilde vilkåri."*

Fondsstyret kom på styremøtet den 4. august 2001 fram til vilkåri på bakgrunn av desse umstendi (utdrag or uppritet):

- *Det var ikkje sendt finanseringsplan for Norsk Målsoga ved søknaden, jfr. søknad dagsett 28. februar 2001. Utgjevaren hadde fått store løyvingar frå boki frå anna hald, millom anna Skuleboknemndi åt Studentmållaget i Oslo. Fondet kunde soleis ikkje vita kor god inndekning Norsk Målsoga kunde få. Studnaden til boki er difor i fyrste umgang gjort som lån. Dette av di fondet ikkje ynskjer å vera med på å yverfinansiera Norsk Målsoga.*

- *Vert bokprosjektet ikkje yverfinansiert, vert studnaden gjord um til ei løyving. Av di Norsk Bokreidingslag hev låk økonomi, skal studnaden tryggjast gjenom handpant i den ferdigprenta boki. Då vil ikkje kreditorane kunna kverrsetja boklageret av dei utgjevne bøkene.*

- *Fær ikkje Norsk Bokreidingslag yverskot på salet av boki, vert lånet ettergjeve med 1/3 kvart år, rekna frå året etter at boki vart lagd ut for sal til ålmenta. Dei nærare skilordi for lånet fær formannen fullmakt til å greida med.*

- *Desse pengane kjem i tillegg til dei 65 000 krunone som fondet alt hev løyvt til Norsk Målsoga. Ein fyresetnad for å halda uppe den tidlegare løyvingi (på kronor 65 000,-) og lånet, er at løyvingi til boki um folkesuvereniteten som vart gjevi i 1996 til Alv Askeland, fell burt.*

- *Det ligg fyre krav frå Norsk Bokreidingslag um å reida ut pengar som alt er utreidde, jf. krav um å få yverført heidersprisen som vart gjeven til Alv Askeland.*

Vantande tilbakemelding på godtaking av vilkåri som fondsstyret sette
Frøydis Lehamnn skriva i klaga at Norsk Bokreidingslag hev godteke seks av sju vilkår. Me hev ikkje motteke nokor stadfesting på at Bokreidingslaget hev gjort oss kjend med at dei hev godteke seks av vilkåri våre. Det er eit stort problem at Bokreidingslaget ikkje hev svara oss på dei konkrete spursmåli som me sende til dåverande styreformann Jon Askeland tidleg i 2002. Det er difor no i skrivande stund ukjent for skrivaren at Bokreidingslaget hev gjeve tilbakemelding um vilkåri som fondsstyret sette den 4. august 2001.

> *"Det sjuande kunde ikkje Bokreidingslaget godta, for det gjaldt å gjeva avkall på ei løyving som ikkje var til forlaget, men til Alv Askeland personleg."*

Bokløyvingi til Alv Askeland
På det siste styremøtet i fyrre styrebolken (1996–2000), den 8. april 2000, møtte den noverande formannen som observatør. Der gjekk me millom anna gjenom rekneskapen for 1999. Her fortalde forretningsføraren vår, som òg var forretningsførar i Bokreidingslaget, at løyvingi til *Folkesuvereniteten, Stortinget og Grunnlovi* var transportert til Bokreidingslaget. Alt på møtet i fondsstyret i 1999/98 vart det nemnt at sidan Alv Askeland hadde gjeve heidersprisen sin til Norsk Bokreidingslaget L/L, var det ikkje trong for å gjeva løyvingi til Norsk Bokreidingslag. Det er underlegt at Norsk Bokreidingslag i dag ikkje vedkjenner seg denne løyvingi. Løyvingi er òg etterspurd av Norsk Bokreidingslag, i motstrid til det som

Frøydis Lehmann legg til grunn, at løyvingi ikkje vedkjem Bokreidingslaget. I brev dagsett 28. februar 2001 skriv Norsk Bokreidingslag v/styreformann Jon Askeland fylgjande:

> *"YVERFØRING AV LØYVING – HEIDERSGÅVA TIL ALV ASKELAND*
>
> *Norsk Bokreidingslag vil med dette be um at heidersgåva til Alv Askeland på kr. 20.000,00 vert yverført til forlaget."*

Skrivaren hev peika på at ein av dei tidlegare styresmennene ikkje burde ha teke del i fyrehavingi og avgjerdi i høve til *Folkesuvereniteten, Stortinget og Grunnlovi*, som vart gjord på møtet i fondsstyret den 12. mars 1996. Vedtaket vart gjort kjent for Alv Askeland rett etter av Hans Sørbø. Alv Askeland svara at løyvingi skulde yverførast Norsk Bokreidingslag L/L. Løyvingi vart ikkje yverførd korkje til Alv Askeland eller til Norsk Bokreidingslag L/L i tidi fram til det nye fondsstyret skipa seg, og eg tok yver som skrivar våren 2000.

Dette hev det noverande fondsstyret vore sers undrande til, all den tid forretningsføraren vår ogso var forretningsførar i Norsk Bokreidingslag og Frøydis Lehmann òg sat i båe styri. Skrivaren og formannen hev ved fleire høve etterlyst grunnen til at løyvingi ikkje vart yverførd. Norsk Bokreidingslag L/L hadde då som no dårleg økonomi og likviditet. Frøydis Lehmann er inne på spursmåli frå formannen i brevet når ho skriv:

> *"Det finst ikkje grunnlag for å hevda at det tidlegare styret i Opedalsfondet meinte denne løyvingi kunde tilbakeførast til fondet, slik det vert gjeve inntrykk av i eit brev frå Hagen Berg."*

Ingen hev svara fondsstyret, korkje Frøydis Lehmann som sat i det tidlegare fondsstyret som gjorde vedtaket, eller forretningsføraren. Skrivaren hallar meir og meir i retning av at det er rett det som han hev sagt heile tidi at fondsstyret alt i 1998/99 i realiteten rekna løyvingi som tilbakeførd til fondsmidelen, og at ho soleides ikkje skulde yverførast til korkje Alv Askeland eller Norsk Bokreidingslag L/L.

Det er klårt at korkje Alv Askeland eller Norsk Bokreidingslag L/L kravde løyvingi til *Folkesuvereniteten, Stortinget og Grunnlovi* yverført til seg fyre 2001, yver fem år etter løyvingi. Bokløyvingi, som er eit pengekrav, jf. utaldringslovi § 1.1, kunde ha vore kravd utreidd då boki kom ut i 1997, jf. utaldringslovi § 3.1. Dermed hev det gjenge yver tri år frå boki kom ut til ho vart kravd utreidd, og fresten, jf. utaldringslogi § 2, er broten.

Skrivaren vil herma utaldringsfyresegnene, jf. lov av 18. mai 1979 nr. 18, som det er vist til:

> *§ 1.1. Fordring på penger eller andre ytelser foreldes etter reglene i denne lov når ikke annet er lovbestemt.*
>
> *§ 2. Den alminnelig foreldelsesfrist er 3 år.*
>
> *§ 3.1. Foreldelsesfristen regnes fra den dag da fordringshaveren tidligst har rett til å kreve å få oppfyllelse.*

Kravet var difor utaldra etter utaldringslovi då fondsstyret den 4. august 2001 sette fram krav um aksept av burtfallet av boki, for å fornya løyvingi på kr 65.000 frå 1998 til *Norsk Målsoga*

og til å gjeva lån på kr 50.000. Skrivaren vil òg leggja til at den løyvingi som vart gjevi i 1998, var det òg knytt vilkår til som Norsk Bokreidingslag L/L hev godteke. Skrivaren viser her til brev frå Norsk Bokreidingslag dagsett 28. februar 2001, underskrive av Jon Askeland:

> *"Norsk Bokreidingslag vil med dette søkja um eit nytt tilskot på kr 50.000,- til utgjeving av ei umvølt og utvida utgåva av* ***Norsk Målsoga*** *av Gustav Indrebø. I tillegg torer me be um å kunna disponera tidlegare tildelte midlar til dette tiltaket, sjølv um det ikkje vart råd å få til utgjeving innan utgongen av år 2000, slik det var stilt krav um."*

Den fyrste løyvingi var soleides falli burt alt ved årsskiftet 2000/2001. Norsk Bokreidingslag L/L hev godteke det, jf. det nemnde sitatet, men ynskte likevel samtykkje frå det noverande fondsstyret til å disponera midlane. Det vart som nemnt gjeve samtykkje til det og Norsk Bokreidingslag L/L fekk ein attåtstudnad, båe på klåre og ufråvikelege vilkår.

Det kravet fondsstyret fekk i 28. februar 2001 lydde heller ikkje på at løyvingi til *Folkesuvereniteten, Stortinget og Grunnlovi* skulde reidast (betalast) ut. Fondsstyret fekk krav frå Jon Askeland, styreformann i Norsk Bokreidingslag L/L, um at heidersprisen som Opedalsfondet løyvde til far hans, Alv Askeland, i 1997 skulde reidast ut. Kravet var ein del av eit e-brev til skrivaren som kom saman med fleire søknader og brevet var forma i same stil som søknadene. Det var soleis vanskeleg å sjå nokon skilnad på dette og søknadene. Alle brevi måtte, meiner skrivaren, under alle umstende dryftast på eit fondsstyremøte. Det vilde vera heilt uandsvarleg av skrivaren og fondet å reida ut ein heiderspris for andre gong. Kravet slik det er set fram er i seg sjølv eit sersyn.

Her er me komne inn på umstendet som gjorde at eit samrøystes fondsstyre valde å setja klåre og ufråvikelege vilkår i høve til alle løyingar til Norsk Bokreidingslag L/L med den noverande leidingi.

Den 28. februar 2001 fekk fondsstyret kravet frå Jon Askeland um at heidersprisen far hans fekk, laut reidast ut. Heidersprisen, ein sjekk på kr 20.000, vart levera Alv Askeland personleg i 1997 av den dåverande formannen i Opedalsfondet, Hans Sørbø. Leveringi av heidersprisen, sjekken på kr 20.000, gjekk fyre seg på ei høgtidleg tilstelling der òg Jon Askeland var til stadar, saman med nær 30 andre personar. Det er vanskelegt for oss å skyna at Jon Askeland skulde ha gløymt at far hans fekk sjekken på heiderspristilskipingi. Yverrekkingi av sjekken er sjølve hovudhendingi på heidersprisseremonien. Formannen i fondet, Hans Sørbø, hev stadfest skriftleg at sjekken var yverlevert på samkoma.

Norsk Bokreidingslag L/L freista soleides å få utreidt heidersgåva for Alv Askeland ein gong til.

Formannen var ikkje på heiderspristilskipingi i 1997, og då Jon Askeland ringde han i september 2001, gjorde Askeland det til eit poeng at fondsstyret grovt krenkte Alv Askeland sidan det ikkje vilde etla ut heidersprissummen. Askeland la vidare til at denne bodskapen vilde øydeleggja 90-årsfeiringi som far hans skulde ha i dagane rett etter samtalen. Han ynskte at formannen skulde syta for at far hans fekk heidersprissummen til 90-årsdagen. Formannen sagde då kva som var upplyst av skrivaren på styremøtet den 4. august same året, at sjekken vart gjeven far hans på heiderspristilskipingi. Jon Askeland la til at han ikkje kunde hugsa dette og la til at Lars Bjarne Marøy ikkje burde vera mitt einaste vitne sidan han ikkje hadde truverde. Formannen fortalde at etter informasjonar han hadde fenge vart

heidersprissummen gjeven til far hans på denne tilskipingi. Formannen lova at um det var rett at heidersprisen på kr 20.000 ikkje var utetla, skulde fondsstyret sjølvsagt rydja upp i saki og heller ikkje påstå utaldring på ei slik løyving. Formannen la til i samtala at han vona at Jon Askeland laut vera viss på umstendi, då formannen tykte saki ikkje kjendest god.

Formannen samtala på ny med skrivaren rett etter samtalen med Jon Askeland. Formannen og skrivaren vart samde um å granska tilhøvi, men me vilde ikkje lata oss pressa til å setja i verk ny utetling av ein sjekk på kr 20.000 til 90-årsdagen åt Alv Askeland um det var so at Alv Askeland alt hadde fenge prisen. Trass i hinti til Jon Askeland um at formannen meinte køyret hans i høve til heidersprissummen var leidt og at ein burde vera varsam med å krevja dubbel utreiding av heiderssummen.

Fondsstyret fekk likevel eit brev frå far åt Jon Askeland, Alv Askeland, dagsett 27. november 2001. Brevet byrjar so:

> *"I 1996 fekk eg ei gledeleg melding um at Opedalsfondet hadde løyvd kr. 20.000,00 til utgjeving av boki Folkesuvereniteten, Stortinget og Grunnlovi. Året etter fekk eg heiderspris frå Opedalsfondet, også den på. kr. 20.000,00. Det året fekk eg ein sjekk frå fondet på 20.000,00 som eg straks yverførde til Norsk Bokreidingslag,som gav ut boki same året (1997)."*

Same hausten (2001) skal det òg ha gjenge rykte i miljøet rundt Vestmannalaget um at "styresmennene i Opedalsfondet" hadde drege attende heidersprisløyvingi åt Askeland rett fyre 90-årsfeiringi hans. Fondsstyret stod samla bak formannen då han avslo alle uppmodingar um å gjeva heiderssummen på ny. Det vilde, etter skrivaren si meining, vore å gjeva etter for press og eit urett og tilrengt bilete av dei faktiske hendingane. Skrivaren legg òg til at når strategien med å fokusera på heidersprisen ikkje slo til, byrja det å koma krav for å få løyvingi til boki utreidd.

Fondsstyret er ved mange høve skulda for å ikkje svara på spursmål og gjeva meldingar til dei som søkjer. Skrivaren skal sjølvsagt vera den fyrste til å segja seg leid for at fondsstyret ikkje svarar so snøgt som alle til kvar tid ynskjer. Men Frøydis Lehmann er ikkje snaudare enn at ho kjem med kritikk på spursmål som alt er svara på, jf.:

> *"Opedalsfondet hev heller ikkje svara på det konkrete spursmålet frå Askeland um det finst andre døme i soga åt Fondet på at løyvingar til tiltak som hev vore gjennomførte i rett tid hev vorte dregne attende i ettertid."*

Fondsstyret svara Askeland alt i brev frå 7. januar 2002. Svaret lydde millom anna soleis:

> *"Løyvingane frå Opedalsfondet er sjølvsagt til å lita på. Fyresetnaden er at dei som fær løyvingi, gjenomfører prosjektet slik det er søkt og gjort vedtak um, og at fondsstyret fær rekneskap og melding um gjenomføringi av prosjektet. Det er òg eit vilkår at dei fremjer krav um at pengane vert reidde ut. Det var i tidi fyre eg vart formann praktisera ein 3-årsfrest for gjenomføring og innsending av rekneskap og prosjektmelding. Denne regelen er no skriftfest. Denne regelen er òg i samsvar med den ålmenne utaldringsregelen i lovverket.*

Det er med andre ord ikkje nok at eit prosjekt vert gjenomført for at løyvingi etter 3 år ikkje skal attendeførast. Fondsstyret lyt òg få rekneskap og krav um å reida ut pengane.

Det er attendeført mange løyvingar som fondsstyret ikkje hev fenge attendemeldingar um gjenomføring og/eller rekneskap. Nokre av dessa prosjekti kann sjølvsagt vera gjenomførde, men so lenge det ikkje vert sendt inn rekneskap eller prosjektmelding, fell løyvingi burt. Når ein som søkjer um løyving ikkje kjenner skyldnad til å senda inn rekneskap eller prosjektmelding til fondsstyret, ser eg ingen grunn til å reida ut løyvingi til honom heller. Ein viss minimumsaktivitet lyt ein krevja frå dei som skal hava løyving frå fondet."

Skrivaren skal her nemna at han tykkjer spursmålsstillaren kann svara vel so godt på dette spursmålet – all den tid både han og son hans og Eigil Lehmann og dotter hans hev sete i fondsstyret i mange år. Det hev sete folk frå Lehmann- eller Askeland-familien i Opedalsfondet i alle år frå skipingi av fondet på 1970-talet til våren 2000, og samla sét burde sjølvsagt desse familiane ha kjennskap til kva som hev hendt tidlegare i soga åt Opedalsfondet.

Frøydis Lehmann skriv i slutten av brevet:

"Forlaget kann no ikkje lenger godta at illvilje frå to av målsmennene i fondet skal undergrava finansieringi av ei so viktug bok som Norsk Målsoga, ... *"*

Samstundes skriv ho same staden:

"Sameleis er det heilt urimeleg at Opedalsfondet no i 2002 set av kr. 115.000,- til prosjektet "Norsk Målsoga"."

Me ser at Frøydis Lehmann nyttar umgrepet "målsmann" um styrefolket i Opedalsfondet. Målsmann er nynorskumgrepet for "representant". Det er talande for korleides dei tidlegare styresmennene såg på si eigi rolla i fondsstyret. Dei var representantar for uppnemnarlagi sine, og skulde fremja interessone til sine respektive lag. Dette tilhøvet hev det noverande fondsstyret freista å motarbeida, då det ikkje er i samsvar med stiftingslovi. Fondsstyret i dag ser det slik at alle styresmennene skal arbeida for fyremålet åt fondet, og ikkje fyrst og fremst lagi som nemner deim upp.

Fondsstyret vil òg visa til at vedtaket um å setja av kr 115.000 på møtet i fondsstyret den 27. juni 2002 vart gjort nett for å stydja eit av dei viktugaste bokverki um norsk målsoga og eit framifrå faglegt bokverk av ein av dei største strategane i målrørsla. Summen er sett til kr 115.000 nett av di han svarar til den summen som vart førd attende av di Norsk Bokreidingslag L/L ikkje kunde godtaka vilkåri fondsstyret sette i 2001.

Avsetnaden på kr 115.000 til Norsk Målsoga stend framleides og Norsk Bokreidingslag L/L hev sjølvsagt høve til å søkja um midlar frå denne avsetnaden.

Skrivaren viser til det fyrebilse uppritet. Skrivaren vil her nemna at fondsstyret tok ei dryfting av dei nærare vilkåri som formannen skulde stilla og vår samla strategi. Uppritet kann

soleides ikkje nyttast av Norsk Bokreidingslag L/L eller andre som beinveges rettsgrunnlag for å krevja studnad.

Det fyrebilse uppritet som gjeld punktet um *Norsk Målsoga*, lyder:

> ***4 Uppfylgjingi av "Norsk Målsoga"***
>
> *Skrivaren vitra um at tilhøvet til Norsk Bokreidingslag L/L var dryft med Advokatfirmaet Kluge ANS. Dryftingane hadde konkludert med fylgjande:*
>
> - *Løyvingi den 4. august 2001 lyt avtalerettslegt reknast som eit tilbod til Norsk Bokreidingslag L/L um pengestudnad – på serskilde vilkår,*
> - *Norsk Bokreidingslag L/L hev i ettertid sendt brev som klårt syner at Norsk Bokreidingslag L/L ikkje hev akseptera tilbodet um løyving,*
> - *Løyvingi som vart gjort den 4. august 2001 er dimed ikke rettsleg bindande for fondet, og kravi frå Norsk Bokreidingslag hev ikkje rettsleg fundament.*
>
> *Styret konstaterte at Norsk Bokreidingslag ikkje hev noko krav på den pengestudnaden som vart vedteken på styremøtet 4. august 2001. Styret vedtok etter ei dryfting å slå fast at det skal stå ei avsetjing i rekneskapen for 2001 til prosjektet "Norsk Målsoga" på kr. 115 000. Denne avsetjingi kann og Norsk Bokreidingslag søkja på um det kjem med skikkeleg attendemelding på dei vilkåri som fondet hev sett eller som vert avtala med formannen.*
>
> *Det vart fremheva, i samsvar med det formannen og skrivaren hadde gjort greide for på fyrre møtet, at Norsk Bokreidingslag L/L heller ikkje hadde teke serlegt umsyn til synsmåtane som både fondet og Skuleboknemndi åt Studentmållaget i Oslo hadde fremja.*
>
> *Det vart millom anna nemnt at det ikkje var teke nok umsyn til fylgjande som det var gjeve klåre meldingar um:*
>
> - *Storleiken på skrifti*
> - *Talet på illustrasjonar, kart og bilæte*
> - *Kapitell-inndelingi i boki*
> - *Upplag*
>
> *Vedtak:*
>
> > ***Styret slutta seg til konklusjonen etter dryftingane med advokaten. Formannen skriv brev og vitrar um at det i rekneskapen vår sett av midlar til "Norsk Målsoga", utan at midlane er knytte til ein serskilt mottakar. Norsk Bokreidingslag L/L kann difor søkja um midlar frå denne avsetnaden, på fylgjande klåre og ufråvikelege vilkår:***
> >
> > 1. ***Fondsstyret fær tilsendt rekneskap yver kostnader og innkomor knytte til "Norsk Målsoga".***
> > 2. ***Fondsstyret fær tilsendt alle tilbod, upprit, avtalor og andre dokument som kann kasta ljos yver avgjerder i samband utgjevingi av boki.***

3. ***Fondsstyret fær tilsendt alle avtaler millom Norsk Bokreidingslag og prenteverk/bokbindar, og upplysingar um kor mange bøker som er eller vil verta prenta og når.***
4. ***Fondsstyret fær høve til sjølv å sjå etter eventuelle varelager av bøker.***
5. ***Fondsstyret vert halde orientert um endringar undervegs.***

Um andre vil arbeida vidare med prosjektet og søkja um midlar, vil dei òg verta vurderte.

Formannen fekk fullmakt til å greida med dei nærare skilordi.

For å ikkje binda fondsstyret rettsleg i høve til Norsk Bokreidingslag L/L, gjer skrivaren kjent at vedtaket er eit tilbod um å fremja ny søknad og ikkje ein lovnad. Ingen kann krevja studnad med heimel i dette styrevedtaket. Styrevedtaket er ei opning for Norsk Bokreidingslag L/L til å søkja um ny studnad slik det millom anna vart gjort i høve til vedtaket frå 1998, jf. brev dagsett den 28. februar 2002 frå Jon Askeland. Ein eventuell søknad lyt sjølvsagt leggjast fram for fondsstyret til avgjerd. Avsetnaden er ein intern avsetnad, og um nokon ynskjer å søkja um studnad frå denne serskilde avsetnaden, lyt dei gjera det snarast.

Fondsstyret kann ikkje sjå at eit vedtak um å setja av yver kr 100.000 til *Norsk Målsoga*, som er utgjevi av Norsk Bokreidingslag, er å syna uvilje andsynes Norsk Bokreidingslag L/L – skrivaren vil tvert um påstå at det er eit teikn på velvilje.

Konklusjon

Me vil til slutt segja at me ikkje vart forundra yver brevet frå Frøydis Lehmann. Ho fremja frå talarstolen på landsmøtet i Noregs Mållag i ei rekkja år kraftig og personleg kritikk andsynes same namngjevne person for påståtte illgjerningar vedkomande skulde ha gjort i Norsk språkråd. Dette trass i at Frøydis Lehmann kvart år fekk informasjon og påpakning um at vedkomande aldri hadde sete i Norsk språkråd. Me hev difor teke oss bryet med å svara so grundigt som tidi no rett etter nyår gjev oss høve til.

Skrivaren hev innleidingsvis stutt lagt fram vår versjon av saki. Me tek upp att at me meiner det dreiar seg um ei utaldra pengeløyving frå 1996 og 1998 og eit løyvingsvedtak av 2001 som vart gjort under fyresetnad um aksept av ymse vilkår. Desse vilkåri vart ikkje innfridde, og Norsk Bokreidingslag hev pr. i dag ingi utestående krav på pengar frå oss. Skrivaren vil òg visa til kva fondsskiparen, Halldor O. Opedal, sjølv skreiv den 20. oktober 1975 til fondsstyret fyre fondet hadde det konstituerande møtet sitt i 1976:

> *"Tilskot til bokutgjeving stend ikkje sentralt i dette fondet. Staten kjem her inn med sine eigne stønadsordningar, som Norsk Kulturråd og Noregs Ålmennvitskaplege Forskningsfond o.a., og mitt fond bør berre i serhøve gje ytingar til bokutgjeving..."*

Dei tvo personane som det vert vist til som styresmenn for fondet, hev nått aldersgrensa og hev etter fyresegnene ingi krav på å møta for lagi sine. Vestmannalaget hev gjort lovleg vedtak um ny styresmann. Når det gjeld Norsk Måldyrkingslag, hev me greidt ut tilhøvet millom Norsk Måldyrkingslag og Opedalsfondet i eit anna brev.

Me kann difor ikkje sjå at det skulde vera grunnlag for tiltak frå Fylkesmannen si sida i denne saki. Me ottast likevel ikkje nokor gransking og skal sjølvsagt hjelpa til um det vert resultatet.

Me vil ikkje underslå at um det vert gransking, og det ikkje vert funne noko som skulde rettvisa granskingi, vil me krevja at alle kostnader fondet eller skrivaren hev havt med denne saki, vert svara av Norsk Bokreidingslag.

Vyrdsam helsing
Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking

Lars Bjarne Marøy
– skrivar –

Kopi er send:

Dag Hagen Berg	Grensa 8	0159	OSLO
Mona Stormark	Kringsjåvegen 17	5163	LAKSEVÅG
Arne Skjerven	Ytre Hakestad	5730	ULVIK
Bjørn Tormod Ringdal	Løvåsbakken 21	5148	FYLLINGSDALEN
Ivar Aasen-sambandet	Postboks 49 - Blindern	0313	OSLO
Vestmannalaget, v/ J. Askeland	Krohnengsgata 3	5035	BERGEN
Norsk Måldyrkingslag,v/ A. Gjeraker	Postboks 6	6851	SOGNDAL
Noregs Mållag	Postboks 474 - Sentrum	0105	OSLO
Vestlandske Mållag, v/ L. B. Marøy	Glåmlidvegen 17	2213	KONGSVINGER
Norsk Bokreidingslag L/L, v/ Lehmann	Nordåsvegen 183	5235	RÅDAL
Sissel-Anny Hjelmtveit	Totland	5912	SEIM
Halldor Slettebø	Blindernvegen 48	0371	OSLO
Håvard Tangen	Kvartsvegen 5	1158	OSLO
Magnus Robberstad	Bjørnemyrterrasse 12	1453	BJØRNEMYR
Hans Sørbø	Møllefaret 62 B	0750	OSLO
Johan Forsmo	Ostadalsvegen 79	0752	OSLO
Johan A. Schulze	Ullevålsalleen 4 C	0852	OSLO
Jostein Stokkeland	Nordlandsvegen 8	3531	KROKKLEIVA
Leidulv Hundvin	Lillehatten 242	5148	FYLLINGSDALEN
Hallvard Bergwitz	Treskevegen 81	0681	OSLO

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking
Org.nr.: 977 152 836
Postboks 919 - Sentrum
5808 BERGEN

Oslo, 14. november 2002.

Til styri i:
Noregs Mållag, Ivar Aasen-sambandet,
Vestlandske Mållag, Vestmannalaget og
Norsk Måldyrkingslag

HØYRINGSRUNDE

Styret i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking ynskjer, i samband med den nye stiftingslogi, å brigda sume fyresegner i statuttane (fyresegni) åt fondet. I samband med detta bed styret vallagi um å koma med merknader og innspel til dei framleggi som styret hev. Framleggi vert presentera nedanfyre.

Stortinget vedtok 15. juni 2001 ei ny log um stiftingar, ho er enno ikkje iverksett. Logi vil krevja sume brigde i fyresegni åt fondet. Styret kann sjølvsagt ikkje gjera brigde i fyresegni åt fondet på eigi hand, men vil fremja saki andsynes Fylkesmannen i Hordaland. Etter den gjeldande stiftingslogi ligg fullmakti hjå Kongen, jfr. § 32. Den reelle avgjerdsmakti ligg hjå Fylkesmannen i Hordaland, som gjenom delegasjon hev fenge fullmakt til å taka avgjerd um umskiping, jfr. kgl. res. dagsett 4. desember 1981 og rundskriv 1988/88 frå Justis-departementet.

Høyringsfrest er 12. desember 2002.

Skipingsgrunnlaget åt fondet
Den 29. desember 1971 sette Halldor O. Opedal upp eit gåvebrev der han gav kr. 600 000 til eit fond som skulde fremja norsk målreising og måldyrking. Fondet skulde bera namnet åt skiparen. I gåvebrevet sette skiparen òg upp statuttane, fyresegni, åt fondet. Det vart òg sett upp sume fyresegner i gåvebrevet, som ikkje vart tekne med i paragrafane, sjå seinare. Det vart i fyresegni gjeve reglar um bruken av avdråtten frå fondsmidelen. Fyresegni, § 5, sette upp ein fireårsturnus. Avdråttane dei tri fyrste åri skulde etlast ut til serskilt nemnde fyremål og avdråtten det fjorde året skulde leggjast til grunnstolen. Fyrst i 1976 byrja fondet etla ut studnad.

I 1987 vedtok styret samrøystes å brigda fyresegni åt fondet. Styret ynskte i praksis å minka kravet um avsetjing til grunnstolen. Styret ynskte å setja av 10 % av avdråtten kvart år, i staden for å setja av heile avdråtten det fjorde året i turnusen. Framleggi som styret vedtok, vart sende ut på høyring hjå vallagi våren 1988. Alle lagi slutta seg til ynsket frå styret, men Norsk Måldyrkingslag hadde eit atterhald.

I 1992 søkte styret um og fekk godkjent ei umskiping, permuntasjon, av fyresegni åt fondet. Det er skilnad på det som vart vedteke i 1987 og dei brigdi som vart bedne um i 1992.

Hendingane dei siste åri
Det hev vore mykje uro kring styringi av fondet dei siste åri. Alt i 1997 byrja styresmannen frå Noregs Mållag, Einar Schibevaag, å reisa spursmål ved styringi av fondet. Etter mykje turbulens melde Noregs Mållag ifrå um at styret i laget ikkje studde styresmannen i kritikken av styringi, den dåverande styreformannen og forretningsføraren. På same tid hadde fleire både i Vestmannalaget, Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-sambandet byrja å røkja etter kva som skjedde i fondet, og kvifor ikkje lagi fekk rekneskapane og årsmeldingane åt fondet. Det var ingen samband millom dei ulike miljøi. Noregs Mållag som hadde reist kritikken skarpast, drog attende kritikken, i den trui at ingen andre av vallagi studde synsmåtane deira. I 1999 vedtok Ivar Aasen-sambandet og Vestlandske Mållag at tidi var mogi for å få meir innsyn i og betre styring av fondet, kvart lag valde difor nye målsmenn. Kvart lag valde leidaren sin til styresmann, for å betra sambandet millom vallaget og fondet. Etter kontakt millom vallagi synte det seg at dei hadde samanfallande synsmåtar og løysingar på styringi av fondet. Våren 2000 valde difor fondsstyret ny leiding, med studnad frå fire av fem vallag. Korkje dei tvo styrelemene som hadde passera aldersgrensa for mange år sidan, eller forretningsføraren studde synsmåtane til fleirtalet av vallagi.

Våren 2000 vart òg forretningsførarposten samstundes avskipa. I samband med detta fekk den nye leidingi seg fyrelagt fyresegni åt fondet. Denna fyresegni som òg var send til sume vallag, var ikkje i samsvar med den rettsgyldige fyresegni etter umskipingi i 1992. Den største praktiske skilnaden millom dessa var serleg § 2 i fyresegni. Formannen hadde uppdaga at fyresegni ikkje var uppdatera under eit møte millom han og Fylkesmannen den 3. august 2001. Det er òg noko uklårt kva som er den rette § 6, sidan det finst fleire utgåvor av denna. Nokre utgåvor tek med "tillegget" som Halldor O. Opedal sette upp i gåvebrevet, sume utgåvor tek ikkje med "tillegget".

Framlegg til umskiping frå styret, jfr styrevedtak frå 4. august 2001:

> Styret gjer framlegg um umskiping av fyresegnene til fondet i medhald av stiftingslogi, jfr. § 33. Umskipingi gjeld fyresegnene til fondet, som kann umskipast i medhald av §§ 32, 34 og 35 fyrste og andre lekken i stiftingslogi.
>
> Styret ynskjer ikkje å brigda fyremålet og ser heller ikkje at dei brigdi som er fyreslegne, råkar noko ved fyremålet. Styret trur heller ikkje dei brigdi som det vert gjort framlegg um vart lagde vesentleg vekt på av Halldor O. Opedal då han skipa fondet i 1971.
>
> Styret ynskjer brigde i/ved fylgjande:
>
> > § 2 vert brigda soleis at siste punktumet fell burt.
> >
> > § 3 vert brigda soleis at det kjem ei setning i tillegg til eksisterande tekst til slutt, som lyder:
> >
> > > *Styresmenn og varamenn som gjeng yver aldersgrensa, gjeng ut or fondsstyret.*

§ 4 vert brigda soleis at heile den gamle ordljoden fell burt, og fylgjande kjem i staden for den gamle:

Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar og fastsetja rekneskapen.

Rekneskapen skal sendast til styri i dei lagi som har valrett til fondet, styri i desse lagi har høve til å koma med merknader til rekneskapen innan ein månad etter at dei fær han tilsendt. Ynskjer eit fleirtal av vallagi at rekneskapen skal brigdast, skal styret ha rekneskapen fyre på ny.

Ettersynsmannen skal peikast ut av styri i dei lagi som har valrett til fondet. Den ettersynsmannen som eit fleirtal av lagi vil ha, er vald.

§ 5 vert brigda soleis at ordi "*i mars månad*" i fyrste setningi i fyrste lekken fell burt.

Formannen og skrivaren har fullmakt til å søkja um ei onnor skiping av fyresegni i § 6, um ho ikkje lèt seg etterleva.

Formannen og skrivaren skriv ei utgreiding med underbyggjing for brigdi i samsvar med dryftingane på detta møtet.

Framleggi med grunngjeving vert fyrst sende til vallagi på høyring. Deretter vert framleggi sende til Fylkesmannen med dei eventuelle merknadene som vallagi hev.

Fyresegni var òg uppe på styremøtet den 27. juni 2002.

Avsetnadene til grunnstolen
Hovudinnhaldet i umskipingi i 1992 var at ein fekk årlege avsetnader, på minst 10 % av avdrátten, og at dei skulde vera so store at det røynlege verdet av grunnstolen auka. Konsekvensen av umskipingi er at ein lyt setja av mykje meir enn fyre umskipingi i 1992. Skulde ein setja av so mykje som § 2 gjer påbod um, vert avsetnaden på millom 1/3 og 2/3 av den årlege avdrátten. Skulde ein ha fylgt fyresegni, vilde avsetnaden ha utgjort i 1997 66,6 %; 1998 50,4 %; 99 38,8 % og i 2000 62,9 % av den årlege resultatet fyre umframpostane (attendeføringane). Slike avsetnader vilde etter styret si meining ikkje vera i samsvar med fyremålet til fondet, sidan dei årlege utetlingane vilde vera sers knappe.

I 29. desember 1971 sette Halldor O. Opedal upp fyresegni som ein del av gåvebrevet. I § 5 vart det slege fast at fondet skal fylgja ein turnus på fire år, med utetlingar dei tri fyrste og:

Fjerde året skal renta leggjast attåt hovudstolen i samsvar med § 2.

Det fanst ingi krav eller påbod um at det røynlege verdet grunnstolen skal haldast ved lag, eller aukast.

Fyresegnene i § 5 vart ikkje fylgde dei fyrste åri, etter ynske frå Halldor O. Opedal sjølv, soleides at fondet ikkje etla ut studnad fyrr i 1976. Grunnen var at både fondsstyret og Halldor O. Opedal ynskte at grunnstolen skulde koma upp i ein million krunor.

I 1982/83 hadde ein i eit bel fylgt turnusen i gåvebrevet. Då vart fondsstyret uppmoda av Halldor O. Opedal um å setja av meir til grunnstolen. Detta av di han då òg ynskte at grunnstolen skulde nå ein million so snøgt som råd. Detta fylgde styret upp, med å setja av 10 % av avdråtten òg i dei tri fyrste åri av turnusen, attåt heile avdråtten det fjorde året.

I midten av 1980-talet vart grunnstolen på ein million krunor og etter kvart tvo millionar. Det kom difor ynske um tvo brigde:

1. at fondet gjekk attende til turnusen, og
2. at §§ 2 og 5 i fyresegni vart brigda soleis at meir av avdråtten skulde nyttast til å fremja fyremålet med fondet, enn det som gjekk fram av den dågjeldande fyresegni

Styret gjorde i 1987 vedtak um å brigda § 2 og 5, med tanke på å minka avsetnaden. Styret gjorde framlegg um at ein skulde setja av 10 % av den årlege avdråtten, i staden for heile avdråtten den fjorde året i turnusen. Intensjonen med denna umskipingi var at ein skulde nytta meir av avdråtten på å fremja fyremålet med fondet og nytta mindre til grunnstolen, sidan denna var komen yver ein million. Framlegget vart sendt på høyring hjå vallagi. Alle vallagi studde intensjonen. Norsk Måldyrkingslag hadde likevel eit anna framlegg til løysing, laget ynskte å setja av minst 10 %, likevel høgst 25 % av den årlege avdråtten. Innanfor dessa avgrensingane, skulde avsetnaden til grunnstolen fastsetjast slik at det røynlege verdet til grunnstolen aukar.

> *Kvart år skal millom 10 og 25 % av avkastingi leggjast til grunnstolen. Denne luten av avkastingi skal fastsetjast slik at det røynlege verdet av grunnstolen aukar.*

På styremøtet i 1988 slutta styret seg til merknaden, men han vart ikkje send til dei andre vallagi.

Avdråtten i midten av 1980-talet var sers høg, og ein avsetnad på like yver 10 % av den årlege avdråtten var nok til å halda det røynlege verdet ved lag.

Brigdi som styret gjorde i vedtak um i 1987, vart i praksis fylgde upp, utan at det hadde skjett ei formell umskiping av fylkesmannen. Etter kva arkivi fortel vart saki fyrst i 1992 fremja andsynes Fylkesmannen. Etter brevbyte med den dåverande styreformannen, enda det med at fondet endra framlegget sitt. Det nye framlegget som styret fremja andsynes fylkesmannen, vart ikkje sendt ut på høyring hjå vallagi. Det dåverande styret søkte um fylgjande umskiping av §§ 2 og 5 i fyresegni:

> *Kvart år skal minst 10 % av avkastingi leggjast til grunnstolen. Denna luten av avkastingi skal fastsetjast slik at det røynlege verdet av grunnstolen aukar.*

Fylkesmannen gjorde difor i 1992 vedtak um umskiping av fyresegni, §§ 2 og 5 i samsvar med det siste framlegget frå den dåverande styreformannen. Fylkesmannen bad òg um at den nye heilskapen i fyresegni vart send til han, utan at me kann sjå at detta vart etterkome.

Skilnaden på framlegget frå 1987 og 1992 er at i 1987 skulde det setjast av 10 % kvart år, utan umsyn til det røynlege verdet til grunnstolen. I framlegget frå 1992 er det eit påbod um å tryggja det røynlege verdet til grunnstolen, fyresegni slær fast eit minimumskrav. Teoretisk kann ein soleis uppleva at heile avdråtten lyt setjast av til grunnstolen.

I framlegget frå Norsk Måldyrkingslag som òg hev eit minimumspålegg, er det i minsto ei øvre grensa (på 25 %) for kor mykje som skal setjast av til grunnstolen, jamvel um det røynlege verdet minkar.

Styret hev fylgjande merknader til saki:

a) Halldor O. Opedal hadde inkje påbod um at grunnstolen skulde halda uppe sitt røynlege verde i gåvebrevet frå 29. desember 1971. Sidan vedkomande fyresegn ikkje var ein del av den upphavlege fyresegni, kann det ikkje vera umstende som Halldor O. Opedal såg på som vesentlege, som skulde tilsegja at denna umskipingi ikkje kann skje.

b) Hovudintensjonen med dei umframavsetnadene som skjedde på 1970-talet og 1980-talet var at grunnstolen skulde nå ein million kronor, ikkje fyrst og fremst det røynlege verdet av grunnstolen. At sideeffekten av umframavsetnadene var eit større røynlegt verde, er det ingen tvil um. I sume brev og upprit er målet tvo millionar.

c) Intensjonen med den umskipingi som styret gjorde framlegg um i 1987, var å minka den pålagde avsetjingi til grunnstolen, ikkje å auka henne.

d) Alle vallagi studde denna intensjonen, jamvel um Norsk Måldyrkingslag ynskte å setja av meir enn dei fire hine vallagi og styret.

e) Dei årlege reelle avdråttane i kring 1987 var sers høge, slik at ein ikkje hadde serleg tanke på at fondet kunde koma i den stoda at um lag 40 % av den årlege avdråtten laut setjast av til grunnstolen um det røynlege verdet hans skulde haldast ved lag. Dimed er ein viktug fyresetnad for fyresegni fallen burt, jfr. § 35 3) siste punktumet.

f) Det siste framlegget som vart fremja andsynes Fylkesmannen, var ikkje på høyring hjå vallagi. Dei hev soleides ikkje havt høve til å koma med merknader til det. Detta momentet er truleg i seg sjølv ikkje god nok heimel for å brigda fyresegni, men er eit viktug attåtmoment.

g) Skilnaden millom både framlegget frå 1987 og framlegget frå Norsk Måldyrkingslag på den eine sida og framlegget frå 1992 på den andre sida er at dei tvo fyrste minkar avsetnadene i høve til fyresegni slik ho vart sett upp i 1971 – medan det andre i praksis (frå 1990-talet) fører til at avsetnadene lyt vera um lag 40 % av den årlege avdråtten. Det verkar både lite heldig i høve til fyremålet å ha påbod som krev so høge avsetnader til grunnstolen.

h) Det siste framlegget frå styret i 1992 vilde, um ein skal nytta 1990-talet som utgangspunkt, føra til at dei reelle avsetnadene til grunnstolen vert dubla i høve til fyresegni som Halldor O. Opedal sette upp i 1971. Detta sidan avsetnaden etter gåvebrevet skulde gjerast i slutten av fireårs-turnusen, og den nye fyresegni fastset årlege avsetnader, der avsetnadene i dei fyrste åri sjølv gjev avdrått i dei næste åri.

i) Det var soleides ikkje samsvar millom det i alle høve fleirtalet av vallagi og styret ynskte å uppnå, og det som vart resultatet av umskipingi. Fyresegni slik ho vart i 1992, er dimed komi i strid med meiningi med umskipingi, jfr. § 35 fyrste lekken 3).

j) Fyresegni slik ho vart etter vedtaket dagsett 3. april 1992, er ikkje gjord kjend for vallagi. I alle høve ikkje Ivar Aasen-sambandet, Vestlandske Mållag og Noregs Mållag.

k) Fyresegni er heller ikkje i praksis fylgd, med undantak av året 1999 då det dåverande styret gjorde framlegg um ein avsetnad på kr. 100 000,00. Denna avsetnaden vart ikkje godteken av fire av dei fem vallagi. Dei kjende då ikkje til fyresegni i § 2.

l) Fyremålet med fondet er ikkje å samla seg midlar, men å fremja norsk målreising og måldyrking ved å gjeva studnad til personane og tiltaki som fremja detta. Fondet vil endå til med ein avsetnad på 10 % av avdrátten framleis vera eit av dei tri største målfondi i landet. Fondet vil ikkje missa "tyngd" og "gjetord" innan for målrørsla. Ynsket um å halda uppe sitt eige minne var no ein av grunnane til at skiparen fastsette at fondet skulde bera namnet hans. Ein lyt sjå forbodet mot å nytta grunnstolen i detta perspektivet òg. Detta ynskjemålet stettar ein difor jamvel um ein ikkje set av so mykje som den noverande fyresegni pålegg.

m) Heimelen til umskiping finst i stiftingslogi §§ 32 og 34. Det materielle grunnlaget for umskipingi finst i § 35, med avgrensing av § 36. I § 35 finst det tvo ulike gradar materielle vilkår som lyt vera til stades fyrr umskiping kann gjerast. I § 35 fyrste lekken gjeld brigde av fyremålet eller anna som er lagt vesentleg vekt på av skiparen. For dessa brigdi er kravet at fyresegni som ein ynskjer å brigda, er **synbert** uheldig eller ufornuftig. § 35 andre lekken gjeld andre brigde, for dessa gjeld ikkje kravet um å vera synbert. Jamvel um avsetnadene ikkje er ein del av fyremålet og vilkåret um "røynlegt verde" ikkje er med i den upphavlege fyresegni, lyt nok fyresegni truleg brigdast med heimel i § 35 fyrste lekken, av di denna fyresegni var vesentleg i samband med umskipingi i 1992.

Styret meiner difor at ein ikkje berre skal gjera ei vurdering av dei skrivne fyresegnene, men òg intensjonen um å halda minne um Halldor O. Opedal uppe. Ein held minne um skiparen uppe via utetlingane, ikkje via ein stor grunnstol.

Styret meiner at um ein skal fylgja fyresegni slik ho er no, vil det vera synbert uheldig for fyremålet og destinatarane. Ei eventuell umskiping kann dimed ogso heimlast i § 35 fyrste lekken 4).

Styret er meir uviss på um fyresegni fell inn under vilkåret "synbert ufornuftig". At grunnstolen vert stor, er nok ikkje ufornuftig, endå um det er til mismun for destinatarane. Styret kom fram til at ein ikkje trong nærare dryfting av detta momentet, sidan § 35 1. lekken 4) nytta umgrepet "eller". Det er, etter styret si meining, nok at fyresegni er synbert uheldig.

Styret meiner òg at fyresegni i tillegg var komi i strid med meiningi med umskipingi i 1992, sidan meiningi var å minka avsetnadene til grunnstolen. Styret syner òg til at ein av fyresetnadene for umskiping i 1992, dei store reelle avdráttane, heller ikkje lenger er til stades, umskipingi kann dimed òg heimlast i § 35 1. lekken 3). Styret meiner difor at fyresegni um auka reelt verde ikkje bør standa i fyresegni åt fondet, og at siste setningi i § 2 fell burt.

Aldersgrensa
Styret ynskjer å presisera fylgja av aldersgrensa i § 3. Styret syner til dei siste åri der midelalderen i styret hadde vore sers høg og at kontakten millom styret og vallagi hadde vore liten. Styret syner til at tvo av vallagi hadde nemnt upp personar som var mesta 80 år gamle. Styret syner til kva som vart skrive til vallagi:

> *Uti frå ordvalet og skrivemåten, der Opedal skilde millom "bør ikkje stå lengre" og "Aldersgrensa er", er det klårt at han hev vore sers medviten um kva verknader dei ulike fyresegnene hev.*
>
> *Styresmennene bør ikkje stå lengre enn; sidan Opedal nyttar umgrepet "**bør**" er, fyresegni deklaratorisk, altso kann vallagi vika av frå denna fyresegni.*
>
> *Aldersgrensa er uppyver 75 år; sidan det er nytta umgrepet "**er**", er denna fyresegni preseptorisk. Vallagi kann difor ikkje rettvist vika av frå denna fyresegni.*
>
> *I mange tilfelle vil ein ikkje berre måtta vurdera ordvalet som er nytta i fyresegnene, men òg umstendi rundt nedskrivingi av fyresegnene. Fyresegnene som Opedal sette upp, var dryfte med advokat fyrr dei vart sette upp. Det tyder på at fyresegnene var godt gjenomdryfte, og at ordvalet bygde på ei nøgi vurdering. Opedal hev heilt tydeleg skilt millom "**bør**" og "**er**", og at han var medviten um den rettslege verknaden av skiljet.*
>
> *Ei aldersgrensa uppyver til 75 år tykkjest heller ikkje vera unaturleg. Det er, etter det styret skynar, ingi moment som i dag skulde tyda på at desse hev mist rettskraft eller at vallagi kann sjå burt frå dei.*

Når fyresegni hev vorte tolka onnorleis av vallagi enn dei etter styret si meining var meinte, tykkjer styret det er turvande å gjera ei understreking av denna paragrafen og slå fast at styresmenn er yver 75 år gjeng ut av fondet. Då vil det ikkje verta rom for tolkingar. Styret meiner difor at det noverande tolkingsromet er "*uheldig*", jfr. stiftingslogi § 35 andre lekken.

Godkjenningi av rekneskapane og val av ettersynsmenner
Det var alt våren 2000 semja millom styresmennene um at fyresegni um rekneskapane og ettersynsmennene ikkje er i samsvar med gjeldande regelverk.

Der det er ein stor skilnad millom fyresegni åt fondet og andsvarsdelingi som stiftingslogi sette i §§ 10 og 11. Fyresegni slær fast at styret skal peika ut ettersynsmann og at vallagi godkjenner rekneskapen, medan stiftingslogi slær fast at vallagi vel ettersynsmann, jfr. § 11 sjuande lekken, og at styret fastset rekneskapen, jfr. § 10. Altso er ordningi i fyresegni motsett av logi. Styret ynskjer at det skal vera samsvar millom stiftingslogi og fyresegni åt fondet.

Ei umskiping vil få fåe praktiske fylgjor for fondet. Fondsstyret ser det som uheldig at fyresegni ikkje er i samsvar med stiftingslogi, og det som urett at styret skal nemna upp sin "eigen" ettersynsmann. Fondsstyret meiner difor at den noverande § 4 i fyresegni ikkje lenger let seg etterleva, jfr. § 35 fyrste lekken og fyresegni er "*uhensiktsmessige*", jfr. § 35 andre lekken i stiftingslogi.

Utan at det var eit tema under fyrehavingi av styret, er det naturleg ogso å fjerna tilvisingane til godkjenningsordningi som finst i § 5 andre, tridje og fjorde bolken.

Tidspunktet for utetlingane
Skrivaren synte til det utsende framlegget um brigde i § 5, og kravet um at styremøtet vert halde i mars månad vert stroke. Framlegget vart grunngjeve med fylgjande:

a) Rekneskapen treng ikkje etter gjeldande loger vera fastsett fyre 1. juli, og rekneskapane hev ikkje vore ferduge fyrr i april. Ein bør ikkje vera nøydd til å gjera løyvingar fyrr rekneskapen er ferdug.

b) Praksisen hev vore ymsande i fondet med umsyn til styremøtedatoar. I dei siste åri hev styremøte vorte halde seinare enn mars månad ved fleire høve. Fondsstyret hev ynske um å halda styringsutlogone låge, og sidan rekneskapane normalt ikkje er ferduge fyre april/mai, bør fondsstyret ikkje vera nøydt til å halda tvo ulike styremøte.

Det er ingi moment som, etter fondsstyret si meining, gjer at denna fyresegni vart lagd serleg vekt på av Halldor O. Opedal, då han sette upp gåvebrevet. Ogso detta framlegget kann difor etter styret si meining umskipast i medhald av §§ 32 og 35 andre lekken.

Instituttet *Halldorsbu*
Formannen synte til ordskifte på styremøtet den 4. august 2001 um umskiping av fyresegni. Han stilte òg spursmål ved kva "*instituttet **Halldorsbu** på Bibelhaug i Ullensvang*" var, jfr. § 6 i fyresegni. Ingen i fondsstyret hadde høyrt um detta instituttet, og um det ikkje finst, vil ikkje fyresegni lata seg etterleva, jfr. § 53 fyrste lekken 1). Formannen fekk i uppgåva å røkja etter kva meiningi med fyresegni kunde ha vore. Fondsstyret var samde um at ein skulde søkja um å få umskipa denna fyresegni saman med dei andre brigdi – um det synte seg at instituttet *Halldorsbu* ikkje eksistera. Styret meinte at den alternative løysingi ikkje var det mest turvande å arbeida vidare med, sidan alle vallag eksistera og ein ikkje såg nokor snarleg løysing på målstriden. Formannen og skrivaren fekk difor fullmakt til å greida ut saki og å koma med ei alternativ tekst i § 6, i samsvar med dryftingane på styremøtet. Ei niesa av H. O. Opedal som bur på Opedal, fortalde til formannen at Halldorsbu var ein framstøyt som Halldor O. Opedal hadde for å uppretta ein samlingsstad på heimgarden sin for diktarar og diktarspirar. Denna framstøyten mislukkast, og det vart ikkje noko av instituttet. Denna fyresegni lét seg soleides ikkje etterleva.

Det lyt difor vurderast å taka burt fyresegni:

> *Skulle alle lagi verta uppløyste, gjeng fondsmidlane inn i fondet til instituttet Halldorsbu på Bibelhaug i Ullensvang. Um dette skulle henda, fell fyresegnene for dette fondet burt.*

Styret hev som nemnt fyrr ikkje dryft alternativ fyresegn. Vallagi vert soleides uppmoda um å koma med framlegg til ny fyresegn.

Brigde av eg-formi i § 1
Etter nærare gjenomgang av fyresegni ynskjer formannen òg at styret skal sjå på eg-formi som finst i § 1. Fyresegni som H. O. Opedal sette upp, var i sjølve gåvebrevet. Ei ålmenn fyresegn bør, etter formannen si meining, ikkje nytta eg-formi. Det vil segja at ein i fyresegni ikkje nyttar ordi "*Eg viser til målsynet åt ...*" og at ein i staden nyttar "*Det vert synt til målsynet åt ...*".

Vallag
Det hev ved dei siste åri vore dryft um Vestlandske Mållag skulde vika plassen sin til fyremun for Høgnorskringen. Styret hev ikkje formelt dryft nye/gamle vallag. Leidulv Hundvin reiste temaet alt i 2000 um det var rett av Vestlandske Mållag å hava valrett, sidan laget hadde liten aktivitet og få lagsmenner. Andre hev reist spursmål um Høgnorskringen kann takast inn som vallag i staden for Vestlandske Mållag. Andre hev reist temaet utan umsyn til spursmålet um stoda til Vestlandske Mållag. Høgnorskringen hev dei siste åri vakse sterkt og målber målsynet åt Gjelsvik og Indrebø på ein framifrå måte. Styret hev ikkje formelt dryft temaet, men bed um synsmåtar på detta spursmålet.

Stoda i høve til § 6
Det finst fleire utgåvor av § 6. Sume tek med den originale teksti som vart sett upp i gåvebrevet. Nokre tek med tekst/fyresegner som Halldor O. Opedal sette upp i slutten av gåvebrevet. Styret hev lagt til grunn at heile teksti er uttrykk for viljen til Halldor O. Opedal, og at teksti soleides er relevante fyresegner. Spursmålet vert um heile etterteksti er tenkt eller høver som ein del av fyresegni (statuttane) åt fondet. Det er i gåvebrevet formulera sume fyresegner – tillegg – som truleg ikkje høyrer heima i § 6 – som lyder:

> Det bør vera ein regel for fondsstyret å halda styringsutlogone nede på eit rimelegt nivå. Av dette fylgjer m.a. at styremøti helst vert haldne i Bergen eller ein annan stad her på Vestlandet. Like eins at Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag møter ved fullmakter som bur i Bergen eller ikkje so langt burte frå byen. (Dette so lenge desse lagi har sine sæte i hovudstaden). (Sml. § 3.)
>
> Formannen i det eldsete av dei fem lagi som er nemnd lenger framme (form. i Vestmannalaget), kallar inn til skipingsmøte.
>
> Fire styrelemmer kan visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki.

Etter fyresegni som formannen og dei andre vallagi fekk frå forretningsføraren våren 2000, er § 6 soleides, som òg er i samsvar med det som er prenta i 110-årssoga til Vestmannalaget frå 1978:

> Um so er at eit lag ikkje ynskjer å ha målsmann i styret for fondet med dei fyresegner som her er sette upp, gjeng rettane åt dette laget over til dei andre lagi. Skulle fleire lag gå ut, vel dei lagi som er att, styret for fondet.
>
> Kjem det upp eit nytt lag som stettar kravi åt dette fondet, kan fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar. Det nye styret skal stjorna fondet med tanke på heile landet som før, etter dei fastsette fyresegner, berre med det skilet som praktiske grunnar gjer naudsynlege.
>
> Skulle alle lagi verta uppløyste gjeng fondsmidlane inn i fondet til instituttet Halldorsbu på Bibelhaug i Ullensvang. Um dette skulle henda, fell fyresegnene for dette fondet burt.
>
> Fire styrelemer kan visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki.

Denna òg hev vore lagt til grunn av i alle høve Noregs Mållag, Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-sambandet. Det skal òg nemnast at uppritet frå skipingsmøtet 22. oktober 1975 inneheld fylgjande formulering vedrørande fyresegni:

> *1) Vedtektene.*
>
> *Forretningsføraren gjorde greide for vedtektene og deira endelege innhald.*

Fondsstyret er noko uviss på formuleringi "... *og deira endelege innhald.*". Fondsstyret veit ikkje um fondsstyret/skiparen i tidi millom 1971 og 1975 hadde inkorporera tillegget frå gåvebrevet dagsett desember 1971 inn i fyresegni, eller um det vart gjort på skipingsmøtet. Etter gåvebrevet er § 6 som nemnd i 110-årssoga, med undantak av siste bolken.

Det var, so vidt fondsstyret veit, Halldor O. Opedal som sette upp denna teksten samstundes som resten av gåvebrevet, so det er ingen tvil um at "tillegget" er skiparen sine tankar. Det er reist framlegg um å fastslå (umskipa) § 6 til å lyda slik som han vart prenta i 110-årssoga til Vestmannalaget, og at ein ser på den fyrste bolken som tilvisingar til Norsk Måldyrkingslag og Noregs Mållag. (Bolk nr. 2 er utaldra sidan skipingsmøtet hev vore, og det ikkje er aktuelt med nytt skipingsmøte.) I den grad ein ynskjer å taka med fyrste bolken i tillegget inn i fyresegni – er det kann henda rettkome å nytta fylgjande tekst:

> Det bør vera ein regel for fondsstyret å halda styringsutlogone nede på eit rimelegt nivå. Av dette fylgjer m.a. at styremøti helst vert haldne i Bergen eller ein annan stad på Vestlandet. Like eins at vallagi møter med styresmenn og varamenn som bur i Bergen eller ikkje so langt burte frå byen.

Ein hev her teke burt umgrepet "her" i fyrste punktum, og "Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag" med vallagi. Detta av di ein like greidt kann gjera regelen ålmenn, og ikkje berre knytt til dei tvo lagi som i 1971 hadde sæte i Oslo. Umgrepet "fullmakter" bør òg bytast ut med "styresmenn" – med di det er menneskja som møter på styremøti og ikkje sjølve fullmaktene.

Burttakingi av fyresegni um Halldorsbu
Burttakingi av fyresegni um instituttet Halldorsbu er det alt gjort greid for framfyre.

Sæte
Etter den komande stiftingslogi lyt stiftingi ha eit formelt sæte. Det er soleides framlegg um å nytta Bergen som sæte.

Fyresegni um sæte kann takast inn i § 6, med fylgjande ordljod:

> *Fondet har sæte i Bergen. Styret kann, um umstendi gjer det turvande, velja ein annan stad på Vestlandet som sæte.*

Den siste setningi er for å sleppa å søkja um umskiping berre av di ein ynskjer ei onnor tilskrift.

Signatura/prokura
Det er i fyresegni ikkje gjeve nokor fyresegn um kven som teiknar for fondet, og kven som hev proklama. Det er ingen planar um å fastsetja nokor fyresegn um detta, men fondsstyret ynskjer innspel på detta temaet òg.

Det hev vore nemnt fylgjande formulering:

> *Styret har signatura i lag. Formannen og skrivaren har proklama. Styret kann fastsetja noko anna um signatura og proklama um det meiner det er rettast.*

Høyringsfrest

Fondsstyret ynskjer andre framlegg, merknader og innspel innan 12. desember 2002.

Med mindre fondsstyret i desember gjer vedtak som vil reisa nye tema, vil ikkje det endelege vedtaket verta sendt ut på ny høyring, fyrr saki vert send til Fylkesmannen i Hordaland.

Vensam helsing

Vedlegg: Avskrift av gåvebrev, gjeldande fyresegn og utkast til ny fyresegn.

Gåvebrev Underskrivne Halldor O. Opedal, Lofthus, fødd den 26-5-1895 gjev med dette til eit fond ein sum på kr. 600 000,- seks hundre tusen kronor. Fondet skal vera ein sjølvstendig juridisk person og skal bera namnet Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking. Fyremålet åt fondet er å reisa og odla norsk mål. For fondet skal gjelda desse fyresegnene:	**Fyresegni, etter umskipingi i 1992:**	**Framlegg til ny fyresegn:**
§1 Fondet skal ha namnet Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking. Fyremålet med fondet er å reisa og odla norsk mål. Fondet skal gjera sitt til å halda uppe måltradisjonen frå Ivar Aasen i stil og skrivemåte og ordval, so langt som det til kvar tid let seg gjera. Eg viser til målsynet åt professorane Nikolaus Gjelsvik og Gustav Indrebø, soleis som dette synet kjem fram i arbeidi deira um norsk målreising og måldyrking. Skulde det verta tvilsmål um tolking av dette, syner eg til mitt brev: "Mitt syn på norsk målreising, nokre tankar".	§1 Fondet skal ha namnet Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking. Fyremålet med fondet er å reisa og odla norsk mål. Fondet skal gjera sitt til å halda uppe måltradisjonen frå Ivar Aasen i stil og skrivemåte og ordval, so langt som det til kvar tid let seg gjera. Eg viser til målsynet åt professorane Nikolaus Gjelsvik og Gustav Indrebø, soleis som dette synet kjem fram i arbeidi deira um norsk målreising og måldyrking. Skulde det verta tvilsmål um tolking av dette, syner eg til mitt brev: "Mitt syn på norsk målreising, nokre tankar".	§1 Fondet skal ha namnet Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking. Fyremålet med fondet er å reisa og odla norsk mål. Fondet skal gjera sitt til å halda uppe måltradisjonen frå Ivar Aasen i stil og skrivemåte og ordval, so langt som det til kvar tid let seg gjera. Det vert synt til målsynet åt professorane Nikolaus Gjelsvik og Gustav Indrebø, soleis som dette synet kjem fram i arbeidi deira um norsk målreising og måldyrking. Skulde det verta tvilsmål um tolking av dette, vert det synt til Halldor O. Opedal sitt brev: "Mitt syn på norsk målreising, nokre tankar". **Eg-formi er brigda.**

§2 Grunnstolen for fondet skal vera på kr. 600 000,-, seks hundre tusen kronor, og denne hovudstolen skal ikkje minkast. Eiga skal til kvar tid verta varveitsla i samsvar med fyresegner um midlar for umyndige. Avkastningi skal ein leggja til grunnstolen kvart fjerde år.	§2 Grunnstolen for fondet skal vera på kr. 600 000,-, seks hundre tusen kronor, og denne hovudstolen skal ikkje minkast. Eiga skal til kvar tid verta varveitsla i samsvar med fyresegner um midlar for umyndige. Kvart år skal 10 % av avkastingi leggjast til grunnstolen. Denne luten av avkastningi skal fastsetjast slik at det røynlege verdet av grunnstolen aukar.	§2 Grunnstolen for fondet skal vera på kr. 600 000,-, seks hundre tusen kronor, og denne hovudstolen skal ikkje minkast. Eiga skal til kvar tid verta varveitsla i samsvar med fyresegner um midlar for umyndige. Kvart år skal 10 % av avkastingi leggjast til grunnstolen. **Siste setningi er fjerna.**
§3 Fondet skal ha eit styre på fem mann. Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Ivar Aasen Sambandet, Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag vel kvar sin mann med varamann. Styret i eit lag kann gje fullmakt åt ein mann til å møta i fondsstyret, um det ikkje høver for den valde styresmannen å vera til stades. Eit møte med tri mann er vedtaksført. Fondsstyret vel sin formann med varamann. Formannen skal ha avgjerdsmakti um røystetalet veg jamt. Styremenn med varamenn vert valde for fire år. Ein styremann eller ein varamann bør ikkje stå lenger enn tolv år. Aldersgrensa uppover er 75 år.	§3 Fondet skal ha eit styre på fem mann. Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Ivar Aasen Sambandet, Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag vel kvar sin mann med varamann. Styret i eit lag kann gje fullmakt åt ein mann til å møta i fondsstyret, um det ikkje høver for den valde styresmannen å vera til stades. Eit møte med tri mann er vedtaksført. Fondsstyret vel sin formann med varamann. Formannen skal ha avgjerdsmakti um røystetalet veg jamt. Styremenn med varamenn vert valde for fire år. Ein styremann eller ein varamann bør ikkje stå lenger enn tolv år. Aldersgrensa uppover er 75 år.	§ 3 Fondet skal ha eit styre på fem mann. Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Ivar Aasen Sambandet, Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag vel kvar sin mann med varamann. Styret i eit lag kann gje fullmakt åt ein mann til å møta i fondsstyret, um det ikkje høver for den valde styresmannen å vera til stades. Eit møte med tri mann er vedtaksført. Fondsstyret vel sin formann med varamann. Formannen skal ha avgjerdsmakti um røystetalet veg jamt. Styremenn med varamenn vert valde for fire år. Ein styremann eller ein varamann bør ikkje stå lenger enn tolv år. Aldersgrensa uppover er 75 år. Styresmenn og varamenn som gjeng yver aldersgrensa, gjeng ut or fondsstyret. **Siste setning kjem i tillegg.**

§ 4 Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar og peika ut ettersynsmenn. Rekneskapen skal godkjennast av styri i dei lagi som har valrett til fondet.	§ 4 Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar og peika ut ettersynsmenn. Rekneskapen skal godkjennast av styri i dei lagi som har valrett til fondet.	§4 Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar og fastsetja rekneskapen. Rekneskapen skal sendast til styri i dei lagi som har valrett til fondet. Styri i desse lagi har høve til å koma med merknader til rekneskapen innan ein månad etter dei fær han tilsendt. Ynskjer eit fleirtal av vallagi at rekneskapen skal brigdast, skal styret ha rekneskapen fyre på nytt. Ettersynsmannen skal peikast ut av styri i dei lagi som har valrett til fondet. Den ettersynsmannen som eit fleirtal av lagi vil ha, er vald. **Mest heile paragrafen er ny.**
§5 Avkastingi av fondet skal kvart år i mars månad etlast ut åt folk som skriv rein og velflidd nynorsk. Dei bør òg kunna tala dette målet - eller eit bygdemål. Utetlingane gjeng fyre seg i seriar på tri år. Det fjerde året vert rentesummen lagt til hovudstolen, sml. § 2. Etter fire år tek serien til på nytt. <u>Fyrste året</u> etlar fondsstyret ut kr.1000,- til kvart lag til fritt bruk for norsk målarbeid.Det som då er att, byter styret på studiekurs, måldyrking, foredrag, artiklar, prenting av skrifter eller bøker eller onnor form for norskdomsarbeid. Det bør verta nemnt i prenti um dei kjem ut med tilskot frå fondet.	§5 Avkastingi av fondet skal kvart år i mars månad etlast ut åt folk som skriv rein og velflidd nynorsk. Dei bør òg kunna tala dette målet - eller eit bygdemål. Utetlingane gjeng fyre seg i seriar på tri år. Etter tri år tek serien til på nytt. <u>Fyrste året</u> etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag til fritt bruk for norsk målreising ein sum som i verde svarar til eitt tusund 1971-kronor. Umrekningi vert gjort slik styret meiner er rettast, og avgjerdi kann ikkje umgjerast i samband med godkjenningi av rekneskapen. Det som då er att, byter styret på studiekurs, måldyrking, foredrag, artiklar, prenting av	§5 Avkastingi av fondet skal kvart år etlast ut åt folk som skriv rein og velflidd nynorsk. Dei bør òg kunna tala dette målet - eller eit bygdemål. Utetlingane gjeng fyre seg i seriar på tri år. Etter tri år tek serien til på nytt. <u>Fyrste året</u> etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag til fritt bruk for norsk målreising ein sum som i verde svarar til eitt tusund 1971-kronor. Umrekningi vert gjord slik styret meiner er rettast. Det som då er att, byter styret på studiekurs, måldyrking, foredrag, artiklar, prenting av skrifter eller bøker eller onnor form for norskdomsarbeid. Det bør verta

Andre året etlar fondsstyret ut kr.1000,- til kvart lag til fritt bruk for norsk målarbeid. Det som då er att, byter styret på ei rekkje studentar (5-10) ved universitet eller høgskular til kveik (premiar) for idugt arbeid for nynorsk mål. Er vilkåri like mellom to eller fleire kandidatar, gjeng dei fyre som har gjort største innkastet. Styret kann òg ta påskjøningar til lag i bygd eller by som gjer framifrå målarbeid. Tridje året etlar fondsstyret ut kr.1000,- til kvart lag til fritt bruk for norsk målarbeid. Av det som då er att, yter styret ein fjerdepart til ein kringkastingsmann, ein fjerdepart til ein bokmann (forfattar, diktar, vitskapsmann), ein fjerdepart til ein bladmann eller eit blad og den siste fjerdparten til stortingsmenn, skulemenn, kyrkjemenn eller yrkjesmenn or næringslivet. Det kann òg verta tale um andre personar. Alle må ha synt evne og vilje til å bruka nynorsk mål i si beste form. Fjerde året skal renta leggjast attåt hovudstolen i samsvar med § 2. Brot på denne regelen har ettersynsmennene skyldnad til å klandra.	skrifter eller bøker eller onnor form for norskdomsarbeid. Det bør verta nemnt i prenti um dei kjem ut med tilskot frå fondet. Andre året etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag slik det er fastsett for fyrste året. Det som då er att, byter styret på ei rekkje studentar (5-10) ved universitet eller høgskular til kveik (premiar) for idugt arbeid for nynorsk mål. Er vilkåri like mellom to eller fleire kandidatar, gjeng dei fyre som har gjort største innkastet. Styret kann òg ta påskjøningar til lag i bygd eller by som gjer framifrå målarbeid. Tridje året etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag slik det er fastsett for fyrste året. Av det som då er att, yter styret ein fjerdepart til ein kringkastingsmann, ein fjerdepart til ein bokmann (forfattar, diktar, vitskapsmann), ein fjerdepart til ein bladmann eller eit blad og den siste fjerdparten til stortingsmenn, skulemenn, kyrkjemenn eller yrkjesmenn or næringslivet. Det kann òg verta tale um andre personar. Alle må ha synt evne og vilje til å bruka nynorsk mål i si beste form.	nemnt i prenti um dei kjem ut med tilskot frå fondet. Andre året etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag slik det er fastsett for fyrste året. Det som då er att, byter styret på ei rekkje studentar (5-10) ved universitet eller høgskular til kveik (premiar) for idugt arbeid for nynorsk mål. Er vilkåri like mellom to eller fleire kandidatar, gjeng dei fyre som har gjort største innkastet. Styret kann òg ta påskjøningar til lag i bygd eller by som gjer framifrå målarbeid. Tridje året etlar fondsstyret ut serskilt åt kvart lag slik det er fastsett for fyrste året. Av det som då er att, yter styret ein fjerdepart til ein kringkastingsmann, ein fjerdepart til ein bokmann (forfattar, diktar, vitskapsmann), ein fjerdepart til ein bladmann eller eit blad og den siste fjerdparten til stortingsmenn, skulemenn, kyrkjemenn eller yrkjesmenn or næringslivet. Det kann òg verta tale um andre personar. Alle må ha synt evne og vilje til å bruka nynorsk mål i si beste form.

Ovannemnde fyresegner er ikkje påbod ("direktiv"), og styret stend i serhøve fritt til å yta år andre fyremål. Fyresetnaden er at ytingane ikkje vik av frå grunntanken åt fondet. Utetlingane bør ein gjera kjende i bladi og kringkastingi, um det er råd, til kveik for folk i arbeid for norsk målreising og måldyrking.	Ovannemnde fyresegner er ikkje påbod ("direktiv"), og styret stend i serhøve fritt til å yta år andre fyremål. Fyresetnaden er at ytingane ikkje vik av frå grunntanken åt fondet. Utetlingane bør ein gjera kjende i bladi og kringkastingi, um det er råd, til kveik for folk i arbeid for norsk målreising og måldyrking.	Ovannemnde fyresegner er ikkje påbod ("direktiv"), og styret stend i serhøve fritt til å yta år andre fyremål. Fyresetnaden er at ytingane ikkje vik av frå grunntanken åt fondet. Utetlingane bør ein gjera kjende i bladi og kringkastingi, um det er råd, til kveik for folk i arbeid for norsk målreising og måldyrking. **Fyresegnene um at årsmøtet skal haldast i mars månad, godkjenningsordningi umrekningi ikkje kunde brigdast av vallagi i samband med godkjenning vert avskipa.**
§6 Um so er at eit lag ikkje ynskjer å ha målsmenn i styret for fondet med dei fyresegner som her er sett upp, gjeng rettane år dette laget over til dei andre lagi. Skulle fleire lag gå ut, vel dei lagi som er att, styret for fondet. Kjem det upp eit nytt lag som stettar kravi åt dette fondet, kann fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar. Det nye styret skal stjorna fondet med tanke på heile landet som før, etter dei fastsette fyresegner, berre med det skilet som praktiske grunnar gjer naudsynlege.	§6 Um so er at eit lag ikkje ynskjer å ha målsmenn i styret for fondet med dei fyresegner som her er sett upp, gjeng rettane år dette laget over til dei andre lagi. Skulle fleire lag gå ut, vel dei lagi som er att, styret for fondet. Kjem det upp eit nytt lag som stettar kravi åt dette fondet, kann fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar. Det nye styret skal stjorna fondet med tanke på heile landet som før, etter dei fastsette fyresegner, berre med det skilet som praktiske grunnar gjer naudsynlege.	§6 Um so er at eit lag ikkje ynskjer å ha målsmenn i styret for fondet med dei fyresegner som her er sett upp, gjeng rettane år dette laget over til dei andre lagi. Skulle fleire lag gå ut, vel dei lagi som er att, styret for fondet. Kjem det upp eit nytt lag som stettar kravi åt dette fondet, kann fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar. Det nye styret skal stjorna fondet med tanke på heile landet som før, etter dei fastsette fyresegner, berre med det skilet som praktiske grunnar gjer naudsynlege.

Skulle alle lagi verta uppløyste gjeng fondsmidlane inn i fondet til instituttet Halldorsbu på Bibelhaug i Ullensvang. Um dette skulle henda, fell fyresegnene for dette fondet burt. * Det bør vera ein regel for fondsstyret å halda styringsutlogone nede på eit rimelegt nivå. Av dette fylgjer m.a. at styremøti helst vert haldne i Bergen eller ein annan stad her på Vestlandet. Like eins at Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag møter ved fullmakter som bur i Bergen eller ikkje so langt burte frå byen. (Dette so lenge desse lagi har sine sæte i hovudstaden). (Sml. § 3.) Formannen i det eldste av dei fem lagi som er nemnd lenger framme (form. i Vestmannalaget), kallar inn til skipingsmøte. Fire styrelemmer kann visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki. **Upphaveleg tekst i gåvebrevet.**	Skulle alle lagi verta uppløyste gjeng fondsmidlane inn i fondet til instituttet Halldorsbu på Bibelhaug i Ullensvang. Um dette skulle henda, fell fyresegnene for dette fondet burt. Fire styrelemer kann visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki. **Etter brigde av Fylkesmannen i 1992.** **Det er noko uvisst um fyresegnene som er henta frå tillegget som Halldor O. Opedal sette upp i gåvebrevet. Her er den mest vanlege teksten til § 6 lagt til grunn.**	Fire styrelemer kann visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki. Fondet har sæte i Bergen. Det bør vera ein regel for fondsstyret å halda styringsutlogone nede på eit rimelegt nivå. Av dette fylgjer m.a. at styremøti helst vert haldne i Bergen eller ein annan stad på Vestlandet. Like eins at vallagi møter med styresmenn og varamenn som bur i Bergen eller ikkje so langt burte frå byen. **Bolken um instituttet Halldorsbu er teken burt, ny fyresegn hev ikkje styret framlegg til. Fyresegni um styringsutlogone og burtvising er henta frå tillegget til Halldor O. Opedal.**

Regionsoga for Nord- og Midhordland,
v/Egil Nysæter,
Hordaland fylkesarkiv,
Kulturseksjonen,
5020 Bergen

Tlf. 55 23 91 95
Telefaks 55 23 92 09

1. Tilskot, søknad om
2. Kan nytte [illegible] med [illegible] (side 2) ?

Bergen, 10.03.1997

Halldor O. Opedalsfond for norsk målreising og måldyrking,
v/forretningsførar Leiv Flesland,
Fleslandsv. 132,
5068 Flesland

Søknad om tilskot til regionsoga for Nord- og Midhordland

Me søkjer med dette om eit tilskot på kr. 25.000.- til arbeidet med Strilesoga.

Arbeidet med Strilesoga er organisert som ei eiga stifting, Regionsoga for Nord- og Midhordland, som har som siktemål å få gjeve ut ei vitskapleg og populært framstilt distriktshistorie for området frå dei eldste tider og fram til 1990-talet. Prosjektet byggjer på dokumentet "Opplegg, ramme og form", datert 13.5.1987 med seinare endringar. Stiftinga vart etablert i 1991, og forfattararbeidet tok til året etter.

Verket, som vert gjeve ut under tittelen "Strilesoga. Nord- og Midhordland gjennom tidene", omfattar i alt fem band.

Fyrste bandet som tar for seg Nord- og Midhordlands historie frå steinalder til vikingtid, kom ut i november 1996. Boka er skriven av professor Svein Indrelid ved Universitetet i Bergen, og utgjeven av Eide forlag i samarbeid med Stiftinga Regionsoga for Nord- og Midhordland. Biletredaktør for boka har vore Ronny B. Skaar ved Kulturlandskapssenteret, Hordaland fylkeskommune. Det er tale om ei folkeleg framstilt historie skriven på nynorsk, rikt illustrert og på eit fagleg høgt nivå. Det er til no selt 4.000 eksemplar av boka, og trykt nytt opplag på 3.000.

I alt vert Strilesoga på 5 band som sjølvsagt alle vert skrivne på nynorsk. Med i fagredaksjonen er førsteamanuensis John Ragnar Myking, professor Ingvild Øye og fylkesarkivar Egil Nysæter. Sistnemnde administrerer også prosjektet som er det mest omfattande distriktshistoriske tiltaket her i landet.

Distriktskonservator Jarle Sulebust skriv andre bandet, som går fram til 1650. Førsteamanuensis Atle Døssland arbeider med tredje bandet, som dekkjer tidsrommet 1650-1800. Døssland skriv også delar av fjerde bandet, saman med førsteamanuensis Karl Egil Johansen. Dette bandet går fram til første verdskrigen. Femte og siste bandet, som nettopp er påbyrja, dekkjer utviklinga i resten av dette hundreåret. Forfattar er forskingsleiar Egil

Ertresvaag. Det ligg alt føre manuskriptutkast til bd. 2-4 som er planlagt utgjevne årleg framover.

Verket vert i hovudsak finansiert av Hordaland fylkeskommune og alle kommunane i distriktet. Men sidan mange av kommunane kom seint i gang med dei årlege betalingane av tilskot, har me hatt trong for å ta opp lån for å styrka likviditeten. Me ber om at lånet vårt i Halldor O. Opedals fond på 170.000 kr. vert forlenga eitt år til med lågast mogleg rente.

Til band fem har ein berre kunna budsjettera med 900.000 kr. som tilsvarar 2 årsverk med driftsutgifter. Eit fagleg forsvarleg arbeid krev at tidsramma vert utvida med minst eitt årsverk. Elles har arbeidet med band 1 vist at utgiftene til bilete og biletredaksjon er sette for lågt i opphavlege kalkylar. Det er fyrst og fremst på denne bakgrunn at me no tillet oss å søkja fondet om eit tilskot.

Med venleg helsing
for stiftinga

Egil Nysæter

Egil Nysæter
sekretær

Granvin, 17. desember 2002

Halldor O Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking
v/formann Dag Hagen Berg
postboks 919
5808 Bergen

Målsmann i Opedalsfondet.

Årsmøtet i Vestlandske Mållag, halde i Bergen 9. november 2002, vedtok samrøystes å uppnemna Kjell Kjerland, Granvin til målsmann for Vestlandske Mållag, og Torfinn Slettebø, Skulestadmo som varamann. Vedtaket tek til å gjelda med det same.

Fylgjande fråsegn var samrøystes:

"Årsmøtet gjer vedtak um at Lars Bjarne Marøy frå og med i dag, 9. november 2002, ikkje lenger er målsmann for Vestlandske Mållag i styret for Opedals fond. Årsmøtet vel ny målsmann for resten av 4-års-bolken. Det er upplyst at Marøy er skrivar i fondsstyret, og han svarar ikkje på brev. Som formann i Vestlandske Mållag hev han valda Norsk Bokreidingslag mykje umframt bry og kostnad, avdi han sat med røysteretten for 105 luter som laget eig. Når han no heller ikkje svarar på brev, er det på tide å stogga han."

Eg torer be um at eg snarast fær tilsendt alle dokument som vedkjem arbeidet i fondet for gjeldande fireårs-bolk, her medrekna årsmeldingar og kopi av styreprotokoll for perioden.

Venleg helsing

Kjell Kjerland
formann

Kopi:
Fylkesmannen i Hordaland, Svein Alsaker
Vestmannalaget, formann Jon Askeland
Norges Mållag, formann Håvard Teigen
Norsk Måldyrkingslag, formann Arne Gjeraker
Ivar Aasen-sambandet, formann Klaus Johan Myrvoll

VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Bergen, 14. desember 2002

Fylkesmann Svein Alsaker
Postboks 7310
5020 Bergen

Kläge på Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking

Styret i Vestmannalaget vil med dette be um at Fylkesmannen i Hordaland grip inn mot Fondsstyret i Halldor O. Opedals fond. Etter vårt skyn hev fondet ikkje vore styrt på lovleg måte etter år 2000. Våre hovudinnvendingar kan uppsummerast i fylgjande punkt.

1) *Selektiv innkalling til styremøte i fondet.* Etter at Dag Hagen Berg vart vald til formann for fondet, hev dei valde styresmennene for den gjeldande fireårsbolken frå Vestmannalaget og Norsk Måldyrkingslag ikkje vorte innkalla til eit einaste møte i fondsstyret og heller ikkje varamennene deira. Ein slik praksis er ikkje godtakande.

2) *Vanvyrding av vedtak i uppnemnarlag.* Vestmannalaget uppnemnde Leidulv Hundvin som målsmann for heile den noverande perioden. Etter det konstituerande styremøtet i fondet i 2000 hev ikkje Hundvin fått ei einaste innkalling til møte. Styret i Vestmannalaget stadfeste i eit vedtak hausten 2001 at Hundvin skal vera vår målsmann i laget og dette vedtaket vart ogso stadfesta med klårt fleirtal av årsmøtet i mars 2002. Likevel hev ikkje Hundvin fenge innkalling til møte i fondsstyret. Tvert imot opererer Halldor O. Opedals fond i si siste årsmelding med Bjørn Tormod Ringdal som Vestmannalaget sin målsmann – som um det er fondsstyret som skal avgjera kven som skal vera talsmann for Vestmannalaget. Her må det leggjast til at Vestmannalaget ikkje på noko tidspunkt i år 2002 hev fenge melding um at fondsstyret suverent yverprøver det som attpåtil er årsmøtevedtak i uppnemnarlaget. Ringdal hev heller ikkje på noko tidspunkt varsla oss um dette – eller gjeve styret i Vestmannalget annan informasjon um arbeidet i fondet det siste året. Ein slik målsmann er sjølvsagt ikkje laget tent med. Vedtaket um å halda fast på Hundvin som målsmann i fondet vart i fjor klaga inn for Fylkesmannen av mindretalet (ein mann) i styret i Vestmannalaget. Mindretalet fekk ikkje medhald i klagen, og det er soleis heilt uskynleg at styret og styreformannen i Opedalsfondet ikkje respekterer det som er fleirtalsviljen i Vestmannalaget.

3) *Eigenrådig styring av fondet.* Etter påtrykk frå formannen i Fondsstyret, Dag Hagen Berg - som og møtte personleg fram til styremøte i Vestmannalaget - vart Bjørn Tormod Ringdal sett inn i plassen for Hundvin i 2001. Her var det

formannen i Opedalsfondet som, utan ein gong å stø seg på eit styrevedtak i det same fondet, sende direktiv til det dåverande styret i Vestmannalaget um å uppnemna ny målsmann. Bjørn Tormod Ringdal var soleis formelt målsmann for Vestmannalaget i eitt år – etter direktiv frå Hagen Beg - men møtte berre ein gong, på årsmøtet 4. august i fjor. Til det andre møtet han var innkalla, møtte han ikkje, og – talande nok – vart heller ikkje denne gong varamannen innkalla. Det er her tydeleg at det er berre visse personar som ein finn det for godt å kalla inn. Hagen Berg hev vist til regelen um øvre aldersgrense på 75 år. Til det er å segja at det hev vore fleire døme på at ein ikkje hev respektert denne regelen tidlegare, millom anna sat Conrad Clausen i styret for fondet til han døydde i ein alder av 89 år. Fondsskiparen sjølv kjende til slike avvik utan å finna grunn til å påtala det. Når det gjeld Hundvin, hev han vore formann i Vestmannalaget ein tiårs bolk og på beste vis tent laget i Opedalsfondet i 2 periodar. Det var difor ingen grunn til å byta han ut etter at Opedalsfondet var skipa for ein ny fireårs-bolk. Å insistera på at Ringdal, som ikkje kommuniserer med styret i Vestmannalaget, skal ha hans plass, upplever me som ein rein provokasjon.

4) *Fondet drive som eit løyndarlag med møtestad i Oslo.* Som det gjeng fram av den utsende årsmeldingi for år 2001 hev arbeidet i Opedalsfondet i stor mun gjenge fyre seg som uformelle møte i Oslo millom formannen Dag Hagen Berg og skrivaren, Lars Bjarne Marøy. I tillegg heiter det at skrivaren og nestformannen (Mona Stormark)"hev havt samrådingar kring forretningsførsla og handtering av post til fondet". Med ei slik styring av fondet vert sjølvsagt fleire målsmenn meir eller mindre uvitande um arbeidet. Når formannen då attpåtil no ogso er forretningsførar for fondet, vert innsynet for dei "perifære målsmennene" - og for lag som vert haldne utanfor - minimalt.

5) *Fondet hev ikkje lenger Bergen som røynleg administrasjonsstad* Av vedtektene for fondet gjeng det fram at Opedal rekna det som sjølvsagt at fondet skulde styrast frå Bergen – og at målsmennene skulde ha bustad i Bergen eller næraste umland. Dette er ikkje lenger tilfelle. Formann/forretningsførar og skrivar er busette på Austlandet, høvesvis i Oslo og på Kongsvinger, og sambandet med målsmenn og lag på Vestlandet hev vorte skadelidande.

6) *Det umstridde fondsstyret kjem med framlegg til nye vedtekter - for å legitimera ny arbeidspraksis og brot på fyresegnene.* Av vedtektene gjeng det til dømes fram at årsmøtet skal haldast i mars månad. Det hev ikkje vore tilfelle korkje i fjor eller i år. Og no vil styret for fondet at vedtektene skal endrast, for dermed i etterhand å legitimera ein ulovleg praksis. Å gjera framlegg um endringar som er i strid med fondsskiparen sine ynskje i tilfelle av uppløysing av fondsstyret, verkar og heilt urimelege. Reint ålment burde og eit fondsstyre som hev valda strid og som held lovleg valde målsmenn burte, i det heile ikkje gjera framlegg um vedtektsendringar.

7) *Styret i fondet verkar til å så splid millom målfolk.* I eit brev til fondstyraren dagsett 26.12.1979, skriv Halldor O.Opedal m.a. "Skortande samarbeid og skortande semje med kløyving til fylgje hev vore ei ulukke for målreisingi. Denne kløvingspolitikken skal ikkje mitt fond vera med på". Opedal skriv og

at tankane i dette brevet hans "skal vera eit prinsipp som Fondet skal retta seg etter, og det bør takast med i fyresegnene som eit tillegg". Dei som hev styrt med fondet dei siste par åri, hev ikkje synt vilje til samarbeid, korkje i Opedalsfondet eller i andre umbod i målrørsla. Demed hev dei sett seg upp mot eit viktig prinsipp for arbeidet i Fondet.

Konklusjon: *Vestmannalaget ser det slik at Opedalsfondet hev vore vanstyrt i fleire år, at lag som skal innkallast ikkje hev vore innkalla og at lovleg valde målsmenn hev vore haldne utanfor. Årsmeldingane dei siste par åri, som mest vitnar um lange partsinnlegg mot dei som hev vore haldne utanfor, kann ikkje godtakast. Sameleis er det heller ikkje godtakande at det ikkje hev vorte sendt ut kopi av møtebok frå styremøti i fondet til dei valde målsmennene. Ved slik å halda faste målsmenn og uppnemnarlag systematisk utanfor arbeidet i fondet, hev styret gjort fondet til eit løyndarlag som er til skade for norskdomsarbeidet. Me vil difor be Fylkesmannen i Hordaland avsetjadei som hev møtt i det noverande fondsstyret og syta for at Halldor O. Opedals fond fær eit styre som utfører uppgåvone i samsvar med vedtektene for fondet og dei alminnelige regler i Lov om stiftelser.*

For Vestmannalaget

Jon Askeland
Formann

Avprent til:
Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking
Norsk Måldyrkingslag v/Arne Gjeraker
Ivar Aasen-sambandet v/Klaus Johan Myrvoll
Norges Mållag v/Håvard Teigen
Vestlandske Mållag v/Kjell Kjerland

Norsk Bokreidingslag

Postboks 684 Sentrum, 5807 Bergen
Telefon 55 30 18 99 - Telefaks 55 32 03 56
Giro 0809 3918844 - E-post: firmapost@ctrykk.no

Bergen, 12. desember 2002

Fylkesmann Svein Alsaker
Postboks 7310
5020 Bergen

Klage på Halldor O Opedals fond for norsk målreising og måldyrking

Norsk Bokreidingslag vil med dette klaga på manglande utbetaling av tilskot på til saman kr 115.000 til boki *Norsk Målsoga* av Gustav Indrebø. Me vil ogso klaga på manglande utbetaling av tilskot til Alv Askeland på kr 20.000,-.

Norsk Målsoga kom ut i november 2001 og er det største og dyraste boktiltaket forlaget hev teke på seg. Boki er og eit grunnlagsskrift for det norskdomsarbeidet som både Bokreidingslaget og Opedalsfondet hev som sitt hovudmål å fremja. I tillegg kjem at Norsk Bokreidingslag hev vore Opedals eige forlag frå midten av 70-talet, og at det var maktpåliggjande for Opedal at fondet hans ikkje skulde vera med på å skapa strid millom ulike flokkar i målrørsla (jfr. brev han sende til fondet i 1979).

Dei som hev havt styringi med fondet den siste bolken, hev ikkje kalla inn målsmannen frå Norsk Måldyrkingslag og heller ikkje den mannen som Vestmannalaget hev peika ut som sin målsmann i fondsstyret. Etter vårt skyn kan ei slik selektiv og eigenrådig styring av fondet ikkje godtakast – og fylgjeleg kan heller ikkje vedtak som er gjorde i perioden reknast for lovlege.

Norsk Bokreidingslag ser det og slik at målsmennene Dag Hagen Berg og Lars Bjarne Marøy, som hev havt makti i fondsstyret den seinste bolken, hev synt ein so stor uvilje mot forlaget og forlagsarbeidet at dei må reknast for ugilde når søknader som vedkjem Bokreidingslaget er fyre i styret. Lagi som desse to representerer, Ivar Aasen-sambandet og Vestlandske Mållag, er dei største luteigarane i Norsk Bokreidingslag og på årsmøti i 2001 møtte Hagen Berg og Marøy med fullmakter frå dei to store luteigarane, fullmakter som dei nytta til å setja seg upp mot styret i forlaget og ynsket til fleirtalet på det umframme årsmøtet (dei små luteigarane i laget).

Hagen Berg nådde ikkje fram med mistillitsframlegget sitt på det sistnemnde årsmøtet i Norsk Bokreidingslag i september i fjor. På same møtet kunde han upplysa at Halldor O. Opedals fond i august hadde løyvd kr 50.000,- til *Norsk Målsoga* i tillegg til summen på kr 65.000,- som det førre styret i Opedalsfondet hadde løyvd til det same boktiltaket. Det vart ikkje nemnt noko um serskilde atterhald ved denne løyvingi. Då formannen i Bokreidingslaget seinare bad um ei skriftleg stadfesting av løyvingi, vart han fyrst vist til skrivaren i fondet, Lars Bjarne Marøy. Men frå Marøy kom det ikkje brev um løyvingi og etter fleire purringar sende Hagen Berg ei stadfesting pr faks um tilskoti til *Norsk Målsoga*. Det heitte seg då at skrivaren, Marøy, kjende seg for nær knytt til Forlaget til å kunna senda oss eit brev um løyvingi (!). Same Marøy gav seinare på hausten i eit kritisk innlegg i bladet *Vestmannen* – som han då styrde - urette upplysningar um økonomien i Bokreidingslaget, og fekk det brått travelt med å be seg fri frå varamannslista i forlaget, ein posisjon han hadde hatt i fleire år.

Løyvingsbrevet som kom frå formannen innheldt ei rad med spesifikke krav. Det undra oss at det skulde stillast serlege vilkår til utgjeving av ei bok som *Norsk Målsoga*, som ogso Hagen Berg og Marøy tidlegare hev ivra for å få ut, men me godtok seks av dei sju serskilde vilkåri. Det sjuande kunde ikkje Bokreidingslaget godta, for det galdt å gjeva avkall på ei løyving som ikkje var til forlaget, men til Alv Askeland personleg. Dette vart det gjeve melding um og dette hev Askeland – som er heiderslagsmann i tre av dei fem lagi som hev styresmann i Opedalsfondet – måtta skriva fleire brev um utan anna resultat enn at Hagen Berg og Marøy no suverent "nullar ut" løyvingi frå 1996.

Det høyrer med til soga at Askeland hadde rekna med at tilskotet han fekk til boki *Folkesuvereniteten*... hadde vorte utbetala direkte til forlaget. Men då han fekk greida på at so ikkje var tilfelle og etterlyste tilskotet gjenom son sin, fekk han ikkje svar frå den nyvalde skrivaren i Opedalsfondet, Lars Bjarne Marøy. Same Marøy hadde tidlegare på eit styremøte i Vestmannalaget i november 1999 kritisert Opedalsfondet for ikkje å vera nøgne med å informera dei som fekk løyving frå Fondet. Han fekk då til eit vedtak um at dei styrande i Opedalsfondet måtte bedast um at alle som får løyvingar, blir informerte um det. Men då Marøy sjølv vart skrivar i fondet, umaka han seg ikkje ein gong med å svara på brev der tidlegare løyvingar vart etterlyste.

Opedalsfondet hev heller ikkje svara på det konkrete spursmålet frå Askeland um det finst andre døme i soga åt Fondet på at løyvingar til tiltak som hev vore gjenomførte i rett tid hev vorte dregne attende i ettertid.

Slik me ser det hev Hagen Berg og Marøy i denne saki drive med ei skammeleg trakkasering av ein mann som hev tent norskdomsarbeidet gjenom mange år og i fleire ulike lag og samskipnader, og som attåt er heiderslagsmann i fleirtalet av dei lagi som styrer Opedalsfondet, også det laget som Marøy hev vore målsmann for. Askeland er no yver 91 år og plaga med sjukdom, og uretten i denne saki må rettast upp med det same. Det finst ikkje grunnlag for å hevda at det tidlegare styret i Opedalsfondet meinte denne løyvingi kunde tilbakeførast til fondet, slik det vert gjeve inntrykk av i eit brev frå Hagen Berg.

Sameleis er det heilt urimeleg at Opedalsfondet no i 2002 set av kr 115.000,- til prosjekt "Norsk Målsoga". Dette er ikkje ei bok som skal koma, ho vart prenta i fjor haust og prentekostnaden vart på meir enn 250.000,- + moms. Ho hev kome i eit upplag på 1000 eksemplar - insinuasjonar frå dei to styrande i fondet um at det skulde vera langt mindre er heilt grunnlause og skuldast i beste fall ei mistolking av kategoritalet på fakturaen frå prenteverket. Forlaget kann no ikkje lenger godta at illvilje frå to av målsmennene i fondet skal undergrava finansieringi av ei so viktug bok som *Norsk Målsoga*, og me torer difor be um at Fylkesmannen snarast grip inn – slik han hev høve til utfrå *Lov om stiftelser* - for å rydda upp i styringi av Halldor O Opedals fond for norsk målreising og måldyrking.

For Norsk Bokreidingslag
Frøydis Lehmann
Frøydis Lehmann
formann

avprent til:

Halldor O Opedals fond v/Dag Hagen Berg
Ivar Aasen-sambandet v/Klaus Johan Myrvoll
Norsk Måldyrkingslag v/Arne Gjeraker
Norges Mållag v/Håvard Teigen
Vestlandske Mållag v/Kjell Kjerland
Vestmannalaget v/Jon Askeland

1

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking
Org.nr.: 977 152 836
Postboks 919 – Sentrum
5808 BERGEN

Oslo, 1. desember 2003.

Til:
Lars Bjarne Marøy, Glåmlidvegen 17, 2213 Kongsvinger
Mona Stormark, Lægdesvingen 20, 5096 Bergen
Arne Skjerven, Ytre Hakestad, 5730 Ulvik
Bjørn Tormod Ringdal, Løvåsbakken 21, 5148 Fyllingsdalen

INNKALLING TIL MØTE I FONDSSTYRET

Det vert kalla inn til styremøte den 13. desember 2003 i Bergen, Hotel Hordaheimen, kl. 14:00. Det vert synt til munnleg varsel um at det vert halde styremøte i byrjingi av desember.

Det vert gjord framlegg um fylgjande saklista:

1. Godkjenning av innkallingi

2. Fastsetjing av saklista

3. Uppritet frå 19. oktober 2003

4. Vitring av brevbyte m.v.

   I. Stadfesting frå Rekneskapsregisteret på rekneskapen for 2002
   II. Brev til det nære skyldfolket (Er send ut tidlegare)
   III. Brev til skyldfolket (Er send ut tidlegare)
   IV. Brev til vallagi (Er send ut tidlegare)
   V. Høyringssvari frå skyldfolket og vallagi (Det er ikkje kome svar enno)
   VI. Svar frå Jostein Krokvik, dagsett 6. november 2003, han hev ikkje avprent av gåvebrevet og *"Mitt syn på norsk målreising – nokre tankar"*.
   VII. Brev frå Norsk Bokreidingslag L/L, dagsette 14. oktober 2003 og 10. november 2003.
   VIII. Svar på søknad frå Hardanger Folkeminnelag, dagsett 25. november 2003.
   IX. Svar på brev frå Norsk bokreidingslag L/L, dagsett 1. desember 2003.

5. Brigde av fondsfyresegni

   I. Turnusordningi, jfr. framlegget frå Noregs Mållag
   II. Anna ordlyd um den rettslege verknaden av uppløysing av vallag m.m.
   III. Søksmålsfrest
   IV. Nye vallag? (Eventuelle konsekvensane av ei utviding av talet på vallag)

Torolv Hesthammar hev meldt ifrå um at han ikkje lenger er varamann til fondsstyret. Han skriv millom anna i brevet sitt, dagsett 17. november 2003:

> *"Med dette melder eg frå til Noregs Mållag at eg ikkje lenger ynskjer å vera varamedlem eller ha anna ombod i styret for dette fondet. Eg er no i mitt 80. år og har store problem med høyrsla.*
>
> *Med dette brevet ser eg med løyst frå det nemnde ombodet."*

Eg hev gjeve melding til advokaten vår, skrivaren og styret i Ivar Aasen-sambandet um at eg reknar meg som ugild til å taka del i avgjerdi i spursmålet um Høgnorskringen skal peikast ut som vallag. Sidan varamannen min òg er ugild, hev eg bede styret i Ivar Aasen-sambandet vurdera å nemna upp eit sætemedlem for meg, jfr. § 3 i fondsfyresegni og stiftingslogi. Det er avtala at advokaten vår legg fram eit notat um dei rettslege aspekti ved sak 4 *Brigde i fondsfyresegni* til styremøtet.

Eg er berre ugild til å taka del i fyrehavingi av spursmåle um Høgnorskringen. Eg meiner at fondet ikkje bør nytta ressursar på reisa mi, når det ikkje er andre sers viktuge saker som skal fyrehavast på detta møtet. Ynskjer nokon at andre spursmål eller saker skal dryftast på detta møtet – lyt eg koma til Bergen. Styret kann ikkje gjera vedtak i andre spursmål enn dei der det er ugildskap i, utan at dei som er ugild i fyrste sak hev høve til å vera med på avgjerdi.

Til styret legg eg ved avprent av brevi frå Hesthammar, Krokvik og Norsk Bokreidingslag L/L, i tillegg kjem avprent av uppritet frå 19. oktober 2003 og svart til Hardanger Folkeminnelag og Norsk Bokreidingslag L/L.

Vyrdsam helsing
Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking

- formann -

Til vitring er avprent sende til:

Advokat dr. juris Tore Lunde, Advokatfirmaet Kluge DA, P.b. 394 – Sentrum, 5805 Bergen
Sissel-Anny Hjelmtveit, Totland, 5912 Seim
Halldor Slettebø, Blindernvegen 48, 0371 Oslo
Håvard Tangen, Kvartsvegen 5, 1158 Oslo
Magnus Robberstad, Bjørnemyrterrasse 12, 1453 Bjørnemyr

2

Høgnorsk student- og elevmållag
Arne Holmin
Hordagata 6
5036 BERGEN

Bergen. 24 oktober 2003

Halldor O. Opedals fond
Postboks 919 Sentrum
5808 BERGEN

Søknad um upptak i Halldor O. Opedals fond

Me viser til fyresegnene til Halldor O. Opedals fond, § 6, som segjer fylgjande:

> "Kjem det upp eit lag som stettar kravi åt dette fondet, kan fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar."

Høgnorsk student- og elevmållag er eit landsfemnande lag som vil arbeida for høgnorsk i skulen og på universitet og høgskular. Det er her rekrutteringsgrunnlaget for høgnorskrørsla ligg. Skal rørsla hindra forgubbing, er det avgjerande å skaffa nye aktivistar i dette kringværet. Høgnorsk student- og elevmållag vil gjerne gjera mykje arbeid for å uppnå dette, og me trur at det er viktig at dette synet vert uttrykt gjenom at laget fær ein styresmann i Opedalsfondet.

Me hev lese og er kjende med fyresegnene til fondet. Me viser til fyremålet åt laget vårt, innteke nedanfor, og vil med dette søkja um at Høgnorsk student- og elevmållag vert uppteke i fondet.

> § 1 Fyremål
> Høgnorsk student- og elevmållag hev til fyremål å reisa og dyrka høgnorsk mål. Med høgnorsk er meint det målet som hev vakse fram og halde seg i bruk i samsvar med dei hovudprinsippi som Ivar Aasen bygde på. Her tenkjer me millom anna på prinsippet um vokaltriklang og samanhengslovi.

Me vil strika under at laget vårt ikkje er nokon mottevlar til Norsk Målungdom. Laget vårt arbeider for høgnorsk mål millom elevar og studentar. Det segjer seg sjølv at det berre er dei færaste av dei potensielle lagsmennene i Norsk Målungdom som vil vera interesserte i å melda seg inn i laget vårt. Me trur ikkje det kjem til å verta nokor røynleg tevling i det heile.

Me trur derimot at det vert lettare å nå ungdomen som Opedal var uppteken av å nå gjenom at laget vår vert med i Opedalsfondet. Det vil gjera det lettare å uppfylla fyremålet til Opedal, som var å reisa og dyrka det norske målet på ulike umkverve.

Med vensam helsing
Arne Johannes Holmin
Arne Johannes Holmin
formann

Landslaget Høgnorskringen er innskriven i, Ivar Aasen-sambandet, hev møtt Kulturdepartementet til dryftingar for fyrste gong. Utsendingane frå Sambandet, som alle òg er med i Ringen, vart vel fagna av rådgjevaren, som viste seg å hysa mykje godhug for kravi våre. Noko handfast mynte møtet di verre ikkje ut i - lovnad um språkrådssæte kunde departementsmannen ikkje gjeva. Like radt synte møtet at den vollgravi av motstand frå statlegt hald mot å koma med ettergifter til oss på høgnorsksida er åt å minka og at me vert høyrde på meir enn fyrr.

Tiltak og saker i året som hev gjenge

Høgnorsknytt med meldingar frå styret um det som hev hendt og det som er gjort sidan sist, hev kome ut tvo gonger. Det fyrste nummeret i 2001 var det tjukkaste nummeret nokon gong. Det hev stundom vore skort på høvelegt tilfang til det litle bladet, men det er òg greidt å hava ein bindelekk millom styret og lagsflokken utan at han plent lyt koma so hosta ofte. Di meir meldingar og innkast frå grunnplanet som kann skapa kveik og nøra upp under framtaksviljen i lyden, di tidare kann me senda ut Høgnorsknytt.

Styret var våren 2001 med på to viktuge tilskipingar som samla dei idugaste høgnorsk-tilhengjarane til stemna: Landsmøtet i Ivar Aasen-sambandet, halde i Bjørgvin, og Høgnorsk-dagane i Volda. I Bjørgvin var det både byfolk og langvegsfarande bygdefolk som møtte; flestalle lagi i samskipnaden hadde teke vegen til Gimle der møtet vart halde. Landsmøtet bar bod um ein livssterk og stridsviljug høgnorskflokk som ikkje gjev upp endå um motbakkane er lange og bratte. Voni um ein snunad i den offentlege målpolitikken vart òg tend, eit teikn på at seigt og trottugt arbeid ikkje er fåfengt. Ein sendemann som kasta fram tvil um sidemålsstilen bata målsaki, vart møtt med kvasse motsegner og hovudristing. Pågangen mot nynorskt sidemål hev vore meir til stelp enn til hjelp for saki vår. - Høgnorskdagane baud på eit overlag mangslunge og lærerikt program dette året. Fyredragshaldarane, alle so nær som ein voldingar, tok fyre seg fengslande emne som diktaren Henrik Straumsheim, dogme i læra um den indo-europeiske målætti, livet og læra åt lærarskulemannen Erling Kristvik og rikdomen i det nynorske ordtilfanget. Di verre var flokken som fylgde talone på Høgnorsk-dagane, ikkje serskilt fjølment. Talaruppbodet kann ikkje bera skuldi for det, kor som er.

Nokre nye lagsmenner hev kome til sidan fyrre årsmøtet, både unge og gamle. Det vide aldersspennet i Ringen vitnar um eit lagsfyremål som fengjer breidt og som er liv lage for framtidi. Styret hev i nokon mun ringt heim til tingarar av Vestmannen i ein freistnad på å sanka nye lagsmenner. Sidan hadde det òg vore tenlegt å ringja til folk i laget og røkja etter um nokon hev planar for å vinna meir gjenomslag ålment.

Elles hev det påemna høgnorskhefte teke endeleg form i bolken, og gjeng alt etter den uppsette planen, skal det kunna leggjast fram på årsmøtet i fyrstningi av oktober. Dei i lagslyden som ikkje møter, men hev svara årspengar for 2000, fær tilsendt eit fritt næme kvar med tilbod um å få fleire til sal og spreiding.

Sume av styresmennene hev lagt seg i selen i strid for høgnorsk på ymse umkverve. I ser vil me nemna Klaus Johan Myrvoll og Olav Torheim som hev trive pennen og drege sverd for høgnorsksaki både i lesarbrevspaltor i bladi og på ordskiftelistor på verdsveven.

Eit nytt tilskot med beinveges utspring i Høgnorskringen er Blindern Høgnorsklag. Med Kjetil Aasen i brodden hev laget skipa til opne møte ved Universitetet i Oslo, der norsk-dansken enno held stand og nynorsken som synest, er vesal og vinglut. Lagsmennene hev sloppe til i universitetspressa med breide og bilætrike uppslag, so dei som fylgjer med der, hev venteleg gjeve gaum på denne lagstilvoksteren.

Det økonomiske vedskiftet hev vore vandelaust i bolken, både takk vere jamleg tilførsla av årspengar og rauste gåvor frå heilhuga folk i lagslyden. Styret er sers takksamt for den yverstrøymande gjevargleda. Høgnorskringen stend soleis trygt, og det er fullt forsvarlegt å gjeva ut hefte og fenge det prenta i eit rikelegt upplag.

Styret hev havt etter måten fåe samkomor denne bolken. Dette kjem både av at fyrelogone som hev vore uppe, ikkje hev kravt at styret laut samlast til avgjerd og at mengdi av saker ikkje stødt hev vore hardla stor.

Dei som hev havt umbod i den framfarne arbeidsbolken: Håvard Tangen (formann), Olav Torheim (varaformann). Dag Hagen Berg (kassastyrar), Klaus Johan Myrvoll og Kjetil Aasen (styresmenner). Varamenner: Anders Olsen, Sverre Johnsen, Ivan Digernes, Gunleiv Hadland og Roger Dyrøy. Valnemndi: Lars Bjarne Marøy, Roger Dyrøy og Filip A. Stokkeland.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking
Org.nr.: 977 452 836
Postboks 919 – Sentrum
5808 BERGEN

Oslo, 24. januar 2001.

Til
Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland
v/ Styreformann Karl Storhaug
5947 FEDJE

Krav um innfriing av lån, varsel um rettsleg inkasso

Eg syner til at Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland lånte kr 150 000 frå oss i 1994. Lånesummen vart yverført til Dykk den 4. oktober 1994, etter styrevedtak den 20. oktober 1994.

Lånet vart gjevi på fylgjande vilkår:

Fyremål:	Produksjonslån for Strilesoga
Renta:	8 % per år
Innfriing:	Etter eitt år, altso i slutten av 1995

Eg kann ikkje sjå at lånet er innfridd. Alt Fondet hev fenge er ei delinnfriing den 3. januar 1997 på kr. 12 000,00 og ei den 5. desember 2000 på kr. 37 064,00.

Lånet, medrekna rentone er per 1. januar 2001 på kr. 188 462,00 –
eg bed um at detta lånet medrekna rentone vert innfridd snarast og seinast

15. februar 2001.

Innfriinga kann skje til kontoen vår: 5216 09 52008

Um Stiftinga gjer upp lånet innan fresten – kann De sjå burt frå ynskjet vårt um å få svar på dei spursmåli som er nenmde nedanfor. Dessa upplysingane er meinte som grunnlag for dryftingar internt i Fondet og eventuelt millom Fondet og Siftinga um korleides me kann ordna upp i det økomomiske millomveret.

- Fondet bed um å få tilsendt rekneskapane og ettersynsmelding for 1994 – 1999. Er det utarbeidd årsmelding eller liknande bed eg um å få tilsendt dei òg.

- Fondet bed um at styret i Stiftinga ikkje gjer disposisjonar som kann svekka soliditetet og/eller auka kostnadene til Stiftinga fyrr det er kome til semje um innfriingsavtala eller gjeldsavtala.

- Hev Stiftinga rekneskapaførar? Um Stiftinga hev rekneskapsførar bed Fondet um å få tilsendt stadfesting på autorisasjonen til vedkomande. Eg ventar at styret i Stiftinga eventuelt syt for det vert engasjera ein rekneskapsførar for Stiftinga som er autorisera og som hev den heilt turvande tilliten både internt og hjå kreditorane.

- Fondet ynskjer få stadfesting på at rekneskapane er sende inn til Fylkesmannen. Um rekneskapane ikkje er sende inn ynskjer Fondet å vita kvifor rekneskapane ikkje er sende til Fylkesmannen i Hordaland.

Eg ventar òg at eventuelle tingingar um gjeldsavtala vil gå fyre seg internt i samskipnadane, og at innspel og dryftingar vert halde løynt for ålmenta fram til endelegt resultat.

Eg gjer merksam på at eg korkje kann eller vil lova at me vil utsetja fresten for full innfriing eller slette noko av kravet vårt, men eg vil leggja til at Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking vil strekkja seg langt for å koma fram til ei avtala som alle kann leva med. Dette fyreset at det vert ein dialog millom oss um vegen vidare i Stiftinga.

Spursmål kann De retta til underskrivne på telefon: 90 97 35 39

Vyrdsam helsing

HALLDOR O. OPEDALS FOND
for norsk målreising og måldyrking
Pb. 919 Sentrum, 5808 Bergen

- styreformann -

Vedlegg: Utrekning av rentone per år.

Vedlegg til innfriingskravet:

Utrekning av rentone i samband med utlånet til Regionsoga.

Årstal	Rentor	Innfriing	Ny saldo
Lånesum, 1994:			150 000,00
1994	2 500,00		152 500,00
1995	12 200,00		164 700,00
1996	13 176,00		177 876,00
Innfridd, 03.01.1997.		12 000,00	165 876,00
1997	13 270,00		179 146,00
1998	14 331,00		193 477,00
1999	15 478,00		208 955,00
Innfridd, 05.12.2000.		37 064,00	171 891,00
2000	16 571,00		188 462,00
Sum:			188 462,00

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking
Org.nr.: 977 152 836
Postboks 919 – Sentrum
5808 BERGEN

Oslo, 11. november 2002.

Til styri i:

Vestlandske Mållag, v/Lars Bjarne Marøy
Vestmannalaget, v/Jon Akseland
Norsk Måldyrkingslag, v/Arne Gjeraker
Norges Mållag, v/Håvard Teigen
Ivar Aasen-sambandet, v/Klaus Johan Myrvoll

ÅRSMELDING OG REKNESKAPEN – FOR 2001

Det vert synt til at styri i vallagi etter fyresegni åt Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking skal ha fyre godkjenning av årsmeldingi og rekneskapen for fondet.

For styret i fondet bed eg styri um å fyrehava årsuppgjerdet og gjeva melding attende til oss innan 10. desember 2002.

Vyrdsam helsing
Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking

- formann -

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Org.nr.: 977 152 836
Postboks 919 – Sentrum
5808 BERGEN

Oslo, 6. januar 2002.

Jon Askeland
Norsk Bokreidingslag L/L
Krohnengsgt. 3
5035 BERGEN

VEDKOMANDE SØKNAD UM STUDNAD TIL *NORSK MÅLSOGA* OG DEN PÅSTÅTT VANTANDE HEIDERSPRISEN

Arbeidsutvalet i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking dryft løyvingi til *Norsk Målsoga* og *Folkesuverenitetsboki* i slutten av november 2001, og syner til tidlegare brev frå oss, dagsett 27. september 2001, der millom anna fylgjande vert nemnt:

> *1. Studnaden på kr. 50 000,00 er i fyrste umgang gjort som lån.*
>
> ....
>
> *6. Denne nye studnaden kjem i tillegg til dei kr. 65 000 som fondet alt hev løyvt.*
> *7. Fyresetnad for å halda uppe den tidlegare løyvingi (på kronor 65 000,-) og lånet, er at løyvingi til boki um Folkesuvereniteten som vart gjeve i 1996 til Alv Askeland fell burt.*
> *Dei nærare skilordi for lånet fær formannen fullmakt til å greida med.*

Nærare ordningar og vilkår er ikkje dryfta og soleides ikkje fastsette, um styret i Norsk Bokreidingslag hev innspel og merknad ser eg at dei vert meldt formannen.

Det vart presisera i brevet at det er teke atterhald um at uppritet som gjeld vedtaket ikkje var/er godkjent.

Bakgrunnen for punkt 7 var at det var 5 år sidan løyvingi vart gjevi, og fondsstyret fann inkje noko brevbyte eller skriftlege meldingar vedrørande løyvingi til *Folkesuvereniteten, Stortinget og Grunnlovi*. Eg tykkjer òg det er underlegt at forretningsføraren vår, som òg er forretningsføraren til Norsk Bokreidingslag L/L, ikkje reidde ut løyvingi til laget, um det ikkje var underforstått at løyvingi hadde falle burt. Det vart nemnt på fondsstyremøtet den 8. april 2000, der forretningsføraren Dykkar var til stadar, at denna løyvingi no kunde attendeførast. Korkje forretningsføraren Dykkar eller Leidulv Hundvin sagde noko i mot. Ein av styrelemene Dykkar, Frøydis Lehmann, var òg til stadar, det kom heller ikkje protestar frå henne.

Eg fekk i tidi etter at eg sende brevet fleire telefonar frå Dykk der det vart fremja påstandar um at Opedalsfondet skuldar Alv Askeland og/eller Norsk Bokreidingslag 20 000 kr, og at Norsk Bokreidingslag ikkje kunne godtaka punkt 7 i vedtaket (fyresetnaden frå fondsstyret).

Eg uppfatta at De ringde som målsmann både for far din, Alv Askeland, og for Norsk Bokreidingslag L/L der De er styreformann. Eg vender meg difor til Dykk som målsmann for både Alv Askeland og Norsk Bokreidingslag L/L.

Eg hev granska synspunkti og påstandane som er sette fram av Dykk, og finn grunn til å beda Dykk koma med ei skriftleg utgreiding av korleis De ser på umstendi vedrørande løyvingane til Folkesuverenitetsboki og heidersprisen til Askeland.

Eg lyt leggja til at eg vart sers yverraska då De nemnde at Alv Askeland ikkje hadde fenge heidersprisen sin på kr. 20 000. Eg hadde trudd at Hans Sørbø og Leiv Flesland i alle høve hadde makta å reida ut heidersgåva til ein so sers idug målmann og heiderskar som Alv Askeland. Eg vil sjølvsagt ordna upp i detta tilhøvet, og i fall påstanden er rett, syta for at fondsstyret tek dei turvande grepi for å retta upp i ei eventuell skamferd frå det tidlegare fondsstyret.

Slik eg ser det no, hev ikkje Opedalsfondet nokor skuld til korkje Alv Askeland eller Norsk Bokreidingslag L/L. Eg ynskjer likevel å høyra korleides De ser på saki og eg ynksjer å taka saki upp på ny med fondsstyret. I samband med detta bed eg difor um at fylgjande vert gjort serskilt greida for eller stadfest skriftlegt:

Spursmål nr. 1.
Godtek Norsk Bokreidingslag den fyresetnaden som Opedalsfondet tok og som er nemnd i punkt 7 i vedtaket til fondsstyret, eller ikkje?

Spursmål nr. 2.
a) Meiner De at Alv Askeland ikkje hev motteke heidersprisen sin på kr. 20 000?
b) Meiner De at Norsk Bokreidingslag L/L ikkje hev motteke løyvingi til *Folkesuvereniteten*?

I fall Norsk Bokreidingslag godtek atterhaldet vårt ser eg ingen grunn til å beda Dykk svara på dei neste spursmåli, men meiner De at Opedalsfondet skuldar Norsk Bokreidingslag L/L og/eller Alv Askeland noko, bed eg um at fylgjande òg vert greidt ut skriftlegt:

Spursmål nr. 3.
a) Meiner Bokreidingslaget at Opedalsfondet skuldar laget 20 000 kr, eller ein annan sum. Når vart dessa etablert i so fall? Finst det dokumentasjon for detta, og kann De senda denna til oss?
b) Kva hev Norsk Bokreidingslag gjort for å få dei summane som laget meiner at Opedalsfondet skuldar, og når vart detta i so fall gjort? Finst det dokumentasjon for detta, og kann De senda denna til oss?

Spursmål nr. 4.
Finst det eit yversyn yver kostnadene og innkomene vedrørande *Folkesuvereniteten*?
Kann De eventuelt senda det til oss?

Eg orsakar elles at eg ikkje fekk høve til å senda detta brevet til Dykk fyre jol, men diverre var arbeidsstoda mi i sterk grad påverka av sjukdom hjå arbeidsgjevaren min.

Vyrdsam helsing
Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking

- styreformann -

Alv Askeland
5778 Utne

Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking
v/formannen Dag Hagen Berg
postboks 919 - Sentrum
5808 Bergen

Er ikkje vedtak um utetlingar frå Opedalsfondet til å lita på?

I 1996 fekk eg ei gledeleg melding um at Opedalsfondet hadde løyvd kr 20.000,- til utgjeving av boki Folkesuvereniteten, Stortinget og Grunnlovi. Året etter fekk eg heiderspris frå Opedalsfondet, ogso den på kr 20.000,-. Det året fekk eg ein sjekk frå fondet på 20.000,-, som eg straks yverførte til Norsk Bokreidingslag, som gav ut boki same året (1997). Både på festen som vart halden i samband med heidringane og ved andre høve gav eg uttrykk for at det var mitt ynske at båe løyvingane skulde gå til å kosta prentingi av den nemnde boki. Eg rekna då og med at dei 20.000,- som stod att vilde verta yverførde direkte til Forlaget.

Seinare vart eg kjend med at dette ikkje hadde vorte gjort og ba son min kontakta Opedalsfondet for å etterlysa løyvingi. Han so gjorde, men fekk ikkje svar frå Opedalsfondet. Derimot kom det den 27. september ein telefaks til Norsk Bokreidingslag um ei løyving til Norsk Målsoga, og der stend det i eit punkt 7) at det er ein fyresetnad for studnaden at "løyvingi til boki um Folkesuvereniteten som vart gjeve i 1996 til Alv Askeland fell burt".

Eg er heiderslagsmann i 3 av dei 5 lagi som styrer Opedalsfondet (Norsk Måldyrkingslag, Vestlandske Mållag og Vestmannalget) og finn det ikkje so lite sårande at Fondet berre få dagar fyre 90 årsdagen min "heidrar" meg med å draga attende ei løyving på 20.000,- kronor.

Eg torer difor spyrja um det er slik at vedtak um løyvingar frå Opedalsfondet ikkje er til å lita på? Og er det verkeleg slik at Fondet finn det rett å draga attende studnad til tiltak som hev vorte gjenomførte i rett tid? Og finst det andre døme på det same?

Utne, 27. november 2001

Alv Askeland

Alv Askeland

avprent til:
Noregs Mållag ved form. Oddmund Hoel
Norsk Måldyrkingslag ved form. Arne Gjeraker
Ivar Aasen-sambandet ved form. Klaus Johan Myrvoll
Vestlandske Mållag ved form. Lars Bjarne Marøy
Vestmannalaget ved form. Jon Askeland

Norsk Bokreidingslag

Postboks 684 Sentrum, 5807 Bergen
Telefon 55 30 18 99 - Telefaks 55 32 03 56
Giro 0809 3918844 - E-post: firmapost@ctrykk.no

Bergen 28. februar 2001

Halldor O. Opedals fond for norsk målreising
og måldyrking
v/Lars Bjarne Marøy
postboks 919 Sentrum
5808 Bergen

YVERFØRING AV LØYVING - HEIDERSGÅVA TIL ALV ASKELAND

Norsk Bokreidingslag vil med dette be um at heidersgåva til Alv Askeland på kr. 20.000,- vert yverført til forlaget. Det hev heile tidi vore Askeland sitt ynske at denne heidersgåva skulde nyttast til fullfinansiering av boki *Folkesuvereniteten, Stortinget og Grunnlovi*, som Bokreidingslaget gav ut i 1997.

Forlaget hev no i emning viktuge boktiltak, og vonar difor at summen kann verta yverført med det fyrste.

Venleg helsing

Jon Askeland
styreformann

Norsk Bokreidingslag

Postboks 684 Sentrum, 5807 Bergen
Telefon 55 30 18 99 - Telefaks 55 32 03 56
ro 0809 3918844 - E-post: firmapost@ctrykk.no

Bergen 28. februar 2001

Halldor O. Opedals fond for norsk målreising
og måldyrking
v/Lars Bjarne Marøy
postboks 919 Sentrum
5808 Bergen

YVERFØRING AV LØYVING - HEIDERSGÅVA TIL ALV ASKELAND

Norsk Bokreidingslag vil med dette be um at heidersgåva til Alv Askeland på kr. 20.000,- vert yverført til forlaget. Det hev heile tidi vore Askeland sitt ynske at denne heidersgåva skulde nyttast til fullfinansiering av boki *Folkesuvereniteten, Stortinget og Grunnlovi*, som Bokreidingslaget gav ut i 1997.

Forlaget hev no i emning viktuge boktiltak, og vonar difor at summen kann verta yverførd med det fyrste.

Venleg helsing

Jon Askeland
styreformann

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Org.nr.: 977 152 836

Postboks 919 – Sentrum

5808 BERGEN

Oslo, 21. november 2001.

Til
Jon Askeland
Norsk Bokreidingslag L/L
Krohnengsgt. 3
5035 BERGEN

VEDKOMANDE SØKNAD UM STUDNAD TIL *NORSK MÅLSOGA* OG DEN PÅSTÅTTE VANTANDE HEIDERSPRISEN.

Styret i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking syner til tidlegare brev frå oss, dagsett 27. september 2001, der millom anna fylgjande vert nemnt:

> *1. Studnaden på kr. 50 000,00 er i fyrste umgang gjort som lån.*
>
> ....
>
> *6. Denne nye studnaden kjem i tillegg til dei kr. 65 000 som fondet alt hev løyvt.*
> *7. Fyresetnad for å halda uppe den tidlegare løyvingi (på kronor 65 000,-) og lånet, er at løyvingi til boki um Folkesuvereniteten som vart gjeve i 1996 til Alv Askeland fell burt.*
> *Dei nærare skilordi for lånet fær formannen fullmakt til å greida med.*
>
> *Nærare ordningar og vilkår er ikkje dryfta og soleides ikkje fastsette, um styret i Norsk Bokreidingslag hev innspel og merknad ser eg at dei mer meldt formannen.*

Det vart presisera i brevet at det er teke atterhald um at uppritet som vedkomande vedtaket bygde på ikkje var/er godkjent.

Eg fekk i tidi etter at brevet vart sendt fleire telefonar frå Dykk der det vert fremja påstandar um at Opedalsfondet skuldar Alv Askeland og/eller Norsk Bokreidingslag 20 000 kr, og at Norsk Bokreidingslag ikkje kunne godtaka punkt 7 i vedtaket (fyresetnaden frå fondsstyret).

Eg uppfatta at De ringde som målsmann både for far din, Alv Askeland, og for Norsk Bokreidingslag L/L der De er styreformann. Eg vender meg difor til Dykk som målsmann for både Alv Askeland og Norsk Bokreidingslag L/L. Eg hev granska synspunkti og påstandane som er sett fram av Dykk, og finn grunn til å beda Dykk koma med ei skriftleg utgreiding av korleis De ser på umstendi vedrørande løyvingane til Folkesuverenitetsboki og heidersprisen til Askeland.

Eg lyt leggja til at eg vart sers yverraska då De nemnde at Alv Askeland ikkje hadde fenge heidersprisen sin på kr. 20 000. Eg hadde trudd at Hans Sørbø og Leiv Flesland trass i høg alder i alle høve hadde makta å reida ut heidersgåva til ein so sers idug målmann og heiderskar som Alv Askeland.

Eg vil sjølvsagt ordna upp i detta tilhøvet, og i fall påstanden er rett, syta for at fondsstyret tek dei turvande grepi for å retta upp i ei eventuell skamferd frå det tidlegare fondsstyret. I samband med at eg lyt leggja saki fram for fondsstyret, bed eg difor um at fylgjande vert gjort serskilt greide for eller stadfesta:

Spursmål nr. 1.
Godtek Norsk Bokreidingslag den fyresetnaden som Opedalsfondet tok og som er nemnd i punkt 7 i vedtaket til fondsstyret, eller ikkje?

Spursmål nr. 2.
a) Meiner De at Alv Askeland ikkje hev motteke heidersprisen sin på kr. 20 000?
b) Meiner De at Norsk Bokreidingslag L/L ikkje hev motteke løyvingi til Folkesuvereniteten?
c) Eller meiner De at Opedalsfondet ikkje hev reida ut nokon av dessa to summane?

I fall Norsk Bokreidingslag godtek atterhaldet ser eg ingen grunn til å beda Dykk svara på dei neste spursmåli, men meiner De at Opedalsfondet skuldar Norsk Bokreidingslag L/L og/eller Alv Askeland noko, bed eg um at fylgjande òg vert greidt ut:

Spursmål nr. 3.
a) Meiner Bokreidingslaget at Opedalsfondet skuldar laget 20 000 kr, eller ein annan sum.
b) Um Bokreidingslaget meiner Opedalfondet skuldar laget ein annan sum enn ei eventuell yverføring av heidersprisen frå Askeland til laget, bed eg um å få vita kva grunnlag dessa skuldene er etablert på?
c) Når vart dessa etablert i so fall, og um det gjeld løyvingar frå Opedalsfondet ynskjer eg å vita korleis og av kven som på våre vegne informera Bokreidingslaget um løyvingi(ane)?
d) Finst det dokumentasjon for detta, og kann De senda denna til oss?
f) Kva hev Norsk Bokreidingslag gjort for å få dei summane som laget meiner at Opedalsfondet skuldar, og når vart detta i so fall gjort?
g) Finst det dokumentasjon for detta, og kann De senda denna til oss?

Spursmål nr. 4.
a) Meiner De at Opedalsfondet skuldar Alv Askeland 20 000 kr, eller ein annan sum?
b) Kva er gjort for å få summen som De meiner at Opedalsfondet skuldar, og når vart detta i so fall gjort?
c) Finst det dokumentasjon for detta, og kann De senda denna til oss?

Spursmål nr. 5.
Fins det eit yversyn yver kostnadene og innkomene vedrørande *Folkesuvereniteten*?
Kann De eventuelt senda det til oss?

Spursmål nr. 6.
Fins det ein uppdatera finansieringsplan for *Norsk Målsoga*?
Kann De eventuelt senda han til oss?

Vyrdsam helsing
Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking

- styreformann -

Norsk Bokreidingslag

Postboks 684 Sentrum, 5807 Bergen
Telefon 55 30 18 99 - Telefaks 55 32 03 56
Giro 0809 3918844 - E-post: firmapost@ctrykk.no

Bergen, 21. desember 2001

Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking
postboks 919
5808 Bergen

Utbetaling av løyving til *Norsk Målsoga*

Norsk Målsoga av Gustav Indrebø vart ferdig til 15. november. Norsk Bokreidingslag hev motteke rekning på boki (jfr vedlegg), og me torer difor be um å få yverført tilskotet frå Halldor O. Opedals fond til bankkonto: 6504.10.31616.

Attåt Opedalsfondet hev desse ytt tilskot til prenting av boki:

Fritz Monrad Walles fond v/Vestmannalaget		65.000,-
Indrebøfondet	ca	40.000,-
Skuleboknemndi åt Studentmållaget i Oslo		30.000,-

Skuleboknemndi hev dessutan ytt større pengesummar til utlogone i samband med fyrebuing av manuskriptet. I skrivande stund hev me ikkje fenge svar frå Kulturrådet på ein søknad um nynorskstøtte, men utfrå tidlegare røynsle er det vel berre ein mindre sum me kann ha von um frå den kanten.

Venleg helsing

Jon Askeland

Vedlegg:
kopi av rekning frå prenteverket

FAKTURA

Fakturanr.: 6409
Fakturadato: 21.11.2001
Forfallsdato: 21.12.2001
Kundenr: K0027

Bodoni Hus, Central AS
Postboks 6045 Postterminalen
5892 Bergen

Telefon: 55 30 18 80
Org.nr: NO 981 934 318 MVA

Norsk Bokreidingslag L/L
v/Leiv Flesland,
Fleslandsv. 132,
5258 Blomsterdalen.

Referanse

Tekst	Ordre	Stk. pris	Antall	%	Beløp
119 Bøker					
Ordrenr.: 151.		254.200,0	1,00		254.200,00
NORSK MÅLSOGA iflg. tilbud: 251.800,-					
Nr. bøker 2.400,-					
502 Pakking og ekspedisjon		3.550,00	1,00		3.550,00

Netto 257.750,00 MVA 257.750,0 : 61.860,0

Totalt å betale 319.610,00

Kvittering

Innbetalt til konto: 3411.05.06114

Beløp: 319.610 00

Betalerens kontonummer:

Blankettnummer: 6303143176

Betalingsinformasjon

Fakturanr.: 6409
Fakturadato: 21.11.2001
Kundenr: K0027
Referanse:

GIRO

Betalingsfrist: 21.12.2001

Underskrift ved giroring

Betalt av
Norsk Bokreidingslag L/L
v/Leiv Flesland,
Fleslandsv. 132,
5258 Blomsterdalen.

Betalt til
Bodoni Hus, Central AS
Postboks 6045 Postterminalen
5892 Bergen

Belastet konto

Kundeidentifikasjon (KID)

Kroner	Øre	Til konto
319.610	00	3411.05.06114

Kvittering tilbake

Blankettnummer: <6303143176>

Accounting

Norsk Bokreidingslag

Postboks 684 Sentrum, 5807 Bergen
Telefon 55 30 18 99 - Telefaks 55 32 03 56
Giro 0809 3918844 - E-post: firmapost@ctrykk.no

Bergen, 12. desember 2002

Fylkesmann Svein Alsaker
Postboks 7310
5020 Bergen

Klage på Halldor O Opedals fond for norsk målreising og måldyrking

Norsk Bokreidingslag vil med dette klaga på manglande utbetaling av tilskot på til saman kr 115.000 til boki *Norsk Målsoga* av Gustav Indrebø. Me vil ogso klaga på manglande utbetaling av tilskot til Alv Askeland på kr 20.000,-.

Norsk Målsoga kom ut i november 2001 og er det største og dyraste boktiltaket forlaget hev teke på seg. Boki er og eit grunnlagsskrift for det norskdomsarbeidet som både Bokreidingslaget og Opedalsfondet hev som sitt hovudmål å fremja. I tillegg kjem at Norsk Bokreidingslag hev vore Opedals eige forlag frå midten av 70-talet, og at det var maktpåliggjande for Opedal at fondet hans ikkje skulde vera med på å skapa strid millom ulike flokkar i målrørsla (jfr. brev han sende til fondet i 1979).

Dei som hev havt styringi med fondet den siste bolken, hev ikkje kalla inn målsmannen frå Norsk Måldyrkingslag og heller ikkje den mannen som Vestmannalaget hev peika ut som sin målsmann i fondsstyret. Etter vårt skyn kan ei slik selektiv og eigenrådig styring av fondet ikkje godtakast – og fylgjeleg kan heller ikkje vedtak som er gjorde i perioden reknast for lovlege.

Norsk Bokreidingslag ser det og slik at målsmennene Dag Hagen Berg og Lars Bjarne Marøy, som hev havt makti i fondsstyret den seinste bolken, hev synt ein so stor uvilje mot forlaget og forlagsarbeidet at dei må reknast for ugilde når søknader som vedkjem Bokreidingslaget er fyre i styret. Lagi som desse to representerer, Ivar Aasen-sambandet og Vestlandske Mållag, er dei største luteigarane i Norsk Bokreidingslag og på årsmøti i 2001 møtte Hagen Berg og Marøy med fullmakter frå dei to store luteigarane, fullmakter som dei nytta til å setja seg upp mot styret i forlaget og ynsket til fleirtalet på det umframme årsmøtet (dei små luteigarane i laget).

Hagen Berg nådde ikkje fram med mistillitsframlegget sitt på det sistnemnde årsmøtet i Norsk Bokreidingslag i september i fjor. På same møtet kunde han upplysa at Halldor O. Opedals fond i august hadde løyvd kr 50.000,- til *Norsk Målsoga* i tillegg til summen på kr 65.000,- som det førre styret i Opedalsfondet hadde løyvd til det same boktiltaket. Det vart ikkje nemnt noko um serskilde atterhald ved denne løyvingi. Då formannen i Bokreidingslaget seinare bad um ei skriftleg stadfesting av løyvingi, vart han fyrst vist til skrivaren i fondet, Lars Bjarne Marøy. Men frå Marøy kom det ikkje brev um løyvingi og etter fleire purringar sende Hagen Berg ei stadfesting pr faks um tilskoti til *Norsk Målsoga*. Det heitte seg då at skrivaren, Marøy, kjende seg for nær knytt til Forlaget til å kunna senda oss eit brev um løyvingi (!). Same Marøy gav seinare på hausten i eit kritisk innlegg i bladet *Vestmannen* – som han då styrde - urette upplysningar um økonomien i Bokreidingslaget, og fekk det brått travelt med å be seg fri frå varamannslista i forlaget, ein posisjon han hadde hatt i fleire år.

Løyvingsbrevet som kom frå formannen innheldt ei rad med spesifikke krav. Det undra oss at det skulde stillast serlege vilkår til utgjeving av ei bok som *Norsk Målsoga*, som ogso Hagen Berg og Marøy tidlegare hev ivra for å få ut, men me godtok seks av dei sju serskilde vilkåri. Det sjuande kunde ikkje Bokreidingslaget godta, for det galdt å gjeva avkall på ei løyving som ikkje var til forlaget, men til Alv Askeland personleg. Dette vart det gjeve melding um og dette hev Askeland – som er heiderslagsmann i tre av dei fem lagi som hev styresmann i Opedalsfondet – måtta skriva fleire brev um utan anna resultat enn at Hagen Berg og Marøy no suverent "nullar ut" løyvingi frå 1996.

Det høyrer med til soga at Askeland hadde rekna med at tilskotet han fekk til boki *Folkesuvereniteten*... hadde vorte utbetala direkte til forlaget. Men då han fekk greida på at so ikkje var tilfelle og etterlyste tilskotet gjenom son sin, fekk han ikkje svar frå den nyvalde skrivaren i Opedalsfondet, Lars Bjarne Marøy. Same Marøy hadde tidlegare på eit styremøte i Vestmannalaget i november 1999 kritisert Opedalsfondet for ikkje å vera nøgne med å informera dei som fekk løyving frå Fondet. Han fekk då til eit vedtak um at dei styrande i Opedalsfondet måtte bedast um at alle som får løyvingar, blir informerte um det. Men då Marøy sjølv vart skrivar i fondet, umaka han seg ikkje ein gong med å svara på brev der tidlegare løyvingar vart etterlyste.

Opedalsfondet hev heller ikkje svara på det konkrete spursmålet frå Askeland um det finst andre døme i soga åt Fondet på at løyvingar til tiltak som hev vore gjenomførte i rett tid hev vorte dregne attende i ettertid.

Slik me ser det hev Hagen Berg og Marøy i denne saki drive med ei skammeleg trakkasering av ein mann som hev tent norskdomsarbeidet gjenom mange år og i fleire ulike lag og samskipnader, og som attåt er heiderslagsmann i fleirtalet av dei lagi som styrer Opedalsfondet, også det laget som Marøy hev vore målsmann for. Askeland er no yver 91 år og plaga med sjukdom, og uretten i denne saki må rettast upp med det same. Det finst ikkje grunnlag for å hevda at det tidlegare styret i Opedalsfondet meinte denne løyvingi kunde tilbakeførast til fondet, slik det vert gjeve inntrykk av i eit brev frå Hagen Berg.

Sameleis er det heilt urimeleg at Opedalsfondet no i 2002 set av kr 115.000,- til prosjekt "Norsk Målsoga". Dette er ikkje ei bok som skal koma, ho vart prenta i fjor haust og prentekostnaden vart på meir enn 250.000,- + moms. Ho hev kome i eit upplag på 1000 eksemplar - insinuasjonar frå dei to styrande i fondet um at det skulde vera langt mindre er heilt grunnlause og skuldast i beste fall ei mistolking av kategoritalet på fakturaen frå prenteverket. Forlaget kann no ikkje lenger godta at illvilje frå to av målsmennene i fondet skal undergrava finansieringi av ei so viktug bok som *Norsk Målsoga*, og me torer difor be um at Fylkesmannen snarast grip inn – slik han hev høve til utfrå *Lov om stiftelser* - for å rydda upp i styringi av Halldor O Opedals fond for norsk målreising og måldyrking.

For Norsk Bokreidingslag
Frøydis Lehmann
Frøydis Lehmann
formann

avprent til:

Halldor O Opedals fond v/Dag Hagen Berg
Ivar Aasen-sambandet v/Klaus Johan Myrvoll
Norsk Måldyrkingslag v/Arne Gjeraker
Norges Mållag v/Håvard Teigen
Vestlandske Mållag v/Kjell Kjerland
Vestmannalaget v/Jon Askeland

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Org.nr.: 977 152 836

Postboks 919 – Sentrum

5808 BERGEN

Bergen, 10. oktober 2003.

Norsk Bokreidingslag L/L
v/Frøydis Lehmann
Nordåsvegen 183
5235 RÅDAL

STODA I HØVE TIL "*NORSK MÅLSOGA*" AV GUSTAV INDREBØ OG KRAV UM SVAR PÅ UM NORSK BOKREIDINGSLAG L/L HEV YNSKJE UM Å SØKJA UM STUDNAD FRÅ DEN INTERNE AVSETNADEN VÅR TIL "*NORSK MÅLSOGA*" PÅ DEI VIKÅRI SOM MILLOM ANNA ER NEMNDE I STYREVEDTAKI, DAGSETTE 4. JULI 2001 OG 27. JUNI 2002

Fondsstyret i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking ser at Norsk Bokreidingslag L/L kjem med klagemål andsynes både Fylkesmann og vallagi til fondsstyret på dei vedtaki som er gjort i samband med *"Norsk Målsoga"* av Gustav Indrebø. Fondsstyret er òg undrande til at Norsk Bokreidingslag L/L sender fråsegner til fondsstyret med skarpe påstandar som alt er tilbakeviste, fråsegni var korkje datera eller underskrive.

Det hev undra fondsstyret at Norsk Bokreidingslag L/L korkje er løysingsorientera eller ynskjer å svara oss på dei brev og spursmål me hev sendt til dykk. Fondsstyret vil slå fast at det ikkje låg nokon vond vilje attum det vedtaket fondsstyret gjorde på styremøte i fondet 4. august 2001. Me kunde ikkje halda uppe løyvingi til bokprosjektet til Alv Askeland av di løyvingi var utaldra. I staden for tilbydde me Norsk Bokreidingslag L/L ei sers gunstig løysing som kompensasjon for den utaldra løyvingi. Ein skal òg vera merksam på at den fyrste løyvingi til "Norsk Målsoga", frå 1998, fall burt ved utgangen av 2000. Dette hadde styret i Norsk Bokreidingslag kjend til og rettkjend, jfr. brevet frå styreformann Jon Askeland, dagsett mars 2001. Me skynar ikkje at Norsk Bokreidingslag i staden for å segja ja til denne løysingi, som vilde ha gjeve laget 115 000 kronor, ser seg tent med å halda fram med brevskriving og uppkonstrueringar av usemja. Pr. i dag er det sju år sidan løyvingi til Alv Askeland vart gjevi, seks år sidan boki var ferdig og fire år sidan løyvingi vart utaldra. No hev Norsk Bokreidingslag havt høve til å prøva å få til ei løysing i denne saki i tvo år, men det hev ikkje kome konstruktive innspel i so måte.

Korkje Fylkesmannen eller vallagi hev heimel til å endra på vedtak i høve til utetlingar. Det er difor, etter vårt skyn, resurssøyding å halda fram på det viset som styret i Norsk Bokreidingslag L/L legg upp til.

Fondsstyret vil syna til møteboki frå fondsstyremøtet den 4. august 2001, der løyvingi vart dryft:

> Formannen gjorde merksam på at det ikkje var sendt med finanseringsplan for *Norsk målsoga* ved søknaden. Styret kunde soleis ikkje vita kor god inndekking målsoga kunde få. Det var semje um at fondet ikkje ynskte å vera med på å yverfinansiera *Målsoga*, det var difor semje um at studnaden til *Målsoga* i fyrste umgang vert gjort som lån. Det var likevel semje um at lånet vert gjort um til ei rein løyving um bokprosjektet ikkje vert yverfinansiert. Fondsstyret var òg uviss um økonomien til Norsk Bokreidingslag, og korleis ein fallitt vil påverka utgjevingi og ikkje minst spreidingi av *Norsk Målsoga*.

... Styret vart difor samde um at studnaden skal tryggjast gjenom pant i den ferdigprenta boki, helst ved handpant. Då vil ikkje kreditorane kunna kverrsetja boklageret av dei utgjevne bøkene. Formannen fekk i uppgåva å sjå på dei nøgnare skilordi i samband med pantesetjingi. ... Pantesetjingi var difor ikkje fyrst og fremst sett i verk for å tryggja fondsmidelen, men for å tryggja at bøkene ikkje fall i hendene på kreditorane til Norsk Bokreidingslag. Boklager som eventuelt vert teke yver, skal leverast yver mest mogeleg vederlagsfritt til andre som kann standa for salet av *Målsoga* – til beste for målreisingsarbeidet. ... Den nye studnaden (lånet på kr. 50 000) kjem i tillegg til dei kr. 65 000 som fondet alt hev løyvt til *Norsk målsoga*. Ein fyresetnad for å halda uppe den tidlegare løyvingi (på kronor 65 000,00) og lånet, er at løyvingi til boki um folkesuvereniteten som vart gjevi i 1996 til Alv Askeland fell burt. Vert ikkje denne fyresetnaden godteken av Bokreidingslaget, kjem saki upp på neste møte. ...

Norsk Målsoga

1. Studnaden er i fyrste umgang gjort som lån.
2. Vert bokprosjektet ikkje yverfinansiert vert studnaden gjort um til ei rein løyving.
3. Studnaden skal tryggjast gjenom pant i den ferdigprenta boki.
4. Fær ikkje Norsk Bokreidingslag rimelegt yverskot på salet av boki, vert lånet ettergjeve med 1/3 kvart år, rekna frå året etter at boki vart lagd ut for sal til ålmenta.
5. Boki skal ha inskripsjon um at ho er gjevi ut med tilskot frå Opedalsfondet.
6. Denne nye studnaden kjem i tillegg til dei kr. 65 000 som fondet alt hev løyvt.
7. Fyresetnad for å halda uppe den tidlegare løyvingi (på kronor 65 000,-) og lånet, er at løyvingi til boki um folkesuvereniteten som vart gjeve i 1996 til Alv Askeland fell burt.
8. Dei nærare skilordi for lånet fær formannen fullmakt til å greida med.

Vantande svar på brev og spursmål frå fondsstyret

Fondstyret hev i lengre tid undra seg yver at Norsk Bokreidingslag L/L ikkje hev svar på nokon av dei mange brevi me hev sendt Norsk Bokreidingslag L/L. Derimot hev det kome fleire eksterne utspel millom anna til pressa. Me vil her syna fyrst til brev dagsett 21. november 2001, der det millom anna vart reist fylgjande konkrete spursmål:

I samband med at eg [formannen i fondsstyret] *lyt leggja saki fram for fondsstyret, bed eg difor um at fylgjande vert gjort serskilt greide for eller stadfesta:*
Spursmål nr. 1.
Godtek Norsk Bokreidingslag den fyresetnaden som Opedalsfondet tok og som er nemnd i punkt 7 i vedtaket til fondsstyret, eller ikkje?
Spursmål nr. 2.
a) Meiner De at Alv Askeland ikkje hev motteke heidersprisen sin på kr. 20 000?
b) Meiner De at Norsk Bokreidingslag L/L ikkje hev motteke løyvingi til Folkesuvereniteten?
c) Eller meiner De at Opedalsfondet ikkje hev reida ut nokon av dessa to summane?
I fall Norsk Bokreidingslag godtek atterhaldet ser eg ingen grunn til å beda Dykk svara på dei neste spursmåli, men meiner De at Opedalsfondet skuldar Norsk Bokreidingslag L/L og/eller Alv Askeland noko, bed eg um at fylgjande òg vert greidt ut:
Spursmål nr. 3.
a) Meiner Bokreidingslaget at Opedalsfondet skuldar laget 20 000 kr, eller ein annan sum.
b) Um Bokreidingslaget meiner Opedalfondet skuldar laget ein annan sum enn ei eventuell yverføring av heidersprisen frå Askeland til laget, bed eg um å få vita kva grunnlag dessa skuldene er etablert på?
c) Når vart dessa etablert i so fall, og um det gjeld løyvingar frå Opedalsfondet ynskjer eg å vita korleis og av kven som på våre vegne informera Bokreidingslaget um løyvingi(ane)?
d) Finst det dokumentasjon for detta, og kann De senda denna til oss?
f) Kva hev Norsk Bokreidingslag gjort for å få dei summane som laget meiner at Opedalsfondet skuldar, og når vart detta i so fall gjort?
g) Finst det dokumentasjon for detta, og kann De senda denna til oss?
Spursmål nr. 4.
a) Meiner De at Opedalsfondet skuldar Alv Askeland 20 000 kr, eller ein annan sum?
b) Kva er gjort for å få summen som De meiner at Opedalsfondet skuldar, og når vart detta i so fall gjort?
c) Finst det dokumentasjon for detta, og kann De senda denna til oss?
Spursmål nr. 5.
Fins det eit yversyn yver kostnadene og innkomene vedrørande Folkesuvereniteten?
Kann De eventuelt senda det til oss?
Spursmål nr. 6.
Fins det ein uppdatera finansieringsplan for Norsk Målsoga?

Kann De eventuelt senda han til oss?

Me vil nemna at tilhøvet til Norsk Bokreidinslag L/L var uppe på styremøtet den 27. juni 2002. På dette møtet vedtok fondsstyret millom anna fylgjande, sitat frå årsmeldingi:

> Skrivaren vitra um at tilhøvet til Norsk Bokreidingslag L/L var dryft med Advokatfirmaet Kluge ANS. Dryftingane havde konkludert med fylgjande:
> - Løyvingi den 4. august 2001 lyt avtalerettslegt reknast som eit tilbod til Norsk Bokreidingslag L/L um pengestudnad – på serskilde vilkår,
> - Norsk Bokreidingslag L/L hev i ettertid sendt brev som klårt syner at Norsk Bokreidingslag L/L ikkje hev akseptera tilbodet um løyving,
> - Løyvingi som vart gjort den 4. august 2001 er dimed ikke rettsleg bindande for fondet, og kravi frå Norsk Bokreidingslag hev ikkje rettsleg fundament.
>
> Styret konstaterte at Norsk Bokreidingslag ikkje hev noko krav på den pengestudnaden som vart vedteken på styremøte 4. august 2001. Styret vedtok etter ei dryfting å slå fast at det skal stå ei avsetjing i rekneskapen for 2001 til prosjektet "*Norsk Målsoga*" på kr. 115 000,00. Denne avsetjingi kann og Norsk Bokreidingslag søkja på um det kjem med skikkeleg attendemelding på dei vilkåri som fondet hev sett eller som vert avtala med formannen.
>
> Vedtak:
>
> **Styret slutta seg til konklusjonen etter dryftingane med advokaten.**
> **Formannen skriv brev og vitrar um at det i rekneskapen vår sett av midlar til "*Norsk Målsoga*", utan at midlane er knytte til ein serskilt mottakar. Norsk Bokreidingslag L/L kann difor søkja um midlar frå denne avsetnaden, på fylgjande klåre og ufråvikelege vilkår:**
> 1. **Fondsstyret fær tilsendt rekneskap yver kostnader og innkomor knytte til "*Norsk Målsoga*".**
> 2. **Fondsstyret fær tilsendt alle tilbod, upprit, avtaler og andre dokument som kann kasta ljos yver avgjerder i samband utgjevingi av boki.**
> 3. **Fondsstyret fær tilsendt alle avtaler millom Norsk Bokreidingslag og prenteverk/bokbindar, og upplysingar um kor mange bøker som er eller vil verta prenta og når.**
> 4. **Fondsstyret fær høve til sjølv å sjå etter eventuelle varelager av bøker.**
> 5. **Fondsstyret vert halde orientert um endringar under vegs.**
>
> **Um andre vil arbeida vidare med prosjektet og søkja um midlar, vil dei òg verta vurderte.**
> **Formannen fekk fullmakt til å ordna med dei nærare skilordi.**

Formannen i fondsstyret skreiv til dykk seinast den 11. august d.å., utan å få svar. Formannen skreiv i brevet millom anna fylgjande:

> *Når det gjeld "*Norsk Målsoga*", lyt det òg segjast at Norsk Bokreidingslag L/L sjølv hev skuld for at stoda er slik ho er. Eg* [formannen i fondsstyret] *hev personleg arbeidt aktivt for å få til eit finansielt grunnlag for utgjevingi av "Norsk Målsoga" gjenom dei siste seks åri, som formann både i Opedalsfondet og i Skuleboknemndi åt Studentmållaget i Oslo. Eg hev alltid meint at boki var eit av dei viktugaste bokverki i målreisingi, og burde difor liggja fyre i eit samla band. Den fyrste løyvingi frå Opedalsfondet vart gjevi i 1997, med atterhald um at boki kom fyre 2000. Detta var eit krav som vart sett då millom anna dei tvo leidande personane* [Leiv Flesland og Frøydis Lehmann] *i Norsk Bokredingslag L/L som alt er nemnde her, sjølve sat i leidingi i fondsstyret. Fondsstyret vedtok i august 2001 å gjeva eit tilskot på kr 65 000,00 og eit lån på kr. 50 000,00 åt "*Norsk Målsoga*" – med klåre atterhald (vilkår). Dessa atterhaldi hev ikkje Norsk Bokreidingslag L/L vilja svara oss på. Fondsstyret fekk svar på at Norsk Bokreidingslag L/L ikkje kunde godtaka alle vilkåri i eit brev laget sende Fylkesmannen i Hordaland seinhaustes 2002, halvtanna år etter vedtaket vårt. Eg tykkjer det er underlegt at Bokreidingslaget ikkje hev vilja senda oss rekneskapar, avtalor og annan dokumentasjon um utgjevingi av boki. Eg hev tidlegare ikkje upplivt at nokon som hev fenge og framleides vil hava meir enn hundrad tusund i tilskot, ikkje vil gjera greida for bruken av midlane og umstendi elles knytte til boki.*

Alv Askeland/Norsk Bokreidingslag L/L

Norsk Bokreidingslag L/L segjer i dag at det ikkje kann gjeva fråkall på ei løyving som Opedalsfondet hev gjeve til Alv Askeland. Det vert synt til eit krav, jfr. vedtak dagsett 4. august 2001 punkt 8, fondsstyret hev sett for å halda uppe løyvingi til "Norsk Målsoga" um fråkall på løyvingi til Alv Askeland. Det vert synt til at det spursmål um fråkall lyt takast upp

med Alv Askeland. Alv Askeland gjorde det heilt klårt at han hadde gjeve retten til løyvingi yver til Norsk Bokreidingslag. Norsk Bokreidingslag L/L hev då òg bede um å få reidt ut ei løyving åt Alv Askeland. Rett nok millom anna i brev frå Jon Askeland, men dei var på brevarki til Norsk Bokreidingslag L/L og Jon Askeland titulera seg som formann.

Alv Askeland sende fondsstyret tvo brev, dagsett 27. november 2001 og 10. mai 2002, der det millom anna vart synt til at han alt i 1996/97 hadde gjeve båe løyvingane til Norsk Bokreidingslag L/L. Det fylgjer avtalerettsleg at når Alv Askeland hev gjeve løyvingane vidare til Norsk Bokreidingslag L/L hev han ikkje lenger rettsleg råderett yver dei. Alv Askeland kann etter etter å hava gjeve løyvingane frå seg korkje krevja dei utreidt til seg sjølv eller gjeva fråkall på dei, denne retten ligg då hjå Norsk Bokreidingslag L/L. Det skal nemnast at kravet um fråfall av løyvingi til boki um folkesuvereniteten ikkje vart sett av fondsstyret for å endra rettsstoda millom fondet som gjevar og Norsk Bokreidingslag L/L som sluttmottakar. Denne løyvingi var utaldra alt i 2000. Kravet um fråfall vart sett av fondsstyret den 4. august 2001, for å få klåre og rettkjende (erkjende) millomvere millom fondsstyret og Norsk Bokreidingslag L/L, ikkje fyrst og fremst juridiske – men ålmene samarbeidstilhøve. Når det gjeld det juridiske er det ingen, som etter det me veit, hev tvilt på vår rett i denne saki. Fondsstyret vedtok som me nemnde å halda uppe ei tidlegare løyving på kr. 65 000 til Norsk Bokreidingslag L/L og gjeva eit attåtlån til løyvingi. Dette attåtlånet var rentefritt og skulde avskrivast yver tri år. Fondsstyret ynskte ikkje å gjeva store summar til Norsk Bokreidingslag L/L for eit prosjekt, samstundes som det ikkje var klåre tilhøve i samband med andre bokprosjekt.

Det ser diverre ut til at ein ikkje kjem nokon veg med å halda fram brevbyte med Norsk Bokreidingslag L/L når det ikkje maktar å svara oss på dei konkrete spursmåli som me ynskjer svar på. Det er som ein skynar ikkje fondet som ynskjer midlar hjå Norsk Bokreidingslag L/L – men Norsk Bokreidingslag L/L som ynskjer midlar hjå oss. Det burde difor vera i Norsk Bokreidingslag L/L si interessa av å svara på spursmåli våre, som me er nøydde til å spyrja um.

Fondsstyret ynskjer denne saki ute or verdi fyrr valbolken til dette fondsstyret gjeng ut til våren. Me syner her til at fondsstyret i 2002 gjorde ein intern avsetnad til prosjektet "*Norsk Målsoga*" – utan å knyta avsetnaden til Norsk Bokreidingslag L/L. Fondsstyret ynskjer ikkje å halda uppe ein intern avsetnad um ingen søkjer på desse midlane.

På fondsstyremøtet den 4. august 2001 gav fondet Norsk Bokreidingslag L/L eit godt høve til å få greida upp i fleire problem. Norsk Bokreidingslag L/L fekk; 1. halde uppe ei løyving som var falle burt på kr. 65 000 og 2. eit lån utan rentor på kr. 50 000 som skulde avskrivast yver tri år som kompensasjon for ei utaldra løyving til Alv Askeland på kr. 20 000 – mot at Norsk Bokreidingslag L/L gav fråkall på løyvingane som var utaldra. Me tilbaud som nemnd kr. 115 000 mot at Norsk Bokreidingslag L/L gav fråkall på kr. 85 000 som til alt øvermål var utaldra. Det er underleg at Norsk Bokreidingslag L/L ikkje ynskjer å byta 85 000 kronor som dei ikkje kunde eller kann gjera krav på mot 115 000 kronor, til bate for båe partar og norsk målreising ålment.

Norsk Bokreidingslag L/L hev frest til 1. november 2003 med å gjeva fondsstyret melding – skriftleg og underskrivi – um det godtek det som fondsstyret hev kravd eller ikkje. Det er òg eit vilkår at alle klagemåli vert dregne attende.

PS Sidan fondsstyret hev fenge ei fråsegn frå Norsk Bokreidingslag L/L som korkje var datera eller underskrive, hev me sett krav um at meldingi frå dykk lyt vera underskrivi.D.S

Med venleg helsing
Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking

Lars Bjarne Marøy,skrivar

Avprent vert sende til:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Mona Stormark	Kringsjåvegen 17	5163	LAKSEVÅG
Arne Skjerven	Ytre Hakestad	5730	ULVIK
Bjørn Tormod Ringdal	Løvåsbakken 21	5148	FYLLINGSDALEN
Ivar Aasen-sambandet	Postboks 49 - Blindern	0313	OSLO
Noregs Mållag	Postboks 474 - Sentrum	0105	OSLO
Vestlandske Mållag v/ L. B. Marøy	Glåmlidvegen 17	2213	KONGSVINGER
Norsk Måldyrkingslag,v/ A. Gjeraker	Postboks 6	6851	SOGNDAL
Vestmannalaget, v/ J. Askeland	Krohnengsgata 3	5035	BERGEN

24/5.02

Norskdom og samarbeidsvilje

DEBATT

Av Jarle Bondevik, nestformann i Norsk Bokreidingslag

Kva skal ein med fiendar når ein har målvener som Klaus Johan Myrvoll, formannen i Ivar Aasen-sambandet? I BT på laurdag kolporterer han dei same ukorrekte opplysningane om økonomien i Norsk Bokreidingslag som Lars Bjarne Marøy i fjor haust sette fram i bladet Vestmannen. Dei vert ikkje sannare av å koma på prent på nytt. Forlaget hadde i fjor eit overskot på meir enn 100.000. Det vog opp for eit underskot frå året før. Dei som elles vil vita noko om økonomien i laget, kan venda seg til Brønnøysundregisteret.

Dei som no legg kjelkar i vegen for forlaget, er dei styrande i Opedalsfondet. I styret der sit Lars Bjarne Marøy (for Vestlandske Mållag), Mona Stormark (for Noregs Mållag) og Dag Hagen Berg (for Ivar Aasen-sambandet). Dei valde målsmennene for Vestmannalaget (Leidulv Hundvin) og Norsk Måldyrkingslag (Hans Sørbø) har formannen systematisk halde borte frå styremøti fordi han meiner dei er for gamle. Opedalsfondet har rett nok stundom løyvt pengar til bøker frå Bokreidingslaget, soleis ein større sum til Norsk Målsoga av Gustav Indrebø – noko anna ville vera uhøyrt. Men Hagen Berg har teke so mange atterhald om denne løyvingi at ho i praksis vert vanskeleg å få overført til forlaget. So her er velviljen stor!

Jon Askeland, som frå midt på 70-talet i det stille har arbeidd lønlaust for målsak og bokutgjeving, han vert no uthengd som utsugar. So vidt eg kjenner til, har han ikkje fått anna påskjøning for norskdomsarbeidet sitt enn ein bokpris frå Øystese gymnas i 1971 for beste nynorskstil (boki var den gamle utgåva av Norsk Målsoga) og ein studentpris (3000 kr) frå Opedalsfondet nokre år seinare. I dei år i han har vore med i forlaget, har han skote inn langt meir pengar enn dette og nytta lange kvelds- og nattetimar på alle dei mange oppgåvene som bokutgjeving fører med seg. Både han og Jo Gjerstad har gjort større tenester for norsk målsak og byggjande kulturarbeid enn Myrvoll og hans flokk hittil har gjort. Kursen bør leggjast om, og det bør satsast på samarbeid i staden for konfrontasjonar og uvenlege utfall på årsmøte og i avisordskifte.

VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Bergen, 15. desember 2003

Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking
V/Dag Hagen Berg
Postboks 919 Sentrum
5808 Bergen

Framlegg um vedtektsendringar/nye uppnemnarlag

Vestmannalget vil med dette berre understreka at me held fast ved vårt prinsipielle syn: det sitjande styret for fondet hev ikkje den tillit som trengst for å gjenomføra vedtektsendringar eller taka upp spursmålet um nye uppnemnarlag. Fyrst når fondsstyret for perioden 2004-2007 er lovleg skipa - og hev kome i arbeid - vil det vera grunnlag for ei vidare dryfting av desse spursmåli.

Slik me ser det, hev det noverande fondsstyret lagt upp til ei formalisering og byråkratisering av arbeidet som er heilt uturvande, ja beint ut i strid med det å driva idealistisk verksemd, slik dei fem uppnemnarlagi hev til fyremål.

For vår del kan me heller ikkje godta at fondet set knappe frestar for tilbakemeldingar, og automatisk tolkar vantande svar som stilltegjande tilslutnad til endringsframleggi. So lenge vår lovleg valde målsmann – eller varamannen hans - ikkje vert innkalla, fær ikkje Vestmannalaget taka del i arbeidet med vedtektsendringar på lik line med nokre av dei andre lagi. Det hastar difor no med å få uppnemnt fondsstyret for perioden 2004-2007.

Jon Askeland
Formann i
Vestmannalaget

Kopi til:

Noregs mållag
Norsk Måldyrkingslag
Vestlandske Mållag

Halldor O. Opedal sitt forslag
N. styreformann

Styremøte 20.12.03

Som eg var fri nu på sist møte, heldt eg ikkje høve til å møte fra jul.
Varamann møter heller ikkje,

men styret har oppnemnt valstyremann slik paragraf 3 gjev høve til. Dette vert stadfesta av brev til fundet i adresse

Ulvik 13.12.03

[signature]

VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Bergen, 18. november 2001

Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking
v/formannen Dag Hagen Berg
postboks 919 - Sentrum
5808 Bergen

Målsmann i Opedalsfondet

Stjorni i Vestmannalaget gjorde slikt vedtak på møtet 12. november d.å.:
"Me finn det uheldig at det vert gjort endringar i styret i Opedalsfondet midt i valperioden, og styrevedtaket vårt frå 16. november 1999 tek difor til å gjelda att med det same, slik at Leidulv Hundvin er styresmann i Opedalsfondet ut bolken 2000-2003, og Sissel-Anny Hjelmtveit hans varamann".

Vedtaket vart gjort med 4 mot 1 røyst. Mindretalet ynskte protokollmerknad og bad um at denne vart lagd ved meldingi til Opedalsfondet.

Dette til vitring.

For stjorni i Vestmannalaget

Jon Askeland
formann

Vedlegg:
avprent av protokollmerknad frå Harald Linga, Sigbjørn John Huun og Lars Bjarne Marøy (av desse møtte Linga som styresmann med røysterett og Huun som varamann utan røysterett. Marøy var ikkje til stades.)

Protokollmerknad til sak på stjornarmøte 12. november 2001. Sak: "Målsmann for Opedalsfondet"

Til saki um målsmann for Opedalsfondet vil me ha denne protokollmerknaden:

Me syner til vedtaket gjort på stjornarmøtet 12. november 2001 der eit fleirtal i stjorni hev underkjent tidlegare vedtak i stjorni av 1. mars 2001 og soleis sett til sides fyresegnene i Halldor O. Opedals fond. Me syner og til notatet "Motlegg til notatet frå Jon Askeland lagt fram på stjornarmøtet 16. oktober 2001" der påstandar kring stjorning av Opedalsfondet og freistnaden på å setja til sides fyresegnene i Halldor O. Opedals fond vert imøtegått.

På stjornarmøtet 1. mars 2001 vart det konstatert at Leidulv Hundvin ved eit mistak vart vald til målsmann frå Vestmannalaget. Stjorni hadde handla i god tru då Hundvin vart peika ut, men etter at Dag Hagen Berg i Opedalsfondet hadde peika på at dette var brot på dei fyresegnene som Opedal sette upp og at fyresegnene var sette upp med rettsleg bindande kraft, kunde ikkje stjorni vera i god tru. På møtet var det heilt klårt for stjorni at praksisen i fondet ikkje kunde gå fyre det som var lovi. Stjorni kom då til at det måtte peikast ut ny målsmann. Stjorni peika 1. mars 2001 samrøystes ut Bjørn Tormod Ringdal til målsmann for Vestmannalaget ut den perioden Hundvin var vald for.

Askeland hevda at styreformannen i Opedalsfondet, Dag Hagen Berg, brukte pressmiddel mot stjorni for å få vedteki utnemningi av Ringdal. Askeland la fram eit 7-sidors notat um Opedalsfondet, der det var referert og sett fram ei rad påstandar um verksemdi i Halldor O. Opedals fond. Det vart millom anna hevda at Dag Hagen Berg hadde handla kritikkverdig, serskilt då han løyste tidlegare forretningsførar i Opedalsfondet Leiv Flesland frå uppdraget med å føra rekneskap for fondet. Askeland synte til at Vestmannalaget ved tvo tidlegare høve hadde brote fyresegnene for fondet ved å peika ut målsmenn som var eldre enn 75 år, og hevda at det dermed var sedvane for å sjå burt frå fyresegnene på dette punktet.

Me meiner at fyresegnene i Opedalsfondet er klåre, og eit ein ikkje kan setja fyresegner og lover ut av spel ved å bryta dei mange nok gonger og deretter visa til praksis. Denne saki gjeld elles Vestmannlaget si handheving av fyresegnene til Opedalsfondet, og Hagen Berg si stjorning av Opedalsfondet er ikkje sakssvarande for å gjera seg upp ein meining um vedtaket av 1. mars 2001.

Vedtaket om å gjera om på vedtaket av 1. mars 2001 er rettsstridig, og vil vera ei kjenkjing av viljen til Halldor O. Opedals fond.

Me vil og leggja vedtaket saman med protokollmerknaden og notatet (motlegget) fram for Fylkesmannen. Vidare ser me det som naturleg at Opedalsfondet v/ styreformannen berre kallar inn den målsmannen som stettar fyresegnene i Halldor O. Opedals fond.

Harald Linga Sigbjørn John Huun Lars Bjarne Marøy

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Org.nr.: 977 152 836

Postboks 919 – Sentrum

5808 BERGEN

Oslo, 21. november 2001.

Til
Jon Askeland
Norsk Bokreidingslag L/L
Krohnengsgt. 3
5035 BERGEN

VEDKOMANDE SØKNAD UM STUDNAD TIL *NORSK MÅLSOGA* OG DEN PÅSTÅTTE VANTANDE HEIDERSPRISEN.

Styret i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking syner til tidlegare brev frå oss, dagsett 27. september 2001, der millom anna fylgjande vert nemnt:

> *1. Studnaden på kr. 50 000,00 er i fyrste umgang gjort som lån.*
>
> ....
>
> *6. Denne nye studnaden kjem i tillegg til dei kr. 65 000 som fondet alt hev løyvt.*
> *7. Fyresetnad for å halda uppe den tidlegare løyvingi (på kronor 65 000,-) og lånet, er at løyvingi til boki um Folkesuvereniteten som vart gjeve i 1996 til Alv Askeland fell burt.*
> *Dei nærare skilordi for lånet fær formannen fullmakt til å greida med.*

Nærare ordningar og vilkår er ikkje dryfta og soleides ikkje fastsette, um styret i Norsk Bokreidingslag hev innspel og merknad ser eg at dei mer meldt formannen.

Det vart presisera i brevet at det er teke atterhald um at uppritet som vedkomande vedtaket bygde på ikkje var/er godkjent.

Eg fekk i tidi etter at brevet vart sendt fleire telefonar frå Dykk der det vert fremja påstandar um at Opedalsfondet skuldar Alv Askeland og/eller Norsk Bokreidingslag 20 000 kr, og at Norsk Bokreidingslag ikkje kunne godtaka punkt 7 i vedtaket (fyresetnaden frå fondsstyret).

Eg uppfatta at De ringde som målsmann både for far din, Alv Askeland, og for Norsk Bokreidingslag L/L der De er styreformann. Eg vender meg difor til Dykk som målsmann for både Alv Askeland og Norsk Bokreidingslag L/L. Eg hev granska synspunkti og påstandane som er sett fram av Dykk, og finn grunn til å beda Dykk koma med ei skriftleg utgreiding av korleis De ser på umstendi vedrørande løyvingane til Folkesuverenitetsboki og heidersprisen til Askeland.

Eg lyt leggja til at eg vart sers yverraska då De nemnde at Alv Askeland ikkje hadde fenge heidersprisen sin på kr. 20 000. Eg hadde trudd at Hans Sørbø og Leiv Flesland trass i høg alder i alle høve hadde makta å reida ut heidersgåva til ein so sers idug målmann og heiderskar som Alv Askeland.

Eg vil sjølvsagt ordna upp i detta tilhøvet, og i fall påstanden er rett, syta for at fondsstyret tek dei turvande grepi for å retta upp i ei eventuell skamferd frå det tidlegare fondsstyret. I samband med at eg lyt leggja saki fram for fondsstyret, bed eg difor um at fylgjande vert gjort serskilt greide for eller stadfesta:

Spursmål nr. 1.
Godtek Norsk Bokreidingslag den fyresetnaden som Opedalsfondet tok og som er nemnd i punkt 7 i vedtaket til fondsstyret, eller ikkje?

Spursmål nr. 2.
a) Meiner De at Alv Askeland ikkje hev motteke heidersprisen sin på kr. 20 000?
b) Meiner De at Norsk Bokreidingslag L/L ikkje hev motteke løyvingi til Folkesuvereniteten?
c) Eller meiner De at Opedalsfondet ikkje hev reida ut nokon av dessa to summane?

I fall Norsk Bokreidingslag godtek atterhaldet ser eg ingen grunn til å beda Dykk svara på dei neste spursmåli, men meiner De at Opedalsfondet skuldar Norsk Bokreidingslag L/L og/eller Alv Askeland noko, bed eg um at fylgjande òg vert greidt ut:

Spursmål nr. 3.
a) Meiner Bokreidingslaget at Opedalsfondet skuldar laget 20 000 kr, eller ein annan sum.
b) Um Bokreidingslaget meiner Opedalfondet skuldar laget ein annan sum enn ei eventuell yverføring av heidersprisen frå Askeland til laget, bed eg um å få vita kva grunnlag dessa skuldene er etablert på?
c) Når vart dessa etablert i so fall, og um det gjeld løyvingar frå Opedalsfondet ynskjer eg å vita korleis og av kven som på våre vegne informera Bokreidingslaget um løyvingi(ane)?
d) Finst det dokumentasjon for detta, og kann De senda denna til oss?
f) Kva hev Norsk Bokreidingslag gjort for å få dei summane som laget meiner at Opedalsfondet skuldar, og når vart detta i so fall gjort?
g) Finst det dokumentasjon for detta, og kann De senda denna til oss?

Spursmål nr. 4.
a) Meiner De at Opedalsfondet skuldar Alv Askeland 20 000 kr, eller ein annan sum?
b) Kva er gjort for å få summen som De meiner at Opedalsfondet skuldar, og når vart detta i so fall gjort?
c) Finst det dokumentasjon for detta, og kann De senda denna til oss?

Spursmål nr. 5.
Fins det eit yversyn yver kostnadene og innkomene vedrørande *Folkesuvereniteten*?
Kann De eventuelt senda det til oss?

Spursmål nr. 6.
Fins det ein uppdatera finansieringsplan for *Norsk Målsoga*?
Kann De eventuelt senda han til oss?

Vyrdsam helsing
Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking

- styreformann -

VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Bergen, 18. november 2001

Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking
v/formannen Dag Hagen Berg
postboks 919 - Sentrum
5808 Bergen

Målsmann i Opedalsfondet

Stjorni i Vestmannalaget gjorde slikt vedtak på møtet 12. november d.å.:
"Me finn det uheldig at det vert gjort endringar i styret i Opedalsfondet midt i valperioden, og styrevedtaket vårt frå 16. november 1999 tek difor til å gjelda att med det same, slik at Leidulv Hundvin er styresmann i Opedalsfondet ut bolken 2000-2003, og Sissel-Anny Hjelmtveit hans varamann".

Vedtaket vart gjort med 4 mot 1 røyst. Mindretalet ynskte protokollmerknad og bad um at denne vart lagd ved meldingi til Opedalsfondet.

Dette til vitring.

For stjorni i Vestmannalaget

Jon Askeland
formann

Vedlegg:
avprent av protokollmerknad frå Harald Linga, Sigbjørn John Huun og Lars Bjarne Marøy (av desse møtte Linga som styresmann med røysterett og Huun som varamann utan røysterett. Marøy var ikkje til stades.)

Protokollmerknad til sak på stjornarmøte 12. november 2001. Sak: "Målsmann for Opedalsfondet"

Til saki um målsmann for Opedalsfondet vil me ha denne protokollmerknaden:

Me syner til vedtaket gjort på stjornarmøtet 12. november 2001 der eit fleirtal i stjorni hev underkjent tidlegare vedtak i stjorni av 1. mars 2001 og soleis sett til sides fyresegnene i Halldor O. Opedals fond. Me syner og til notatet "Motlegg til notatet frå Jon Askeland lagt fram på stjornarmøtet 16. oktober 2001" der påstandar kring stjorning av Opedalsfondet og freistnaden på å setja til sides fyresegnene i Halldor O. Opedals fond vert imøtegått.

På stjornarmøtet 1. mars 2001 vart det konstatert at Leidulv Hundvin ved eit mistak vart vald til målsmann frå Vestmannalaget. Stjorni hadde handla i god tru då Hundvin vart peika ut, men etter at Dag Hagen Berg i Opedalsfondet hadde peika på at dette var brot på dei fyresegnene som Opedal sette upp og at fyresegnene var sette upp med rettsleg bindande kraft, kunde ikkje stjorni vera i god tru. På møtet var det heilt klårt for stjorni at praksisen i fondet ikkje kunde gå fyre det som var lovi. Stjorni kom då til at det måtte peikast ut ny målsmann. Stjorni peika 1. mars 2001 samrøystes ut Bjørn Tormod Ringdal til målsmann for Vestmannalaget ut den perioden Hundvin var vald for.

Askeland hevda at styreformannen i Opedalsfondet, Dag Hagen Berg, brukte pressmiddel mot stjorni for å få vedteki utnemningi av Ringdal. Askeland la fram eit 7-sidors notat um Opedalsfondet, der det var referert og sett fram ei rad påstandar um verksemdi i Halldor O. Opedals fond. Det vart millom anna hevda at Dag Hagen Berg hadde handla kritikkverdig, serskilt då han løyste tidlegare forretningsførar i Opedalsfondet Leiv Flesland frå uppdraget med å føra rekneskap for fondet. Askeland synte til at Vestmannalaget ved tvo tidlegare høve hadde brote fyresegnene for fondet ved å peika ut målsmenn som var eldre enn 75 år, og hevda at det dermed var sedvane for å sjå burt frå fyresegnene på dette punktet.

Me meiner at fyresegnene i Opedalsfondet er klåre, og eit ein ikkje kan setja fyresegner og lover ut av spel ved å bryta dei mange nok gonger og deretter visa til praksis. Denne saki gjeld elles Vestmannlaget si handheving av fyresegnene til Opedalsfondet, og Hagen Berg si stjorning av Opedalsfondet er ikkje sakssvarande for å gjera seg upp ein meining um vedtaket av 1. mars 2001.

Vedtaket om å gjera om på vedtaket av 1. mars 2001 er rettsstridig, og vil vera ei kjenkjing av viljen til Halldor O. Opedals fond.

Me vil og leggja vedtaket saman med protokollmerknaden og notatet (motlegget) fram for Fylkesmannen. Vidare ser me det som naturleg at Opedalsfondet v/ styreformannen berre kallar inn den målsmannen som stettar fyresegnene i Halldor O. Opedals fond.

Harald Linga Sigbjørn John Huun Lars Bjarne Marøy

Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking
Org.nr.: 977 152 836
Postboks 919 Sentrum
5808 BERGEN

Kongsvinger, 12. januar 2003

Til:
Norsk Måldyrkingslag,
v/Arne Gjeraker
Postboks 6
6851 SOGNDAL

UPPNEMNING AV STYRESMANN I STYRET ÅT HALLDOR O. OPEDALS FOND FOR NORSK MÅLREISING OG MÅLDYRKING

Me viser til brevet Dykkar, dagsett 30. oktober 2002. Me viser dessutan til brev frå ein annan styresmann i Norsk Måldyrkingslag, Johan Forsmo, dagsett 10. november 2002. Etter dette hev formannen i fondet millom anna vore i kontakt med Johan Forsmo som hev vitra honom um ulike tilhøve. Me skal greida ut um årsaki til kontakten med Johan Forsmo nedanfor og sameleides greida ut um umstende elles som vedkjem brevet frå Johan Forsmo.

Innleiding

Me fekk i midten av november eit brev frå Johan Forsmo, brevet var dagsett 10. nov d.å. Brevet frå Forsmo var eit avprent av eit brev han sende Dykk. Forsmo synte i brevet sitt til brev dagsett 30. oktober 2002.

I brevet Dykkar er det diverre fleire punkt som skrivaren tykkjer det er grunn til å ganga nærare inn på, og skrivaren vil på ny visa til fyresegnene åt Halldor O. Opedals fond og stiftingslovi, som vallagi òg lyt fylgja i spursmål um fondet.

Grunnlaget for val av styresmenn og kven som vel styresmenn i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking

Skrivaren ser at brevet Dykkar gjeld spursmålet um kven Norsk Måldyrkingslag hev valt til styresmann i fondsstyret. Skrivaren vil difor ganga snøgt inn på kven som vel og kva for råmor som gjeld ved valet av styresmenn.

Det er utan tvil dei fem vallagi, Noregs Mållag, Norsk Måldyrkingslag, Ivar Aasen-sambandet, Vestmannalaget og Vestlandske Mållag, som vel styresmennene, jf. § 3 fyrste lekken i fyresegni som Halldor O. Opedal sette upp 29. desember 1971, sjå vedlegg:

"Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Ivar Aasen-sambandet, Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag vel kvar sin mann med varamann."

Næste punkt som lyt klårleggjast er dei materielle råmone for det einskilde valet. Både stiftingslovi og fyresegni set klåre råmor for vali til vallagi:

1. Det fylgjer av stiftingslovi § 7 fyrste lekken:

"En umyndig kan ikke være styremedlem eller forretningsfører."

2. Det fylgjer av fyresegni, jf. § 3 andre lekken:

"Aldersgrensa uppover er 75 år."

3. Det fylgjer òg av fyresegni åt fondet at styresmennene vert valde for fire år av gongen, jf. § 3 andre lekken:

"Styresmenn med varamenn vert valde for fire år."

4. Mogelege interne fyresegner i det einskilde vallaget.

Det punktet som ser ut til å vera aktuelt i dette høvet, er punkt 2.
Fondsstyret viser til det som vart skrive til vallagi i høyringsutkastet til umskiping:

> *Ut ifrå ordvalet og skrivemåten, der Opedal skilde millom "bør ikkje stå lenger" og "Aldersgrensa er", er det klårt at han hev vore sers medviten um kva verknader dei ulike fyresegnene hev.*
>
> *Styresmennene bør ikkje stå lenger enn; sidan Opedal nyttar umgrepet "**bør**", er fyresegni deklaratorisk, altso kann vallagi vika av frå denna fyresegni.*
>
> *Aldersgrensa er uppyver 75 år; sidan det er nytta umgrepet "**er**", er denna fyresegni preseptorisk. Vallagi kann difor ikkje rettvist vika av frå denna fyresegni.*
>
> *I mange tilfelle vil ein ikkje berre måtta vurdera ordvalet som er nytta i fyresegnene, men òg umstendi rundt nedskrivingi av fyresegnene. Fyresegnene som Opedal sette upp, var dryfte med advokat fyrr dei vart sette upp. Det tyder på at fyresegnene var godt gjenomdryfte, og at ordvalet bygde på ei nøgi vurdering. Opedal hev heilt tydeleg skilt millom "**bør**" og "**er**", og at han var medviten um den rettslege verknaden av skiljet.*
>
> *Ei aldersgrensa uppyver til 75 år tykkjest heller ikkje vera unaturleg. Det er, etter det styret skynar, ingi moment som i dag skulde tyda på at desse hev mist rettskraft eller at vallagi kann sjå burt frå deim.*

Vallagi vart alt på 1970-talet bedne av skiparen av fondet, Halldor O. Opedal, um å stadfesta at dei godtok fyresegni. Alle vallagi svara attende at dei godtok fyresegni som var sett upp. Norsk Måldyrkingslag hev dermed godteke dei påbod som skiparen sette i gåvebrevet sitt frå 29. desember 1971. Sjå avprent som er prenta i *Vestmannalaget i 110 år.*

Dermed er det klåre råmor for kven vallagi kann velja til styresmann i fondet. Når det gjeld fyresegni, var vallagi fyreåt spurde um dei vilde fylgja fyresegni åt fondet, og alle vallagi melde attende til Halldor O. Opedal at dei godtok fyresegni slik ho lydde. Soleides hev Norsk Måldyrkingslag gjenom positiv attendemelding teke stoda til og godteke den råma som fyresegni her set.

Formannen tok alt fyre sumaren 2000 upp spursmålet um korleides fyresegni um aldersgrensa skulde tolkast med Fylkesmannen i Hordaland, som hev tilsynsandsvar for fondsstyret. Fylkesmannen svara at det var fondsstyret som gjorde tolkingi av fyresegni. Etter at formannen hadde presentert at han ikkje vilde godtaka nokor uppnemning av personar yver 75 år, svara Fylkesmannen at han ikkje fann grunn til å kommentera det. Fylkesmannen lagde til at um han fekk innspel eller informasjon um at fondsstyret gjekk utanfor stiftingslovi eller fyresegni, vilde han taka det upp med fondsstyret. Fylkesmannen hev fenge informasjon um standpunktet vårt um at me ikkje godtek uppnemningar av personar yver 75 år, og det hev ikkje kome nokor melding der Fylkesmannen klandrar oss for standpunktet som fondsstyret tok sumaren 2000.

Styresmann eller målsmann (representant)

Mange hev diverre mistydt stiftingsskipnaden ålment og fyresegnene som gjeld for Halldor O. Opedals fond. Det hev diverre vore ei utbreidd mistyding at styresmennene som vert valde til fondsstyret i Opedalsfondet, er målsmenner for vallagi eller representerar vallagi.

Dei fem vallagi nemner upp ein styresmann kvar, men styresmennene er ikkje målsmenner for dei lagi som peikar dei ut. Styresmennene skal styra fondet til beste for fyremålet åt fondet, ikkje som representantar for vallaget sitt. Styresmennene kann ikkje møta med bunde mandat eller dilikt. Mandatet til styresmennene er lovverket og fyresegni åt fondet.

Vantande tilbakemelding og uppfylgjing frå Norsk Måldyrkingslag um valet av styresmann for styrebolken 2000-2004

Då den noverande formannen tok yver som formann i fondsstyret på våren 2000, var det framlagt skriftlege fullmakter eller meldingar um utnemningi frå alle vallagi, undanteke Norsk Måldyrkingslag.

Formannen skreiv til Norsk Måldyrkingslag og etterlyste skriftlegt svar på kven som var vald til styresmann i Opedalsfondet. Det gjorde formannen fyrste gongen 14. oktober 2000. Me legg ved kopi av dette brevet. Formannen hadde alt då munnleg gjort kjent standpunktet vårt um at ingen yver 75 år kom til å verta kalla inn til styremøti. Han gjorde òg kjent at lagi måtte møta med lovlege styresmenner og gjorde kjent for Fylkesmannen at det var ugreida med umsyn til tvo av styresmennene millom anna i brev av 27. oktober.

Formannen hadde alt fyrr han tok upp spursmålet um aldersgrensa i fyresegnene skriftleg med Norsk Måldyrkingslag, teke upp saki munnleg. I midten av august 2000 ringde han dåverande formann Fridtjof Sørbø og spurde etter skriftleg melding og gjorde òg merksam på at ingen yver 75 år kom til å verta kalla inn. Han sende den 10. januar 2001 brev til Dykk med same uppmodingi, der det fylgde med kopiar av brevi hans til den tidlegare formannen i Norsk

Måldyrkingslag. Det er med andre ord meir enn tvo år sidan me bad um attendemelding og dokumentasjon på uppnemningi Dykkar av styresmann.

De skriv i brevet Dykkar av 30. oktober 2002 at det ikkje hev vore sendt melding um kven som er vald som styresmann.

"På vegner av Norsk Måldyrkingslag må ein seia seg lei for at det ikkje har vore utsendt skriftleg melding om kven som er valt som styremedlem i Halldor O. Opedals fond i arbeidsbolken 2000-2004. Dette skuldast at det hev vore noko manglande samarbeid og oppfylgjing mellom styret og skrivar i høve til skifte av skrivar. Det skuldast òg at det tidlegare diverre ikkje har vore skrive møtebok som i ettertid har vore tilgjengeleg for styremedlemmane."

Me vil koma inn på sume umstende som er knytte til utsegni nemnd yver:

Me korkje kann eller vil kalla inn nokon som styresmann til fondsstyremøte utan skriftleg eller onnor eintydig melding um kven som er vald til styresmann, og der den valde styresmannen uppfyller dei vilkåri som er sette i stiftingslovi § 7 og fyresegni § 3.

De skriv at det ikkje hev vore sendt melding um styresmann til fondet. Det var per 30. oktober 2002 ikkje rett. Det kom i mars 2002 melding um val av styresmann. Meldingi som me fekk frå Norsk Måldyrkingslag, var dagsett 6. mars 2002. Meldingi lydde på at Arne Skjerven var vald til styresmann og Magnus Robberstad var vald til varamann. I meldingi gjekk det fram at valet hadde hendt på styremøtet den 8. desember 2001. Dette er òg nemnt i årsmeldingi vår som De hev fenge tilsendt.

Me skal ikkje ganga inn på interne samarbeidstilhøve i Norsk Måldyrkingslag. Me lyt her likevel diverre nemna at me enno ikkje hev fenge attendemeldingar korkje um årsuppgjerdene for 1999, 2000 eller 2001. Laget melder ikkje frå um godkjenning av årsuppgjerd, og det hev vorte stor uvissa um kva som hev hendt med uppnemning av lovleg styresmann til fondet.

Det ligg fyre tvo meldingar, som diverre ikkje hev det same innhaldet. Det gjer at stoda ikkje er avklåra. Den eine gjeng ut på at fondet ikkje hev fenge attendemelding. Den andre gjeng ut på at det vart valt styresmann for Norsk Måldyrkingslag 8. desember 2001.

Etter brevet Dykkar av 30. oktober vert det naudsynt å leggja fram saki meir systematisk for å syna kva grunnlag fondsstyret hev havt til å uttala seg um saki etter 6. mars 2002.

Avklåringi um uppnemning av styresmann i brev av 6. mars 2002 skal ha bygt på styremøte 8. desember 2001

Me fekk (jf. ovanfor) eit brev frå Norsk Måldyrkingslag, dagsett 6. mars 2002, der det vert vist til eit styremøte 8. desember 2001. Ut frå utdraget av uppritet var val av styresmann og varamann sak på det styremøtet. Vedtaket lydde soleides:

> Arne Skjerven, styresmann
> Magnus Robbestad, varamann

Formannen tok i sumar kontakt med Arne Skjerven og kalla honom inn til møte i fondsstyret, og han stadfeste at han var uppnemnd til styresmann. Arne Skjerven fortalde at han ikkje hadde høve til å møta, og bad formannen ringja Magnus Robberstad. Fondsstyret hadde på styremøtet den 27. juni d.å. fyre brevet frå Norsk Måldyrkingslag, dagsett 6. mars 2002. Fondsstyret vedtok at saki var avslutta og at Arne Skjerven var styresmann og Magnus Robberstad var varamann. Fondsstyret gjorde greida for saki i årsmeldingi for bolken 4. august 2001 til 27. juni 2002.

Denne meldingi verka klår og greid, og fondsstyret rekna saki for avslutta.

Ny uvissa med brev av 30. oktober 2002. Kva hev hendt med uppnemningi av styresmann i Norsk Måldyrkingslag? Kva hende på styremøte 10. mars 2000?

Det hev no snart gjenge tri år sidan den noverande formannen vart vald til formann og meir enn tvo år sidan han fyrste gong freista å finna ut kven som var vald til styresmann til Opedalsfondet frå laget Dykkar.

Han og fondsstyret trudde endeleg attendemelding var komi i og med brev frå Norsk Måldyrkingslag av 6. mars 2002. Etter at me hev motteke brev av 30. oktober, må me diverre segja at det enno ikkje hev kome eit klårt og eintydigt svar med dokumentasjon. I tilknyting til at me fekk brevet av 30. oktober, hev me freista å rekonstruera stoda slik ho hev vorte og vert presentera for formannen av Dykk, Johan Forsmo og dei andre styrelemene i Norsk Måldyrkingslag.

Stoda skal vera denne:

Det var eit styremøte i Norsk Måldyrkingslag den 10. mars 2000, som millom anna hadde fyre val av styresmann til fondsstyret. Desse møtte: Fridtjof Sørbø, Arne Gjeraker, Magnus Robberstad, Johan Forsmo, Johan A. Schulze, Hallvard Bergwitz og Jostein Stokkeland.

Desse personane hev sers ulike og motstridande meiningar um kva som hende i høve til val av styresmann:

- Arne Gjeraker og Fridtjof Sørbø meiner at Hans Sørbø vart vald til styresmann og Arne Skjerven til varamann. Dei meiner at Magnus Robberstad var formann og leidde møtet.

- Johan Forsmo, Johan A. Schulze og Hallvard Bergwitz meiner at val av styresmann vart utsett, men at Arne Skjerven vart vald til varamann. Dei meiner at Fridtjof Sørbø leidde møtet under fyrehavingi av denne saki.

- Magnus Robberstad hev i samtale med formannen i desember 2002, sagt at han er uviss, men held på at Hans Sørbø vart vald til styresmann og Magnus Robberstad vart vald til varamann. Han meiner sjølv at han leidde møtet til dette punktet, og at han då trekte seg som møtestyrar og formann.

- Jostein Stokkeland hev i samtale med formannen gjeve uttrykk for at han ikkje hev eit eintydigt svar på um det gjekk fyre seg noko val og eventuelt kven som vart vald.

Me veit ikkje kva me skal segja um ei slik stoda, men me ser oss nøydde til å gjera kjent fylgjande: Det er som nemnt ovanfor klåre råmor for kven vallagi kann velja som styresmann i fondsstyret. Det er fondsstyret sitt andsvar at fondet vert styrt etter lovi og fyresegni, og dermed kann sjølvsagt ikkje fondsstyret godtaka noko som bryt med lovi og fyresegni.

Hans Sørbø var på det tidspunktet han vart vald, 10. mars 2000, 78 år gamal, og godt yver aldersgrensa for å vera styresmann. Eit eventuelt vedtak som gjekk ut på at Hans Sørbø vart vald til styresmann på møtet den 10. mars 2000, er dermed utanfor råma som Halldor O. Opedal hev sett. Um eit slikt vedtak er gjort, er det difor ugyldigt og vert av fondsstyret rekna som ein nullitet. Me legg ved kopi av eit brev skrivaren i fondet sende Vestmannalaget, brevet er dagsett 11. november 2002.

Um Norsk Måldyrkingslag enno held fast på denne uppfatningi, er me attende der me byrja då eg vart skrivar i fondsstyret i 2000.

Krav med attendeverkande kraft um respektering av og innkalling av Hans Sørbø som styresmann utan klår attendemelding og stadfesting frå Norsk Måldyrkingslag?

De skriv i brevet:

"I den grad de ikkje har innkalla og elles ikkje respektert Sørbø som fullverdig medlem av styret vil eventuelle vedtak ikkje vera gyldige."

Saki er at det er Norsk Måldyrkingslag sjølv som hev skyldnad til å syta for å velja personar som stettar kravi og gjeva fondsstyret melding um valet av desse personane. Um det ikkje vert gjort, misser Norsk Måldyrkingslag høve til å påverka styringi av fondet fram til dei melder frå um at dei vil møta med ein styresmann som stettar kravi. Vedtaki åt fondsstyret stend seg jamvel um Norsk Måldyrkingslag ikkje peikar ut ein styresmann. Det gjeng klårt fram av fyresegni, jf. § 3:

"Eit møte med tri mann er vedtaksført."

Me undrar oss yver korleides eg som skrivar skulde ha kalla inn ein styresmann frå vallagi, utan at det låg fyre ei klår og eintydig melding um kven som var vald. Det er praksis at fondsstyri krev og vallagi kjem med skriftleg melding um den personen som er vald til styresmann.

Ugyldige vedtak?

Fondsstyret hev gjenom kravet um å halda aldersgrensa gjort sitt til å fylgja fyresegnene og stiftingslovi. Det undrar oss at De klandrar fondsstyret for å handla på ein måte som gjer vedtaki våre ugyldige når me so klårt legg vekt på å fylgja fyresegnene til fondet og stiftingslovi. At vedtaki våre skal verta ugyldige av at me fylgjer fyresegnene og lovi eller av at Norsk Måldyrkingslag ikkje kann gjeva oss skikkeleg tilbakemelding på kven laget hev valt til styresmann, reknar me for eit grunnlaut påstand.

Kva som er gyldige vedtak, lyt, slik formannen vurderar det, analyserast meir juridisk enn det som De skriv i brevet Dykkar. Eit slikt resonnement som De framfører, held snaudt vatn,

konsekvensen vert i alle fall sers original. Ein kann i so fall tenkja seg ei stoda der eitt av vallagi vel ein person X til styresmann, men ikkje gjev melding til fondsstyret um valet, og same laget fleire år etter kann hevda at alle vedtak er ugyldige sidan person X ikkje fekk vera med på vedtaki.

Konklusjon

Fondsstyret ved formannen sagde alt sumaren 2000 frå um at ingi uppnemningar av styresmenner som var eldre enn 75 år, var rettkomne. Vedkomande personar vilde ikkje verta kalla inn til styremøti. Styri i dei respektive vallagi, Vestmannalaget og Norsk Måldyrkingslag, vart seinare gjorde merksame på fyresegni, og uppmoda um å nemna ut ny styresmann.

Fondsstyret avgjorde i sumar at Arne Skjerven var å rekna som styresmann, med grunnlag i brevet me fekk frå Norsk Måldyrkingslag, dagsett 6. mars 2002. Formannen kann ikkje endra på styrevedtak, men han og fondsstyret må dryfta spursmålet på ny, etter at me hev fenge brevet Dykkar. Skrivaren vil difor kalla inn Arne Skjerven, men han vil ikkje få røysterett fyrr fondsstyret hev teke stoda til brevet Dykkar, dagsett 30. oktober 2002.

Hans Sørbø vil, utan umsyn til kva som er vedteke av Norsk Måldyrkingslag ikkje verta rekna for lovleg styresmann av fondsstyret fyrr det ligg fyre ei autoritativ avgjerd: rettskraftig dom eller ei fråsegn frå Fylkesmannen um at Hans Sørbø er å rekna som styresmann.

Dei som ikkje vil retta seg etter avgjerdi til fondsstyret, lyt sjølve taka rådgjerd eller reisa sak med påstand um at Hans Sørbø skal reknast for styresmann, um dei ikkje ynskjer å fylgja viljen til Halldor O. Opedal som er framsett klårt og tydelegt i gåvebrevet hans frå 29. desember 1971.

Det vert lagt upp til møte i fondsstyret i februar/mars 2003, og dei som ynskjer at Hans Sørbø skal møta på det styremøtet, lyt til dess ha reist sak med påstand um at Hans Sørbø skal reknast som styresmann, og dermed kallast inn til styremøtet.

Um so ikkje hender, reknar me saki som avslutta frå fondsstyret si sida.

Vyrdsam helsing
Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking

Lars Bjarne Marøy
Lars Bjarne Marøy

- skrivar -

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Avprent er sendt til:

Dag Hagen Berg	Grensa 8	0159	OSLO
Mona Stormark	Kringsjåvegen 17	5163	LAKSEVÅG
Arne Skjerven	Ytre Hakestad	5730	ULVIK
Bjørn Tormod Ringdal	Løvåsbakken 21	5148	FYLLINGSDALEN
Ivar Aasen-sambandet	Postboks 49 Blindern	0313	OSLO
Vestmannalaget v/ J. Askeland	Krohnengsgate 3	5035	BERGEN
Norsk Måldyrkingslag v/ A. Gjeraker	Postboks 6	6851	SOGNDAL
Noregs Mållag	Postboks 474 Sentrum	0105	OSLO
Vestlandske Mållag v/ L. B. Marøy	Glåmlidvegen 17	2213	KONGSVINGER
Norsk Bokreidingslag L/L v/ Lehmann	Nordåsvegen 183	5235	RÅDAL
Sissel-Anny Hjelmtveit	Totland	5912	SEIM
Halldor Slettebø	Blindernvegen 48	0371	OSLO
Håvard Tangen	Kvartsvegen 5	1158	OSLO
Magnus Robberstad	Bjørnemyrterrasse 12	1453	BJØRNEMYR
Hans Sørbø	Møllefaret 62 B	0750	OSLO
Johan Forsmo	Ostadalsvegen 79	0752	OSLO
Johan A. Schulze	Ullevålsalleen 4 C	0852	OSLO
Jostein Stokkeland	Nordlandsvegen 8	3531	KROKKLEIVA
Leidulv Hundvin	Lillehatten 242	5148	FYLLINGSDALEN
Hallvard Bergwitz	Treskevegen 81	0681	OSLO

målreising — nokre tankar». Til rettleiding for alle som driv målreising og måldyrking tek me her med fyresegnene for fondet. Dei lyder:

§ 1

Fondet skal ha namnet Halldor O. Opedal's fond for norsk målreising og måldyrking. Fyremålet med fondet er å reisa og odla nynorsk mål. Fondet skal gjera sitt til å halda uppe måltradisjonen frå Ivar Aasen i stil og skrivemåte og ordval, so langt som det til kvar tid lèt seg gjera. Eg viser til målsynet åt professorane Nikolaus Gjelsvik og Gustav Indrebø, soleis som dette synet kjem fram i arbeidi deira um norsk målreising og måldyrking. Skulle det verta tvilsmål um tolking av dette, syner eg til mitt brev: «Mitt syn på norsk målreising — nokre tankar».

§ 2

Grunnstolen for fondet skal vera på kr. 600.000,—, seks hundre tusen kronor, og denne hovudstolen skal ikkje minkast. Eiga skal til kvar tid verta varveitsla i samsvar med fyresegner um midlar for umyndige. Avkastingi skal ein leggja til grunnstolen kvart fjerde år.

§ 3

Fondet skal ha eit styre på fem mann. Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Ivar Aasen-Sambandet, Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag vel kvar sin mann med varamann. Styret i eit lag kan gje fullmakt åt ein mann til å møta i fondsstyret, um det ikkje høver for den valde styresmannen å vera til stades. Eit møte med tri mann er vedtaksført.

Fondsstyret vel sin formann med varamann. Formannen skal ha avgjersmakti um røystetalet veg jamt. Styresmenn med varamenn vert valde for fire år. Ein styresmann eller ein varamann bør ikkje stå lenger enn tolv år. Aldersgrensa uppover er 75 år.

§ 4

Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar og peika ut ettersynsmenn. Rekneskapen skal godkjennast av styri i dei lagi som har valrett til fondet.

§ 5

Avkastingi av fondet skal kvart år i mars månad etlast ut åt folk som skriv rein og velflidd nynorsk. Dei bør òg kunna tala dette målet — eller eit bygdemål. Utetlingane gjeng fyre seg i seriar på tri år. Det fjerde året vert rentesummen lagt til hovudstolen, sml. § 2. Etter fire år tek serien til på nytt.

Fyrste året etlar fondsstyret ut serskilt kr. 1000,— åt kvart lag til fritt bruk for norsk målarbeid. Det som då er att, byter styret på studiekurs i måldyrking, foredrag, artiklar, prenting av skrifter eller bøker eller onnor form for norskdomsarbeid. Det bør verta nemnt i prenti um dei kjem ut med tilskot frå fondet.

Andre året etlar styret ut serskilt kr. 1000,— åt kvart lag til fritt bruk for norsk målarbeid. Det som då er att, byter styret på ei rekkje studentar (5—10) ved universitet eller høgskular til kveik (premiar?) for idugt arbeid for nynorsk mål. Er vilkåri like mellom to eller fleire kandidatar, gjeng dei fyre som har gjort største innkastet. Styret kan òg yta påskjøningar til lag i bygd og by som gjer framifrå målarbeid.

Tridje året etlar styret ut serskilt kr. 1000,— åt kvart lag til fritt bruk for norsk målarbeid. Av det som då er att, yter styret ein fjerdepart til ein bokmann (forfattar, diktar, vitskapsmann), ein fjerdepart til ein kringkastingsmann, ein fjerdepart til ein bladmann eller eit blad og den siste fjerdeparten til stortingsmenn, skulemenn, kyrkjemenn eller yrkjesmenn or næringslivet. Det kan òg verta tale um andre personar.

Alle må ha synt evne og vilje til å bruka nynorsk mål i si beste form.

Fjerde året skal renta leggjast attåt hovudstolen i samsvar med § 2. Brot på denne regelen har ettersynsmennene skyldnad til å klandra.

Ovannemnde fyresegner er ikkje påbod («direktiv»), og styret stend i serhøve fritt til å yta åt andre fyremål. Fyresetnaden er at ytingane ikkje vik av frå grunntanken åt fondet.

Utetlingane bør ein gjera kjende i bladi og i Kringkastingi, um det er råd, til kveik for folk i arbeid for norsk målreising og måldyrking.

§ 6

Um so er at eit lag ikkje ynskjer å ha målsmenn i styret for fondet med dei fyresegner som her er sette upp, gjeng rettane åt dette laget over til dei andre lagi. Skulle fleire lag gå ut, vel dei lagi som er att, styret for fondet.

Kjem det upp eit nytt lag som stettar kravi åt dette fondet, kan fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar. Det nye styret skal stjorna fondet med tanke på heile landet som før, etter dei fastsette fyresegner, berre med det skilet som praktiske grunnar gjer naudsynlege.

Skulle alle lagi verta uppløyste, gjeng fondsmidlane inn i fondet til instituttet *Halldorsbu* på Bibelhaug i Ullensvang. Um dette skulle henda, fell fyresegnene for dette fondet burt.

Fire styrelemer kan visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki.

Lofthus den 29/12 1971
Halldor O. Opedal

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking
Postboks 919 – Sentrum
5808 BERGEN

Oslo, 14. oktober 2000.

Til
Norsk Måldyrkingslag
v/ Styret

Ad: Målsmannen som De nemnde upp for arbeidsbolken 2000-2004

Eg hev fenge informasjon um at den målsmannen som De nemnde upp til å sitja i styret i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking er eldre enn 75 år.

Styret i fondet kann og vil sjølvsagt ikkje leggja seg upp i kven som vallagi nemner upp til styret, men eg vil gjera merksam på at vedtektene som Halldor O. Opedal sette upp for fondet den 29. desember 1971 hev klåre fyresegner um kvalifikasjonane til dei som skal sitja i styret. I § 3 i vedtektene stende det:

> *Ein styresmann eller ein varamann bør ikkje stå lengre enn tolv år. Aldersgrensa uppover er 75 år.*

Ut frå ordvalet og skrivemåten, der han hev skilt millom "**bør** ikkje stå lengre." og "Aldersgrensa **er**", er det klårt at han hev vore sers medviten um kva verknader dei ulike fyresegnene hev.

- Styresmennene bør ikkje stå lengre enn; sidan Opedal nyttar umgrepet "**bør**" er fyresegni deklaratorisk, altso kann vallagi fråvika denna fyresegni,.

- Aldersgrensa er uppover 75 år; sidan det er nytta umgrepet "**er**" – er denna fyresegni preseptorisk. Vallagi kann difor ikkje rettvist fråvika denna fyresegni.

I mange tilfelle vil ein ikkje berre måtta vurdera ordvalet som er nytta i vedtektene, men òg umstendi rundt nedskrivingi av vedtektene. Vedtektene som Opedal sette upp var dryfta med advokat fyrr dei vart sett upp. Detta tyder på at fyresegnene i vedtektene var godt gjenomdryfta, og at ordvalet var gjort etter ei nøye vurdering. Opedal hev heilt tydelegt skilt millom "bør" og "er", han var soleis medviten um den rettslege verknaden av skiljet millom dei to umgrepi.

Ei aldersgrensa uppover til 75 år tykkjer heller ikkje vera unaturleg. Det er, etter det styreformannen skyner, ingen moment som i dag skulde tyda på at dessa hev misst rettskraft eller at vallagi kann sjå burt frå dei.

Eg hev dryfta detta spursmålet med advokaten vår – Per J. Jordal – som held på med å vurdera brigde i § 4 i vedtektene. Han hev munnlegt meldt i frå at han òg meiner at § 3 siste punktum i vedtektene er preseptorisk, og at vallagi ikkje kann fråvika denna fyresegni.

Eg vil difor beda styret i Norsk Måldyrkingslag sjå på uppnemningi på ny og eventuelt nemna upp ein målsmann som stettar kravi i vedtektene.

Vyrdsam helsing

Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking

Dag Hagen Berg
- styreformann -

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Org.nr.: 977 152 836

Postboks 919 – Sentrum

5808 BERGEN

Kongsvinger, 11. november 2002.

Vestmannalaget
v/Jon Askeland
Krohnengsgt. 3
5035 BERGEN

Uppnemning av målsmann til styret i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking.

Det vert synt til brevbyte um uppnemningi av målsmann til styret i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking frå Vestmannalaget.

Fyresegnene set klåre vilkår um at aldersgrensa for styresmennene i fondsstyret er 75 år.

Styreformannen i Halldor O. Opedals fond gjorde 11. juli 2000 stjorni i Vestmannalaget kjent med at Vestmannalaget hadde nemnt upp ein person som var eldre enn aldersgrensa i november 1999, og at uppnemningi soleides var i strid med fyresegnene, statuttane, til fondet.

Stjorni i Vestmannalaget rettkjende i mars 2001 at uppnemningi av Leidulv Hundvin var gali, og Bjørn Tormod Ringdal vart vald til målsmann for fireårsbolken 2000-2003. Fyresegnene uttalar klårt at uppnemningi gjeld for 4 år.

I november 2001 melder so det nye styret i Vestmannalaget at det hev upphevja vedtaket frå mars 2001 og sett Leidulv Hundvin innatt som målsmann i styret i Opedalsfondet. Uppnemningar skal gjerast for fire år, og fyresegnene opnar ikkje for å gjera ny-uppnemningar når det fyrst er gjort ei rettkomi uppnemning. Det er ingen ting som talar for at uppnemningi av Ringdal ikkje var rettkomi.

Uppnemningane er dryft med advokaten vår. Etter samråd med advokaten er fondsstyret kome til at uppnemningi av Bjørn Tormod Ringdal er rettskomi og at han er nemnd upp for denne fireårsbolken, jfr. fyresegnene. Bjørn Tormod Ringdal vert framleis rekna som styresmann fram til utgangen av 2003 og vert kalla inn til fondsstyremøti.

Vestmannalaget hev etter kva som er upplyst munnleg alt teke uppnemningi upp med Fylkesmannen i Hordaland – som hev avvist å gripa inn og tilviste ei eventuell uppfylgjing av saki til domstolane. Me bed um at evt kommentarar eller merknader vert sendt oss innan 01.12.2002.

Vyrdsam helsing

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Lars Bjarne Marøy

- skrivar -

Norsk måldyrkingslag
Akademiet for det norske målet
v/ formann Arne Gjeraker
postboks 6
6851 Sogndal

Sogndal, 30.10.02

Halldor O. Opedals fond
postboks 919 Sentrum
5808 Bergen

FULLMAKT TIL Å MØTA SOM STYRESMANN PÅ VEGNE AV NORSK MÅLDYRKINGSLAG

De har i brev hit teke opp fleire spørsmål knytta til forholdet mellom Halldor O Opedals fond og styremedlemen som er oppnemnd av Norsk måldyrkingslag, sjå m.a. brev av 10.01.01, og spesielt brev av 26.02.02. Eg viser òg til tidlegare telefonsamtalar frå Dag Hagen Berg.

På vegne av Norsk måldyrkingslag må ein seia seg lei for at det ikkje har vore utsendt skriftleg melding om kven som er valt som styremedlem i Halldor O. Opedals fond i arbeidsbolken 2000-2004. Dette skuldast at det har vore noko manglande samarbeid og oppfylging mellom styret og skrivar i høve skifte av skrivar. Det skuldast òg at det tidlegare diverre ikkje har vore skrive møtebok som i ettertid har vore tilgjengeleg for styremedlemmane.

Eg gjer for ordens skuld merksam på at Hallvard Bergwitz ikkje lenger er skrivar i Norsk måldyrkingslag.

Etter mine notat frå styremøte i Norsk måldyrkingslag 10.03.00 vart Hans Sørbø attvald som styremedlem i fondet. Arne Skjerven, Ulvik, vart valt som varamann. Magnus Robberstad var på den tidi formann i laget og styrde styremøtet.

Skrivaren har i lang ettertid sendt ut eit utskrift frå møteboka, men den kan eg på dette punktet ikkje vedkjenna meg.

Eg føresett difor med tilvising til ovannemnde, og til styret i måldyrkingslaget eventuelt har gjort eit anna vedtak, at de legg til grunn at Hans Sørbø er rettvis medlem av styret i fondet.

I den grad de ikkje har innkalla og elles ikkje respektert Sørbø som fullverdig medlem av styret vil eventuelle vedtak ikkje vera gyldige.

Spesielt med tilvising til dykkar skriv av 26.02.02 stadfestar eg såleis at så langt eg kan sjå har Hans Sørbø møtt på dei styremøta han har vore innkalla til med fullmakt frå det dåverande styret i Norsk måldyrkingslag.

Eg viser òg til at Hans Sørbø har gjort greie for sitt styreverv i fondet på årsmøtet i 2000 og i 2001 utan at det der har kome merknader frå nokon. Eg viser òg til skriv frå Hans Sørbø om det same.

Fridtjof Sørebø som òg var med på nemnde styremøte har òg stadfesta at mine notatar frå styremøtet var rett.

Eg legg til grunn at me heretter kan nytta tida til noko meir nyttig i måldyrkingsvegen enn interne stridar slik som dette.

Eg legg òg til som visst at når ombodstida til Sørbø no går ut vil det verta valt ein ny representant frå måldyrkingslaget til styret for Halldor O. Opedals fond.

Med helsing

Arne Gjeraker

Kopi: Hans Sørbø, Møllefaret 62 B, 0750 Oslo
Johan Forsmo, Ostadalsveien 79, 0752 Oslo
Johan A. Schulze, Ullevålsalleen 4 C, 0852 Oslo
Arne Skjerven, Ytre Hakestad, 5730 Ulvik
Haldor Slettebø, Haakon Den Godes vei 33, 0373 Oslo
Jostein Stokkeland, Nordlandsvegen 8, 3531 Krokkleiva

Johan Forsmo
Ostadalsv 79 22504664
0753 Oslo 22504662 faks

Oslo, 10.11.2002

Arne Gjeraker
Postboks 6
6851 Sogndal

MÅLSMANN OPEDALSFONDET - DITT BREV AV 30.10.02

Brevet ditt er ikkje handsama av styret. Ettersom delar av det strir mot historia kring styremøtet 10.03.00, lyt eg protestera.

Millom 10.03.00 og 08.12.01 hadde vi ikkje styremøte der saki um målsmann var dryft.

Møteboki frå 10.03.00 er førd av skrivaren og underteikna av dei fem styresmennene og skrivaren.
Utskrift:
"...Sak 2: Opedalfondet: Målsmann: Utsett til næste møte. Varamann: Arne Skjerven. Framl. un utsetj. kom frå Fr. Sørbbø. E.s. Det kom framlegg um attval på Hans Sørbø. Men etter di han var yver 75 år, kunde han ikkje veljast."

Møteboki frå 08.12.01 er førd og underteikna av Arne Skjerven (skrivar Bergwitz sjukmeld).
Utskrift:
"...Sak 2. Opedalsfondet: Styret vil ha Arne Skjerven som medlem og Magnus Robberstad som varamann."

Det siste vedtaket vart kunngjort på årsmøtet same dagen.

Det kan ikkje vera rett, som du skriv, at "...det ikkje har vore utsendt skriftleg melding om kven som er valt som styremedlem i Halldor O. Opedals fond i arbeidsbolken 2000-2004."
På spursmål svarar skrivaren at melding um valet i desember 01 var send 06.03.02 til dei tvo valde og til styret i Opedalsfondet. Eg hev bede skrivaren um kopi av meldingi, som eg hev fenge.

"Det skuldast og at det tidlegare diverre ikkje har vore skrive møtebok som i ettertid har vore tilgjengeleg for medlemmane."
Du avgrensar ikkje omgrepet "tidlegare". Jamvel om eg ikkje kjenner lagssoga, trur eg du uttrykkjer deg feilaktig. Men dette kjenner skrivaren betre enn dei fleste og kan sikkert gjera greie for siste delen av sitatet. Mi røynsle er i alle fall det motsette av di: Når eg som styresmann hev bede um utskrift i ei sak, hev eg utan vanskar fenge utskrift.

Me kan ikkje setja strek over røynlege saker. Før hev Johan A. Schulze og eg, som båe deltok i heile møtet 10.03.00, avvist at målsmann vart vald. For meg er det difor ikkje til å skjøna at du skriv som du gjer. Grunnlaget tykkjest vera at du ikkje godtek utskrifti av møteboki som rett og offisiell kjelde frå møtet.
Det gjer heller ikkje Hans Sørbø som sjølv ikkje var tilstades og likevel hevdar at han vart vald til målsmann, ei upplysning ~~han~~ han hev fenge frå broren sin. I fem brev januar-april til styret i Måldyrkingslaget held Hans Sørbø fast på påstandet.

"Eg legg og til som visst at når ombodstida til Sørbø no går ut vil det verta valt ein ny represnetant frå måldyrkingslaget til styret for Halldor O. Opedals fond."
Når eg samanliknar utskrifti med dei fem brevi og med sitatet, kjem eg til at saki um målsmann burde ha fenge ei grundig førehaving i styret med skrivaren tilstades. Då kunde fondsstyret ha sloppe den merkelege saksgangen å få tvo meldingar, 6. mars og 30. okotber, um tvo målsmenn frå Norsk Måldyrkingslag. Eg er ikkje med på å lata tvo-tre år gamle private notat taka over for styret si lange arbeidsordning med ein ansvarleg skrivar.

"Eg gjer for ordens skuld merksam på at Hallvard Bergwitz ikkje lenger er skrivar i Norsk måldyrkingslag."

Som du veit frå møteboki av 08.12.01, er eg usamd i sitatet so lenge Hallvard Bergwitz ikkje sjølv hev teke nokor avgjerd. Skrivaren hev i meir enn 50 år gjort eit arbeid for laget som eg meiner det verkeleg er mon i. Dette inntrykket hev halde seg i mine år i laget, og eg hev langt frå gløymt at ingen er feilfri. Eg finn det uverdig å bruka makt og sparka eit menneske som i sterk grad hev "vore" Måldyrkingslaget. At styrefleirtalet gjekk so langt som å nekta Hallvard Bergwitz å delta på styremøtet i februar, etter at eg fyrst hadde uppmoda deg um å kalla han inn, og so lenge du visste at han sat på Kaffistova og venta på å verta henta, det vitnar um respektløyse og dårleg folkeskikk. Like ille er det at det kan etterlata eit inntrykk av ikkje den store interessa for kva Måldyrkingslaget hev vore og kva det kan gjera vidare. Faren er at nektingi vil spyrjast som ei skam.

På styremøtet 10.03.00 melde eg eit spursmål om korleis Hallvard Bergwitz si lange tenestetid i laget skulle markerast når han ein gong slutta i tenesta. Den fungerande formannen Fridtjof Sørbø svara at spursmålet skulde koma upp på det neste styremøtet.

Johan A. Schulze hev høyrt dette brevet i telefon og er samd.

Venleg helsing

Johan Forsmo

Kopi:

Halldor O. Opedals fond
Postboks 919 Sentrum
5808 Bergen

Arne Gjøraker
Postboks 6
6851 Sogndal

Johan A. Schulze
Ullevålsalleen 4 C
0852 Oslo

Arne Skjerven
Ytre Hakestad
5730 Ulvik

Haldor Slettebø
Blindernvegen 48
0371 Oslo

Jostein Stokkeland
Nordlandsvegen 8
3531 Krokkleiva

Hallvard Bergwitz
Treskevegen 81
0681 Oslo

Hans Sørbø
Møllefaret 62 B
0750 Oslo

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Org.nr.: 977 152 836

Postboks 919 – Sentrum

5808 BERGEN

Oslo, 12. desember 2002.

Til:
Norsk Måldyrkingslag,
v/Arne Gjeraker
Postboks 6
6851 SOGNDAL

UPPNEMNING AV STYRESMANN I STYRET ÅT HALLDOR O. OPEDALS FOND FOR NORSK MÅLREISING OG MÅLDYRKING

Eg fekk i dag eit brev frå Johan Forsmo. I detta brevet fylgde det ein kopi av eit brev frå Arne Gjeraker til fondet, dagsett 30. oktober 2002. Eg skal nedanfor geida ut um orsaki til kontakten med Johan Forsmo og umstende elles vedrørande brevet frå Johan Forsmo.

Innleiding:

Eg fekk i midten av november eit brev frå Johan Forsmo, brevet var dagsett 10. nov d.å.. Brevet frå Forsmo var ein kopi av eit brev han sende Dykk. Forsmo synte i brevet sitt til eit brev frå Dykk, dagsett 30. oktober 2002, kven mottakaren var kom ikkje fram i Forsmo sitt brev. Eg tenkte fyrst at det laut vera eit internt brev han sikta til, og at Forsmo berre sende meg ein kopi sidan saki gjaldt Opedalsfondet. Eg fylgde difor ikkje upp detta innspelet.

Ut frå brevet, dagsett 10. nov. d.å. frå Forsmo, fekk eg inntrykk av at det var send eit brev um kven som var styresmann i fondsstyret, og at De i eit brev dagsett 30. oktober d.å. hadde gjeve uttrykk for at Hans Sørbø var rettkomen styresmann og Arne Skjerven varamann.

Sidan eg ikke hadde fenge noko brev dagsett 30. oktober d.å. frå Dykk og at De under telefonsamtalen vår, fredag 6. desember, sa at De skulde senda ei presisering åt meg etter årsmøtet i Måldyrkingslaget, tok eg kontakt beinveges med Forsmo for å høyra kva for brev han sikta til i det brevet eg fekk kopi av i midten av november d.å. Johan Forsmo nemnde i telefonsamtalen vår at han i brevet sitt sikta til eit brev som De skulde ha stilt til Halldor O. Opedalsfond. Forsmo lova å senda ein kopi av brevet beinveges til meg. Kopien fekk eg i dag.

Eg hev ikkje fenge noko brev frå Dykk dagsett 30. oktober d.å. Brevet Dykkar kann ha vorte burte i posten eller noko liknande, men eg hev ikkje havt kjenskap til det fyrr no. Eg legg ved detta brevet so ein ikkje skal misuppfatta kva brev eg meiner i merknadene mine under.

Det er diverre i brevet Dykkar fleire punkt som eg finn grunn til å ganga nærare inn på, og på ny presisera ein del av regelverket som vallagi òg lyt fylgja i spursmålet um fondet.

Grunnlaget for val av styresmenn og kven som vel styresmenn i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking:

Eg ser at brevet Dykkar gjeld spursmålet um kven som er vald til styresmann i fondsstyret av styret i Norsk Måldyrkingslag. Eg vil difor ganga snøgt inn på kven som vel og kva for råmor som gjeld ved valet av styresmenn.

Det er utan tvil styret i dei fem vallagi, Noregs Mållag, Norsk Måldyrkingslag, Ivar Aasen-sambandet, Vestmannalaget og Vestlandske Mållag, som vel styresmennene, jfr § 3 fyrste lekken i fyresegni som Haldor O. Opedal sette upp 29. desember 1997, se vedlegg:

"Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Ivar Asen-sambanet, Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag vel kvar sin mann med varamann."

Det neste som lyt klårleggjast er dei materielle råmone for det einskilde val. Det finst både i stiftingslogi og fyresegni som sett klåre råmor for vali til vallagi:

1. Det fylgjer av stiftingslogi § 7 fyrste lekken:

"En umyndig kan ikke være styremedlem eller forretnigsfører."

2. Det fylgjer av fyresegni, jfr. § 3 andre lekken:

"Aldersgrensa uppover er 75 år"

3. Det fylgjer òg av fyresegni åt fondet at styresmennene vert valde for fire år av gongen, jfr. § 3 andre lekken:

"Styresmenn med varamenn vert valde for fire år."

4. Moglege interne fyresegner i det einskilde vallaget.

Vallagi vart alt på 1970-talet bede av skiparen av fondet å stadfesta at dei godtok fyresegni. Alle vallagi svara attende at dei godtok fyresegni som var sett upp. Norsk måldyrkingslag hev dimed godteke dei påbod som skiparen sette i gåvebrevet sitt frå 29. desember 1971.

Det er dimed er det klåre råmor for kven vallagi kann velja til styresmann i fondet. Når det gjeld fyresegni var vallagi fyreåt spurd um dei vilde fylgja fyresegni åt fondet, og alle vallagi melde attende til Halldor O. Opedal at dei godtok fyresegni slik ho lydde. Soleides hev Norsk Måldyrkingslag gjenom positiv attendemelding teke stode til og godteke den råma som fyresegni her set.

Eg vil nemna at eg alt sumaren 2000 tok upp spursmålet um korleides fyresegni um aldersgrensa skulde tolkast med Fylkesmannen i Hordaland, som hev tilsynsandsvar for fondsstyret. Fylkesmannen svara at det var fondsstyret som gjorde tolking av fyresegni. Etter at eg hadde presentert at eg ikkje ville godtaka nokon uppnemning av personar yver 75 år, svara Fylkesmannen at han ikkje fann grunn til å kommentera det. Fylkesmannen la til at um han fekk innspel eller informasjon um at fondsstyret gjekk utanfor stiftingslogi eller fyresegni, vilde han taka det upp med fondsstyret. Fylkesmannen hev fenge informasjon um standpunktet vår um at me ikkje godtek uppnemningar av personar yver 75 år og eg hev ikkje melding um at Fylkesmannen hev klandra oss for standpunktet som fondsstyret tok sumaren 2000.

Styresmann eller målsmann (representant):

Mange hev diverre mistydd stiftingsskipnaden ålment og fyresegnene som gjeld for Halldor O. Opedals fond. Det hev diverre vore ei utbreidt mistyding at styresmennene som vert valde til fondsstyret i Opedalsfondet, er målsmenner for vallagi eller representerar vallagi.

Dei fem vallagi nemner upp ein styresmann kvar, men styresmennen er ikkje målsmenner for sine respektive lag. Styresmennene skal styra fondet til beste for fyremålet åt fondet, ikkje som representantar for vallaget sitt. Styresmennene kann ikkje møta med bunde mandat eller liknande. Mandatet til styresmennene er lovverket og fyresegni åt fondet.

Melding frå Norsk Bokreidingslag um valet av styresmann for styreboken 2000-2004:

Eg skreiv til Norsk Måldyrkingslag og etterlyste skriftlegt svar på kven som var vald til styresmann i Opedalsfondet. Det gjorde eg fyrste gongen 14. oktober 2000. Eg legg ved kopi av detta brevet. Brevet var i ei upmuntrandre tone, sjølv um eg munnleg hadde gjort kjent standpunktet um at ingen yver 75 år vilde verta kalla inn.

Eg hadde alt tidlegare på hausten munnleg bede dåverande formann Fridtjof Sørbø um skriftlegt svar. Eg sende den 10. januar 2001, brev til Dykk med same uppmoding, der det fylgde med kopiar av brevi mine til den tidlegare formannen. Det er med andre ord yver tvo år sidan eg bad um attendemelding.

Eg lyt her nemna at eg enno ikkje hev fenge attendemeldingar korkje um årsuppgjerdet for 1999, 2000 eller 2001.

De skriv i brevet Dykkar at det ikkje hev vore sendt melding um kven som er valt som styresmann.

"På vegne av Norsk Måldyrkingslag må ein seia seg lei for at det ikkje har vorre utsendt skriftleg melding om kven som er valt som styremedlem i Halldor O. Opedals fond i arbeidsboken 2000-2004. Dette skuldast at det her vore noko manglande samarbeid og oppfylgjing mellom styret og skrivar i høve til skifte av skrivar. Det skuldast òg at det tidlegare diverre ikkje har vore skrive møtebok som i ettertid har vore tilgjengeleg for styremedlemmane."

Eg vil koma inn på sume umstende knytt til utsegni nemnd yver:

Eg korkje kann eller vil innkalla noko som styresmann til fondsstyremøte utan skriftleg eller annan eintydig melding um kven som er vald som styresmann, og den valde styresmannen uppfylgjer dei vilkåri som er sett i stiftingslogi § 7 og fyresegni § 3.

De skriv som nemnd at det ikkje hev vore sendt melding, det var per 30. oktober 2002 ikkje rett. Det kom i mars 2002 melding um val av styresmann, rett nok eitt og eit halvt år etter at eg spurde etter slik melding. Meldingi som eg fekk frå Norsk Måldrykingslag var dagsett 6. mars 2002. Meldingi lyde på at Arne Skjerven var vald til styresmann og Magnus Robberstad var vald til varamann. I meldingi gjekk det fram at valet hadde skjedd på styremøtet den 8. desember 2001. Detta er òg nemnd i årsmeldingi vår som De hev fenge tilsend.

Eg skal ikkje ganga inn på interne sambarbeidstilhøve i Norsk Måldyrkingslag. So langt eg kann lesa brevet Dykkar, er det einaste som underbyggjer påstandane Dykkar minnet og notatane Dykkar. Eg kann diverre ikkje sjå fyre meg at skrivaren i Norsk Måldyrkingslag hev kunna hindra Dykk i å nytta dessa notatnane og Dykkar eigi minne i å svara meg alt i januar 2001.

Det ligg med andre ord fyre tvo meldingar, som diverre ikkje hev det same innhaldet.

Styremøtet den 10. mars 2000:

Eg lyt segja at eg hadde von um at eg som formann i fondsstyret skulde sleppa å nytta tid på å greida ut kven som er lovleg vald i eit av vallagi, og laut nytta yver tvo år på saki og framleides ikkje koma til eit klårt eit eintydigt svar. Stoda er slik eg hev fenge ho presentert.

Det var eit styremøte i Norsk Måldyrkingslag den 10. mars 2000, som millom anna hadde fyre val av styresmann til fondsstyret. Dessa møtte: Fridtjof Sørbø, Arne Gjeraker, Magnus Robberstad, Johan Forsmo, Johan A. Schulze, Hallvard Bergwitz og Jostein Stokkeland.

Dessa personane hev sers ulike meiningar um kva som hende i høve til val av styresmann:

- Arne Gjeraker og Fridtjof Sørbø meiner at Hans Sørbø vart vald til styresmann og Arne Skjerven til varamann. Dei meiner at Magnus Robberstad var leidar og leidde møtet.

- Johan Forsmo, Johan A. Schulze, Hallvard Bergwitz meiner at val av styresmann vart utsett, men at Arne Skjerven vart vald til varamann. Dei meiner at Fridtjof Sørbø leidde møtet under fyrehavingi av denna saki.

- Magnus Robberstad hev i samtale med meg i dag, sagt at han er uviss, men held på at Hans Sørbø vart vald til styresmann og Magnus Robberstad vart vald til varamann. Han meiner sjølv at han leidde møtet til detta punktet, og at han då trekte seg som møtestyrar og formann.

- Jostein Stokkeland hev i samtale med meg gjeve uttrykk for at han ikkje hev eit eintydig svar um det skjedde noko val og eventuelt kven som vart valde.

Eg veit ikkje kva seg skal segja um ei slik stoda, men eg vil berre gjera kjend fylgjande. Det er som nemnd ovanfor klåre råmor for kven vallagi kann velja som styresmann i fondsstyet. Det er fondsstyret sitt andsvar at fondet vert styrd etter logi og fyresegni, og dimed kann sjølvsagt ikkje fondsstyret godtaka noko som bryt med logi og fyresegni.

Hans Sørbø var på det gjeldande tidspunkt, 10. mars 2000, 78 år gamal, og godt yver aldersgrensa for å vera styresmann. Eit eventuelt vedtak som gjekk ut på at Hans Sørbø vart vald til styresmann på møtet den 10. mars 2000, er dimed utanfor råma som Halldor O. Opedal hev sett. Eit eventuelt slik vedtak er difor ugyldig og vert av fondsstyret rekna som ein nullitet. Eg legg ved kopi av eit brev skrivaren i fondet sende Vestmannalaget, brevet er dagsett 11. november 2002.

Styremøtet 8. desember 2001:

Eg fekk som nemnd eit brev frå Norsk Måldyrkingslag, dagsett 6. mars 2002, der det vert synt til eit styremøte 8. desember 2001. Ut frå utdraget av uppritet var val av styresmann og varamann sak på det styremøtet. Vedtaket lydde fylgjande:

Arne Gjeraker, styresmann
Magnus Robbestad, varamann

Eg tok i sumar kontakt med Arne Gjeraker og kalla han inn til møte i forndsstyret, men han stadfesta at han var nemnd upp som styresmann. Arne Gjeraker fortalde at han ikkje hadde høve til å møta, og bad med ringja Magnus Robberstad. Fondsstyret hadde på styremøtet den 27. juni d.å. fyre brevet frå Norsk Måldyrkingslag, dagsett 6. mars 2002. Fondsstyret vedtok at saki var avslutta og at Arne Gjeraker var styremann og Magnus Robberstad var varamann. Fondsstyret gjorde greide for saki i årsmeldingi for bolken 4. august 2001 til 27. juni 2002.

Gyldige vedtak?:

De skriv i brevet:

"I den grad de ikkje har innkalla og elles ikkje respektert Sørbø som fullverdig medlem av styret vil eventuelle vedtak ikkje vera gyldige."

Eg undrar meg korleis eg som styreformann skulde ha kalla inn ein styresmann frå vallagi utan at det låg fyre ei klår og eintydig melding um kven som var vald. Det er praksis at ein krev frå og fær skriftleg melding av vallagi um den personen som er vald til styresmenn.

Kva som er gyldige vedtak lyt, etter mi vurdering, analyserast meir juridisk enn det som De skriv i nemnde sitat. Eit slikt resonnement som De framfører her er noko tvilsamt, konsekvensen vert i alle fall sers original. Ein kann i so fall tenkja seg ei stoda der eitt av vallagi vel ein person X til styresmann, men ikkje gjev melding til fondsstyret um valet, og fleire år etter kann hevda at alle vedtak er ugyldige sidan person X ikkje fekk vera med på vedtaki.

Saki er at det er Norsk Måldyrkingslag sjølv som hev skuldnad til å syta for å velja personar som stettar kravi og gjeva fondsstyret melding um valet av dessa personane. Um so ikkje skjer misser Norsk Måldyrkingslag høve gjenom vedkomande person å påverka styringi av fondet. Vedtaki åt fondsstyret stend seg jamvel um Norsk Måldyrkingslag ikkje peikar ut ein styresmann. Det gjeng klårt fram av fyresegni, jfr. § 3:

"Eit møte med tri mann er vedtaksført."

Konklusjon:

Det vart alt sumaren 2000 teke standpunkt til at ingen av dei uppnemningane gjaldt personar yver 75 år var rettkomne. Vedkomande personar vilde ikkje verta kalla inn til styremøti og styri i dei respektive vallagi, Vestmannalaget og Norsk Måldyrkingslag, skulde verta gjort merksame på fyresegni, og uppmoda um å nemna ut nye.

Fondsstyret avgjorde i sumar at Arne Skjerven var å rekna som styresmann, med grunnlag i brevet me fekk frå Norsk Måldyrkingslag, dagsett 6. mars 2002. Som formann kann ikkje eg endra på styrevedtak, men eg ser at spursmålet lyt dryftast på ny, ut frå brevet Dykkar. Eg vil

difor kalla inn Arne Skjerven, men han vil ikkje få røysterett fyre fondsstyret hev teke stode til brevet Dykkar, dagsette 30. oktober 2002.

Hans Sørbø vil uavhengig av kva som er vedteke ikkje verta rekna som lovleg styresmann av fondsstyret fyrr det ligge fyre ei autoritativ avgjerd , rettskraftig dom eller fråsegn frå Fylkesmannen um at Hans Sørbø er å rekna som styresmann. Det same gjeld sjølvsagt òg Leidulv Hundvin som ogso er yver 80 år.

Dei som ikkje rettar seg etter avgjerdi åt fondstyret lyt sjølv taka rådgjerd eller reisa sak med med påstand um at Hans Sørbø og eventuelt Leidulv Hundvin skal reknast som styresmenn, um dei ikkje ynskjer å fylgja vilja som Halldor O. Opedal sette upp i gåvebrevet sitt frå 29. desember 1971.

Det vert langt upp til møte i fondsstyret i midten av februar 2003, og dei som ynskjer at andre skal møta på det styremøtet enn det som er gjord gjerde for yverfor lyt til dess ha reist sak med påstand um at Hans Sørbø og eventuelt Leidulv Hundvin skal reknast som styremenner, og dimed kallast inn til styremøtet.

Um so ikkje skjer reknar eg saki som avslutta frå fondsstyret si side.

Eg vil orska at me alle er komne i denna stoda og at eg lyt nytta so harde ord. De hev insinuert eg ynskjer å krangla – det fær vera so, men eg ynskjer ikkje å venda ryggen åt sanning og rett.

God jol og eit godt nyår

Vyrdsam helsing
Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking

- formann -

Vedlegg: Brev frå fondsstyret til Norsk Mådyrkingslag, dagsett 14.oktober 2000,
same brev var alt send til Vestmannalaget, dagsett 10. juli 2000.
Brev frå fondsstyret til Vestmannalaget, dagsett xx.xx.xx
Brev frå fondsstyret til Norsk Måldrykingslag, dagsett xx.xx.xx.

16. okt. 2001

Målsmannsdisposisjonen i styrmøte til Vestmannalaget

Sak Opedalsfondet.

Dette sakspapiret er inndelt slik:

1. Innleiding.
2. Skipnaden Opedalsfondet.
   2.1. Skipingi av fondet.
   2.2. Styringi av fondet.
   2.3. Andsvaret for kvar styresmann.
3. Vestmannalaget og fondet, oppnemning og avsetjing.
   3.1. Styrevedtaket i laget 23.august 1999.
   3.2. Styrevedtaket i laget 16.november 1999.
   3.3. Styrevedtaket i laget 1.mars 2001.
4. Fondsstyret.
   4.1. Oversyn fondsstyret sidan 1988.
   4.2. Bolk 1 av styremøtet i fondet 8. april 2000.
   4.3. Bolk 2 av styremøtet i fondet 8. april 2000.
   4.3. "Umframt"-styremøtet i fondet 6. mai 2000.
   4.4. Formann Berg reiser retssak i namnet åt fondet utan fullmakt til det.
5. Samandrag og framlegg til vedtak.

1. Innleiding.

Opedalsfondet er ført på saklista for at styret kan gå gjenom visse hendingar i fondsstyret og i styret for Vestmannalaget frå 1999.

I november 1999 nemnde styret i Vestmannalaget opp att Leidulv Hundvin til styresmann i Opedalsfondet for 4-årsbolken 2000-2003. Føreåt hadde styret i tvo møte samrøystes vedteke å oppmoda Hundvin om å halda fram i ombodet.

Styret i Vestmannalaget avsette Leidulv Hundvin frå ombodet i møte 1. mars 2001, altså meir enn eit år etter oppnemningi. Møteboki opplyser at avsetjingi vart gjord etter "sterk påtale" frå Dag Hagen Berg.

Berg var ny styresmann i fondet og hadde vorte formann. Han kalla ikkje inn til styremøte om saker i fondet etter det fyrste møtet han førebudde, nemleg 6. mai 2000. Det var soleis eit personleg utspel Berg gjorde. Formannen i Vestmannalaget Marøy var klår over dette då han tok opp utspelet i styret, for Marøy var sjølv styresmann i fondet.

2. Skipnaden Opedalsfondet.

2.1. Skipingi av fondet.

Halldor O. Opedal skipa Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking med gåvebrev 29. desember 1971.

Rettsreglar for legat, fond og stiftingar fanst i Norske Lov frå 1687 og i seinare sokalla "forordningar". I 1980 fekk ein med verknad frå 1.1.1982 lovi om stiftingar. Lovi femner om fond og legat òg. Dei stiftingar som er offentleg godkjende, som det

heiter, kallar lovi offentlege stiftingar, dei hine private stiftingar. For offentlege stiftingar har staten tilsynsplikt. Stiftingar med næringsverksemd er det særreglar for i lovi. Opedalsfondet er ei privat stifting..

2.2. Styringi av fondet.

Fondet har 5 styresmenn. Vestmannalaget, Vestlandske Mållag, Norsk Måldyrkingslag, Ivar Aasen-sambandet og Noregs Mållag nemner kvar opp ein styresmann med varamann. Valbolken er 4 år, og alle er på val samstundes. Styresmennene vel formann seg imellom.

Lovi legg all styring av fondet til fondsstyret, men ho gjev høve til å skipa organ i fondet med viss anna oppgåve. Opedal fastsette i gåvebrevet at dei fem lagi som nemner opp til styret godkjenner rekneskapen. Men då lovi vart sett i kraft, vart ikkje den føresegni frå Opedal utfylt til å høva for eit organ i fondet. Det kunne ha vore skipa eit organ, t.d. eit råd, som hadde til oppgåve å fastsetja årsoppgjeret etter framlegg frå styret og til å nemna opp ettersynsmann. Då føresegnene for fondet vart brigda i 1987, gjorde ikkje styret framlegg om eit slikt organ. Heller ikkje noko lag gjorde det. Lagi var nøgde med at kvar styresmann orienterte laget sitt om årsoppgjeret, løyvingane og anna eit lag ynskte å vita frå drifti av fondet.

Styret greier soleis alle oppgåvene til fondet. Styret sender årsoppgjeret til fylkesmannen i Hordaland saman med ei oppgåve etter førerit frå fylkesmannen.

2.3. Andsvaret for kvar styresmann.

Andsvaret styret har treng ein ikkje seia mykje om. Kvar styresmann skal gjera det han kan til at fondseiga vert styrd best mogleg og at utetlingane vert gjorde slik skiparen har meint det.

Styresmennene skal fremja oppgåva til fondet, og ofte fell ho saman med oppgåva til lagi.

3. Vestmannalaget og fondet, oppnemning og avsetjing.

3.1. Styrevedtaket i laget 23. august 1999.

Vestmannalaget hadde i styremøte 23. august 1999 føre som sak 7 Val til Halldor O. Opedals fond. Det går fram av møteboki at lagsformannen Lars Bjarne Marøy då emna på at Vestmannalaget ikkje skulle nemna opp att Leidulv Hundvin for den komande bolken i Opedalsfondet:

"Formannen [...] meinte at det var naturleg at den faste målsmannen hadde plass i stjorni."

Formannen fekk ikkje medhald i dette. Styret meinte at Leidulv Hundvin best kunne taka vare på interessene både for fondet og laget, og *"Stjorni la vekt på at målsmannen i Opedalsfondet held stjorni informert om arbeidet der."*

Styret vedtok at formann Marøy skulle uppmoda Leidulv Hundvin om å halda fram i ombodet i fondsstyret.

3.2. Styrevedtak i laget 16. november1999.

Styret i Vestmannalaget hadde saki føre att 11. og 16. november 1999, jf. møteboki, som lyder:

"Sak 10 Opedalsfondet.

"Formannen hev spurd Leidulv Hundvin um han vil vera målsmann for Vestmannalaget i Opedalsfondet i neste 4-årsbolk etter stjornarvedtak den 23. august 1999 sak 7. Stjorni uppfatta at spursmålet slik det vart sett fram kunne verka noko misvisande, og at Hundvin soleis kunne uppfatta det som han måtte stilla med bunde mandat, og difor ikkje sa ja med det same. Stjorni drøfta dette, Og gjorde det heilt klårt at dei ynskjer å ha Hundvin som sin målsmann i Opedalsfondet, og at stjorni også måtte velja varamann til Opedalsfondet for same periode.

"Stjorni la vekt på at rekneskapen og årsmeldingi frå Opedalsfondet skulle vera orienteringssak på stjornarmøte i Vestmannalaget etter årsmøtet i Opedalsmøtet, og ville då at Hundvin skulle få innkalling til denne saki for å orientera stjorni um arbeid og resultat i Opedalsfondet. Formannen kritiserte dei styrande i Opedalsfondet. Han meinte at det kunde tyda på at det er fleire som ikkje er informerte um at dei hev fenge løyving når det gjeng fram av rekneskapen for i fjor, at om lag 250 000 kronor er løyvde, men ikkje utbetalte. Han meinte at slik auka fondet på kostnad av søkjarar.

"**Vedtak**: *Sfjorni valde Leidulv Hundvin som målsmann for Vestmannalaget i Opedalsfondet i neste 4-årsbolk. Sissel-Anny Hjelmtveit vart vald som varamann for målsmannen for same periode.*

"Stjorni vedtok også å uppmoda målsmannen for Vestmannalaget i Opedalsfondet um å be dei styrande i Opedalsfondet um at alle som får løyvingar, blir informera um det, og at einskildlagi fær tilsendt godkjend rekneskap og årsmelding."

Merknad (i dette sakspapiret).

Sjå slutten av referatet, før vedtaket.
Marøy "kritiserte dei styrande i Opedalsfondet og påstår at fondet er auka med kr. 250.000 "på kostnad av søkjarar". Marøy skil ikkje mellom eignelutar og rein eige.
Ein får minna om dette elementære i rekneskapar: Midelen til å dekkja skuldi ligg sjølvsagt i eignelutane, som ikkje er den reine eiga (eigenkapitalen).

Altså: Løyvde ikkje utbetalte pengar vert førte som skuldpost, motposten er eignelutane. Når ein sender ei løyving, minkar både skuldposten og eignelutane med den sende løyvingi. Men det får ingen verknad på den reine eiga (eigenkapitalen).

3.3. Styrevedtaket i laget 1. mars 2001.

Møteboki er skriven av Bjørn Tormod Ringdal, skrivar. Det er ikkje skrive inn kven av styret som var med på møtet

Møteboki sak 2 lyder:

"Formannen hadde tidlegare fenge brev frå formannen i Halldor O. Opedals fond der det vart slege fast at noverande målsmann frå Vestmannalaget var for gamal til å sitja i fondet (jamfør stjornarmøte i juli og føresegnene til Halldor 0. Opedals fond innteke i Vestmannalaget i 110 år). Noverande målsmann Leidulv Hundvin hadde i brev til formannen hevda at det hadde hendt fyrr at folk hadde sete yver aldersgrensa.

Lovi opnar likevel ikkje for dette. Hundvin var vald for ein fire årsperiode, og kunde normalt ikkje verta utskift, men i og med at stjorni hadde gjort eit mistak som vart sterkt påtala av styreformannen i fondet, såg stjorni seg nøydd til å peika ut ny målsmann. Bjørn Tormod Ringdal vart no vald til ny målsmann ut den perioden Hundvin var vald for. Ringdal vart soleis vald for ein periode som gjeld fram til 2004. Då skal det peikast ut målsmann på ny."

4. Fondsstyret.

4.1. Oversyn fondsstyret sidan 1988

Oppnemningane lagi gjorde, formannen i kursiv:

Vestmannalaget	Vestl.Mållag	Måldyrkingsl.	Aasensambandet	Noregs Mållag
1988-1991				
Conrad Clausen	*Helga Mehl*	Jon Askeland	Frøydis Lehmann	Per Håland
1992-1995				
Leidulv Hundvin	*Helga Mehl*	Hans Sørbø	Frøydis Lehmann	Åsmund Lien
1996-1999				
Leidulv Hundvin	Halldor Slettebø	*Hans Sørbø*	Frøydis Lehmann	Einar Schibevag
2000-2003				
Leidulv Hundvin	Lars B. Marøy	Hans Sørbø	*Dag H. Berg*	Mona Stormark

4.2. Bolk 1 av styremøtet i fondet 8. april 2000.

Det var eigentleg tvo styremøte same dagen, det eine er her kalla bolk1 og det andre bolk 2 av møtet.

Fyrste bolken var eit møte for dei som hadde vore styresmenn1996-1999 og som skulle fastsetja årsoppgjeret for driftsåret 1999. Dei som møtte var Hundvin, Lehmann og Sørbø, og av forfallsgrunn Lars Bjarne Marøy for Halldor Sletteb, Vestlandske Mållag og Mona Stormarkfor Einar Schibevaag, Noregs Mållag. Desse siste tvo møtande var elles oppnemnde til styresmenn for bolken ein gjekk inn i. Forretningsførar Leiv Flesland møtte. (Dag H. Berg, oppnemnd av Aasensambandet, på plassen Frøydis Lehmann hadde, var til stades.)

Styret godkjende samrøystes, og skreiv under, årsoppgjeret for 1999 som forretningsføraren Leiv Flesland la fram, revidert av statsautorisert revisor Klement Røyrane. Forretningsføraren la òg fram ein spesifikasjon til fylkesmannen.

Reglane for oppsettet av rekneskapen var endra, og fondet ville praktisera endringane frå året ein var inne i. Ei rad tiltak av ymse slag hadde for det farne året halde seg til det gamle oppsettet det året. Men styresmennene ville få alle dei opplysningar frå årsoppgjeret som dei ynskte.

Fylkesmannen i Hordaland melde at han ingen merknad hadde til årsoppgjeret for 1999.

4.3. Bolk 2 av styremøtet i fondet 8. april 2000.

Til stades var dei som er nemnde under bolk 1, men Frøydis Lehmann frå Aasensambandet var avløyst av Dag H. Berg. Til formann vart Berg vald etter framlegg frå Stormark med 3 av 5 røyster.

Styret vedtok at kvart av dei fem lagi i fondet skal ha kr. 7.500,- for året, men då sjølv bera ferdakostnaden til styremøti for sin styresmann. — Styret vedtok heidersprisar til tre personar, kvar pris på kr. 25.000,-. — Styret utsette søknader om løyving til eit møte til hausten då prisane skulle etlast ut.

4.4. "Umframt"-styremøtet i fondet 6. mai 2000.

Formann Dag H. Berg kalla inn til "umframt" styremøte 6. mai 2000. Saklista, med postane referat og Regionsoga lagde til på møtet:

1. Godkjenning av innkalling og fastsetjing av saklista.
2. Referat frå siste møte.
3. Skjedd sidan sist.
4. Lånet til Regionsoga for Nord- og Midhordland.
5. Vantande innsending av rekneskapen fyr åri 1997 og 1998?
6. Rekneskapen fyr 1999.
7. Forretningsføraren; spursmål um uppsegjing.
8. Val av skrivar fyr fondet.
9. Fyresegn fyr styreformannen, varaformannen og skrivaren.
10. Råderett yver eiga til fondet, (teikningsrettane).
11. Plasseringspolitikk.
12. Neste styremøte og dato fyr utetlingane av heidersprisane.
13. Kontorhatd.
14. Tilskot til uppnemnarlalagi.
15. Godkjenningsordningi fyr rekneskapane.
16. Ymist

Hans Sørbø med tilslutning av Leidulv Hundvin gjorde under post 1 på saklista ei tilførsle til møteboki som galdt fleire postar, og som var delt inn med desse overskriftene:

A) Dag H. Bergs framlegg um tilriving av styringsmakt og fjerning av forretningsføraren for fondet Leiv Flesland.

B) Dag H. Bergs framlegg er dels jamgodt med einestyre for fondet, dels å styra fondet saman med tvo andre av dei fem styresmennene.

C) Rekneskapen for 1999, utfyllande uppgåver.

D) Rekneskapen for 1999, auken av grunnstolen.

Møtebok for 6. mai 2000, som Marøy gjorde notat til under møtet, har ikkje formannen sendt til styresmennene, endå stiftingslovi set strengt krav i so måte.

4.5. Formann Berg reiser rettssak i namnet åt fondet utan å ha fullmakt til det.

Utan å ha fullmakt til det gjekk styreformann Berg den 5. juli 2000 til søksmål ved Bergen namsrett mot forretningsføraren i fondet Leiv Flesland.

Med avgjerd 28. juli 2000 vart kravet i søksmålet **forkasta** av Bergen namsrett ved domaren byfut Sjur Vestrheim. Retten har *" funnet at det fremstår som åpenbart at det ikke foreligger noen forføyningsgrunn"* mot Leiv Flesland.

Rettssaki kosta kr. 24.000,- opplyste Berg på spørsmål på eit møte utanfor fondet. Desse pengane må fondet krevja attende frå Berg om han ikkje har gjort opp for seg.

5. Samandrag og framlegg.

Den *"sterke påtalen"* til Vestmannalaget for å få Hundvin ut or fondsstyret er frå ein einskild i fondsstyret, formann Dag H. Berg, ein som tok seg til rettes med å reisa søksmål utan førehaving i styret, som ikkje sende ut møtebok, og som sette styresmenn utanfor i saker elles òg.

Kan henda visste ikkje alle styresmennene i Vestmannalaget om viktige faktiske tilhøve i fondet då dei tok avgjerdi om avsetjing. Dei kan soleis ha røysta for vedtaket på brestande føresetnader. Det gjeld derimot ikkje for styreformannen, Marøy, for han hadde vore med på det meste.

Med dei oppnemningane Vestmannalaget har gjort av Leidulv Hundvin til styresmann i Opedalsfondet, ville han ha hatt ombodet i tre bolkar når den siste går ut med året 2003. Tre bolkar er innanfor dei føresegner fondet har. Når det gjeld alderen på ein styresmann ved oppnemningi, er det praksis for at ein kan ha styresmenn over dei 75 år som er nemnde i fondsreglane. Det kjende styret i Vestmannalaget til.

Ville styret i Vestmannalaget gå bort frå sin praksis med omsyn til alderen ved oppnemning av ein som alt sit i ombodet, måtte det ha kunna venta med å drøfta brigde i praksis til åremålet var ute.

Det må ha verka underleg på ein so veltent lagsmann i Vestmannalaget som Leidulv Hundvin å få den avgjerdi styret tok meir enn eit år inne i siste tenestebolken hans.

Styret bør bøta skaden i den mon det let seg gjera, og difor no halda fast på oppnemningi i november 1999.

Framlegg til vedtak.

1. Styrevedtaket 1. mars 2001 i sak om styresmann i Opedalsfondet vert avskipa.

2. Styrevedtaket frå 16. november 1999 tek til å gjelda att med det same, slik at Leidulv Hundvin er styresmann i Opedalsfondet ut bolken 2000-2003, og Sissel-Anny Hjelmtveit hans varamann. Styreformannen melder vedtaket til fondet.

3, Styreformannen orienterer Leidulv Hundvin, takkar han for arbeidet i fondet og bed han bera over med det leie avbrotet.

Motlegg til notatet frå Jon Askeland lagt fram på stjornarmøtet 16. oktober 2001.

Innleiding

Formannen i Vestmannalaget Askeland hev mangfalda eit notat der det vert hevda at det er grunn til å sjå på visse hendingar i Opedalsfondet og i styret i Vestmannalaget. Brevet inneheld ei rad skuldingar mot formannen i Opedalsfondet. Det er serleg grunn til å leggja vekt på at formannen personleg vert skulda for fleire tilhøve som det er naturleg å lata han få svara på. Formannen hev ikkje vorte varsla um notatet. Det er grunn til å lasta formann Askeland i Vestmannalaget for dette. Vidare må ein peika på at formannen i Opedalsfondet er lagsmann i Vestmannalaget og at det soleis skulde vera grunn til å visa alminneleg sømd med å leggja fram notatet for han for kommentar.

Bakgrunnen for at notatet er skrive er at formann Askeland meiner at stjorni i Vestmannalaget hev avsett Leidulv Hundvin frå umbodet som målsmann for Vestmannalaget i Opedalsfondet. "Avsetjingi" av Hundvin var gjord etter "sterk påtale" frå Opedalsfondet, heiter det vidare.

Notatskribenten viser jamt til at det fyre vedtaket vart gjeve sterk påtale frå Halldor O. Opedals fond på at Hundvin var målsmann i fondet, men han hev ikkje lagt fram det brevet som Opedalsfondet sende til stjorni i Vestmannalaget. Det var millom anna dette brevet som var grunnlaget for det vedtaket stjorni gjorde. Brevet ligg i formannsarkivet. Notatskribenten kjem soleis utelukkande med si utleggjing av brevet frå Opedalsfondet, utan at han legg fram sjølve brevet og kva Opedalsfondet faktisk skriv !! Samla sett gjev notatet ei einsidig framstelling som ikkje segjer noko um kva formannen i Opedalsfondet hev sagt og gjort og dessutan steller formannen i Opedalsfondet utan tilsvarsrett.

Spursmålet um å setja inn att Leidulv Hundvin som målsmann frå Vestmannalaget i staden for Bjørn Tormod Ringdal reiser fleire interessante problemstillingar. Formann Askeland informerar ikkje noko um dei skrivi som ligg i formannsarkivet og som kann avsanna fleire av dei lause påstandane han kjem med i notatet som ligg fyre. Me krev at fylgjande upplysningar frå formannsarkivet vert framlagde for stjorni:

Brev frå Dag Hagen Berg av 10. juli 2000

Brev Halldor O. Opedals fond um rekneskapen, 12 okt. 2000

Brev Halldor O. Opedals fond um rekneskapen, 14. okt. 2000

Brev Halldor O. Opedals fond um lesarinnlegg i Dag og Tid 2000

Brev til Leidulv Hundvin um Opedalsfondet frå stjorni i Vestmannalaget av 4. sept. 2000

Svar frå Leidulv Hundvin sendt 9. sept. 2000

Resultatrekneskapen for Halldor O.Opedals fond for 1999.

Ei slik framleggjing av faktiske kjensgjerningar er naudsynt, serleg av di fleire av stjornarlemene ikkje hev havt høve til å gjera seg kjent med nokon av desse brevi og dokumenti.

Hovudsaki er at det i notatet vert hevda, utan nærmare dryfting, at styret i Vestmannalaget stend fritt til å velja sin målsmann utan umsyn til dei påbod som Halldor O. Opedal sette i fyresegni si for fondet.

Det er utan å gjera nærmare dryfting av dei rettslege implikasjonane ein slik synsmåte reiser, sers leidt at formannen i Vestmannalaget, Jon Askeland, ser ut til å vilja grovt krenkja dei påbod som Halldor O. Opedal sette i gåvebrevet frå 29. desember 1971. Det er sers leidt at formannen i eit av dei lagi som Opedal hadde tiltrudd å nemna ut fondsstyret, ser ut til å ikkje vilja fylgja dei fyresetnader som han sette. Dette trass i at Opedal på fyrespurnad fekk attendemelding frå alle lagi at dei godtok den fyresegni som han hadde sett upp.

Nærare til einskildpunkt i notatet frå Jon Askeland

Notatet er fullt av synsmåtar som er lite dekkjande for både hendingane i dei siste åri og den rettslege stoda. Ein kann millom anna nemna, i same rekkjefylgja som notatet, fylgjande:

2.2. Styringi av fondet. (side 2 notatet)

1. Notatskribenten nemner at Opedalsfondet hev ein annan skipnad med godkjenning av rekneskapane enn stiftingslovi. Dette er rett, men um ho er rettsstridig er noko anna, og meir uvisst. Det vert millom anna her hevda at umgrepet "organ" ikkje kann vera noko anna enn eit fast definert utval, råd e.l. dette er mildt sak umtvista. Fleire meiner at ein ikkje kann forstå § 5 i stiftingslovi slik som notatskribenten gjer her. Denne paragrafen er sers vid og lyt tolkast utvidande og ikkje innsnevrande som notatskrivaren gjer. § 5 gjev i realiteten skiparen av fondet sers vide råmor for korleis fondet skal styrast, so lenge fondet kann stå fram som ei sjølvstendig eining.

2. Notatskribenten nemner at fyresegni åt fondet vart brigda i 1987. Fyresegni åt fondet vart ikkje brigda i 1987 slik det vert hevda, men formelt i 1992. Fondsstyret gjorde rett nok eit vedtak i 1987 um brigde, men saki vart ikkje lagt fram for Fylkesmannen fyrr i 1992.

3. Notatskrivaren skriv òg at lagi var nøgde med at styresmennene orienterte laget sitt um årsuppgjeret. Dette er ein synsmåte som ein tidlegare formann hev hevda lenge, men ho er like fullt gal. Fram til året fyre dette tidspunktet (1987) sende formannen eller rekneskapsføraren ut årsuppgjeret til alle lagi. Det var soleis ikkje kvar einskild – styresmann som sende årsuppgjeret til laget sitt. Leidulv Hundvin vitra millom anna ikkje styret i Vestmannalaget um stoda i Opedalsfondet.

4. Det vert òg hevda ein sender inn årsuppgjer etter "førerit frå fylkesmannen". Dette var tilfelle fram til 1997. Etter dette skulle fondsrekneskapen fylgja rekneskapslovi, jamvel um leidingi i Opedalsfondet ikkje makta å etterleva denne endringi av lovverket.

3 Vestmannalaget og fondet, oppnemning med meir

Notatet tek fyre seg stjornaruppriti i Vestmannalaget frå 23. august 1999 og utetter. Desse stjornaruppriti er nytta som kjelda. Under punkt 2 i det notatet som Askeland la fram på fyrre styremøte vert det påpeika at det var vanleg at kvart lag vart orientert av sin målsmann um kva som skjedde i fondet. Dette syner seg heilt klårt å ikkje fungera for Vestmannalaget sin del. Difor vart det vedteke samrøystes av stjorni at årsmelding og rekneskap skulde fyre for stjorni i Vestmannalaget.

I uppritet stend det at dåverande formannen i Vestmannalaget påtala at han visste at det tidlegare år hadde vore ståande 250 000 kronor som var løyvde, men ikkje utbetala. Vidare at han hevda at fondet auka på kostnad av søkjarane.Det han sa var at han fekk mange meldingar um folk som ikkje hadde fenge greida på at dei hadde fenge løyvingar fondet og at han mistenkte at fondet ikkje informerte skikkeleg um kven som hadde fenge løyving. Dåverande formann i Vestmannalaget hugsar ikkje korleis han ordla seg den gongen, men det han meinte var at dei løyvingane som folk ikkje visste um, vilde verta attendeførde, og det vilde gjera at fondet fekk høve til å bruka dei på andre tiltak. Ein måtte i alle høve ha lov til å lura på kvifor so mange pengar vart ståande å samla seg upp.

Det som er kjensgjerningi er at Leidulv Hundvin uppførde seg sterkt kritikkverdig i den tid han var målsmann for Vestmannalaget i Opedalsfondet. Han bruka posisjonen sin til å fremja interessone til Nord- og Midhordland sogelag. Hundvin hev i ei årrekkja vore revisor for Nord- og Midhordland sogelag. Han hev ikkje vilja uttala seg um kva rolla han hadde då Opedalsfondet gav eit lån på 150 000 til ei stifting som stod sogelaget nær, og han var klår yver lånet til sogelaget i alle år etterpå og gjorde ikkje noko tildriv for å få lånet inndrive. Medan andre folk i målrørsla aldri fekk vita um at dei hadde fenge småløyvingar, kunde stiftingi til sogelaget sitja trygt med eit lån på 150 000. Dette var Hundvin medandsvarleg for. Det i seg sjølv gjev grunnlag til å spyrja um Hundvin var skikka til å sitja i fondet.

Hadde formann Askeland lagt fram dei delane av formannsarkivet som kastar ljos yver dette, vilde stjorni ha fenge eit anna grunnlag til å vurdera saki på.

I innleiding til kapittel tri vert det nytta ordleggjingi avsetjing, utan at det gjenom heile kapittelet vert teke upp nokor som helst form for grunngjeving for at det vart gjort nokor avsetjing av Leidulv Hundvin. Det er underleg at notatskribenten ikkje finn grunn til å koma med ei grunngjeving. Til slutt vert det peika på at Vestmannalaget endra praksis midt ein valbolk, men det gjorde stjorni ikkje. Stjorni var betre orientert 1. mars 2001 enn i november 1999. Stjorni tok difor konsekvensane av det som var lov og rett:

For det fyrste Leidulv Hundvin var ikkje lovleg vald til å sitja i Halldor O. Opedals fond. Han var difor vald ulovleg.Dette kann dåverande formann i Vestmannalaget lastast for, men han handla i god tru, og det gjorde resten av stjorni òg. Det er soleis ikkje å avsetja Hundvin frå noko umbod, men å taka han ut av eit umbod han ikkje kann sitja i. Det må vera heilt rettkome av formannen i Opedalsfondet å lasta Vestmannalaget for å bryta norsk lov og Halldor O. Opedals vilje som er juridisk forpliktande.

For det andre må det vera formannens sak å fylgja upp at norsk lov og fyresegnene til fondet vert fylgt. I Opedalsfondet hadde det utvikla seg ein ukultur med tvilsame disposisjonar, regelbrot og dårleg informasjon. Formannen i Opedalsfondet fekk vide fullmakter når det galdt den daglege drifti av fondet på styremøtet 6. mai 2000. Det vart nedsett eit arbeidsutval med skrivar, nestformann og formann på dette styremøtet. I praksis måtte dei taka seg av den daglege drifti. Det var på dette grunnlaget at fondet arbeidde etter 6. mai. I viktige saker søkte styret i Opedalsfondet dimeir råd med vallagi.

4.2. Bolk 1 av styremøtet i fondet 8. april 2000. (side 4 og 5 i notatet)

5. "Forretningsføraren la òg fram ein spesifikasjon til fylkesmannen.". Det interessante er at fylkesmannen slutta å nytta denne spesifikasjonen alt i 1997, og at ein etter 1997 skulle nytta spesifikasjonen som fylgde rekneskapslovi. Notatskrivaren er rett nok inne på at reglane for uppsettet var brigda, men det vert ikkje nemnt at denne vart vedteken alt i 1995 og fekk verknad frå 1. januar 1997.

6. Notatskrivaren skriv "Men styresmennene ville få alle dei opplysningar frå årsoppgjeret som dei ynskte". Ein påstand som lyt modererast sterkt. Den spesifikasjonen som forretningsføraren lagde fram var so full av mistak og manglar at han ikkje gav eit rett bilete av den økonomiske stoda til fondet per 31. desember 1999. Ettersynsmannen trekte difor òg attende godkjenningi si av både rekneskapen og spesifikasjonen, då han vart merksam på mistaki og manglane av Ivar Aasen-sambandet og det nye fondsstyret. Elles lyt det nemnast, jfr. notat frå Ivar Aasen-sambandet av 8. januar, at det var grove manglar og mistak i alle rekneskapane i alle høve frå og med 1995.

7. Notatskrivaren skriv vidare "Fylkesmannen i Hordaland melde at han ingen merknad hadde til årsoppgjeret for 1999." Dette er òg rett. Det interessante er det som ikkje vert nemnt i notatet. Då Fylkesmannen fekk kjennskap til at ettersynsmannen hadde drege attende ettersynsmeldingi si av di rekneskapen var full av mistak og manglar, påla han det nye fondsstyret å leggja fram rekneskap og ettersynsmelding på ny. Her vert det gjort freistnader på å skapa eit rangt bilete av stoda.

4.5. Formann Berg reiser rettssak i namnet åt fondet utan å ha fullmakt til det. (side 6)

8. Notatskrivaren skriv "Utan å ha fullmakt til det gjekk styreformann Berg den 5. juli 2000 til søksmål ...". Styreformannen i Opedalsfondet hadde fullmakt til å reisa søksmål, elles hadde ikkje retten godteke søksmålet. Ein treng ikkje i alle stode ha eit serskilt styrevedtak for at det skal liggja fyre fullmakt til å handla på vegne av fondet. Slik stoda var sumaren 2000 hadde styreformannen fullmakt ut frå ålmene naudrettslege rettsreglar å reisa søksmål, sjølv utan styrevedtak. Fylkesmannen i Hordaland var vitra både um søksmålet fyre saki vart fremd og at det heller ikkje låg fyre eit serskilt styrevedtak, utan at det vart reist kritikk frå Fylkesmannen. Styreformannen hadde òg vitra 4 av 5 vallag, millom anna Vestmannalaget, utan at dei hadde merknader til at det vart reist søksmål. Vallagi hadde dimeir pressa på at det no måtte koma ei avklåring og upprydjing kring fondet. Det var ikkje godtakande at arbeidsutvalet og styret i Opedalsfondet ikkje ha tilgang til rekneskapsdokumenti til fondet.

9. Notatskrivaren skriv "Rettssaki kosta kr. 24.000,- opplyste Berg ....". Dette er gale, korkje summen eller at Berg upplyste dette er rett. Søksmålet kosta kr. 1 500,00 – styreformannen skreiv sjølv stemningi. Rettshjelpskostnadene til Opedalsfondet var i 2000 nesten 24 000, men det er kostnader som òg femnar um mykje anna enn søksmålet. Millom anna brigdi av fyresegni åt, arbeidsrettsspursmåli vedrørande Flesland og vurdering av handlemåte etter rettssaki.

5. Samandrag og framlegg. (side 6)

10. Notatskrivaren nemner fyrst i samandraget at Berg ikkje sender ut møtebok og held styresmenn utanfor saker. Dette er heilt gale, alle styresmennene som stetta kravi i fyresegni var vitra um rettssaki saman med Fylkesmannen og 4 av 5 vallag. Møtebok er andsvaret til skrivaren i fondet, men møteboki er òg sendt ut.

11. Notatskrivaren nemner "Når det gjeld alderen på ein styresmann ved oppnemningi, er det praksis at ein kan ha styresmenn over dei 75 år som er nemnde i fondsreglane". Det er rett at det hev hendt ein gong at eitt vallag hev nemnt ut ein målsmann som er eldre enn 75 år, Conrad Clausen. Men det er viktug å få med seg at det ikkje er slik at ei fyresegn misser rettskraft sjølv um ho vert brote ved eitt eller fleire høve. Det er dimed skilnad millom "hendt fleire gonger" og "rettsleg sedvane". I vanleg tale nyttar ein mange gonger umgrepet "prakisis" um begge disse umstendi, men skilnaden millom ålmennspråket og den rettslege verknaden er stor. Det er vel nett dette som notatet freista å dylgja ved umgrepsbruken.

Lovbrot, praksis og sedvane.

Notatskrivaren prøver i hovudspursmålet å tåkeleggja spursmålet um Vestmannalaget er pliktig til å velja ein målsmann som stettar kravi i fyresegni eller ikkje. Dette spursmålet er eit rettsspursmål, som lyt dryftast rettslegt.

Det er som nemnt tidlegare ikkje alle einsarta hendingar eller umstende som fører til at det vert skapa ein (rettsleg) sedvane. Som Torstein Eckhoff skriv i *Rettskildelære* "Ikke all praksis er rettsskapende."

a) For det fyrste er det eit vilkår for å tala um praksis at noko hev hendt fleire gonger, det er dimed skilnad på eitt tilfelle og praksis.

b) For det andre er det eit vilkår for å tala um sedvane at praksisen (dei fleire tilfelli) er einsarta og gjeld same tema, og at dei handlande aktørane er medvitne um at ein det ligg fyre eit mynster i hendingane. Tilfelli er resultat av medvitne val, og dei er ikkje tilfellelege.

c) For det tridje er det eit vilkår for å tala um sedvanerett at sedvanen hev vunne hevd gjenom lang tids bruk, og ikkje minst at andre aktørar enn dei handlande er medvitne um sedvanen og hev akseptera han.

d) For det fjorde er det eit vilkår for at ein eventuell sedvanerett endrar rettsstoda, at dei aktørane som skipar sedvanen som ligg til grunn for sedvaneretten hev kompetanse sjølv eller hev nært tilhøve til kompetente organ til å brigda den rådande rettstilstanden.

Det hev skjett fleire gonger at det hev sete styresmenn som var yver 75 år;

Ludvig Jerdal
Alv Askeland
Conrad Clausen

Men det er vuktugt å få med seg at dei gjekk av ved fyrste høve rett etter at dei passerte 75 år. Berre i eit tilfelle skjedde det ei utnemning etter at vedkommande var yver 75 år, Conrad Clausen.

Dette tilfelle skipar ingen praksis, og som vi skal sjå er denne ikkje rettsskapande. Og ikkje minst sjølv um det både låg fyre praksis og um han var rettsskapande, endrar ikkje det på den konkrete stoda. Dette sidan fyresegni som Opedal sette upp ikkje kann brigdast, via ein slik hypotetisk sedvanerett. Fyresegni kann berre brigdast av Fylkesmannen, ikkje via sedvanerett millom vallagi. Vallagi i Opedalsfondet hev ikkje kompetanse til å brigda fyresegni åt fondet. Difor vil vallagi ha skyldnad til å fylgja fyresegni, sjølv um ein skulde hevda at det ligg fyre ein lang og medviten praksis. Det vil segja at Vestmannnalaget hev skyldnad til å nemna ut ein målsmann som er under 75 år.

Det lyt òg nemnast at Vestmannalaget til liks med dei andre vallagi, fekk skriftleg fyrespurnad um Vestmannalaget ville taka på seg dei uppgåvone som vart lagt på Vestmannalaget i fyresegni åt fondet. Vestmannalaget svara at laget akseptera både oppgåva og fyresegni som låg fyre.

Leiv Flesland
Fleslandsvegen 132
5258 Blomsterdalen

Halldor O. Opedals Fond
Postboks 919 - Sentrum
5808 BERGEN

Ad.: Brev frå styreformannen dat. 14 nov. 2000 om yverlevering av arkivet.

Arkivet som inneheld styreprotokoll, korrespondanse og rekneskapsbilag kan hentast hjå meg i (Fleslandsvegen 132) den 1. Desember d.å. mellom kl 14.00 og 15.00.

Arkivet dekkjer ca 1 hyllemeter.

Andre eigneluter som tilhøyrer Halldor O Opedals Fond har eg ikkje.

Andre spursmål kan er gjera greide for på styremøtet.

Flesland, den 21. Nov. 2000

Leiv Flesland

Kopi sendt:
Adv. Per J. Jordal. Boks 394 - Sentrum, 5805 Bergen
Dag Hagen Berg. Grensen 8, 0159 OSLO

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking
Org.nr.: 938 487 391
Postboks 919 – Sentrum
5808 BERGEN

Oslo, 14. november 2000.

Til
Leiv Flesland
Fleslandsvegen 132
5258 BLOMSTERDALEN

Ad: Yverleveringi av arkivet og alle dei andre eignelutene våre.

Eg kann ikkje sjå at De hev etterkome pålegget um å levera frå Dykk eignelutene våre, og eg kann heller ikkje sjå at De hev svara på nokon av fyrespurnadene våre. Eg syner òg til brev dagsett 26. oktober d.å. og kann heller ikkje sjå at dei påleggi som er gjevne der, er etterkomne, og spursmåli som er nemnde i det same brevet, er heller ikkje svara på. Eg registrerar at De ikkje etterfylgjer lovnadene som De gav både til fondsstyret og til Namsretten i Bergen. Eg legg ved avprent av brevet um De skulde hava gløymt påleggi og spursmåli i detta brevet. Eg ventar at me fær svar på detta brevet, so snart som råd og seinast innan
30. november 2000.

Pålegg vedrørande lagringi av arkivet og rekneskapstilfanget.
Framferdi som De hev synt og syner, gjev etter mi meining sterk grunn til å vera tvilrådig i høve til stoda til arkivet og anna tilfang som høyrer til fondet og som er hjå Dykk. Ingen av eignelutene våre skal øydeleggjast, avhendast eller på nokon annan måte utsetjast for fåre for øydeleggjing. Difor lyt eg innskjerpa at ikkje noko av arkivet eller noko rekneskapstilfang, same kor gamalt det er eller kor uvesentlegt det kann sjå ut til å vera, skal på noko vis øydeleggjast eller utsetjast for fåre for øydeleggjing. Rekneskapsvedlegg skal **ikkje** øydeleggjast endå um fondet ikkje er pliktig etter rekneskapslovi til å taka vare på dei lenger.

Pålegg um å levera frå Dykk eignelutene våre snarast og seinast innan kl. 15:00 den 1. desember 2000.
Rekneskapstilfanget, arkivet elles og alle andre eigneluter som høyrer til Halldor O. Opedals fond, skal leverast snarast og seinast fredag 1. desember 2000 kl. 15.00 til:

skrivaren (den daglege leidaren) vår; Lars Bjarne Marøy, Eliasmarken 14, 5163 LAKSEVÅG

Um det ikkje skulde ordna seg reint praktisk med yverleveringi, kann De òg kontakta

advokaten vår; Per J. Jordal, hjå Advokatfirmaet Kluge ANS,
Chr. Michelsens gt. 2 A, 5012 BERGEN
Postadresse: Boks 394 – Sentrum, 5805 BERGEN

Lars Bjarne Marøy arbeider utanum heimen, og De kann soleis ikkje venta å finna han heima um det ikkje er avtala ei serskild tid for yverleveringi. Eg fyreset difor at De i god tid – i alle høve tvo - tri dagar – fyre yverleveringi tek kontakt med Lars Bjarne Marøy for å avtala nærmare tidspunkt og den praktiske ordningi kring yverleveringi. Kontoret til adv. Per J. Jordal er ope millom kl. 10.00 og kl. 15.30 måndag-fredag, so De kann koma dit i detta tidsromet. Um De ikkje hev praktisk høve til frakta tilfanget til Lars Bjarne Marøy eller adv. Per J. Jordal, må De gjeva melding um detta snarast og seinast innan torsdag 23. november 2000. I so fall kann me koma til Dykk og henta eignelutene våre.

De hev soleis pålegg um å setja Dykk i kontakt med skrivaren Lars Bjarne Marøy, for å ordna dei praktiske spursmåli vedrørande yverleveringi og for å avtala det nærmare tidspunktet for yverleveringi.

Spursmål um storleiken på arkivet og kva for eventuelle andre eigneluter De rår yver. Det er viktugt for oss å få vita kor umfemnande arkivet og rekneskapstilfanget er, av di me lyt ordna med den praktiske lagringi av arkivet og rekneskapstilfanget frametter. Me ynskjer å vita kor mange hylle-meter eller kubikk arkivet er på. Me ynskjer òg å vita um arkivet er komplett, um alt brevbyte og liknande er teke vare på, og um kor gamal den eldste rekneskapen der sjølve rekneskapsvedleggi finst, er. De hev difor pålegg um å orientera Lars Bjarne Marøy, adv. Per J Jordal eller underskrivne um mengdi av arkivet skriftlegt eller um det ikkje høver – munnlegt.

skrivar Lars Bjarne Marøy kann nåast på telefon: 55 34 33 77, og
nestleidar Mona Stormark kann nåast på telefon: 55 34 78 93, og
advokat Per J. Jordal kann nåast på telefon: 55 55 94 40, og
styreformannen kann nåast på telefon: 90 97 35 39.

Eg gjer merksam på at um arkivet og alle dei andre eignelutene ikkje er levera til anten Lars Bjarne Marøy eller adv. Per J. Jordal innan fresten, 1. desember 2000 kl. 15.00, vil me taka rettslege steg for å få tilgjenge til eignelutene våre. Kostnadene ved eventuelle rettslege steg vil me måtta krevja attende hjå Dykk. Me gjer her merksam på at stiftingslovi hev serskilde fyresegner vedrørande skadebot (erstatning).

Eg vil ventelegt kalla inn til styremøte dei nærmaste dagane – hev De innspel eller ynskjer å møta må De taka kontakt med Lars Bjarne Marøy eller underskrivne. Eg ser det som naturleg at tilhøvet til Dykk og gjeremåli, eller snarare dei manglande gjeremåli, Dykkar vil koma upp som eigi sak på styremøtet.

Vyrdsam helsing

HALLDOR O. OPEDALS FOND
for norsk målreising og måldyrking
Pb. 919 Sentrum, 5808 Bergen

- styreformann -

Vedlegg: Avprent av brev dagsett 26. oktober 2000.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking
Org.nr.: 938 487 391
Postboks 919 – Sentrum
5808 BERGEN

Oslo, 26. oktober 2000.

Til
Leif Flesland
Fleslandsvegen 132
5258 BLOMSTERDALEN

Rekneskapen for 1999, lånet til Regionsoga for Nord- og Midhordland og arkivet m.m.

De vart tidlegare i sumar pålagd, både skriftlegt og munnlegt, å levera frå Dykk alt som høyrer til Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking. De fekk òg melding um at me serskilt ynskte å få tilgjenge til rekneskapane for 1994 og fram til 2000 og papiri i samband med lånegjevingi til Stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland. **Detta pålegget stend framleis ved lag.**

Som De vart gjord merksam på, hasta det med å få tilgjenge til båe dessa sakene. Rekneskapen skulde vera levera til Fylkesmannen fyre 1. august i år, og det hasta med å klårleggja stoda til Regionsoga Nord og Midthordland og krevja inn lånet. Utan sakpapiri eller gjeldsbrevet er det uråd å kontrollera um den renta som er bokførd i rekneskapane våre av Dykk er samsvar med styrevedtak. I vedtaket frå 1994 stend det at renta skal vera på 8 % per år. I 1999 berre er bokført kr. 10 588,50 – denna summen samsvarar med ei årleg renta på 6%. Kven fastsette at renta skulle vera 6 % og når vart detta "vedtaket" gjort? Når styreformannen ikkje hev skrevne dokument og De ikkje ynskjer å klårleggja stoda munnlegt, er det uråd å fastsetja rett sum i rekneskapen for 1999 og krevja inn rett sum. Sidan De heller ikkje vil utlevera rekneskapane for 1995, 1996, 1997 og 1998 veit styreformannen heller ikkje um den bokførde renteinnkoma i dessa åri er i samsvar med styrevedtaki. Det kann difor vera store summar som skil den rette renteinnkoma og dei summane som De hev operera med. Um ein legg til grunn ei renta på 8 % per år i heile lånebolken, vert lånet i dag på um lag kr. 238 000, medan lånet i dei ikkje-godkjende rekneskapane er bokført til kr 187 064 (per 31.12.1999). Skilnaden er soleis på yver kr 50 000. Det er klårt at med ein slik skilnad kann ikkje rekneskapen for 1999 godkjennast. Det er òg uråd å krevja inn lånet når ein ikkje veit kva som er avtala og summen som skal krevjast inn. Styreformannen kann dimed ikkje krevja inn lånet til Stiftinga Regionsoga for Nord og Midhordland. Som De sikkert veit, av di De sjølv er rekneskapsførar i Stiftinga, hev ho i mange år vore teknisk konkurs – kvar utsetjing av innkrevjingi kann soleis vera med å minka sjansane for å få inndrive lånet.

Det lyt nemnast at dei fire uppnemnarlagi som ikkje ynskjer å godkjenna rekneskapen for 1999, heller ikkje hev godteke rekneskapane for 1994, 1995, 1996, 1997 og 1998. Dimed er dessa rekneskapane formelt ikkje godkjende. Difor kann ikkje sjølve rekneskapsgodkjenningi sjåast på som ein aksept av renta.

Ettersynsmannen vår, Klement Røyrane, hev meldt til meg at han hev drege attende ettersynsmeldingi for den rekneskapen som vart millombils fastsett den 8. april d.å.

Fylkesmannen i Hordaland hev fastsett ny dato for å levera inn godkjent rekneskap, **den nye datoen er 1. november 2000.**

Fondsstyret ynskjer å levera rekneskapen so snøgt som råd. Fondsstyret kann sjølvsagt ikkje godkjenna eller underskriva ein rekneskap når det ikkje hev tilgjenge til dei underliggjande rekneskapsvedlegg.

Styreformannen hev fleire gonger peika at ei utdrygjing av utleveringi vil få konsekvensar for tilhøvet vårt til Dykk. Denna prosessen hev alt no kosta fondet og umbodsmennene i fondet mykje tid og ressursar. Det er difor naturlegt at styret vurderar å krevja skadebot frå Dykk. Styreformannen vil òg nemna at stiftingslovi hev serskilde fyresegner for skadebot.

Styreformannen vil òg nemna at De sjølv i brev av 26. juni d.å. lova å senda styret kopi av dei dokumenti som det trong. Det lyt nemnast at namsretten òg hadde lagt merke til at De hadde lova å senda kopiar til styreformannen og styret når dei trong dokument. Namsretten skriv "*samt at han sørger for kopier til Fondets formann eller styret som uttalt i det foran gjengitte.*" Korkje styreformannen eller skrivaren hev motteke ein einaste kopi frå Dykk.

Den 6. mai i år vedtok styret å avskipa ordningi med forretningsførar for fondet. Etter denna datoen hev ikkje fondet formelt noko eige umbod som heiter forretningsførar. Styreformannen tykkjer det er merkelegt at De som utetter gjev inntrykk av å vera forretningsførar for fondet, ikkje fylgjer upp internt. De hev ikkje kontakta styreformannen eller skrivaren ein einaste gong sidan valet, den 8. april i år, sett burt frå brevet, dagsett 26. juni, der De skriv at De ikkje vil levera frå Dykk dei papiri som De var pålagde.

Vyrdsam helsing

HALLDOR O. OPEDALS FOND
for norsk målreising og måldyrking
Pb. 919 Sentrum, 5808 Bergen

- styreformann -

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking
Postboks 919 – Sentrum
5808 BERGEN

Oslo, 14. oktober 2000.

Til
Vestmannalaget, Noregs Mållag
Vestlandske Mållag, Ivar Aasen-sambandet
Norsk Måldyrkingslag

Ad: Avisinnlegg i Dag og Tid

Fleirtalet i styret i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking finn det truvande å koma med sume merknader til innlegget styresmann Hans Sørbø hadde i Dag og Tid 14. september 2000. Hans Sørbø tek i innlegget upp tri emne som styrefleirtalet finn grunn til å taka til motmæle imot. Hans Sørbø tek upp namsrettsaki, lånet på um lag kr 200 000 til Stiftinga Regionssoga Nord- og Midhordland og at heidersprisane skal vurderast på ny. Alle dessa tri emni er nært knytte til kvarandre.

Den 8. april i år gjorde det fyrre styret ei millombils fastsetjing av rekneskapen for 1999. Same dagen vedtok det nye styret, ut frå den økonomiske presentasjonen som rekneskapen då synte, å etla ut heidersprisar. Alt etter nokre dagar synte det seg at dei økonomiske fyresetnadene som låg fyre i denna rekneskapen ikkje var rette. Det var ikkje i rekneskapen for 1999 teke høgd for at lånet til Stiftinga Regionssoga Nord- og Midhordland var misleghalde i fleire år. Fleire av vallagi, som etter vedtektene skulde godkjenna rekneskapen til fondet, melde ifrå um at dei ikkje kunde godtaka den rekneskapen som styret millombils fastsette den 8. april. Difor vedtok styret den 6. mai å fastsetja rekneskapen på ny, der det millom anna vart gjort ei tapsavsetjing knytt til lånet til Stiftinga Regionssoga Nord- og Midhordland.

Lånet til Stiftinga Regionssoga Nord- og Midhordland

I 1994 vart det etter framlegg frå forretningsføraren vedteke å gjeva eit lån på kr 150 000 til Stiftinga Regionssoga Nord- og Midhordland. Lånet vart gjeve for eitt år. Lånet var ikkje innfritt ved årsskiftet 1999/2000. Styret vedtok den 6. mai at lånet til Stiftinga Regionssoga Nord- og Midhordland skulde krevjast inn. Forretningsføraren var funnen inhabil til å handla på vegner av fondet i detta spursmålet av di han òg er rekneskapsførar for Stiftinga Regionssoga Nord- og Midhordland. Difor vart denna uppgåva lagd til styreformannen. Det hadde òg kome fram informasjon som sådde tvil um kva som var rett lånesum med di Stiftinga Regionssoga Nord- og Midhordland hadde bede um utsetjing på innfriingi av lånet på kr 170 000, medan vedtaket lydde på kr 150 000. Styreformannen bad difor forretningsføraren å leggja fram alle avtalone og gjeldsbrevet i samband med detta lånet. Soleis kunde styreformannen ha skriftleg dokumentasjon når han fremja kravet um innfriing andsynes Stiftinga Regionssoga Nord- og Midhordland. Forretningsføraren neitta å hjelpa til med å klårleggja kva for sum som eigenleg var lånt ut og neitta òg å leggja fram dei andre dokumenti styreformannen bad um i denna saki.

Rekneskapane

Rekneskapen for 1999 vart lagd fram på styremøtet, den 8. april. Styrelemene hadde soleis ikkje høve til å setja seg inn i saki og heller ikkje rådspyrja seg med uppnemnarlaget sitt. Rett etter styremøtet den 8. april, som millombils fastsette rekneskapen for 1999, kom det fram at rekneskapane for 1997 og 1998 ikkje var sende inn til Fylkesmannen trass i fleire purringar frå honom. Det kom òg fram at forretningsføraren ikkje hadde autorisasjon som rekneskapsførar, slik som styret hadde lagt til grunn. Den millombilse rekneskapen var full av mistydingar og hadde store manglar i høve til den lovpålagde upplysningsplikti. Det var heller ikkje teke umsyn til at Stiftinga Regionssoga Nord- og Midhordland ikkje kunde gjera upp lånet. Styret fastsette rekneskapen på ny i samsvar med gjeldande lovgjeving og merknadene frå Ivar Aasen-sambandet, Noregs Mållag, Vestlandske Mållag og Vestmannalaget. Av di forretningsføraren ikkje hadde autorisasjon og soleis ikkje hadde løyve til å taka rekneskapsuppdraget, vart styreformannen pålagd å føra rekneskapen på ny. Styreformannen bad forretningsføraren levera frå seg rekneskapsvedleggi so han kunde taka til med å setja upp rekneskapen på ny. Forretningsføraren neitta å levera frå seg rekneskapsvedleggi.

Namsrettssaki

Den 6. mai vart uppdragsavtala med forretningsføraren for fondet sagt upp. Styreformannen og skrivaren fekk andsvaret for den daglege drifti lag fondet. Styreformannen vart som nemnt uttrykkjeleg pålagd å krevja inn lånet Stiftinga Regionssoga Nord- og Midhordland hadde i fondet og setja upp rekneskapen på ny. Forretningsføraren neitta å medverka til at styreformannen fekk gjort dei pålagde uppgåvone trass i fleire munnlege og skriftlege uppmodingar og pålegg. Med di rekneskapane skal sendast inn til Fylkesmannen i Hordaland innan 1. august kvart år, og den økonomiske stoda i Stiftinga Regionssoga Nord- og Midhordland ser ikkje ut til å verta betre, tykte styreformannen det ikkje var rett å drygja ut tidi i høve til å få gjenomført uppgåvone. Styreformannen meinte at tidi ikkje tillet ei utsetjing av gjenomføringi av uppgåvone. Styreformannen såg at det ikkje var tid til å gjenomføra eit serskilt styremøte for å dryfta eventuelle namsrettslege rådgjerder. Styreformannen kravde difor i byrjingi av juli ei millombils rådgjerd frå namsretten med krav um tvungi utlevering av dei naudsynte dokumenti. Bergen namsrett viste frå seg kravet, og synte til at kravet ikkje var eit namsrettslegt tema. Dei underliggjande rettstilhøvi vart ikkje dryfte av namsretten. Ein kann sjølvsagt i ettertid kritiserast for denna avgjerdi. Avgjerdi vart teki i ei sers vanskeleg stoda og ut frå dei umstendi fondet var i på det tidspunktet. Fire av fem vallag hadde òg vore informera um namsrettsaki og alle desse lagi studde kravet. Norsk Måldyrkingslag fekk styreformannen ikkje samband med.

Ny vurdering av heidersprisane

Avgjerdi um å etla ut heidersprisar vert teken på den fyste styremøtet til den nye styret den 8. april. Bakgrunnen for utetlingane eit år, er i store drag yverskotet året fyrr. Utetlingane for 2000 vart soleis teken ut frå korleis økonomien til fondet vart presentera i den fyrste rekneskapen som forretningsføraren lagde fram den 8. april. Eigenmidelen per 31.12. 1999 og det yverskotet som vart synt i denna rekneskapen, fyreset at lånet til Stiftinga Regionssoga Nord- og Midhordland kunde innfriast fullt ut. Denna fyresetnaden er no burte. Den økonomiske stoda per 31.12. 1999 reelt var um lag kr 200 000 dårlegare enn det den fyrste rekneskapen synte.

Styreformannen meinte difor at ein munaleg lut av grunnlaget for utetlingsvedtaki var brigda, umbytet var òg so stort at styret lyt vurdera utetlingane ein gong til. I samband med at styreformannen tok kontakt med vallagi um uppnemning av ny ettersynsmann for fondet, nemnde styreformannen at han meinte at styret burde vurdera utetlingane på ny. Detta standpunktet fekk tilslutnad frå fire av fem vallag. Norsk Måldyrkingslag vilde ikkje taka stoda til spursmålet. Det lyt nemnast at ei ny vurdering ikkje er det same som at det ikkje skal vera nokor utetling.

ooo 000 ooo

Styreformannen meiner òg at dessa tvistane er privatrettslege, og vedkjem i liten mun ålmenta. At sume styresmenn som neittar å svara på spursmål um umstendi kring lånegjevingi og uppfylgjingi av lånet til Stiftinga Regionssoga Nord- og Midhordland, gjeng ut i pressa fyrr dei hev reist innvendingane internt, syner ikkje vilje til godt lagsarbeid som fondet og målreisingi må byggja på. Styreformannen ynskjer ikkje å ordskiftast kring dessa privatrettslege tvistane utetter.

Vyrdsam helsing

- styreformann -

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking
Postboks 919 – Sentrum
5808 BERGEN

Oslo, 7. august 2000.

Til
Norsk Måldyrkingslag
v/ Fridtjov Sørbø

Ettersynsmann og utetlingane for år 2000

Eg syner til telefonsamtala i dag um ny ettersynsmann åt fondet og um ny vurdering av heidersprisane for i år.

Ny ettersynsmann rekneskapen for år 2000
Den ettersynsmannen som fondet hev havt, sluttar no som statsautorisera ettersynsmann. Klement Røyrane hev vore ettersynsmann i alle år sidan skipingi av fondet. Etter § 11 i stiftingslovi skal dei som nemner upp styret i fondet, òg velja ettersynsmann. Eg bed difor styri i dei lagi som nemner upp styremedlemene i fondet, um å peika ut ein statsautorisera ettersynsmann.

Ny vurdering av utetlingane for år 2000
Fleire av lagi hev spurt styreformannen um utetlingane for i år. I samsvar med fyresegnene til fondet vedtok styret tidlegare i år å etla ut heidersprisar. Det vart ikkje etla ut andre løyvingar. Det var semja i styret i fondet um at det skulde vera løynt kven som fekk heidersprisane og summen på dessa heidersprisane fram til styreformannen og skrivaren hadde greidt med det praktiske i samband med prisane og fram til deim som skal mottaka prisane, var informera um utetlingi. Styreformannen og skrivaren fekk i uppgåva å informera mottakarane når tidi var inne.

Som lagi er informera um, hev det vore tvistar millom fondsstyret og forretningsføraren til fondet. Forretningsføraren er sagd upp. Det er no styreformannen og skrivaren som hev fullmakt til å målbera fondet utetter. Tvistane er enno ikkje løyste, og styreformannen meiner difor det er rettast at ein i alle høve utdrygjer utetlingi. Utetlingi vart òg vedteke fyrr styret fekk melding um at ein av dei store skuldmennene våre (debitorane) ikkje ser seg i stand til å innfri kravet som fondet hev mot honom. Summen som det er tala um, er på um lag kr. 200 000. Styreformannen meiner difor at styret i fondet lyt vurdera utetlingane av heidersprisane på ny på styremøtet no i haust. Då hev me vonleg løyst tvistane, og me veit meir um kor store sjansane for å få inn kravet er. Lagi lyt i alle høve ikkje rekna med at det vert andre løyvingar i år 2000 enn dei eventuelle heidersprisane.

Fondet hev, som De kann sjå på brevhovudet, fenge ny tilskrift.
Spursmål kann De retta til styreformannen eller skrivaren (Lars Bjarne Marøy).

Vyrdsam helsing

Dag Hagen Berg
- Styreformann -

RETTLEDNING

om kjæremål

Kjennelsen kan påkjæres til Gulating lagmannsrett.
Kjæremålsfristen er 2 -to- uker fra forkynnelen av kjennelsen.

Eventuelt kjæremål over kjennelsen må erklæres for Bergen namsrett innen kjæremålsfristen. Dersom det er nødvendig, kan den kjærende part henvende seg til rettens kontor og få kjæremålserklæringen nedtegnet der.

Samtidig med kjæremålet må den kjærende part innbetale rettsgebyr med kr. 3.600,- for behandling av saken for lagmannsretten.

Bergen namsrett, 1. august 2000.

Solfrid Stigen

bem.

RETTSBOK

FOR

BERGEN NAMSRETT

År 2000 den 28. juli ble retten satt i Bergen Tinghus.

Dommer: byfogd Sjur Vestrheim

Sak: 00- 925 D

Saksøker: Halldor O. Opedals Fond for norsk målreising og måldyrking,
pb. 919 Sentrum, 5808 Bergen.

Saksøkt: Leiv Flesland, Fleslandsvegen 132, 5258 Blomsterdalen.

Kun dommeren var til stede.

Det ble avsagt slik

KJENNELSE:

Saken gjelder begjæring om midlertidig forføyning.

Fra saksøkeren Halldor O. Opedals Fond for norsk målreising og måldyrking - heretter til dels kalt Fondet - mottok namsretten 5. juli 2000 begjæring om midlertidig forføyning rettet mot Leiv Flesland. Saksøkeren har i begjæringen redegjort relativt utførlig for dens bakgrunn, som kort og upresist kan sies å være at saksøkersiden mener at lagets forretningsfører Leiv Flesland er besluttet oppsagt med virkning fra 1. desember 2000, at en del av forretningsførerens oppgaver den 6. mai 2000 ble besluttet overført til Fondets formann og sekretær ("skrivar"), samt at forretningsføreren urettmessig holder tilbake eiendeler som tilhører Fondet og som formannen og sekretæren nå har bruk for.

Fra begjæringen gjengis her:

"===

2.3. Den daglege drifti.
Styret vedtok på styremøtet den 6. mai å uppretta eit skrivarumbod, jfr. § 4 i vedtektene til fondet. Styret valde ein av styrelemene, Lars Bjarne Marøy, til skrivar. Styret vedtok, på møtet den 6. mai, instruksar for styreformannen og den nyuppnemnde skrivaren.

Styreformannen og skrivaren tok difor yver fleire av uppgåvone som forretningsføraren til då havde. Det er òg uråd å syta for den daglege drifti når ein ikkje hev tilgjenge til dei nyere uppriti (protokollane) og det nyare brevskiftet m.m.

Det vart òg vedteke at styreformannen og skrivaren i lag skulde råde yver kontoane til Fondet. Det segjer seg nesten seg sjølv at utan tilgjenge til og kjenskap til kva krav og rettar (fordringar) Fondet hev, kann ikkje styreformannen og skrivaren svara eller krevja inn dessa kravi og rettane (fordringane).

= = =

3.3. Tryggjingsgrunn.

Fondet meiner òg det ligg fyre ein tryggjingsgrunn.

> Utan at styreformannen og skrivaren hev tilgjenge til dokument som syner kva som er hendt tidlegare, korleides stoda er og kva krav og rettar Fondet hev, er dei ikkje i stand til i dag og frametter å ivaretaka styringi av og interessone til Fondet. Styreformannen og skrivaren hev no råderett yver kontoane etter styrevedtaket den 6. mai. Dei hev ikkje fenge høve til å gjera seg kjende med eventuelle krav mot Fondet. Det vil dimed vera umogeleg for dei å svara dessa kravi, med dei umframkostnadene (ekstrakostnadene) som kann pålaupa grunna vantande eller for sein innfriing.
>
> Styreformannen er ute av stand til å fastsetja, bokføra og krevja inn rett sum hjå Stiftinga Regionsoga for Nord og Midhordland utan tilgjenge til vedtak og avtalar vedrørande lånet. Ei utsetjing kann føra til at kravet vert vanskelegar å krevja inn i sin heilskap, då Stiftinga hev ein negativ eigenmidel på um lag kr 500 000.
>
> Fondet er som me hev nemnt òg ute av stand til å få levera rekneskapen for 1999 innan den lovpålagde fristen um me ikkje vert gjevne tilgjenge til det turvande rekneskapstilfanget i original. Ei millumbils rådgjerd er difor naudsynt for å avverja ein vesentleg skade eller ulempe for Fondet, jfr. § 15 – 2 (b) i tvangsfullføringslovi.
>
> Fondet er òg ute av stand til å vurdera um andsvar skal gjerast gjeldande i høve til fyrehaving av lånet til Stiftinga Regionsoga for Nord og Midhordland. Ein av dei mest sentrale i denna vurderingi er nett Leiv Flesland.

— — — "

Etter korrigering foretatt ved skriv av 8. juli 2000 lyder saksøkerens

<u>påstand</u>:

" 1. Leiv Flesland vert pålagd å levera frå seg:

(1) a) alt brevbyte til og frå Fondet frå og med 1. januar 1999 og til utleveringstidspunktet,
b) alle søknader um løyvingar som enno ikkje er fyrehava av styret,
c) alt brevbyte som gjeld søknader som er løyvde av styret, der løyvingi ikkje er yverførde til mottakaren,
d) alle rekningar, kravbrev og fakturarar til og frå Fondet som ikkje er svara (betalte) eller som vart svara etter 1. januar 2000,
e) alle kontoutdrag, rekneskapsvedlegg og rekneskapsyversyn frå og med 1. januar 2000 til og med utleveringstidspunktet.

(2) alle hovudrekneskapar frå og med 1987 til og med 1999,

(3) alle rekneskapsvedleggi til hovudrekneskapane for åri frå og med 1994 til 1999,

(4) alle brev og skriv til og frå Fondet frå og med 1. januar 1994 og til og med utleveringstidspunktet,
(5) alle styreinnkallingar, styrepapiri, styrenotat, styreupprit og andre dokument som syner vedtak med økonomiske og/eller rekneskapsmessige implikasjonar frå og med 1. januar 1987 til og med utleveringstidspunktet,
(6) alle egneluter som er eller burde ha vore aktiverte i hovudrekneskapen for 1999,
(7) alt brevbyte millom Fondet og Stiftinga Regionsoga for Nord og Midhordland, og alle notat o.l. som gjeld samkvemet millom Fondet og Stiftinga Regionsoga for Nord og Midhordland og den økonomiske stoda i og Stiftinga Regionsoga for Nord og Midhordland,

som høyrer til Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking og som han hev til varveitsla (besittelse).

2. Leiv Flesland vert pålagd å svara sakskostnadene med tillegg av morarentor (forsinkelsesrente) frå forfall fram til innfriing. "

I begjæringen er det under henvisning til tvangsfullbyrdelsesloven (tvfbl.) § 15-7 annet ledd bedt om skriftlig behandling av saken.
Namsretten ser - ut fra saksøkersidens saksfremstilling med dokumentasjon - saken slik at begjæringen kan forkastes straks. Retten har således ikke funnet grunn til å etterkomme saksøkerens anmodning om å ta begjæringen til følge uten muntlig forhandling, og retten har heller ikke funnet grunn til å innkalle partene til muntlig forhandling. Selv om eventuell avgjørelse om forkastelse kan taes - og normalt blir tatt - uten at en begjæring meddeles saksøkte, har retten i dette tilfellet funnet at hverken tidsaspektet eller andre forhold tilsier fravikelse av det generelle prinsipp om adgang til kontradiksjon. I tilknytning hertil nevnes at namsretten i oversendelsesskriv av 14. juli 2000 til partene blant annet uttalte at retten "..antar at det aktuelle forholdet er av en art som partene i fellesskap bør kunne avklare,...".

Saksøkte har deretter - ved skriv innkommet 26. s.m. - tatt til motmæle mot saksøkers begjæring, uten å nedlegge formell påstand. Noen minnelig løsning vites ikke å være oppnådd.

Namsretten er kommet til at begjæringen skal forkastes, idet det - etter namsrettens vurdering på grunnlag av saksfremstillingen i begjæringen - ikke vil være adgang til å ta begjæringen til følge, jfr. tvfbl. § 15-7 tredje ledd.

I rettslig henseende tar namsretten utgangspunkt i tvfbl. § 15-6, hvoretter det er et vilkår for midlertidig forføyning at forføyningsgrunn (sikringsgrunn) og - i utgangspunktet også - det aktuelle krav er sannsynliggjort.

Namsretten har - ut fra det som fremkommer i begjæringen med supplende skriv - funnet at det fremstår som åpenbart at det ikke foreligger noen forføyningsgrunn etter tvfbl. § 15-2. Namsretten finner det etter dette ikke påkrevet å ta stilling til også spørsmålet om noen del av det påberopte hovedkravet er tilstrekkelig sannsynliggjort.

Når det nærmere gjelder spørsmålet om forføyningsgrunn, bemerkes:
Namsretten har ved sin vurdering mellom annet sett hen til at Leiv Flesland uomtvistet er forretningfører for saksøkeren frem til 1. desember 2000. Retten har videre blant annet særlig lagt vekt på at Leiv Flesland - ifølge skriv av 25. juni 2000, fremlagt av saksøker, som svar på saksøkers skriv av 16. s.m. med "Krav om utlevering av eignelutane til fondet" - blant annet har uttalt:

" – – –

1: Pålegg om å levera arkivet åt Opedalsfondet til kontoret åt Vestmannalaget.
Eg er forretningsførar for fondet og har i den eigenskap eit sjølvstendig ansvar i min administrasjon av pengemedel, verdepapir og bøker til bokføring; det same gjeld arkivsaker.

Det eg varveitslar har eg eit særleg ansvar for, og treng det i mi verksemd som forretningsførar. Difor kan eg ikkje levera det frå meg. Eg har ikkje skyldnad til å halda kontor ein annan stad. Når formannen eller styret elles treng dokument, vil eg som tidlegare syta for kopiar.
– – – "

Namsretten antar at saksøkte i egenskap av å være forretningsfører for Fondet oppbevarer og råder over en del dokumenter med videre, samt at han vil sørge for kopier til Fondets formann eller styre som uttalt i det foran gjengitte. Namsretten kan ikke se at det ut fra disse forhold og/eller andre forhold som saksøkeren har påberopt, er eller antas å ville bli sannsynliggjort at det kan foreligge noen sikringsgrunn som kan begrunne slik midlertidig avgjørelse som det er fremsatt begjæring om. Det fremstår således for namsretten som åpenbart at det ikke foreligger noen forføyningsgrunn etter tvfbl. § 15-2 litra (a) og/eller (b) og at begjæringen derfor ikke kan føre frem. Namsretten finner etter omstendighetene særlig å burde tilføye at det ikke kan sees at det som i saksøkersidens skriv og dokumentasjon fremgår om blant annet regnskapsgodkjennelse og om mulige endringer og opphør av Leiv Fleslands oppgaver for Fondet nå og etter 1. desember 2000, bringer forføyningsspørsmålet i en annen stilling.

Uten at det etter dette i og for seg ansees påkrevet for avgjørelsen av den foreliggende begjæring, finner retten videre å burde gi uttrykk for at det av begjæringen med vedlegg kan synes som om begjæringen har sin bakgrunn i et muligens mer omfattende, underliggende forhold, eventuelt en konflikt, som imidlertid under enhver omstendighet ikke kan sees nå å henhøre under namsretten som "haste-sak". Begjæringen kan samtidig synes å ha sammenheng med kommunikasjonsvanskeligheter og/eller en mulig uenighet mellom partene hva angår blant annet spørsmålet om dokumentasjon for og den nærmere gjennomføring m.v. av oppsigelsen av Leiv Flesland. Som det foran tør fremgå, er imidlertid dette forhold som etter rettens skjønn åpenbart ikke innebærer at det kan ansees å foreligge noen aktuell forføyningsgrunn etter tvfbl. § 15-2. Partenes eventuelle kommunikasjons- og/eller dokumentasjonsproblemer er med andre ord, etter rettens syn, således i seg selv intet namsrettslig tema.

Namsretten er, som det foran fremgår, kommet til at den foreliggende begjæring kan og bør forkastes "straks" etter særregelen i tvfbl. § 15-7 tredje ledd.

Saksøkers omkostningskrav, som vurderes etter tvistemålsloven § 172 jfr. tvfbl. § 3-3, er det etter rettens forkastelse av begjæringen ikke hjemmel for - og for øvrig ei heller grunn til - å ta til følge.

S l u t n i n g :

1. Begjæringen forkastes.
2. Saksomkostninger tilkjennes ikke.

Retten hevet.

BERGEN BYFOGDEMBETE

Dok. 5.

Til Bergen namsrett

MOTTATT
Bergen byfogdembete
26 JUL 2000

Flesland 26. juli 2000.

Sak 00-925.
Brevet frå namsretten 14. juli 2000.

Eg skal få koma med desse merknadene til dei dokument retten har sendt meg.

Innleiding.

Tre i fondsstyret, nye frå i vår, Dag Hagen Berg, Lars Bjarne Marøy og Mona Stormark, har i namnet til fondet reist søksmål mot meg, forretningsføraren til fondet. Dei to andre i styret, Leidulv Hundvin og Hans Sørbø, vart ikkje orienterte om det.

Det går fram av papira at eg er oppsagd frå ein avtale eg ikkje har med fondet, nemleg ein oppdragsavtale. Det vart dokumentert for dei nye medlemer i styret at styret i 1996 tilsette meg i stilling som forretningsførar, ikkje til eit oppdrag.

Søksmålet for namsretten er såleis reist utan fullmakt frå styret, og søksmålet byggjer elles på feil faktum.

Del 1. Forretningsføraren

1. Søksmålet ved namsretten.

   Dei tre styremedlemer i fondet som har saksøkt meg for namsretten, har gjort det i namnet til fondet utan styrevedtak, og utan korkje før eller etter å ha teke saka opp med dei to andre i styret.

   Søksmålet byggjer på at oppseiinga av meg allereide har sett meg ut av arbeidet. Oppseiinga forretningsføraren har fått er med verknad frå 1. desember 2000.

   Oppseiinga presiserar at eg er oppsagd frå ei "uppdragsavtala". Eg har ikkje eit uppdrag, eg er tilsett i stilling. Eg er såleis oppsagd frå noko eg ikkje har.

2. Tilsetjinga av forretningsførar.

   Eg vart 12. mars 1996 av eit samrøystes styre tilsett som forretningsførar etter framlegg frå Hans Sørbø, som då var vald til formann og som i dette tilfelle (tilliks med ei tilsetjing av ein forretningsførar for Bøndenes Hus i Oslo) såg det som ein føremun å ha ein person og ikkje eit selskap som forretningsførar.

   Styrevedtaket lyder: "Leiv Flesland vart tilsett som forretningsførar for fondet [...]

3. Oppseiinga av forretningsføraren.

   Den nye styreformannen, Dag Hagen Berg freista å finna eit grunnlag til å få avsett meg. Han hadde saman med to andre, båe nye styremedlemer, byrja det innleidande arbeidet allereide før dei den 08.04.00 tok sæte i styret. Dag Hagen Berg hadde etter si fyrste deltaking i styremøte laurdag 8. april, alt måndagen etter (då han ringde til Sørbø) eit opplegg til å få burt forretningsføraren. Det vart nok likevel klårt for dei at avsetjingsaksjonen ikkje ville føra fram. Då bytte dei ut aksjonsgrunnlaget med argumentet å spara pengar, la den nye grunnen fram i styret, og sa meg opp med sine 3 røyster (mot 2).

   Eg er oppsagd frå og med 1. desember 2000. Styret har ikkje vedteke å setja meg ut av arbeidet frå ein tidlegare dato.

Del 2. Årsoppgjeret for 1999.

1. Tordenskjolds soldatar og ankemål mot årsoppgjeret 1999.

   Då styret samrøystes fastsette rekneskapen for 1999 etter mitt framlegg og med revisjonsmelding, var det klår over at årsoppgjeret ikkje heilt ut samsvara med dei nye føresegner for rekneskapar. Både eg og styreformannen, Sørbø, gjorde merksam på det. Styret fekk òg vita at det ikkje ville vera uvanleg å venta til neste år med å innretta seg etter endringane. Vårt årsoppgjer vart godkjent av fylkesmannen i Hordaland, som i brev 3.5.2000 til fondet melder at "Vi har ingen merknader til rekneskapen".

   Dei formelle ankemål utanifrå som er reiste mot årsoppgjeret, er initierte av dei tre styremedlemer, Berg, Marøy og Stormark. Berg var ikkje styremedlem under førehavinga av rekneskapen, men Marøy og Stormark var med på det samrøystes styrevedtaket som fastsette rekneskapen. Berg og Marøy er formenn i dei klagande laga Aasensambandet og Vestlandske Mållag, Marøy òg for klagaren Vestmannalaget. Breva frå Aasensambandet er underskrivne av nestformannen Håvard Tangen.

2. Serleg om Noregs Mållag.

   Noregs Mållag har i brev 30. juni 2000 drege fram at " Vi syner òg til at den førre målsmannen frå Noregs Mållag tidlegare har komi med kritikk mot måten fondet har vorti styrt på, sjå vedlegg". –Vedlegga er eit brev frå tidlegare styremedlem i fondet, Einar Schibevaag, svar på det frå dåverande styreformann i fondet Hans Sørbø, og eit til frå Schibevaag. Desse vedlegga til brevet frå Noregs Mållag har Hagen Berg ikkje lagt fram. Då kan mistenkeleggjeringa få verka fritt.

   Til det heile er å seia at konsipistane av brevet frå Noregs Mållag ikkje kan kjenna saka godt nok. Styreleidaren i Noregs Mållag ringde nemleg formannen i fondsstyret, Hans Sørbø den 4.12.1998 og melde ifrå at Mållaget ikkje hadde noko å merka til brevet frå Sørbø, og at Noregs Mållag difor helst ville få leggja burt saka utan meir førehaving. Det hadde Sørbø ikkje noko imot. Dette refererte Sørbø i fyrste styremøte etterpå.

   Her er elles å nemna at Sørbø i brevet 16.11.1998 til Schibevaag meinte at Schibevaag sjølv fekk taka opp som styresak dei tilhøve han var misnøgd med. Det gjorde han ikkje, og let så vera å møta i styret.

3. Godkjenning av årsoppgjer frå lag som nemner opp fondsstyret.

   I styremøtet 6. mai 2000, då òg dei nye var med, kom regelen for rekneskapsgodkjenning frå laga opp uformelt. Sørbø orienterte då om at regelen om dette i gåvebrevet frå Opedal, er eldre enn stiftingslova. Då lova kom, "køyrde ho over" regelen om at rekneskapen skal godkjennast av laga som nemner opp styremedlemer til fondet. Fondet har ikkje vedtektsfest ein prosedyre for slik godkjenning frå laga.

   Det har vore fast sedvane at kvar styremedlem skal orientera sitt eige lag om rekneskapen. Dei lag som lastar leidinga i fondet får venda klagen til dei som dei sjølve har nemnt opp til fondsstyret.

Eg legg ved tilførsle til møteboka for 6.5.00 frå styremedlem og førre formann Hans Sørbø.

Vyrdsamt

Leiv Flesland

LEIV FLESLAND
Fleslandsvegen 132
5258 BLOMSTERDALEN
Tlf/fax 55 22 63 27

BERGEN BYFOGDEMBETE
Bergen namsrett, Bergen skifterett, Namsmann, Tinglysing
Besøksadresse: Bergen Tinghus, Tårnplass 2. Postadresse: Postboks 7410, 5020 Bergen.
Bankkonto: 3625.18.79200.
Telefon: 55 23 70 00. Tlf. innvalg byfogd Vestrheim: 55 23 71 48. Telefaks: 55 23 70 40.

Dok. 4.

Leiv Flesland
Fleslandsvegen 132
5258 BLOMSTERDALEN

AD SAK 00-925: FORKYNNELSE AV BEGJÆRING DAT. 4. JULI 2000 OM MIDLERTIDIG FORFØYNING INNGITT AV HALLDOR O. OPEDALS FOND FOR NORSK MÅLREISING OG MÅLDYRKING, RETTET MOT LEIV FLESLAND, ADR.: FLESLANDSVEGEN 132, 5258 BLOMSTERDALEN.

Til forkynnelse for saksøkte Leiv Flesland følger vedlagt ovennevnte begjæring med følgende etterfølgende skriv, alt i to eksemplarer:
- namsrettens skriv av 5. d.m. til saksøker, sakens dok.nr. 2,
- saksøkers skriv av 8. d.m., dok. 3, samt kopi av
- Utskrift av vedtak fra styremøte 6. mai d.å., gitt dok.nr. 3 A, og av
- Uppsegjing av 31. mai d.å., gitt dok.nr. 3 B.

Etter telefonisk forespørsel herfra 13. d.m. til Leiv Flesland, finner retten at forkynnelse i dette tilfellet kan foretas ved oversendelse pr. post av dette skriv med de foran nevnte vedlegg. Namsretten ber om at Leiv Flesland snarest returnerer hertil ett av de vedlagte eksemplarer av dette brev, påført kvittering for mottagelse med dato og underskrift. Frankert svarkonvolutt følger vedlagt.

Namsretten har foreløpig ikke tatt stilling til spørsmålet om hvorledes saken videre skal behandles, herunder om det er grunn til å beramme rettsmøte i saken.
Blant annet mot denne bakgrunn og da namsretten antar at det aktuelle forholdet er av en art som partene i fellesskap bør kunne avklare, har retten heller ikke funnet grunn til å foreta eventuell foreløpig berammelse av rettsmøte.

Namsretten finner etter omstendighetene at saksøkte Leiv Flesland nå bør gies frist til 28. d.m. for eventuell inngivelse av bemerkninger i anledning begjæringen. Eventuelle bemerkninger (tilsvar) og mulige vedlegg bes innsendt hertil i fire eksemplarer.

Kopi av dette brev og ett sett av begjæringen med forannevnte vedlegg sendes saksøkeren, postadr.: pb. 919 Sentrum, 5808 Bergen, til underretning.

Bergen namsrett, den 14. juli 2000

Sjur Vestrheim
byfogd

BERGEN BYFOGDEMBETE
Bergen namsrett, Bergen skifterett, Namsmann, Tinglysing
Besøksadresse: Bergen Tinghus, Tårnplass 2. Postadresse: Postboks 7410, 5020 Bergen.
Bankkonto: 3625.18.79200.
Telefon: 55 23 70 00. Tlf. innvalg byfogd Vestrheim: 55 23 71 48. Telefaks: 55 23 70 40.

Halldor O. Opedals Fond
pb. 919 Sentrum
5808 BERGEN

AD SAK 00-925: DERES BEGJÆRING AV 4. D.M. OM MIDLERTIDIG FORFØYNING, SAKSØKT: LEIV FLESLAND.

Namsretten viser til ovennevnte begjæring.

Etter et foreløpig gjennomsyn av begjæringen med vedlegg, finner retten å burde bemerke følgende:

Begjæringen sees å være undertegnet av av Dag Hagen Berg som styreformann.
Namsretten antar at det er styret som representerer fondet/stiftelsen utad samt at inngivelsen av begjæringen om midlertidig forføyning har sin bakgrunn i styrevedtak. Et eventuelt slikt vedtak bør derfor fremlegges.
Namsretten gjør videre oppmerksom på at krav bør være bestemte og en påstand presis. Det kan fremstå som tvilsomt om påstanden nå fullt ut oppfyller de krav som i så henseende stilles, jfr. særlig, fra pkt. 1: "...turvande for p.t....".
For øvrig nevnes for ordens skyld uttrykkelig at det ikke sees å være fremlagt kopi av vedtak e.a. fra styremøte 6. mai 2000, ei heller av eventuell skriftlig oppsigelse til Leiv Flesland.

For tilfelle av at De nå ønsker å ettersende eventuell tilleggsdokumentasjon eller annet, settes med dette frist for Dem til 13. d.m.

Namsretten, som foreløpig ikke har tatt stilling til spørsmålet om hvorledes saken videre skal behandles, tar nå sikte på å ta stilling til dette spørsmålet etter utløpet av forannevnte frist.

Bergen namsrett, den 5. juli 2000

Sjur Vestrheim
byfogd

Vedlegg til Bergen namsrett i sak 00-925
med brev 26.07.00 frå Leiv Flesland

Opedalfondet. Styremøte 6.mai 2000. Tilførsle til møteboki frå Hans Sørbø.

Styresmannen Hans Sørbø førde til møteboki
under post 1 på saklista "Godkjenning av innkalling og fastsetjing av saklista":

A) Dag H. Bergs postar i framlegg um tilriving av styringsmakt og fjerning av forretningsføraren for fondet Leiv Flesland.

Fyrst får ein notera seg at Dag H. Berg saman med Lars Bjarne Marøy og Mona Stormark, i framlegget frå den fyrstnemnde, legg upp til ei umvelting i styringi av Opedalfondet. Dei tri vil ha større makt i styringi enn dei andre i styret, Leidulv Hundvin og Hans Sørbø.

I mønsteret for freistnaden på å leggja under seg makti utanfor styremøte, vil dei få burt forretningsføraren.

Ein ser vel samanhengen mellom det som den nye formannen i styret bar fram i samtalen då han ringde allereide måndagen etter det fyrste styremøtet han var på laurdag 8. april og dei samtalar han førde med andre før styremøtet, og attåt det gravearbeidet han har gjort. Når ein held dette saman med hans framlegg til vedtak i styret i dag 6. mai, vert diverre slutningi at hovudfyremålet ikkje er å retta på ein eller annan formell feil i fondsstyringi, men å få avsett Leiv Flesland frå posten han har som forretningsførar i fondet, for so å prøva få lagt til seg sjølv og sine støttespelarar so mykje som råd av styringsmakt over fondet, og som han ikkje har som medlem og formann i fondsstyret. Det vert ikkje betre av at Lars Bjarne Marøy skal ha initiert ein stor part av aksjonen.

Forretningsføraren.

Eit fondsstyre kan tilsetja ein forretningsførar, og det er ikkje noko i vegen for at han sjølv fører rekneskapen for fondet. Leiv Flesland vart i fondsstyret 12. mars 1996 etter framlegg frå Hans Sørbø sett til forretningsførar. Det er teke inn i møteboki m.a.: "Det var semje um dette i styret. Leiv Flesland var viljug til skiftet." — Det er soleis ikkje hald i påstanden frå Dag H. Berg at tilsetjingi av forretningsførar er ei einsidig fråsegn frå fondsstyret og ikkje ei tilsetjingavtale. Den lange harangen elles frå Berg um dette styrevedtaket treng eg difor ikkje å gå nn på.

Leiv Flesland er ein god mann for fondet. Han legg vinn på å få ei so høg avkasting av fondsmidelen som råd er med det bandet som ligg på dette fondet um ei risikofri plasering. Det brigdar ikkje det gode arbeidet Leiv Flesland har gjort og gjer um det finst ein eller annan formell feil, eller mindre reell feil, som lett kan rettast og som ikkje rokkar ved tiltrui til han og evna hans til å gjera fullgodt arbeid for fondet.

Eit mogleg vedtak med røystene til Dag H. Berg, Lars Bjarne Marøy og Mona Stormark um å seia upp Leiv Flesland frå stillingi som forretningsførar, ville vera usakleg. I røyndi vart det eit vedtak um avskil. Same kva form eit vedtak i den leid måtte få, er det ulovleg, krenkjande for Leiv Flesland og til skade for Opedalfondet.

Dag H. Berg legg jamvel opp til at styret skal kritisera Leiv Flesland for at han ikkje serskilt har orientert i styremøte um purring frå fylkesmannen på rekneskap han hadde levert. Forretningsføraren kjende visseleg sitt styre, og visste at styresmennene var vel nøgde med at han sjølv tok det opp med fylkesmannen. Det er iallfall eit tilhøve som ligg utanfor det Berg og dei andre nye styresmennene kan klaga over.

B) Dag H. Bergs framlegg er dels jamgodt med einestyre for fondet, dels å styra fondet saman med to andre av dei fem styresmennene.

Det kan ikkje godtakast at ein av styret skal ha den fullmakti Berg bed um å få til å råda over fondsmidelen. Like lite kan det godtakast at han skal binda upp to til av styret i den påtenkte styringsskipnaden. Um dei to styresmennene utanfor den påemna troikaen skulle finnna grunn til å taka upp eit tilhøve som den eine eller alle tri har vore involvera i, ville saksførehavingi i fondsstyret verta vanskeleg.

Det vert ikkje forsvarleg styring etter det framlegget Berg gjer. Fondet er best tent med å ha ein forretningsførar som tek seg av fondet etter den stillingsfullmakt ein forretningsførar har i kraft av å vera forretningsførar, og elles etter dei vedtak styret gjer.

Eg minner elles um at det klårt går fram av det Opedal har fastsett at styringsstaden for fondet skal vera Bergen. Det òg stengjer for at noko av styringi kan gjerast frå Oslo.

C) Rekneskapen for 1999, utfyllande uppgåver

Rekneskapen for 1999 er fastsett av det styret som hadde til uppgåve å fastsetja han. I det styret var ikkje Berg med. Han har soleis ikkje noko ansvar for den rekneskapen, og han kan heller ikkje ha nokon innverknad på styrefastsetjingi av rekneskapen.

Eg minner um at forretningsføraren sa ifrå på styremøtet 8. april at han gjerne sender fleire uppgåver til rekneskapen, han hadde nokre slike i handi, det er berre å kopiera dei og senda dei ut.

Ivar Aasen-sambandet kan vera misnøgd med rekneskapsuppsettet, men vantar ikkje opplysningar når dei får tillegget. Det verkar som den reine vinkelskriving å masa um brigda uppsett.

Det er grunn til å minna um at dei lagi som set inn styresmenn i fondsstyret ikkje er eit organ i fondet (stiftingi) som har med godkjenning av rekneskapen å gjera. Det gjorde eg greie for på styremøtet 8. april. Mistydingi til Aasen-sambandet kan ein skjøna ut frå Opedals regelverk, der det heiter at organisasjonane skal godkjenna rekneskapen. Men ein får ha i minne at Opedal skreiv den regelen i 1971, medan me fekk lovi um stiftingar i 1980. Lovi gjev høve til å ha organ utanfor styret, til dømes eit som har til uppgåve å fastsetja rekneskapen etter framlegg frå styret. Slik er det likevel ikkje skipa i Opedalfondet. Derimot er det sedvane for at styresmennene orienterer det lag dei er uppnemnde av.

D) Rekneskapen for 1999, auken av grunnstolen.

Det heiter i uppsettet frå Dag H. Berg:

> "Ivar Aasen-sambandet er òg skeptisk til å setja av nesten 5 gonger so mykje som vedtektone fyreskriv, til grunnstolen. Ein bør halda seg til det fyreskrivne 10 %, når inflasjonen berre er på um lag 2,5 %."

Styresmannen frå Ivar Aasen-sambandet [då Frøydis Lehmann] har som rimeleg var, tilliks med dei hine i styret, røysta for den avsetjingi som vart gjord til grunnstolen på 1999-rekneskapen.

Dag H. Berg {no Aasensambandet] var utan å vera styresmann då [i det møtet], til stades på styremøtet som fastsette rekneskapen. Han fekk utlevert eit oversyn som viser dei sentrale tali for dei siste to styringsbolkane [8 år]. Eg forstår at han ikkje hugsar eller skjønar grunnen til den serlege overføringi til grunnstolen.

Eg skal gjera nærare greie for grunnlaget.

I byrjingi og på slutten av dei to fireårs styringsbolkane 1992 til 1999 (båe år medrekna) ser grunnstolen slik ut:

1. januar 1992	kr 1 970 000
31. desember 1999	" 2 230 000
auken dei 8 åri	kr 260 000

Hadde kroneverdet til grunnstolen vorte halde på nivået 1. januar 1992, ville grunnstolen på rekneskapen for 1999 ha vore kr 2 321 000. Grunnstolen ligg soleis i verde nesten kr 100 000 under verdet han hadde i byrjingi av perioden som tok til 1. januar 1992.

Det har sjølvsagt vore Opedal si meining at styret skal halda uppe verdet av grunnstolen. Då må styret ikkje berre ha rett til men òg skyldnad til å syta for at grunnstolen får den tilførsle som trengst for å halda uppe verdet. Rettast skulle styret gjera det før det let midel gå til det sokalla utetlingsfondet. Men det må vera høve til å retta upp verdet i etterhand òg. Grunnstolen har per 31.12.1999 som nemnt framleis ei underdekning i so måte på nesten kr 100 000.

Aasen-sambandet skulle, som dei hine lagi, ha skjønsemd for at ein solid grunnstol er det berande i fondet, og ikkje praktisera eit slag fundamentalisme i bruken av regelverket. Det er verd å merkja seg at Aasen-sambandet utan motsegn tek imot kr 5 ooo for året frå fondet,medan føresegni fastset kr 1 000. — Nokon konsekvens må det vera jamvel når ein leitar etter emne å anka over.

Styresmann Leidulv Hundvin gav si tilslutning til denne tilførsel til møteboki.

Hans Sølvå

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking
Postboks 919 – Sentrum
5808 BERGEN

Oslo, 8. juli 2000.

Til
Bergen namsrett
Postboks 7410
5020 BERGEN

Att: Sjur Vestrheim

Ad: Krav um millombils rådgjerd (forføyning) etter kap. 15 i lov um tvangsfullføring, dagsett 4. juni 200.

Saksøkjar:

Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking
v/ Styreformann Dag Hagen Berg
Grensa 8 Telefon: 9097 3539
0159 OSLO

Postadresse:
Postboks 919 – Sentrum
5808 BERGEN

Saksøkt:

Leiv Flesland Telefon: 55 22 63 27
Fleslandsvegen 132
5258 BLOMSTERDALEN

Eg syner til brevet Dykkar, dagsett 5. juli d.å.

Ad: Styrevedtak um den millombilse rådgjerdi.

Det ligg ikkje fyre eit serskilt styrevedtak um at Fondet skal reisa eit slikt krav um millombils rådgjerd. Den konkrete avgjerdi um å reisa kravet andsynes namsrett vart teken av styreformannen sjølv. Styreformannen hadde då havt samtalar med nestformannen og skrivaren i Fondet, som og utgjer fleirtalet i styret. Styreformannen hadde òg dryfta sakskomplekset med leidingi i fira av uppnemnarlagi. Dei meinte alle at det på grunn av tidsaspektet ikkje burde kallast inn til styremøte berre for å taka stilling til namsrettssaki. Dei meinte vidare at styremøtet i september burde haldast som avtala, og at ei eventuell avgjerd um å reisa eit ålment søksmål ved Bergen byrett, for å få ut alle eignelutene måtte takast der sidan det søksmålet ikkje hasta.

Styreformannen gjer elles merksam på fylgjande, som vart dryfta og vektlagt i dei nemnde samtalane:

1. Styreformannen hev i samsvar med ålmene samanslutningsrettslege rettsreglar (naudrettleg) rett og plikt til å taka dei rådgjerdene som er turvande på sjølvstendigt andsvar, når tidi ikkje tillet ei utsetjing for å samla styrelemene til styremøte. Fleirtalet av styrelemene og uppnemnarlagi tykkjer det same um stoda. Styremøti i stiftingar kann ikkje haldast anna enn i møte, der styrelemene er fysisk til stades, jfr. § 9 i stiftingslovi og Gunnar Knudsens umtale av denne paragraf i "*Stiftelsesloven*" Oslo 1997 side 41: "*Loven tillater med andre ord ikke at styret treffer vedtak ved at styremedlemmene kommuniserer med hverandre på annen møte, f.eks. ved påskrift av dokument som sirkulerer, telefonmøte el. l.*". Det var soleis ikkje høve til å skipa eit telefonmøte, som både styreformannen og skrivaren i byringi hadde tenkt på som alternativ til eit samla styremøte.

2. I dei siste åri hev det vore eitt styremøte i året, og andsvaret elles for å ivaretaka interessone til Fondet hev vore lagt til styreformannen og forretningsføraren. Fyrr 1996, då fondet ikkje hadde eigen forretningsførar, vart mange avgjerder tekne av styreformannen sjølv.

3. Styreformannen meiner og at han når han er pålagt konkrete uppgåvor av styret – hev han, innan dei naturlege råmone sakene og vedtaki set, rett og plikt til å setja i verk rådgjerder for å få løyst uppgåvone. Det å ha tilgjenge til rekneskapstilfanget vart vurdert til å vera ei naturleg fylgje og ein naudsynt del av å skulde føra rekneskapen på ny.

4. Då styreformannen fekk det skriftlege svaret frå saksøkte um at han ikkje ville levera frå seg eignelutene var me alt komne til 28. juni, og fleire av styrelemene ville ha vanskar med å møtast til samme tid og stad fyrr uti august.

5. I år hev det alt vore halde tri styremøte, rett nok to same dagen den 8. april og eitt den 6. mai. Kostnadene med å skulde halda eit serskilt styremøte er høge, av di styrelemene bur i Bergen og Oslo. Kostnadene med å skipa til eit eige styremøte for å vedtaka namsrettssak, vart vurdert av alle til å ikkje stå i rimelegt tilhøve til dei – formelle – fyremunene.

6. Fira av fem lag som nemner upp styret i Fondet hev gjeve ein kort frest til å få klårlagd den interne fyrehavingi av utlånet i 1994 og den seinare uppfylgjingi av lånet til Stiftinga Regionsoga for Nord og Midhordland. Å ikkje etterkoma ynskje um fortgang med å klårgjera umstendi kring lånet, vil kunna medføra krav frå uppnemnarlagi um serskilt gransking, ved ny ettersynsmann eller ved fylkesmannen, med dei kostnadene som det vil føra med seg, jfr. § 11 niande lekken, §§ 22 og 23.

7. Det var på det siste styremøtet, den 6. mai, ingen – av styrelemene – som såg fyre seg at saki skulde taka denna vegen. Difor vart ikkje eventuelle fullmakter dryfta av styret.

<u>Ad: Uppsegjingi av saksøkte.</u>

Kontrakten med *Leiv Flesland rekneskapsservise* vart sagt upp på styremøtet 6. mai d.å. Styreformannen meiner at sjølv um saksøkte var forretningsførar med dei uppgåvone og fullmaktene som han hadde fyrr 6. mai, hev saksøkte heller ingen rett til å nekta oss rådvelde og tilgjenge til eignelutene våre.

Styreformannen meiner òg at han – i etterpåklokskapens ljos – kann sjå at uvilja til å etterkoma uppmodingar um tilgjenge til dokumenti var til stades **fyrr** uppsegjingi vart eit tema. Detta gjalt serskilt dokumenti vedrørande utlånet og avtalone um forretningsførsla.

Uppsegjingi vart send av skrivaren etter delegasjon av mynde frå styreformannen. Skrivaren er beden um å levera ein kopi til Namsretten.

Ad: Uppritet frå styremøtet 6. mai.

Uppriti til Fondet vert slik tradisjonen er godkjende og underskrivne på det neste styremøtet. Uppritet er difor enno ikkje lese og godkjent av andre enn skrivaren i styret.

Eg hev bede skrivaren syta for at Namsretten fær utskrift av i alle høve dei aktuelle vedtaki, som det truleg ikkje skal vera stor usemja um.

Ad: Presis påstand.

Slik underskrivne skynar Namsretten, er merknaden knytta til påstand nr 1 (1). Bakgrunnen for påstanden er at styreformannen og skrivaren skal kunna syta for den daglege drifti av Fondet.

Ny retta påstand nr. 1 (1):

a) alt brevbyte til og frå Fondet frå og med 1. januar 1999 og til utleveringstidspunktet,
b) alle søknader um løyvingar som enno ikkje er fyrehava av styret,
c) alt brevbyte som gjeld søknader som er løyvde av styret, der løyvingi ikkje er yverførde til mottakaren,
d) alle rekningar, kravbrev og fakturarar til og frå Fondet som ikkje er svara (betalte) eller som vart svara etter 1. januar 2000,
e) alle kontoutdrag, rekneskapsvedlegg og rekneskapsyversyn frå og med 1. januar 2000 til og med utleveringstidspunktet.

Vensam helsing

Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking

Dag Hagen Berg
- styreformann -

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking
Postboks 919 – Sentrum
5808 BERGEN

Oslo, 4. juli 2000.

Til
Bergen namsrett
Postboks 7410
5020 BERGEN

Krav um millombils rådgjerd (forføyning) etter kap. 15 i lov um tvangsfullføring

Saksøkjar:

Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking
v/ Styreformann Dag Hagen Berg
Grensa 8 Telefon: 9097 3539
0159 OSLO

Postadresse:
Postboks 919 – Sentrum
5808 BERGEN

Saksøkt:

Leiv Flesland Telefon: 55 22 63 27
Fleslandsvegen 132
5258 BLOMSTERDALEN

Saki gjeld:

Krav um millombils rådgjerd (forføyning) etter § 15 – 2 (b) i lov um tvangsfullføring; krav um tvungen utlevering av fondet sine eigneluter frå Leiv Flesland.

1. Prosessualia

Saksøkte held til i Bergen kommune, og hev soleis heimating i Bergen, jfr. § 18 i tvistemålslovi. Bergen namsrett er dimed kompetent etter § 15 – 3) i lov um tvangsfullføring til å taka avgjerd i denna saki.

2. Bakgrunnen for saki

2.1. Saksøkjaren.
Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking er eit fond som er registrera hjå Fylkesmannen i Hordaland som stifting etter § 18 i stiftingslovi. Fondet skal, jfr. § 1 i vedtektene til fondet:

"*Fyremålet med fondet er å reisa og odla nynorsk mål. Fondet skal gjera sitt til å halda uppe måltradisjonen frå Ivar Aasen i stil og skrivemåte og ordval,* "

Sjå vedlegg nr. 1: Vedtektene til fondet slik Halldor O. Opedal sette dei upp 29. desember 1971.

Det er gjort sume brigde i vedtektene etter 1971, men dei gjeld §§ 2 og 5.

Fondet hev ein eigenmidel på meir enn kr 500 000. Fondet er soleis rekneskapspliktig etter rekneskapslovi, jfr. § 10 i stiftingslovi. Fondet er òg revisjonspliktig etter § 11 i stiftingslovi.

Dei fem styrelemene (målsmennene) i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking vert nemnd upp av styri i fylgjande lag, jfr. § 3 i vedtektene til fondet:

Noregs Mållag
Vestmannalaget
Vestlandske Mållag
Norsk Måldyrkingslag
Ivar Aasen-Sambandet

Etter § 4 i vedtektene til fondet, og i medhald av § 5 fyste lekken andre punktum i stiftingslovi, skal rekneskapen endeleg godkjennast av styri i dei lagi som hev valrett til fondet (uppnemnarlagi).

Leiv Flesland hev frå midten av 1980-talet vore rekneskapsførar, og frå 1995 vart han forretningsførar for Fondet.

2.2. Forhistoria.
Den 8. april i år vart det halde tvo styremøte i fondet, det siste styremøtet i den fyrre arbeidsbolken og det fyrste styremøtet i den nye arbeidsbolken 2000 – 2004. På det fyrstnemnde styremøtet vart rekneskapen for 1999 millombils vedteken av styret i fondet. Korkje styrelemene eller styri i dei lagi som nemner upp styret i fondet, fekk tilsendt rekneskapen fyre styremøtet.

På det neste styremøtet, det fyrste styremøtet i den nye arbeidsbolken, vart underskrivne vald til styreformann.

Sjå vedlegg nr. 2.: Uppriti frå styremøti den 8. april 2000.

Den bolken i uppritet som gjeld utetling (tildeling) av heidersprisar er sladda. Detta av di mottakarane av heidersprisane ikkje er varsla og dessa heidersprisane ikkje kjem denna saki ved.

Styreformannen tok kontakt med Fylkesmannen den 10. april d.å. – då han hadde fenge informasjon um at rekneskapane for dei siste åri ikkje var levera til Fylkesmannen slik dei skal etter § 10 andre lekken i stiftingslovi. Fylkesmannen stadfeste at rekneskapane for 1997, 1998 og 1999 ikkje var sende inn til Fylkesmannen. Dessa rekneskapane hadde fylkesmannen etterspurd ved fleire høve.

Sjå vedlegg nr. 3: Brev frå fylkesmannen frå 6. april 2000.

Sjå vedlegg nr. 4: Brev frå fylkesmannen frå 29. juni 1999.

Styret vart ikkje informera um dessa brevi, av Leiv Flesland, fyrr styreformannen konfrontert forretningsføraren med dessa brevi.

Styreformannen ringde so same dag (10. april d.å.) til forretningsføraren, Leiv Flesland, og spurde kva som var hendt. Forretningsføraren hevda at rekneskapane var sende inn, men han lova å senda inn rekneskapane på ny so snøgt som råd. Styreformannen spurde òg etter avtalane som gjaldt millom fondet og *Leiv Flesland rekneskapsservice* og etter stadfesting av autorisasjonen eller registreringi som rekneskapsførar. Forretningsføraren gjorde i denna telefonsamtala styreformannen merksam på at han ikke var autorisera, men var registrera etter yvergangsordningane i rekneskapsførarlovi. Styreformannen spurde òg um å få tilsendt kopi av spesifiseringane av hovudtali i resultatrekneskapen. Forretningsføraren svara at han ikkje fekk tid fyre påska til å senda desse upplysningane, etter di han hadde fleire andre uppdrag som måtte gjerast ferduge fyrst.

På fyrespurnad frå styreformannen informera Kredittilsynet so um at Leiv Flesland korkje var autorisera eller registrera rekneskapsførar.

Sjå vedlegg nr. 5: Brev til styreformannen frå Kredittilsynet dagsett 12. april 2000.

Tysdag 2. mai vart styreformannen og Leiv Flesland samde um at dei skulde møtast på Flesland flyplass, um fyremiddagen fredag 5. mai – dagen fyre styremøtet, for å gå i gjenom:

- rekneskapane for dei siste åri
- uppriti frå dei siste styremøti
- vedtaki og avtalane som gjaldt tilhøvi millom fondet og Leiv Flesland (som forretningsførar)

Leiv Flesland melde ikkje avbod og møtte heller ikkje upp på Flesland flyplass. Etter det kona fortalde var Leiv Flesland inne i byen (Bergen) på møte. Detta trass i at Leiv Flesland i telefonsamtala med styreformannen, den 2. mai d.å., nemnde at han ikkje kunde møta styreformannen på kontoret til Vestmannalaget inne i byen fredag 5. mai – med di Leiv Flesland ikkje hadde tenkt seg til byen den dagen.

Det vart likevel eit møte millom styreformannen og Leiv Flesland på ettermiddagen fredag 5. mai, men Flesland hadde ikkje med seg andre papir enn kopiar av hovudrekneskapen og jamvekti (balansen) for dei siste åri.

På detta møtet kom det munnleg fram at fondet hadde lånt ut pengar til Stiftinga Regionsoga for Nord- og Midhordland. Flesland var òg rekneskapsførar for denna stiftingi.

Sjå vedlegg nr. 6: Brev frå Fylkesmannen til Leiv Flesland, dagsett 24. mars 1998.

Sjå vedlegg nr. 7: Faks Fylkesmannen til styreformannen, dagsett 30. juni 2000.

2.3. Den daglege drifti.

Styret vedtok på styremøtet den 6. mai å uppretta eit skrivarumbod, jfr. § 4 i vedtektene til fondet. Styret valde ein av styrelemene, Lars Bjarne Marøy, til skrivar. Styret vedtok, på møtet den 6. mai, instruksar for styreformannen og den nyuppnemnde skrivaren. Styreformannen og skrivaren tok difor yver fleire av uppgåvone som forretningsføraren til då havde. Det er òg uråd å syta for den daglege drifti når ein ikkje hev tilgjenge til dei nyere uppriti (protokollane) og det nyare brevskiftet m.m.

Det vart òg vedteke at styreformannen og skrivaren i lag skulde råde yver kontoane til Fondet. Det segjer seg nesten seg sjølv at utan tilgjenge til og kjenskap til kva krav og rettar (fordringar) Fondet hev, kann ikkje styreformannen og skrivaren svara eller krevja inn dessa kravi og rettane (fordringane).

2.4. Rekneskapen for 1999.

På styremøtet den 6. mai. kom det fram at alle undanteke eitt av uppnemnarlagi ikkje kunde godkjenna den rekneskapen som vart millombils fastsett av styret den 8. april d.å. Ivar Aasen-sambandet skriv i brev sitt dagsett 4. mai at rekneskapslovi ikkje er fylgd og at det i den fyrebilse rekneskapen for 1999;

- ikkje er skilt millom periodiske og umframme (ekstraordinære) innkomor/kostnader,
- er utlån bokførde i lag med med innskot i bank(-obligasjonar),
- ikkje finst notar som klårgjer hovudtali, jfr. § 7 – 1 i rekneskapslovi.

Sjå vedlegg nr. 8: Brev frå Ivar Aasen-Sambandet til styret i fondet, dagsett 4. mai 2000.

Sjå vedlegg nr. 9: Brev frå Noregs Mållag til styret i fondet, dagsett 30. juni 2000.

Sjå vedlegg nr. 10: Brev frå Vestlandske Mållag til styret i fondet, dagsett 3. juni 2000.

Styret slutta seg i store drag til merknadene frå Ivar Aasen-sambandet. Det vedtok difor at rekneskapen for 1999 skulde fastsetjast på ny. Styret vedtok òg å gjera ei tapsavsettjing på kr 80 000 for å møta eventuelle tap på utlånet til Stiftinga Regionsoga for Nord og Midhordland.

Styreformannen fekk, på styremøtet den 6. mai, òg i uppgåva å føra den nye rekneskapen.

2.5. Lånet til Stiftinga Regionsoga for Nord og Midhordland.

I 1994 gav Fondet Stiftinga Regionsoga for Nord og Midhordland eit produksjonslån på kr 150 000, lånet vart gjeve for eitt år. Renta vart sett til 8 % per år. Denna stiftinga hadde, etter det Flesland upplyste, per 31. desember 1999 um lag 500 000 i negativ eigenmidel. Stoda var um lag den same per 31. desember 1998. Stiftingi kunne dimed heller ikkje på noko tidspunkt i rekneskapsåret 1999 hava innfridd lånet.

Flesland fortalde, på styremøtet den 6. mai, at Stiftinga Regionsoga truleg kunde svara rentone, men ikkje hovudstolen av lånet.

I veke 19, veka etter styremøtet den 6. mai, tok styreformannen vår kontakt med styreformannen, Karl Storhaug, og skrivaren, Egil Nysæter, i Stiftinga Regionsoga. Dei stadfesta munnleg andsynes styreformannen vår at økonomien i Stiftinga Regionsoga ikkje gjorde det mogeleg å innfri lånet.

Vestmannalaget stiller òg spursmål ved um det var kr 150 000 eller 170 000 som var det faktiske lånet, då Stiftinga Regionsoga i eit brev til Fondet bed um at innfriingi av lånet på kr. 170 000 vert utsett. Denna informajonen fekk styreformannen fyrst ved detta brevet, den 3. juli d.å. då brevet frå Vestmannalaget kom styreformannen i hende.

Sjå vedlegg nr. 11: Brev frå Vestmannalaget til styret i fondet, dagsett 1. juli 2000.

Dei andre uppnemnarlagi er òg inne på den interne fyrehavingi av detta lånet, sjå vedleggi nr. 9 og 10. Ivar Aasen-sambandet hev òg bede det nye styret vurdera um det er grunnlag for å gjenomføra ei serskilt gransking av dei interne disposisjonane.

Sjå vedlegg nr. 12: Brev frå Ivar Aasen-sambandet frå 2. juni 2000.

2.6. Uppmodingar og pålegg um utlevering.

Styret vedtok òg å segja upp kontrakten med Leiv Flesland, med verknad frå 1. desember 2000. Styreformannen bad rett etter styremøtet (den 6. mai d.å.) Leiv Flesland levera rekneskapstilfanget for 1999 til kontoret til Vestmannalaget, so at styreformannen kunde gå i gjenom rekneskapsvedleggi. Detta vart ikkje etterkome.

Det hev vore fleire samtaler med melding um at Leiv Flesland må levera frå seg alt rekneskapstilfang, både med styreformannen og skrivaren i fondet, Lars Bjarne Marøy. Det hev ikkje vore gjenomført noko yverlevering frå Leiv Flesland.

Den 16. juni d.å. sende so styreformannen Leiv Flesland eit skriftlegt pålegg um å levera frå seg alle eignelutene til fondet.

Sjå vedlegg nr. 13: Brev frå styreformannen til Leiv Flesland, dagsett 16. juni 2000.

Flesland hev soleis havt god tid til å etterkoma uppmodingane og pålegget um å levera frå seg eignelutene til fondet.

Leiv Flesland svara styreformannen den 26. juni d.å. med melding um at han ikkje vil utlevera eignelutene til fondet. Flesland grunngjev detta millom anna med at han framleides er forretningsførar, han sluttar 1. desember 2000.

Sjå vedlegg nr. 14: Brev frå Leiv Flesland til styreformannen, dagsett 26. juni 2000.

Det er styret som er andsvarlegt for all eiga til ei stifting, jfr. § 5 i stiftingslovi. Forretningsføraren er engasjera av styret og skal fylgja pålegg frå styret. Forretningsføraren kann sjølvsagt ikkje nekta å utlevera eigneluter, som rekneskapstilfang og protokollar, til styret.

Leiv Flesland skriv at han er viljug til å levera frå seg kopiar av dokument. Det er sjølvsagt ikkje fullnøgjande (tilfredsstillande) for styreformannen som, no skal setja upp og gå god for rekneskapen, å måtta sjå på og vurdera kopiar av rekneskapsvedleggi og andre dokument som kjem saki ved. Me hev ikkje fenge tak i ettersynsmannen (revisoren), me hev soleis ikkje fenge lagt fram for ettersynsmannen spursmålet um han kann godkjenna den nye rekneskapen utan å sjå originalvedleggi. Det må i samsvar med vanleg rekneskapspraksis, leggjast til grunn at heller ikkje ettersynsmannen kann godkjenna rekneskapen på grunnlag av kopiar.

2.7. Samandrag:
(Nummri relaterer seg til eindkildpåstandane i hovudpåstand nr. 1.)

(1) Styreformannen og skrivaren i fondet er etter styrevedtak den 6. mai d.å. no andsvarlege for den dagleg drifti av fondet. Uppgåvone til forretningsføraren er sjølv i uppsegjingstidi mykje mindre umfemnande enn tidlegare. Styreformannen og skrivaren treng soleis tilgjenge til all brevskifte og dokument som set dei i stand til å ivaretaka dessa uppgåvone. Det er difor trong for ikkje berre rekneskapstilfang, men og dokument (brev, upprit og notat) som styreformannen og skrivaren treng for å løysa sine uppgåvor i den daglege drifti av fondet.

(2) og (5) Noregs Mållag, Ivar Aasen-sambandet og Vestmannalaget hev meld i frå um at dei ikkje hev fenge rekneskapane frå dei siste åri til godkjenning. For å få ordna dessa formalitetane ynskjer me i alle høve hovudrekneskapane (resultatyversyn og jamvekt (balanse) og eventuelle notar til dessa) frå og med rekneskapsåret 1987.

(3) og (6) Styret vedtok den 6. mai i år at styreformannen skulde syta for at den nye rekneskapen vert sett upp. Styreformannen er difor andsvarleg for at rekneskapen vert send inn i tide, og han er andsvarleg for at dei tali som stend i den nye rekneskapen er rett. Styreformannen ynskjer ikkje i den situasjonen som fondet no er kome upp i å gå god for rekneskapstal på bakgrunn av ei vurdering av kopiar av rekneskapsvedleggi. Styreformannen lyt òg ha noko tid til å gjera ei vurdering av rekneskapsvedleggi og uppriti, fyrr endeleg rekneskap vert sett upp. Ettersynsmannen vil truleg òg hava trong til å vurdera heilskapen i den nye rekneskapen på ny, etter at styreformannen hev sett upp denna nye rekneskapen. Styreformannen lyt hava rimeleg tid til å setja upp og vurdera dei underliggjande rekneskapsvedleggi.

(3), (4), (5) og (7) Styreformannen fekk på styremøtet, den 6. mai d.å. òg andsvaret for å fylgja upp lånet til Stiftinga Regionsoga for Nord- og Midhordland. Styreformannen hev ikkje tilgjenge til uppriti frå styremøti dei siste åri, og veit soleis ikkje kva vedtak styret i fondet hev gjort sidan lånet vart gjeve i 1994. Det er bokført um lag 10 000 i renteinnkomor frå detta lånet, men um ein tek utgangspunkt i den renta som vart fastsett i 1994 på 8 % per år skal det i alle høve vera minst kr 12 000 (8 % av lånestolen på 150 000). Det kann difor setjast spursmålsteikn ved um det er konvergens (samsvar) millom vedtak um rentesats og bokførde renteinnkomor. Det er òg uvisst um det vart yverførd kr 150 000 eller 170 000, jfr. vedlegg nr. 11. Fleire av uppnemnarlagi ynskjer no å få vurdera heile sakskomplekset i høve til lånet til Stiftinga Regionsoga for Nord- og Midhordland og den interne saksfyrehavingi som hev gjenge fyre seg. Leiv Flesland hev ei sentral rolla i detta utlånet då han sat som rekneskapsførar både hjå oss og hjå lånemottakaren. som det kjem fram i brevi frå Fylkesmannen (vedleggi nr. 3 og 4) hev ikkje denna stftingi levera rekneskapane for dei siste åri. Det er difor trong for å få tilgjenge til alt rekneskapstilfang og upprit frå i alle fall 1994 og fram til no.

(4), (5) og (7) Det er ikkje berre trong for sjølve rekneskapsvedleggi, men òg uppriti for å sjå um det er konvergens (samsvar) millom styrevedtak og dei økonomiske disposisjonane. Konkret gjeld detta millom anna lånet til Stiftinga Regionsoga for Nord- og Midhordland. Det ser ut til, ut i frå rekneskapstali for 1999, at det ikkje samsvar millom den renta som skulde ha vore bokført og den renta som vart fastsett av styret i 1994. Av di det nye styret ikkje hev tilgjenge til uppriti frå dei seinare styremøti, er det vanskelegt å røkja etter vedtaki i saki. Det er difor òg turvande å få utlevera alle uppriti frå styremøti og avtalar o.l. som forretningsføraren hev hjå seg.

(6) Alle eigneluter som hev økonomisk verd skal i samband med fastsetjingi av rekneskapen kontrollerast og vurderast. Eventuelle rekneskapstal skal fastsetjast, det er difor turvande å hava tilgjenge til alle andre eigneluter enn sjølve uppriti og rekneskapsvedleggi. Det er difor turvande å få utlevera alle eigneluter som er eller burde vera aktiverte i rekneskapen for 1999, slik at den naudsynte kontrollen kann gjerast.

2.8. Eigedomsretten m.m.

Um me skynar Leiv Flesland rett hevdar han ikkje at han hev eigedomsretten til dei eignelutene som er våre, jfr. brevet frå han dagsett 26. juni d.å. Det er soleis ikkje rettstvist um sjølve eigedomsretten. Det er dimed tilsynelatande berre tale um tidspunktet for når Leiv Flesland skal levera frå seg våre eigneluter. Etter det Flesland skriv kann han ikkje levera frå seg våre eigneluter fyrr han sluttar som forretningsførar den 1. desember 2000. Detta standpunktet sluttar me oss ikkje til. Me meiner at det eintydingt at det er styret i fondet som avgjer korleids og når det skal å tilgjenge til eiga til fondet. Det ligg ikkje under forretningsføraren å avgjera um og når styret i fondet skal ha tilgjenge til fondseiga.

2.9. Tidsfrist i høve til rekneskapen for 1999.

Rekneskapen for 1999 skal i samsvar med § 10 andre lekken i stiftingslovi sendast inn til Fylkesmannen ein månad etter at han skal fastsetjast. Fastsetjingi skal gjerast seinast seks månader etter slutten av rekneskapsåret, jfr. §§ 3 – 1 og 1 – 7 i rekneskapslovi av 26. juni 1998. Den nye rekneskapen for 1999 må soleis vera sendt inn til fylkesmannen innan 1. august 2000.

3. Grunnen til den millombilse rådgjerdi

3.1. Innleiding.

Halldor O. Opedals fond for målreising og måldyrking meiner det i denna tvisten ligg fyre både eit tryggjingskrav (sikringskrav) og ein tryggjingsgrunn (sikringsgrunn), jfr. § 15 – 6 i lov um tvangsfullføring.

3.2. Tryggjingskrav.

Som me hev gjort greide for i 2. Bakgrunnen for saki hev Fondet sagt upp Flesland. Rett nok vil engasjementet vara fram til 1. desember 2000. Uppgåvone til forretningsføraren er frå 6. mai d.å. mindre umfemnande enn tidlegare. Uavhengig av kor umfemnande engasjementet er kann ikkje Flesland rettvist halda attende eignelutene til Fondet på ein måte som kann valda skade for Fondet. Flesland hev elles heller ikkje reist tvil ved at det er Fondet som hev eigedomsretten til det aktuelle tilfanget. På denna bakgrunnen må det soleis leggjast til grunn at Fondet hev eit rettvist krav um utlevering.

3.3. Tryggjingsgrunn.
Fondet meiner òg det ligg fyre ein tryggjingsgrunn.

> Utan at styreformannen og skrivaren hev tilgjenge til dokument som syner kva som er hendt tidlegare, korleides stoda er og kva krav og rettar Fondet hev, er dei ikkje i stand til i dag og frametter å ivaretaka styringi av og interessone til Fondet. Styreformannen og skrivaren hev no råderett yver kontoane etter styrevedtaket den 6. mai. Dei hev ikkje fenge høve til å gjera seg kjende med eventuelle krav mot Fondet. Det vil dimed vera umogeleg for dei å svara dessa kravi, med dei umframkostnadene (ekstrakostnadene) som kann pålaupa grunna vantande eller for sein innfriing.
>
> Styreformannen er ute av stand til å fastsetja, bokføra og krevja inn rett sum hjå Stiftinga Regionsoga for Nord og Midhordland utan tilgjenge til vedtak og avtalar vedrørande lånet. Ei utsetjing kann føra til at kravet vert vanskelegar å krevja inn i sin heilskap, då Stiftinga hev ein negativ eigenmidel på um lag kr 500 000.
>
> Fondet er som me hev nemnt òg ute av stand til å få levera rekneskapen for 1999 innan den lovpålagde fristen um me ikkje vert gjevne tilgjenge til det turvande rekneskapstilfanget i original. Ei millumbils rådgjerd er difor naudsynt for å avverja ein vesentleg skade eller ulempe for Fondet, jfr. § 15 – 2 (b) i tvangsfullføringslovi.
>
> Fondet er òg ute av stand til å vurdera um andsvar skal gjerast gjeldande i høve til fyrehaving av lånet til Stiftinga Regionsoga for Nord og Midhordland. Ein av dei mest sentrale i denna vurderingi er nett Leiv Flesland.

3.4. Ulempe for saksøkte?
Me kann ikkje sjå at den tvungne utleveringi av våre eigneluter vil vera til skade eller ulempa for saksøkte, og eventuelle slike ulempor vil ikkje stå i urimelegt mistilhøve med dei interessone me hev med i å stetta lovpålagde uppgåvor.

3.5. Skriftlege tingingar, jfr. § 15 – 7.
Det hastar med å få tilgjenge til dokumenti og me hev fenge informasjon um at Leiv Flesland skal reisa ut på ferie. Flesland skal visst på ferie frå veke 28. Me bed på denna bakgrunnen um skriftlege tingingar, jfr. § 15 – 7 andre lekken i lov um tvangsfullføring.

5. Sakskostnadene

Det skulde vera kjent og skynlegt for Leiv Flesland at han ikkje kann nekta styreformannen og skrivaren i fondet tilgjenge til originaldokumenti og andre eigneluter. Flesland hev òg havt godt tid til å etterkoma uppmodingane og til sist pålegget um å levera frå seg eignelutene. I brevet med pålegget um utlevering, sjå vedlegg nr. 13, vert Flesland òg gjort kjent med at Fondet vil vurdera rettslege steg um ikkje pålegget vert etterfylgt. Flesland var dimed òg kjent med konsekvensane av å ikkje etterkoma pålegget. Difor krev Fondet at Flesland vert pålagd å svara for dei sakskostnadene i samband med denna tvangsfullbyrdingi. Styreformannen hev arbeid mykje med denna saki, kravet um millombils rådgjerd, etter at Flesland ikkje ville etterkoma pålegget. Styreformannen laut difor beda seg fri frå den faste arbeidsgjevaren for å arbeida med denna saki. Styreformannen fær ikkje godgjersla frå Fondet. Fondet krev dimed at dei tapte arbeidsinnkomone til styreformannen vert rekna som sakskostnader.

6. Påstand

Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking ved styreformannen syner til det som er nemnt yver og legg ned fylgjande

p å s t a n d :

1. Leiv Flesland vert pålagd å levera frå seg:

   (1) alle dokument som er turvande for p.t. å ivaretaka den laupande drifti og interessone til Fondet, so som brevbyte frå 1. januar 1999, løyvde søknader som ikkje er svara i år 2000, ikkje-svara krav (rekningar og ikkje-yverførde løyvingar) og kontoutdrag frå og med 1. januar 2000 til utleveringstidspunktet,
   (2) alle hovudrekneskapar frå og med 1987 til og med 1999,
   (3) alle rekneskapsvedleggi til hovudrekneskapane for åri frå og med 1994 til 1999,
   (4) alle brev og skriv til og frå Fondet frå og med 1. januar 1994 og til og med utleveringstidspunktet,
   (5) alle styreinnkallingar, styrepapiri, styrenotat, styreupprit og andre dokument som syner vedtak med økonomiske og/eller rekneskapsmessige implikasjonar frå og med 1. januar 1987 til og med utleveringstidspunktet,
   (6) alle egneluter som er eller burde ha vore aktiverte i hovudrekneskapen for 1999,
   (7) alt brevbyte millom Fondet og Stiftinga Regionsoga for Nord og Midhordland, og alle notat o.l. som gjeld samkvemet millom Fondet og Stiftinga Regionsoga for Nord og Midhordland og den økonomiske stoda i og Stiftinga Regionsoga for Nord og Midhordland,

   som høyrer til Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking og som han hev til varveitsla (besittelse).

2. Leiv Flesland vert pålagd å svara sakskostnadene med tillegg av morarentor (forsinkelsesrente) frå forfall fram til innfriing.

Vyrdsam helsing

Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking

Dag Hagen Berg
- styreformann -

Vedlegg: 14 stk.

Vedlegg 1

målreising — nokre tankar». Til rettleiding for alle som driv målreising og måldyrking tek me her med fyresegnene for fondet. Dei lyder:

§ 1

Fondet skal ha namnet Halldor O. Opedal's fond for norsk målreising og måldyrking. Fyremålet med fondet er å reisa og odla nynorsk mål. Fondet skal gjera sitt til å halda uppe måltradisjonen frå Ivar Aasen i stil og skrivemåte og ordval, so langt som det til kvar tid let seg gjera. Eg viser til målsynet åt professorane Nikolaus Gjelsvik og Gustav Indrebø, soleis som dette synet kjem fram i arbeidi deira um norsk målreising og måldyrking. Skulle det verta tvilsmål um tolking av dette, syner eg til mitt brev: «Mitt syn på norsk målreising — nokre tankar».

§ 2

Grunnstolen for fondet skal vera på kr. 600.000,—, seks hundre tusen kronor, og denne hovudstolen skal ikkje minkast. Eiga skal til kvar tid verta varveitsla i samsvar med fyresegner um midlar for umyndige. Avkastingi skal ein leggja til grunnstolen kvart fjerde år.

§ 3

Fondet skal ha eit styre på fem mann. Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Ivar Aasen-Sambandet, Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag vel kvar sin mann med varamann. Styret i eit lag kan gje fullmakt åt ein mann til å møta i fondsstyret, um det ikkje høver for den valde styresmannen å vera til stades. Eit møte med tri mann er vedtaksført.

Fondsstyret vel sin formann med varamann. Formannen skal ha avgjersmakti um røystetalet veg jamt. Styresmenn med varamenn vert valde for fire år. Ein styresmann eller ein varamann bør ikkje stå lenger enn tolv år. Aldersgrensa uppover er 75 år.

§ 4

Styret skal syta for rekneskapsførar og skrivar og peika ut ettersynsmenn. Rekneskapen skal godkjennast av styri i dei lagi som har valrett til fondet.

§ 5

Avkastingi av fondet skal kvart år i mars månad etlast ut åt folk som skriv rein og velflidd nynorsk. Dei bør òg kunna tala dette målet — eller eit bygdemål. Utetlingane gjeng fyre seg i seriar på tri år. Det fjerde året vert rentesummen lagt til hovudstolen, sml. § 2. Etter fire år tek serien til på nytt.

Fyrste året etlar fondsstyret ut serskilt kr. 1000,— åt kvart lag til fritt bruk for norsk målarbeid. Det som då er att, byter styret på studiekurs i måldyrking, foredrag, artiklar, prenting av skrifter eller bøker eller onnor form for norskdomsarbeid. Det bør verta nemnt i prenti um dei kjem ut med tilskot frå fondet.

Andre året etlar styret ut serskilt kr. 1000,— åt kvart lag til fritt bruk for norsk målarbeid. Det som då er att, byter styret på ei rekkje studentar (5—10) ved universitet eller høgskular til kveik (premiar?) for idugt arbeid for nynorsk mål. Er vilkåri like mellom to eller fleire kandidatar, gjeng dei fyre som har gjort største innkastet. Styret kan òg yta påskjøningar til lag i bygd og by som gjer framifrå målarbeid.

Tridje året etlar styret ut serskilt kr. 1000,— åt kvart lag til fritt bruk for norsk målarbeid. Av det som då er att, yter styret ein fjerdepart til ein bokmann (forfattar, diktar, vitskapsmann), ein fjerdepart til ein kringkastingsmann, ein fjerdepart til ein bladmann eller eit blad og den siste fjerdeparten til stortingsmenn, skulemenn, kyrkjemenn eller yrkjesmenn or næringslivet. Det kan òg verta tale um andre personar.

Alle må ha synt evne og vilje til å bruka nynorsk mål i si beste form.

Fjerde året skal renta leggjast attåt hovudstolen i samsvar med § 2. Brot på denne regelen har ettersynsmennene skyldnad til å klandra.

Ovannemnde fyresegner er ikkje påbod («direktiv»), og styret stend i serhøve fritt til å yta åt andre fyremål. Fyresetnaden er at ytingane ikkje vik av frå grunntanken åt fondet.

Utetlingane bør ein gjera kjende i bladi og i Kringkastingi, um det er råd, til kveik for folk i arbeid for norsk målreising og måldyrking.

§ 6

Um so er at eit lag ikkje ynskjer å ha målsmenn i styret for fondet med dei fyresegner som her er sette upp, gjeng rettane åt dette laget over til dei andre lagi. Skulle fleire lag gå ut, vel dei lagi som er att, styret for fondet.

Kjem det upp eit nytt lag som stettar kravi åt dette fondet, kan fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar. Det nye styret skal stjorna fondet med tanke på heile landet som før, etter dei fastsette fyresegner, berre med det skilet som praktiske grunnar gjer naudsynlege.

Skulle alle lagi verta uppløyste, gjeng fondsmidlane inn i fondet til instituttet *Halldorsbu* på Bibelhaug i Ullensvang. Um dette skulle henda, fell fyresegnene for dette fondet burt.

Fire styrelemer kan visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki.

Lofthus den 29/12 1971

Halldor O. Opedal

Vedlegg 2

Haldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Møte i H.O.Opedals fond 8. april 2000 på Ervingen kl. 11.oo.

Desse møtte:

Norsk Måldyrkingslag,	**Hans**	**Sørbø**	**form.**
Ivar Aasen Sambandet	**Frøydis**	**Lehmann**	**n.form.**
Vestmannalaget	**Leidulv**	**Hundvin**	
Vestlandske Mållag	**Lars Bj.**	**Marøy**	**v.mann**
Noregs Mållag her møtte	**Mona**	**Stormark**	

Frå Ivar Aasen Sambandet møtte også den nye målsmannen Dag Hagen Berg, Han røysta ikkje.

Forretningsføraren Leiv Flesland møtte også.

Sakslista : Det gamle styret skulle:
Godkjenna Årsmelding for 1999
Rekneskap m/revisjonsmelding for 1999, og avsetjing til grunnstolen.
Framlegget til å endring/auking av dei vedtektsfesta løyvingane til dei fem lagi.

Årsmeldingi vart samrøystes godkjend.
Rekneskap med avsetjing til grunnstolen kr. 100.000,- . Samrøystes godkjend.
Revisjonsmelding opplèsen og godkjend.

Grunnstolen er no: kr. 2.230.000,00
.Utetlingsfondet er: Kr. 287.248,67

. Det gamle styret var no ferdige med sin fireårsbolk og ein tok ei matykt.

I det nye styret vald for bolken 2000-2003.

Norsk Måldyrkingslag: Hans Sørbø

Ivar Aasen Sambandet: Dag Hagen Berg

Håvard Tangen v.mann

Vestlandske Mållag: Lars Bjarne Marøy

Vestmannalaget: Leidulv Hundvin
Sissel-Anny Hjelmtveit v.mann

Noregs Mållag : Mona Stormark

Val på form.
Leidulv Hundvin føreslo attval på Hans Sørbø.
Dag Hagen Berg vart føreslege av ~~L.B. Marøy~~. M. STORMARK
Dag Hagen Berg vart vald til formann med 3 mot 2 røyster.

Til N.form. vart Mona Stormark vald.

Ettersynsmannen Klement Røyrane hadde i brev sagt frå om at han notakkar av etter å ha vore ettersynsmann frå fondet tok til.
Forretningsf. L.Flesland fekk i oppdrag å spørja J.H. Lyse. Han er viljug til å taka på seg revisjonen, under føresetnad av at L. Flesland fører rekneskapen, og at den nye rekneskapslova vert fylgd.

Heidersprisar:

Styret vart samde om at Heidersprisane skal vera på kr. 25.000,-.
Desse vart det semja om at dei skulle få heidersprisr .

Fritjof Sørbø, Johannes Gjerdåker og Vincent Eye Færevaag.
Prisane vert utdelt utpå hausten eingong. Tid og stad vert fastsett seinare.

Framlegget frå Hans Sørbø om å auka løyvinga til dei fem lagi slik at ein føl tidl. vedtak. Det vart gjort føljande Dei fem lagi får auka den årlege løyvingi til kr 7.500.- Men skal då sjølv taka på seg reisekostnadene til møti i styret i fondet.

Dei andre søknadene vart utsett til haustmøtet.

Ref. lf.

Dag H. Berg

Lars Bjarne Marøy

Mona Stormark

Leidulv Hundvin

Hans Sørbø

Vedlegg 3

FYLKESMANNEN I HORDALAND
Justis- og byggjesaksavdelinga

Saksbehandler, innvalgstelefon
Hugo E. Morken, 5557 2023

Vår dato
06.04.00
Deres dato

Vår referanse
99/09230.162.1
Deres referanse

...
Leiv Flesland
Fleslandsvegen 132
5258 BLOMSTERDALEN
...

STIFTELSEN HALLDOR O. OPEDALS FOND FOR NORSK MÅLREISNING

MANGLANDE REKNESKAP FOR 1997 OG 1998

Vi kan ikkje sjå å ha motteke stiftelsen sitt rekneskap for 1997 og 1998.

I fylgje stiftelseslova § 10 skal stiftelser med ein forvaltningskapital på kr. 500.000. eller meir sende inn rekneskap til fylkesmannen innan 1. august kvart år. Revisjonsmelding og årsmelding skal leggjast ved.

Vi ber om at rekneskapene vert sendt oss innan tre veker.

Med helsing

Hugo E. Morken

Hugo E. Morken
førstekonsulent

Vedlegg 4

FYLKESMANNEN I HORDALAND
Justis- og byggjesaksavdeling

Sakshandsamar, innvalgstelefon
MAY ANNE GJESDAL, 5523 7233

Vår dato
29/6-99
Dykkar dato

Vår referanse
99/09230.162.1.
Dykkar referanse

...
Leiv Flesland
Fleslandsvegen

5258 BLOMSTERDALEN

..

STIFTELSEN HALLDOR O. OPEDALS FOND FOR NORSK MÅLREISING

MANGLANDE REKNESKAP FOR 1997

Vi kan ikkje se å ha teke mot stiftelsen sitt rekneskap for 1997.

Iflg. stiftelseslovens § 20 skal stiftelser med ein forvaltningskapital på kr. 500.000.- eller meir sende rekneskap til fylkesmannen innan 1. juni kvart år. Revisjonsmelding skal leggjast ved, jfr. § 11 i stiftelsesloven.

Vi ber om at rekneskapen vert send oss innan 9. juli. Vi minn elles om at fristen for innsending av regnskapet for 1998 er overskriden.

Med hilsen

May Anne Gjesdal

May Anne Gjesdal e.f
konsulent

Postadresse
Postboks 7310,
5020 BERGEN

Kontoradresse
Tingluset, Tårnplass 2,
5013 BERGEN

Telefon
5523 7000

Telefaks
5523 7252

Vedlegg 5

KREDITTILSYNET

The Banking, Insurance and Securities Commission of Norway

HALLDOR OPEDALS FOND
v/styreformann Dag Hagen Berg
Postboks 207 Stortinget
0026 OSLO

Saksbehandler: Anne Egeland Nordrum | Dir.linje: 22 93 99 89

Vår ref.: 2000/0 | Arkivnr.: 840 | Deres ref.: | Dato: 12.04.2000

VEDR. AUTORISASJONSPLIKT MV.

Det vises til telefonsamtale av 12. april 2000.

Kredittilsynet kan bekrefte at følgende enhet:

Leiv Flesland

per dato ikke er oppført i Regnskapsførerregisteret med rett til å påta seg regnskapsføring for andre i næring.

Regnskapsplikt for stiftelser.
Stiftelser er ikke regnskapspliktig etter regnskapsloven § 1-2 . Regnskapsplikten følger av stiftelsesloven § 10 hvor det fremgår at enhver stiftelse har regnskapsplikt etter regnskapsloven. Justisdepartementet gir i forskrift særlige regler om årsregnskap, årsberetning og innsendelsesplikt i private, ikke næringsdrivende stiftelser der forvaltningskapitalen ikke overstiger kroner 500 000,-.

Unntak fra autorisasjonsplikten.
I forskrift til lov om autorisasjon av regnskapsførere kapittel 6 oppstilles unntak fra autorisasjonsplikten, herunder er det gitt bestemmelser om regnskapsføring for andre etter bransjemessig sedvane, jf forskriften § 6-4.

Næringsdrivende som etter bransjemessig sedvane utfører regnskapsføring for andre som en naturlig del av sin virksomhet, som ledd i annet oppdrag og er underlagt tilsyn fra offentlig tilsynsorgan har unntak fra autorisasjonsplikten. Eksempel på grupperte unntak kan være advokater og eiendomsmeglere.

Til orientering vedlegges kopi av forskrift til lov om autorisasjon av regnskapsførere av 8. februar 1999.

Med hilsen

Anne Merethe Bellamy (e.f.)

Anne Egeland Nordrum

Vedlegg.

FYLKESMANNEN I HORDALAND
Kommunal- og samordningsavdelinga

Sakshandsamar, innvalgstelefon
Per Steinar Sæle, 5523 7244

Vår dato
24 MARS 1998

Dykkar dato

Vår referanse
98/01082 162.1 PSS

Dykkar referanse

...
Leiv Flesland
Fleslandsvegen 132
5068 FLESLAND
...

STIFTINGA REGIONSOGA FOR NORD- OG MIDHORDLAND - REKNESKAPSPLIKT

Etter stiftelseslova av 23. mai 1980 nr. 11, § 20, var alle stiftingar med forvaltningskapital på under kr. 500.000,- fritekne frå å sende inn rekneskap til fylkesmannen.

Med lovendringa av 7. april 1995 nr. 14 med verknad frå 1. januar 1997 er paragrafane 20 og 21 sletta og ny § 10 og 11 i lova erstattar desse. Etter dette har alle stiftingar rekneskaps- og innsendingsplikt til fylkesmannen frå og med 1997. Departementet har ikkje gjort unntak frå plikta til å sende inn rekneskap, jf. § 11, 2. leden.

Frist for innsending av rekneskap er 31. mai kvart år. Rekneskapsskjema følgjer vedlagd.

Fylkesmannen reknar med at det har skjedd endringar i stiftingane, m.a. i samansetninga av styret. Vi legg ved registermelding som vi ber vert fylt ut og sendt inn saman med vedtektene. Endringane vert registrert her og vidaresend Einingsregisteret i Brønnøysund som skal være oppdatert om styret, vedtekter, revisjon og kontaktperson.

Vi ber om at registreringsskjema vert fylt ut og sendt fylkesmannen, saman med eventuelle endringar.

Med helsing

May Anne Gjesdal

May Anne Gjesdal e.f.
konsulent

Per Steinar Sæle

Per Steinar Sæle
førstesekretær

Vedlegg.

Vedlegg 7

FAKS

Dato 30.06.00

Antall sider inkludert forsiden 2

TIL: Dag Hagen Berg

Tlf.

Faks 23 31 38 23

Kopi til:

FRA: Svein Tvedten
Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Tlf. 55 57 20 20
Faks 55 57 20 09

MERKNADER: ☐ Haster ☐ Til gjennomsyn ☐ Svar snarest ☐ Kommenter

Vedr Stiftinga Regionsoga for Nord- og Midhordland

Viser til dagens telefonsamtale, og sender fylkesmannens brev til stiftelsen datert 24.03.98. Vi har ikke registrert noe svar på vårt brev, og heller ikke noe innsendt regnskap for de senere år.

Svein Tvedten

Mvh Svein A Tvedten

Vedlegg 8

Ivar Aasen-sambandet
Grensa 8
0159 OSLO

Oslo, 4. mai 2000

Til
Halldor O. Opedals fond
v/ Styreformannen

Styret hev havt arbeidet i og rekneskapen til Halldor O. Opedals fond uppe til dryfting. Me legg her fram synsmåtane våre på dette:

Me vil fyrst segja ifrå um at me segjer oss leide for at styret i Opedalsfondet tidlegare ikkje hev fylgt vedtektene til fondet, ved at det ikkje hev sytt for at rekneskapane hev vorte sende ut til godkjenning av vallagi.

Det er difor positivt at det nye styret no hev sytt for at vedtektene på dette punktet vert fylgde.

Merknader til rekneskapen:

Rekneskapsyversynet fylgjer ikkje fyresegnene i rekneskapslovi:

- Det vert ikkje skilt millom periodiske innkomor/kostnader, og umframme innkomor/kostnader.
- Det er ikkje fullnøgjande notar, som klårgjer kva postane er sette saman av. Dette gjeld serskilt jamvektspostane.
- Det er so langt me kann sjå, ikkje skilt millom obligasjonar som hev karakter av: "utlån" til eksterne skuldmenn og "innskot" i finansinstitusjonar.
- Det stend ikkje kva styret og forretningsførar tek imot i godtgjersla. Endå um det ikkje er svara godtgjersla, skal dette nemnast i rekneskapen.

Me merkar oss at styret set av um lag helvti av yverskotet, medrekna attendeføringar, til å auka grunnstolen. Vedtektene krev at det vert sett av minst 10 % av yverskotet, utanum attendeføringar. Me meiner at det ikkje er turvande å setja av meir enn det som grunnstolen faktisk minkar i reelt verd for skuld prisstiging. Grunnstolen hev i dag um lag same reelt verd, som då fondet vart skipa. Me gjer framlegg um at det vert sett av kr 53 250 til å auka grunnstolen i 1999. Denne summen svarar til den reelle minken som grunnstolen fekk i 1999, for skuld prisstiging. (Det er lagt til grunn ei prisstiging på 2,5 %.) Skilnaden millom kr 100 000 og kr 53 250 bør nyttast til å auka utetlingsfondet. Den avsetjingi det her er gjort framlegg um, er på um lag 35 % av vinningi.

Me ser ut frå rekneskapen at styret nyttar drjugt 10 % av den årlege vinningi til administrasjon. Me ser burt frå attendeføringane, med di dei ikkje kann reknast for vinning. Styret i fondet bør ikkje nytta meir enn 10 % av den årlege vinningi til administrasjon. Me ventar difor at styret i Opedalsfondet tek dei grepi som er turvande for å få ned administrasjonskostnadene, so dei til vanleg ikkje kjem på meir enn 10 % av vinningi.

Fleire som hev søkt um studnad hjå Opedalsfondet, hev retta fyrespurnad til oss, og so vidt me veit dei andre vallagi òg, um me viste noko um eventuelle utetlingar m.m. Dei hev spurt oss av di dei ikkje fekk svar frå forretningsføraren. Me vil gjeva styret i Opedalsfondet klår melding um at slik praksis korkje er høveleg eller sømeleg. Me ventar difor at styret i Opedalsfondet syter for at søkjarane fær melding um at søknaden er motteken, og at søkjarane fær varsel um eventuelle utetlingar eller avslag innanfor rimeleg tid etter vedtaket er gjort.

For styret i Ivar Aasen-sambandet

Håvard Tangen

Håvard Tangen
-Varaformann-

Vedlegg 9

NOREGS MÅLLAG
Kirkegata 32
Postboks 474 Sentrum, 0105 Oslo
Telefon 22 47 71 00. Telefaks 22 47 71 01
Foretaksregisteret NO 970 205 942 MVA
e-post: noregs.mallag@nynorsk.no

Haldor O. Opedals fond
v/ formann Dag Hagen Berg
hjå Stortinget
0026 OSLO

Dykkar referanse:	*Vår referanse:*	*Dato:*
	274/00-166 GR/VL	30. juni 2000

REKNESKAPAR FOR HALDOR O. OPEDALS FOND

Etter vedtekta for Opedalsfondet, skal styret i Noregs Mållag godkjenne årsrekneskapen åt fondet.

Vi kan ikkje sjå at vi har motteki rekneskapen for fondet sidan rekneskapsåret 1986. Styret i Noregs Mållag har altså ikkje godkjent rekneskapane etter § 4 i vedtekta for fondet.

Noregs Mållag har motteki rekneskapen for 1999 som fondsstyret mellombels fastsette 8. april, men ynskjer ikkje å godkjenne honom enno, av di vi deler synspunkta Ivar Aasen-sambandet har i brev av 4. mai 2000.

Vi ser endå større grunn til ikkje å godkjenne rekneskapen, så lenge det ikkje er gjort greie for stoda i Stiftinga regionsoga for Nord- og Midhordland.

På bakgrunn av dette bed vi om at rekneskapen blir fastsett på nytt, i samsvar med rekneskapslova og at det blir gjort ein tapsavsetnad for å dekkje eventuelle tap i samband med lånet til Stiftinga regionsoge for Nord- og Midhordland.

Vi ser ikkje grunn til å ta stilling til avsetnaden fondsstyret gjorde på møtet 6. mai før heile rekneskapen, den interne førehavinga av lånet og stoda i fondet er gjort greie for.

Vi syner òg til at den førre målsmannen frå Noregs Mållag tidlegare har komi med kritikk mot måten fondet har vorti styrt på, sjå vedlegg.

Vi bed fondsstyret gjera greie for framdrifta i arbeidet med å få godkjent rekneskapen for 1999, og bed samstundes om å få tilsendt rekneskapane frå 1994 og frametter til godkjenning.
Vi minner fondsstyret om at fristen for å sende rekneskapen til fylkesmannen er 1. august. Noregs Mållag har styremøte 27. juli, og vi bed om å få alle relevante sakspapir seinast 25. juli.

Med venleg helsing
NOREGS MÅLLAG

Grete Riise /s/
dagleg leiar

Vidar Lund e.f.
organisasjonskonsulent

Vedlegg: Brevskifte mellom Einar Schibevaag og Hans Sørbø, november 1998.
Kopi til:

NYNORSK I EI NY TID AKSJON 2000

Vestlandske Mållag

Vestlandske Mållag
v/Bjørn Tormod Ringdal
Løvåsbakken 21
5148 FYLLINGSDALEN

Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking
v/Styreformannen

Bergen 3. Juni

Vestlandske Mållag hev ikkje kunna ha fyre rekneskapen for Halldor O. Opedals fond. Den upphavlege rekneskapen er ikkje førd etter gjeldande lov, og den "nye" rekneskapen hev ikkje vedlagt revisormelding. Me er kjend med at Ivar Aasen-Sambandet hev retta kritikk mot fondsrekneskapen og sluttar oss til denne kritikken.

Me styd dessutan det arbeidet som fondsstyret gjer med å minka ned administrasjons-kostnadene til fondet ved å taka på seg å utføra arbeidsuppgåvone i fondet gratis. Me meiner det er rett og rimeleg at fondsstyret fær yverført den rekneskapsdokumentasjonen som trengst frå forretningsføraren, slik at fondsstyret kann setja i gong det daglege arbeidet i fondet.

Me vil dessutan få peika på at det er peika på fleire kritikkverdige tilhøve i fondet som kann vera grunn til å rydja upp i. Me styd fondsstyret i denne upprydjingsprosessen.

Med venleg helsing
Bjørn Tormod Ringdal
Bjørn Tormod Ringdal, skrivar

VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Vestmannalaget
v/Lars Bjarne Marøy
Eliasmarken 14
5163 LAKSEVÅG

Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking

v/Styreformannen
Dag Hagen Berg
Postboks 919
Sentrum
5808 BERGEN Bergen

1. juli 2000

Um rekneskapen for Halldor O. Opedals fond

På uppmoding skal det gjerast greida for dei synspunkt stjorni i Vestmannalaget hev um stoda i Halldor O. Opedals fond. Me viser elles til fleire munnlege vitringar i vår. Stjorni i Vestmannalaget hev ei heil stund no vore kjend med at det kann reisast og hev vorte reist kritikk ved måten Halldor O. Opedals fond hev vore drive på. Stjorni hev dryft saki på stjornarmøte 8. mai.

Me vil peika på at det ikkje er i samsvar med vanleg praksis at kvar einskild styrelem skal informera styret i det vallaget som nemnde upp vedkomande. Me er kjende me at Ivar Aasen-Sambandet hev havt samtalor med leidingi i Vestlandske Mållag og Noregs Mållag, desse lagi hev òg den same uppfatningi at det er styret som kollegium som er andsvarlegt for at vallagi fær tilsendt rekneskapane og andre turvande upplysningar, so at styri i vallagi kann hava fyre og godkjenna rekneskapane på ein fullnøgjande måte. Fondsstyret hev ikkje sidan 1993 vitra Vestmannalaget um rekneskapane og drifti av fondet.Heller ikkje den valde målsmannen.

Me er kjende med at Opedalsfondet hev gjeve eit lån til "stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland". Frå upplysningar i hovudboki for fondet er det sett upp 150 000 kr. Me hev tilgang på eit brev frå sekretæren i stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland som skriv at lånet er på 170 000 kr. Brevet er stila til Halldor O. Opedals fond og er datert til 10 mars 1997. Me vil ha klårleik i lånesummen. Vidare er det tvil um kor høg rentesatsen hev vore sett. Me vil dessutan ha greide på kva tildriv som hev vorte gjort frå Halldor O. Opedals fond for å driva inn lånet til stiftinga regionsoga Nord- og Midhordland. Vidare tykkjer me det er grunn til å få klårlagd Leiv Fleslands gildskap i samband med utlånet til stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland. Han hev sjølv vore rekneskapsførar i denne stiftingi sidan 1994.

VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Rekneskapen av 8 april

Stjorni er kjend med at det vart fastsett rekneskap for 1999 på fondsstyremøte i Opedalsfondet 8. april. Stjorni hev fenge denne rekneskapen. Me vil gjera merksam på at rekneskapen ikkje er førd etter gjeldande rekneskapslov. Dessutan vil me peika på at det etter vårt syn ikkje er gjort skikkeleg greida for administrasjonskostnadene. Det er millom anna tale um framande tenestor i rekneskapen. Til dette er det sett upp ein stor post på 9000 kr. som me ynskjer å få forklåra. Når me dessutan er kjend med tilhøvi kring lånet til stiftinga Regionsoga Nord- og Midhordland, hev me forkasta denne rekneskapen. Me er heller ikkje viss på at me vilde ha godkjent dei tidlegare rekneskapane um me hadde fenge dei fyrelagde for oss.

Me tykkjer alle desse momenti gjev eit godt grunnlag til å få umgjort rekneskapen. Me styd fondsstyret sitt tildriv i so måte.

Rekneskapen av 6. mai

Rekneskapen av 6. mai ser so langt me kann sjå ut til å vera i samsvar med gjeldande lov. Me er glad for at den nye styreformannen hev teke intiativ til å få lagt fram denne rekneskapen som er langt lettare å lesa og få yversyn yver enn den fyrre. Me er tvilrådig til renteavsetjingi. Me vil dessutan ha tilgang på alle rekneskapane frå 1994 og frametter, slik at me hev høve til å vurdera fondsforvaltningi i desse åri og få greide på tilhøvi kring lånet til stiftinga regionsoga Nord- og Midhordland. Sidan Opedalsfondet er lokalisert til Bergen vonar me at rekneskapsvedleggi kann verta stelt til rådvelde for styret seinast 25 juli.

Vestmannalaget styd Ivar Aasen-Sambandet som ikkje ynkjer ny fyrehaving fyrr dei ser at styret i Opedalsfondet hev granska både den økonomiske stoda hjå stiftingi som hev motteke lån hjå fondet, og ikkje minst at det er klårlagt kva som er rette renteinnkomor. Me er vidare samd med Ivar Aasen-Sambandet i at det òg er eit vilkår at styret i fondet hev klårlagt korleis lånet hev vore fylgt upp internt. Og dessutan at det noverande styret i fondet lyt syta for at ein serskilt vurderar um det eventuelt hev vore gjort brot på habilitetsreglane, og um eventuell ugildskap hev ført til tap for fondet.

Me er informert um at fondsstyret no vil yvertaka dei arbeidsuppgåvone som Flesland hev havt betaling for. Fondsstyremedlemene vil utføra desse uppgåvone gratis. Å kutta ned på administrasjonskostnadene på denne måten er me samd i og fondsstyret hev vår studnad.Når forretningsføraren ikkje hev dei kvalifikasjonane som krevst for å føra rekneskap etter gjeldande lov, ser me ingenting i vegen for at styrelemene i fondet sjølve syter for økonomistyring og rekneskapsføring.

VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Vestmannalaget meiner at um ikkje styret og/eller ettersynsmannen i fondet på eige initiativ set i gang med den naudsynte granskingi, vil Vestmannalaget i lag med styret i Ivar Aasen-sambandet måtta vurdera å beda fylkesmannen sjå på sakskomplekset.

Stjorni i Vestmannalaget er leid for den stoda som no er uppstått med uklårleik kring tilhøve ved Halldor O. Opedals fond. Me vonar at det no skal vera råd å få orden på dei ovannemnde tilhøvi. Me tykkjer fondsstyret hev gjort dei naudsynte handlingane so langt.

Med venleg helsing

Lars Bjarne Marøy

Lars Bjarne Marøy, formann

Vedlegg 12

Ivar Aasen-sambandet
Grensa 8
0159 OSLO

Oslo, 2. juni 2000.

Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking
v/Styreformannen

Um rekneskapen for fondet

Styret i Ivar Aasen-sambandet dryfte stoda i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking og serskilt dei økonomiske tilhøvi på styremøtet den 31. mai i år.

Ivar Aasen-sambandet syner til at det er ei mest samrøystes uppfatning hjå vallagi at drifti serskilt dei seinare åri ikkje hev vore heilt fullnøgjande. Ikkje minst hev informasjonen til vallagi vore sers mangelfull.

Det er ikkje i samsvar med vanleg praksis at kvar einskild styrelem skal informera styret i det vallaget som nemnde upp vedkomande. Me hev havt samtalor med leidingi i Vestmannalaget, Vestlandske Mållag og Noregs Mållag, desse lagi hev òg sams uppfatning av at det er styret som kollegium som er andsvarlegt for at vallagi fær tilsendt rekneskapane og anna turvande upplysningar so at styri i vallagi kann hava fyre og godkjenna rekneskapane på ein fullnøgjande måte.

Styret i Ivar Aasen-sambandet syner til tidlegare brev dagsett 4. mai 2000, og gjev melding um at styret framleides ikkje finn grunn til å godkjenna rekneskapen. Ny fyrehaving ser me ikkje grunn til å gjera fyrr styret i Opedalsfondet hev granska både den økonomiske stoda hjå stiftingi som hev motteke lån hjå fondet, og ikkje minst at det er klårlagt kva som er rette renteinnkomor. Det er òg eit vilkår at styret i fondet hev klårlagt korleides lånet hev vore fylgt upp internt. Det noverande styret i fondet lyt syta for at ein serskilt vurderar um det eventuelt hev vore gjort brot på inhabilitetsreglane, og um eventuell ugildskap hev ført til tap for fondet.

Styret segjer seg nøgd med at styret i fondet no ser ut til å ha teke dei turvande grepi for å få minka administrasjonskostnadene, og fenge fondsstyringi i samsvar med dei aktivistiske tradisjonane i målrørsla. Når forretningsføraren ikkje hev kvalifikasjonane som krevst for å vera rekneskapsførar, ser me ingenting i vegen for at styrelemene i fondet sjølve syter for økonomistyring og rekneskapsføring.

Ivar Aasen-sambandet vil gjeva melding um at dersom ikkje styret og/eller ettersynsmannen i fondet på eige initiativ set i gang med den naudsynte granskingi, vil styret i Ivar Aasen-sambandet måtta vurdera å beda fylkesmannen sjå på sakskomplekset.

Ivar Aasen-sambandet segjer seg leid for den stoda som fondet er kome upp i, men er nøgd med at det nye styret no ser ut til å ha teke grep um problemi.

Vyrdsam helsing

Håvard Tangen

Håvard Tangen
-Varaformann-

Kopi: Vestmannalaget, Vestlandske Mållag og Noregs Mållag.

Vedlegg 13

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking
Postboks 919 – Sentrum
5808 BERGEN

Til
Leiv Flesland
Fleslandsvegen 132
5258 Blomsterdalen

Krav om utlevering av eignelutane til fondet

Eg vil med detta senda Dykk eit skiftelegt pålegg um at De straks og seinast innan tysdag 27. juni 2000 kl 15:00 – leverer eignelutane til Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking som De hev til kontoret til Vestmannalaget.

Rekneskapane for fondet og uppriti frå styremøti i fondet høyrer til Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking. Dessa dokumenti er soleis fondet sine eignelutar. Det er styret i fondet som rår over eiga til fondet. At De som forretningsførar hev hatt dei heima hjå Dykk, gjer ikkje at De kann tileigna Dykk eigedomsretten til dessa dokumenti og heller ikke rettvist hindra styret i fondet i å hava tilgang og råderett over dessa eignelutane.

Eg syner til at eg alt før påska kom med den fyrste uppmodingi um å få tilgang til noko av rekneskapstilfanget og upprita som De hev. De hev dimed hatt god tid og fleire høve til å etterkoma påleggi. Både eg og Lars Bjarne Marøy hev fleire gonger i den siste tidi kome med uppmodingar og munnlege pålegg um å levera eignelutane frå Dykk.

Når De no trass fleire klåre og utvetydige uppmodingar ikkje hev etterkome dessa uppmodingane ser eg ikke anna råd enn å gjeva Dykk eit skriftlegt pålegg um å levera frå Dykk alle eignelutane som høyrer til fondet.

Eg vil òg gjera merksam på at um De ikkje fylgjer detta pålegget vil me måtta vurdera rettslege steg for å få tilgang til dessa nemnde dokumenti.

Eg vil segja i frå um at eg segjer meg sers leid for denna måten De hev fôre fram på, og vil segja i frå um at denna framferdi i seg sjølv gjev grunn til å sjå nærare på kva som hev hendt tidlegare og vurdera tilhøvet millom Dykk og fondet.

Oslo, 16. juni 2000.

Dag Hagen Berg
- styreformann -

Vedlegg 14

Til
Dag Hagen Berg
Postboks 919-Sentrum

5808 BERGEN

REF: Brevet Dykkar16.06.2000 i namnet åt Opedalsfondet.

Til innhaldet i brevet har eg dette å seia:

1: Pålegg om å levera arkivet åt Opedalsfondet til kontoret åt Vestmannalaget.
Eg er forretningsførar for fondet og har i den eigenskap eit sjølvstendig ansvar i min administrasjon av pengemedel, verdepapir og bøker til bokføring; det same gjeld arkivsaker.

Det eg varveitslar har eg eit særleg ansvar for, og treng det i mi verksemd som forretningsførar. Difor kan eg ikkje levera det frå meg. Eg har ikkje skyldnad til å halda kontor ein annan stad. Når formannen eller styret elles treng dokument, vil eg som tidlegare syta for kopiar.

2: Trugsmål og ærekrenkjande utsegner.
I brevet set De fram skuldingar mot meg, soleis:

- "... gjer ikkje at De kan tileigne Dykk eigendomsretten til dessa dokumenti ..."

- "... denna framferdi i seg sjølv gjev grunn til å sjå nærare på kva som er hendt tidlegare og vurdera tilhøvet mellom Dykk og fondet."

Desse utsegnene er ålvorleg krenkjande for meg. Eg vil ikkje ha dei sitjande på meg.
De er personleg ansvarleg for strafflagd ærekrenkjing anten De skriv i eige namn eller i fondet sitt. Tek De ikkje skuldingane attende må De vera budd på eit rettsleg uppgjer.

Når det elles gjeld mi stilling som forretningsførar, viser eg til det eg før har sagt.

Flesland, den 25. juni 2000

Leiv Flesland

Leiv Flesland

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland

Dok. 38
00-925

MOTTATT
Bergen byfogdembete
10 JUL 2000

Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking

Postboks 919
Sentrum
5808 BERGEN

Bergen 31. mai 2000

Til
Leiv Flesland
Fleslandsvegen 132
5258 BLOMSTERDALEN

Uppsegjing

De vert med dette sagt upp frå uppdraget som forretningsførar for Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking, med verknad frå 1. desember 2000.

Styret hev i dag større arbeidskapasitet og vil gjera fleire arbeidsuppgåvor sjølv. Dette samsvarar med tradisjonane i målrørsla og med tidlegare praksis i fondet. Styret hev i samsvar med dette vedteke at styreformannen og skrivaren skal taka yver dei uppgåvone som De hadde tidlegare. Det er difor ikkje trong for ein eigen forretningsførar.

Styret legg til grunn at avtala um forretningsføraruppdraget er ei uppdragsavtala.

Styret syner til at De sjølv nemnde etter styremøtet at De vilde vurdera å reisa arbeidsrettssak. Styret gjer difor merksam på at det ikkje ligg fyre eit arbeidstilhøve, etter arbeidsmiljølogi. Me gjer soleis merksam på at um De vel å reisa arbeidsrettssak, vil me leggja ned påstand um at saki lyt avvisast avdi det ikkje ligg fyre eit arbeidstilhøve.

Um De likevel vel å rekna uppdragstilhøvet som ei arbeidsavtala, vil me gjera kjent for Dykk at De lyt vera merksam på fylgjande:

> Dersom De vil gjera gjeldande at avtala ikkje lovleg er brakt til upphøyr, hev De rett til å krevja tingingar og reisa søksmål etter fyrsegnene i arbeidsmiljølogi § 61. Det same gjeld um De vil krevja skadebot på grunn av upphøyret av avtala.
>
> Kravet um tingingar må verta sett fram skriftleg andsynes styret innan 2 vekor etter at denne uppsegjingi er motteki.
>
> Søksmål må reisast innan 8 vekor frå slutten av tingingane. Dersom det ikkje hev vore tingingar, må De reisa søksmål innan 8 vekor etter at uppsegjingi fann stad. Um De berre vil krevja skadebot, må søksmål verta reist innan 6 månader etter at uppsegjingi fann stad.

De hev rett til å halda fram i stillingi so lenge tvisten er gjenstand for tingingar i medhald av § 61 nr. 2. i arbeidsmiljølogi. Um De reiser søksmål innan 8 vekor frå tingingane er avslutta, eller frå uppsegjingi fann stad og før uppsegjingsfristen går ut, kann de halda fram i stillingi inntil saki er avgjort ved rettskraftig dom eller orskurd. Det same gjeld um De før uppsegjingsfristen går ut skriftleg og underrettar oss um at søksmål vil verta reist innan fristen på 8 vekor.

Etter krav frå arbeidsgjevar kann retten likevel avgjera at De skal slutta under rettstingingane, um retten finn det urimelegt at arbeidstilhøvet skal halda fram. De vert òg gjort merksam på at De som arbeidstakar i medhald av § 67 i arbeidsmiljølogi hev fortrinnsrett til ny tilsetjing i fondet. Denne fortrinnsretten gjeld frå uppsegjingstidspunktet og i eitt år frå uppsegjingsfristen gjekk ut. Dersom De ikkje tek i mot tilbodet um ny tilsetjing innan 14 dagar etter mottakingi av tilbodet, fell fortrinnsretten burt.

Arbeidsgjevar og rett saksøkt i ein eventuell tvist er:

Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking
v/Styreformann Dag Hagen Berg
Postboks 919 - Sentrum
5808 BERGEN

Me gjer elles merksam på at uppsegjingstidi som er nemnd her er av same lengd som det som arbeidsmiljølogi krev. Styret vedtok at De skal ha heile godtgjersla for 2000 saman med heile kontorgodtgjersla for 2000.

Styret i Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking
Lars Bjarne Marøy
Lars Bjarne Marøy
- skrivar -

Møtteke av Lars Bjarne Marøy og Mona Stormark
Husland 31. mai 2000
Eric Husland
Protokoll frå styremøtet manglar ennå.
L.F.

Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking

Postboks 919
Sentrum
5808 BERGEN

Bergen 31. mai 2000

Til
Leiv Flesland
Fleslandsvegen 132
5258 BLOMSTERDALEN

Uppsegjing

De vert med dette sagt upp frå uppdraget som forretningsførar for Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking, med verknad frå 1. desember 2000.

Styret hev i dag større arbeidskapasitet og vil gjera fleire arbeidsuppgåvor sjølv. Dette samsvarar med tradisjonane i målrørsla og med tidlegare praksis i fondet. Styret hev i samsvar med dette vedteke at styreformannen og skrivaren skal taka yver dei uppgåvone som De hadde tidlegare. Det er difor ikkje trong for ein eigen forretningsførar.

Styret legg til grunn at avtala um forretningsføraruppdraget er ei uppdragsavtala.

Styret syner til at De sjølv nemnde etter styremøtet at De vilde vurdera å reisa arbeidsrettssak. Styret gjer difor merksam på at det ikkje ligg fyre eit arbeidstilhøve, etter arbeidsmiljølogi. Me gjer soleis merksam på at um De vel å reisa arbeidsrettssak, vil me leggja ned påstand um at saki lyt avvisast avdi det ikkje ligg fyre eit arbeidstilhøve.

Um De likevel vel å rekna uppdragstilhøvet som ei arbeidsavtala, vil me gjera kjent for Dykk at De lyt vera merksam på fylgjande:

> Dersom De vil gjera gjeldande at avtala ikkje lovleg er brakt til upphøyr, hev De rett til å krevja tingingar og reisa søksmål etter fyrsegnene i arbeidsmiljølogi § 61. Det same gjeld um De vil krevja skadebot på grunn av upphøyret av avtala.
>
> Kravet um tingingar må verta sett fram skriftleg andsynes styret innan 2 vekor etter at denne uppsegjingi er motteki.
>
> Søksmål må reisast innan 8 vekor frå slutten av tingingane. Dersom det ikkje hev vore tingingar, må De reisa søksmål innan 8 vekor etter at uppsegjingi fann stad. Um De berre vil krevja skadebot, må søksmål verta reist innan 6 månader etter at uppsegjingi fann stad.

De hev rett til å halda fram i stillingi so lenge tvisten er gjenstand for tingingar i medhald av § 61 nr. 2. i arbeidsmiljølogi. Um De reiser søksmål innan 8 vekor frå tingingane er avslutta, eller frå uppsegjingi fann stad og før uppsegjingsfristen går ut, kann de halda fram i stillingi inntil saki er avgjort ved rettskraftig dom eller orskurd. Det same gjeld um De før uppsegjingsfristen går ut skriftleg og underrettar oss um at søksmål vil verta reist innan fristen på 8 vekor.

Etter krav frå arbeidsgjevar kann retten likevel avgjera at De skal slutta under rettstingingane, um retten finn det urimelegt at arbeidstilhøvet skal halda fram. De vert òg gjort merksam på at De som arbeidstakar i medhald av § 67 i arbeidsmiljølogi hev fortrinnsrett til ny tilsetjing i fondet. Denne fortrinnsretten gjeld frå uppsegjingstidspunktet og i eitt år frå uppsegjingsfristen gjekk ut. Dersom De ikkje tek i mot tilbodet um ny tilsetjing innan 14 dagar etter mottakingi av tilbodet, fell fortrinnsretten burt.

Arbeidsgjevar og rett saksøkt i ein eventuell tvist er:

Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking
v/Styreformann Dag Hagen Berg
Postboks 919 - Sentrum
5808 BERGEN

Me gjer elles merksam på at uppsegjingstidi som er nemnd her er av same lengd som det som arbeidsmiljølogi krev. Styret vedtok at De skal ha heile godtgjersla for 2000 saman med heile kontorgodtgjersla for 2000.

Styret i Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking
Lars Bjarne Marøy
Lars Bjarne Marøy
- skrivar -

Møtteke av Lars Bjarne Marøy og Mona Stormark
Husland 31. mai 2000
Eric Husland
Protokoll frå styremøtet manglar ennå.
L.F.

Halldor O. Opedalsfond
for norsk målreising og måldyrking

Stad og tidspunkt: Bergen 8. april klokka 11.00 2000 på kaffistova til Ervingen.

Til stades Dag Hagen Berg for Ivar Aasen-Sambandet, Lars Bjarne Marøy for Vestlandske Mållag, Leidulv Hundvin for Vestmannalaget, Mona Stormark for Noregs Mållag, Hans Sørbø for Norsk Måldyrkingslag.

Forretningsføraren hadde kalla inn til det fyrste styremøtet i arbeidsbolken, og han hadde i innkallingi sett upp fylgjande saker: 1. Val av formann og varaformann, 2. Løyvingar til dei fem vedtektsfesta lagi, 3. utetling av heidersprisar, og 4. andre søknader.

Innkallingi og saklista vart samrøystes godkjemde.

1. Val av formann og varaformann.
Det var tvo kandidatar til formann. Leidulv Hundvin gjorde framlegg um Hans Sørbø. Mona Stormark gjorde framlegg um Dag Hagen Berg. Det vart kravd skriftleg røysting. Berg fekk 3 røyster, medan Sørbø fekk tvo.

Vedtak: Dag Hagen Berg vart vald til formann

Berg vart formann og yvertok møtestyringi. Berg gjorde framlegg um Stormark til nestfomann.

Vedtak: Mona Stormark vart vald samrøystes til varaformann.

2. Hans Sørbø greidde ut um endringar i vedtektene som styret i fondet tilrådde i 1988, men som det diverre ikkje vart søkt stadfesting til hjå fylkesmannen i Hordaland.

Det vart vedteke å auka den årlege utbetalingi til eigarlagi med 2500 kronor til 7500 kronor.

4 Det vart vedteke å etla ut 3 heidersprisar på 25 000 kronor til kvar. Prisane gjekk til desse tri : Fridtjov Sørbø, Vincent Eye Færavaag og Johannes Gjerdåker.

5 Styret valde å utsetja andre søknader til eit møte på haustparten.

Dag Hagen Berg Lars Bjarne Marøy Leidulv Hundvin

Mona Stormark Hans Sørbø

Høgnorsknytt
Grensa 8
0159 OSLO

Oslo, 2. april 2000

Til
Haldor O. Opedals fond

SØKNAD UM TILSKOT TIL UTGJEVING AV SERPRENT

Det hev lenge vore trong for å få stelt i stand eit hefte med utsyn yver stoda for høgnorsken i dag. Gode og forvitnelege bøker hev kome på 1990-talet med innføring i høgnorsksoga og striden for å halda uppe aasenmålet i tidlegare tider. Desse utgjevingane hev gjeve oss ny lærdom, ikkje minst for deim av oss som høyrer til yngre ættleder og ikkje røynde sammorsk-otone i etterkrigstidi.

No vert det planlagt eit **serprent av Høgnorsknytt** med ein bundel skriftstykke skrivne av nolivande og meiningsføre høgnorskingar med utgangspunkt i stoda for den klassiske nynorsken i dag. Tanken er å samla inn artiklar som femner um alle sidor ved høgnorsken og arbeidet for dette målet. Titlane på kapitli er til no: Høgnorsken og idegrunnlaget hans i dag (ein filosofisk innfallsvinkel), høgnorsken og målførevoksteren på bygdi, høgnorsken og bymåli, høgnorsken i det kulturnasjonale strevet, informasjonsteknologi på høgnorsk, og umsetjing frå framande mål til høgnorsk.

Me søkjer difor um kr 7 500 til utgjeving av dette heftet. Økonomien til bladet er sers trong, og me treng tilskot frå andre til å dekkja kostnaden med prentingi. Me vonar at Haldor O. Opedals fond kann yta oss ein skjerv og stydja dette tiltaket for å få spreidt meir kunnskap um høgnorsken i samtidi vår.

Mange takk fyreåt!

Beste helsing

Håvard Tangen
-Bladstyrar-

Kopi:
Noregs Mållag
Norsk Måldyrkingslag
Ivar Aasen-sambandet
Vestlandske Mållag
Vestmannalaget

Haldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Nye styremedlemer i Haldor O. Opedals fond, i bolken 2000-2003.

Vestmannalaget: Leidulv Hundvin, Lillehatten 242, 5148 Fyllingsdalen
----"--- *varam.:* Sissel-Anny Hjelmtveit,

Ivar Aasen Sambandet:
Dag Hagen Berg, Grensa 8, 0159 Oslo
Varam: Håvard Tangen, Kvartsvegen 5, 1158 Oslo

Vestlandske Mållag:
Lars Bjarne Marøy, Eliasmarken 14, 5163 Laksevåg
Varam:

Norsk Måldyrkingslag:
Hans Sørbø, Møllefaret 62 B, 0750 Oslo
Varam:

Noregs Mållag:
Mona Stormark Kringsjåvegen 17, 5162 Laksevåg

DET GAMLE STYRET VAR:

VESTMANNALAGET: Leidulv Hundvin
Varam.: Gunnar Gilberg

IVAR AASEN SAMB: Frøydis Lehmann
Varam:

VESTL. MÅLLAG: Haldor Slettebø
Varam.:

NORSK MÅLDYRKINGSLAG: Hans Sørbø
Varam.:

NOREGS MÅLLAG: Einar Schibevaag
Varam.:

Haldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

v/Leiv Flesland
Fleslandsvegen 132
5258 Blomsterdalen

Ivar Aasen – Sambandet
Dag Hagen Berg
Grensa 8
0159 OSLO

Flesland, den 24.03.00

Innkalling til møte i fondet laurdag 8. april kl. 11,oo på kaffistova til Ervingen.

Det gamle styret møter kl 11.oo til :

SAKSLISTE:

Godkjenning av Årsmelding ,
Rekneskap m/revisjonsmelding og avsetjing til grunnstolen.
Framlegg til endring/auking av dei vedtektsfesta løyvingane til dei fem lagi.
Her sluttarfunksjonstida til det gamle styret. Og det kan henda vera tid for litt mat.

Det nye styret skal:
Velgja . Formann og varaformann.

Løyva til:
Dei fem vedtektsfesta lagi.
Heidersprisar. (det er tredje året)
Andre søknader.

Sakspapir vil verta ettersende.

For Haldor O. Opedals fond
Leiv Flesland

Leiv Flesland

Haldor O. Opedals fond

for norsk måltreising og mållyrking

Årsmelding 1999.

Styret var samla til møte 20.03.99 på hotell Hordaheimen. Desse møtte:

Hans Sørbø,	formann,	Norsk Måldyrkingslag
Frøydis Lehmann	v. form.	Ivar Aasen Sambandet
Leidulv Hundvin,		Vestmannalaget
Lars Bjarne Marøy		Vestlandske Mållag
Ingen møtte frå		Norges Mållag

Forr.føraren leiv Flesland møtte også.

Årsmelding og rekneskap m/revisjonsmelding vart samrøystes godkjende. Det var også semja om å setja av kr 20.000,- til Grunnstolen, såleis at pr. 31.12.99 er Grunnstolen på kr. 2.130.000.

Dei fem lagi fekk kvar kr 5.000,- tilsaman		kr. 25.000,-
Vidare vart det løyvd til:		
Bladet Vestmannen	kr. 10.000,-	
Nord.inst. Dansk/Norsk ordbog.	" 10.000,-	
Norsk Lærar. Mållag	" 5.000,-	
Norrønalaget Bragr. Ordbok f.1924	" 10.000,-	
Kjetil Aasen: Målbryting i Råde	" 5.000,-	kr 40.000,-
Samla		kr 65.000,-

Årsoverskoter for 1999 er etter at kr. 60.000,- er tilbakeførde frå tidlegare løyvingar på kr. 194.935,98.

Dette vert nytta såleis :	Til Grunnstolen	kr. 100.000,-
	Løyvingar i 1999	" 40.000,-
	Dei fem lagi	" 25.000,-
Resten er tillagt Utetlingsfondet		" 29.935,98
		Kr 194.935,98

Grunnstolen vert då pr. 31.12.99	på	kr. ***2.230.000,-***
Utetlingsfondet vert pr. 31.12.99	"	kr. ***287.248,67***

Haldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Etter § 5 i vedtektene for fondet i år løyva til Heidersprisar, kor mange må styret vurdera, likeeins kor store.

Det ligg også føre eit framlegg til å auka løyvinga til dei fem lagi til kr 7.000,-
Mot at lagi dekkjer reisekostnadene til møti i fondet sjølv.

Fondet har motteke brev frå revisor Klement Røyrane at han diverre må slutta no p.g.av nye reglar for revisorane. Han har vore revisor frå fondet vart skipa.

Vert det nokon prisutdeling kunne det vel høva å be han vera med, likeeins ville det vera kjekt om Frøydis Lehmann som også sluttar i fondstyret, kunne vera med og leia samkoma.

Flesland, den 30.03.00

Leiv Flesland

Leiv Flesland

STATSAUTORISERT REVISOR
KLEMENT RØYRANE
STAREFOSSVEGEN 25
5019 BERGEN

REVISORNR. 862510852

Til
Halldor O. Opedals Fond
for norsk målreising og måldyrking

REVISJONSMELDING FOR 1999

Eg har revidert årsoppgjeret for Halldor O. Opedals Fond for 1999 som syner eit årsoverskot på kr. 194.935,98. Årsoppgjeret som er samansett av årsmelding, resultatrekneskap og balanse, er framlagt av styret i fondet og forretningsføraren.

Mi oppgåve er å granska fondet sitt årsoppgjer, rekneskap og handsaminga av andre saker i fondet.

Eg har utført revisjonen etter gjeldande lover, føresegner og god revisjonsskikk. Eg har gjennomført dei revisjonshandlingane som eg har funne naudsynte for å stadfesta at årsoppgjeret ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar. Eg har kontrollert utvalde delar av materialet som ligg til grunn for rekneskapspostane, vurdert dei rekneskapsprinsippa som er nytta, leiinga sine skjønsavgjerder, og innhald og presentasjon av årsoppgjeret. I den grad det samstavar med god revisjonsskikk, har eg gått gjennom formuesforvaltninga og den interne kontrollen i fondet.

Etter mi meining er årsoppgjeret gjort opp i samsvar med reglane i stiftingslova og føresegnene, og det gjev eit forsvarleg uttrykk for fondet si økonomiske stode pr. 31.12.99 og for at resultatet av verksemda i rekneskapsåret er gjort opp i samsvar med god rekneskapsskikk.

Bergen, 5. april 2000

K. Røyrane

Klement Røyrane
statsautorisert revisor

Haldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Møte i H.O.Opedals fond 8. april 2000 på Ervingen kl. 11.oo.

Desse møtte:

Norsk Måldyrkingslag,	Hans	Sørbø	form.
Ivar Aasen Sambandet	Frøydis	Lehmann	n.form.
Vestmannalaget	Leidulv	Hundvin	
Vestlandske Mållag	Lars Bj.	Marøy	v.mann
Noregs Mållag her møtte	Mona	Stormark	

Frå Ivar Aasen Sambandet møtte også den nye målsmannen Dag Hagen Berg, Han røysta ikkje.

Forretningsføraren Leiv Flesland møtte også.

Sakslista : Det gamle styret skulle:
Godkjenna Årsmelding for 1999
Rekneskap m/revisjonsmelding for 1999, og avsetjing til grunnstolen.
Framlegget til å endring/auking av dei vedtektsfesta løyvingane til dei fem lagi.

Årsmeldingi vart samrøystes godkjend.
Rekneskap med avsetjing til grunnstolen kr. 100.000,- . Samrøystes godkjend.
Revisjonsmelding opplèsen og godkjend.

Grunnstolen er no: kr. 2.230.000,00
.Utetlingsfondet er: Kr. 287.248,67

Det gamle styret var no ferdige med sin fireårsbolk og ein tok ei matykt.

I det nye styret vald for bolken 2000-2003.

Norsk Måldyrkingslag:	Hans Sørbø
Ivar Aasen Sambandet:	Dag Hagen Berg

	Håvard Tangen v.mann
Vestlandske Mållag:	Lars Bjarne Marøy
Vestmannalaget:	Leidulv Hundvin Sissel-Anny Hjelmtveit v.mann
Noregs Mållag :	Mona Stormark

Val på form.
Leidulv Hundvin føreslo attval på Hans Sørbø.
Dag Hagen Berg vart føreslege av L.B. Marøy. Mona Stormark
Dag Hagen Berg vart vald til formann med 3 mot 2 røyster.

Til N.form. vart Mona Stormark vald.

Ettersynsmannen Klement Røyrane hadde i brev sagt frå om at han notakkar av etter å ha vore ettersynsmann frå fondet tok til.
Forretningsf. L.Flesland fekk i oppdrag å spørja J.H. Lyse. Han er viljug til å taka på seg revisjonen, under føresetnad av at L. Flesland fører rekneskapen, og at den nye rekneskapslova vert fylgd.

Heidersprisar:

Styret vart samde om at Heidersprisane skal vera på kr. 25.000,-.
Desse vart det semja om at dei skulle få heidersprisr .

Fritjof Sørbø, Johannes Gjerdåker og Vincent Eye Færevaag.
Prisane vert utdelt utpå hausten eingong. Tid og stad vert fastsett seinare.

Framlegget frå Hans Sørbø om å auka løyvinga til dei fem lagi slik at ein føl tidl. vedtak. Det vart gjort føljande Dei fem lagi får auka den årlege løyvingi til kr 7.500,- Men skal då sjølv taka på seg reisekostnadene til møti i styret i fondet.

Dei andre søknadene vart utsett til haustmøtet.

Ref. lf.

Halldor O. Opedals fond
for norsk målreising og måldyrking
Postboks 919 - Sentrum
5808 BERGEN

Oslo, 6. juli 2000.

Til
Bergen namsrett
v/ Sjur Vestrheim

SVAR PÅ FYRESPURNAD VEDR. KRAV UM MILLOMBILS RÅDGJERD,DAGSETT 4. JULI
2000.

Eg syner til brevet Dykkar, dagsett 5. juli d.å.

Ad: Styrevedtak um den millombilse rådgjerdi.

Det ligg ikkje fyre eit serskilt styrevedtak um at Fondet skal reisa eit slikt krav um millombils rådgjerd. Den konkrete avgjerdi um å reisa kravet andsynes namsrett vart teken av styreformannen sjølv. Styreformannen hadde då havt samtalar med nestformannen og skrivaren i Fondet, som og utgjer fleirtalet i styret. Styreformannen hadde òg dryfta sakskomplekset med leidingi i fira av uppnemnarlagi. Dei meinte alle at det (på grunn av) tidi ~~og kostnadene~~ ikkje burde kallast inn til styremøte berre for å taka stilling til namsrettssaki. Dei meinte vidare at styremøtet i september burde haldast som avtala, og at ei eventuell avgjerd um å reisa eit ålment søksmål - for Bergen byrett - for å få ut alle eignelutene måtte takast der. ved

Styreformannen gjer elles merksam på fylgjande, som vart dryfta og vektlagt i dei nemnde samtalane:

styremöte fyr stemning

1.
Styreformannen hev i samsvar med ålmene samanslutningsrettslege rettsreglar (naudrettleg) rett og plikt til å taka dei rådgjerdene som er turvande på sjølvstendigt andsvar, når tidi ikkje tillet ei utsetjing for å samla styrelemene til styremøte. Fleirtalet av styrelemene og uppnemnarlagi tykkjer det same um stoda. Styremøti i stiftingar kann ikkje haldast anna enn i møte, der styrelemene er fysisk til stades, ~~Det er soleis ikkje høve til~~ å ~~skip til telefonmøte,~~ jfr. § 9 i stiftingslovi og Gunnar Knudsens umtale av denne paragraf i "Stiftelsesloven" Oslo 1997 side 41: "Loven tillater med andre ord ikke at styret treffer vedtak ved at styremedlemmene kommuniserer med hverandre på annen møte, f.eks. ved påskrift av dokument som sirkulerer, telefonmøte el. l." Det var soleis ikkje høve til å skipa eit telefonmøte, som både styreformannen og skrivaren i byringi hadde tenkt på som alternativ til eit samla styremøte.

fysiske möte
å unngå rettstilstand

Styreformannens avgjerds-makt

2.
I dei siste åri hev det vore eitt styremøte i året, og andsvaret elles for å ivaretaka interessone til Fondet hev vore lagt til styreformannen og forretningsføraren. Fyrr 1995, då fondet ikkje hadde eigen forretningsførar, vart mange avgjerder tekne av styreformannen sjølv.

Vanskeleg innkalling i ferien

3.
Då styreformannen fekk det skriftlege svaret frå saksøkte um at han ikkje ville levera frå seg eignelutene var me alt komne til 28. juni, og fleire av styrelemene ville ha vanskar med å møtast til samme tid og stad fyrr uti august.

Geografi

4.
I år hev det alt vore halde tri styremøte, rett nok to same dagen den 8. april og eitt den 6. mai. Kostnadene med å skulda halda eit serskilt styremøte er høge, av di styrelemene bur i Bergen og Oslo. ~~Det skal i alle høve haldast eitt~~ styremøte i haust, for å dryfta kva me skal gjera i høve til Stiftinga Regionsoga ~~for Nord~~ og Midhordland. Kostnadene med å skipa til eit eige ~~styremøte for å vedtaka namsrettssak, vart vurdert av alle~~ til å ikkje stå i rimelegt ~~tilhøve til dei - formelle - fyremunene~~.

Instruksad

5.
Styreformannen meiner og at han når han er pålagt konkrete uppgåvor av styret - hev han, innan dei naturlege råmone sakene og vedtaki set, rett og plikt til å setja i verk rådgjerder for å få løyst uppgåvone. Det å ha tilgjenge til rekneskapstilfanget vart vurdert til å vera ei naturleg fylgje og ein naudsynt del av å skulde føra rekneskapen på ny.

Lånet

6.
Fira av fem lag som nemner upp styret i Fondet hev gjeve ein kort frest til å få klårlagd den interne fyrehavingi av utlånet i 1994 og den seinare uppfylgjingi av lånet til Stiftinga Regionsoga for Nord og Midhordland. Forretningsføraren hev ei sentral rolla i denna saki, ikkje berre av di han hev andsvaret med å fylgja upp styrevedtaki, men òg sidan han var rekneskapsførar i Stiftinga Regionsoga for Nord og Midhordland då lånet vart gjeve og hev vore det i alle høve fram til no. Å ikkje etterkoma ynskje um fortgang med å klårgjera umstendi kring lånet, vil kunna medføra krav um serskilt gransking med dei kostnadene som det vil føra med seg. 11,23,22.

7.
Det var på det siste styremøtet, den 6. mai, ingen - av styrelemene - som såg fyre seg at saki skulde taka denna vegen. Difor vart ikkje eventuelle fullmakter dryfta av styret.

Ad: Uppsegjingi av saksøkte.

Uppsegjingi vart send av skrivaren etter delegasjon av mynde frå styreformannen. Skrivaren er beden um å levera ein kopi til Namsretten.

Styreformannen meiner at sjølv um saksøkte var forretningsførar med dei uppgåvone og fullmaktene som han hadde fyrr 6. mai, hev saksøkte heller ingen rett til å nekta oss rådvelde

BERGEN BYFOGDEMBETE
Bergen namsrett, Bergen skifterett, Namsmann, Tinglysing
Besøksadresse: Bergen Tinghus, Tårnplass 2. Postadresse: Postboks 7410, 5020 Bergen.
Bankkonto: 3625.18.79200.
Telefon: 55 23 70 00. Tlf. innvalg byfogd Vestrheim: 55 23 71 48. Telefaks: 55 23 70 40.

Halldor O. Opedals Fond
pb. 919 Sentrum
5808 BERGEN

AD SAK 00-925: DERES BEGJÆRING AV 4. D.M. OM MIDLERTIDIG FORFØYNING, SAKSØKT: LEIV FLESLAND.

Namsretten viser til ovennevnte begjæring.

Etter et foreløpig gjennomsyn av begjæringen med vedlegg, finner retten å burde bemerke følgende:

Begjæringen sees å være undertegnet av av Dag Hagen Berg som styreformann.
Namsretten antar at det er styret som representerer fondet/stiftelsen utad samt at inngivelsen av begjæringen om midlertidig forføyning har sin bakgrunn i styrevedtak. Et eventuelt slikt vedtak bør derfor fremlegges.
Namsretten gjør videre oppmerksom på at krav bør være bestemte og en påstand presis. Det kan fremstå som tvilsomt om påstanden nå fullt ut oppfyller de krav som i så henseende stilles, jfr. særlig, fra pkt. 1: "...turvande for p.t....".
For øvrig nevnes for ordens skyld uttrykkelig at det ikke sees å være fremlagt kopi av vedtak e.a. fra styremøte 6. mai 2000, ei heller av eventuell skriftlig oppsigelse til Leiv Flesland.

For tilfelle av at De nå ønsker å ettersende eventuell tilleggsdokumentasjon eller annet, settes med dette frist for Dem til 13. d.m.

Namsretten, som foreløpig ikke har tatt stilling til spørsmålet om hvorledes saken videre skal behandles, tar nå sikte på å ta stilling til dette spørsmålet etter utløpet av forannevnte frist.

Bergen namsrett, den 5. juli 2000

Sjur Vestrheim
byfogd

Til
Dag Hagen Berg
Postboks 919-Sentrum

5808 BERGEN

REF: Brevet Dykkar16.06.2000 i namnet åt Opedalsfondet.

Til innhaldet i brevet har eg dette å seia:

1: Pålegg om å levera arkivet åt Opedalsfondet til kontoret åt Vestmannalaget.
Eg er forretningsførar for fondet og har i den eigenskap eit sjølvstendig ansvar i min administrasjon av pengemedel, verdepapir og bøker til bokføring; det same gjeld arkivsaker.

Det eg varveitslar har eg eit særleg ansvar for, og treng det i mi verksemd som forretningsførar. Difor kan eg ikkje levera det frå meg. Eg har ikkje skyldnad til å halda kontor ein annan stad. Når formannen eller styret elles treng dokument, vil eg som tidlegare syta for kopiar.

2: Trugsmål og ærekrenkjande utsegner.
I brevet set De fram skuldingar mot meg, soleis:

- "... gjer ikkje at De kan tileigne Dykk eigendomsretten til dessa dokumenti ..."

- "... denna framferdi i seg sjølv gjev grunn til å sjå nærare på kva som er hendt tidlegare og vurdera tilhøvet mellom Dykk og fondet."

Desse utsegnene er ålvorleg krenkjande for meg. Eg vil ikkje ha dei sitjande på meg.
De er personleg ansvarleg for strafflagd ærekrenkjing anten De skriv i eige namn eller i fondet sitt. Tek De ikkje skuldingane attende må De vera budd på eit rettsleg uppgjer.

Når det elles gjeld mi stilling som forretningsførar, viser eg til det eg før har sagt.

Flesland, den 25. juni 2000

Leiv Flesland

Leiv Flesland

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland